

St prp nr 1

(1997-98)

FOR BUDSJETTERMINEN 1998

Landbruksdepartementet

Utgiftskapittel:
1100-1161, 2411 og 2472

Inntektskapittel:
4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5609, 5614, 5651 og 5652

Landbruksdepartementet

**Kap 1100-1161, 2411, 2472, 4100-4150,
5311, 5545, 5571, 5609, 5614, 5651 og 5652**

St prp nr 1

(1997-98)

FOR BUDSJETTERMINEN 1998

Landbruksdepartementet

*Tilråding frå Landbruksdepartementet av 26. september 1997,
godkjend i statsråd same dag.*

INNHALD

	Side
1	Oversikt over budsjettframlegget for programområde
	15 Landbruk og mat 5
1.1	Sentrale rammevilkår 5
1.2	Hovudpunkt i budsjettframlegget 8
1.3	Overordna mål for landbruks- og matpolitikken 9
1.4	Økonomi- og resultatstyring 11
1.5	Byggeaktivitet 12
1.6	Beredskapstiltak 12
1.7	Oversikt over bruk av stikkordet <i>kan overførast</i> 13
1.8	Bemanning i statlege verksemdar på Landbruksdepartementets område 13
1.9	Oversikt over utgiftene i budsjettframlegget fordelt på kategoriar, postgrupper og kapittel 14
1.10	Oversikt over inntekter i budsjettframlegget fordelt på kapittel 16
2	Nærare om budsjettframlegget for dei einskilde kategoriane og kapitla 17
	<i>Programkategori 15.00 Landbruksadministrasjon mm</i> 17
Kap	
1100/4100	Landbruksdepartementet 19
1102/4102	Fylkesmannens landbruksavdeling 21
1104	Tilskott til organisasjonar mm 29
	<i>Programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse</i> 30
1107/4107	Statens dyrehelsetilsyn 36
1110/4110	Statens landbrukstilsyn 40
1111/4111	Veterinærinstituttet 45
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling mm .. 47
1114/4114	Statens næringsmiddeltilsyn 50
	<i>Programkategori 15.20 Forsking og utvikling</i> 55
1130/4130	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning 61
1135/4135	Norsk institutt for planteforskning 63
1136/4136	Norsk institutt for skogforskning 66
1137	Forsking og utvikling 68
	<i>Programkategori 15.30 Næringsutvikling og Arealforvaltning</i> 78
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket 89
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket 95
1145/4145	Jordskifteverket 103
1146/4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging 106
1147/4147	Reindriftsforvaltninga 111
1148	Naturskade - erstatningar og sikring 113
1150/4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm 115
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen 131
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift 136
2411/5311	Statens Landbruksbank 139
2472	Statens Kornforretning 145
5545	Miljøavgifter i landbruket 150
5571	Totalisatoravgift 151

arbeidet med tilpassingar i importvernet i størst mogleg grad skal følgje dei retningslinjer som blei trekt opp i St prp nr 70 (1996-97).

Regjeringa har ved fleire høve orientert om revisjon av EØS-avtalen på veterinær sektor og fleirtalet i Stortinget har gitt uttrykk for at dei er samde i at avtalen blir utvida og at nye tiltak blir sett i verk for å sikre vår gode dyrehelse. Avtaleutkastet er enno ikkje ferdigbehandla i organa til EU. Regjeringa legg i budsjettframlegget til grunn at tiltaka som er etablerte på nasjonalt grunnlag i 1997, jf St prp nr 70 (1996-97) kap 12, blir ført vidare og at den reviderte avtalen kan tre i kraft frå 1.1.98. Ein kan likevel ikkje sjå bort i frå at den reviderte avtalen vil tre i kraft på eit seinare tidspunkt som følgje av saksbehandlinga i organa til EU. Regjeringa vil leggje fram ein eigen proposisjon om revisjon av EØS-avtalen på området.

1.1.3 Matkvalitet og forbrukartryggleik

Forbrukarane set gjennom sine krav og sine val rammer for landbruksnæringa. Tsjernobyl-ulykka, kugalskap, skrapesjuka, salmonella, debatten om hormonbruk og genmodifiserte organismar mm har auka interessa blant forbrukarane for trygg mat og verka til å sette matvarepolitikken meir i fokus dei siste åra. Regjeringa la i St meld nr 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet* (Matmeldinga) til grunn at all mat som blir omsett i Noreg skal vere helsemessig trygg, det gjeld anten maten er produsert i Noreg eller i utlandet. Noreg har endra og skjerpa krava til helse, hygiene og kvalitet på mat parallelt med utviklinga av WTO-avtalen og EØS-avtalen. Dette skjer etter prinsippa i den såkalla SPS-avtalen som Noreg slutta seg til samtidig med WTO-avtalen, jf St prp nr 65 (1993-94). Etter denne skal krav som blir sett ved handel med ulike varer, ikkje vere strengare enn det som er nødvendig for å sikre eigne standardar. Ein føresetnad for å sette krav er at eigen tilstand kan dokumenterast på ein truverdig måte. Det vil etter dei nye avtalane derfor vere avgjerande at både husdyr og ymse matvarer blir overvaka kontinuerleg med omsyn til helse og kvalitet.

For levande dyr er det innført fleire overvakings- og kontrollprogram, og nye kjem til i 1997, jf St prp nr 70 (1996-97). På matsektoren er ulike kartleggingsprogram sett i verk. Slike program utgjør eit godt fundament for oppfølging av Matmeldinga. I tillegg vil det bli sett i verk ein revidert handlingsplan for plantevernmidde, arbeid med ulike merkjeordningar, forskning og betra kommunikasjon med forbrukarane og aktuelle næringar.

Helsemessig trygg mat vil avhenge av eit tilfredsstillande regelverk, eit effektivt tilsyn og kvalitetssikring langs heile verdikjeda. Det blir lagt vekt på god plante- og dyrehelse, dyrevelferd og førebyggjande tiltak med omsyn til den hygieniske standarden. Maten skal ikkje innehalde smittestoff og framandstoff i mengder som kan vere ein risiko for folkehelsa. Landbruksdepartementet vil styrke samarbeidet med dei forbrukarretta organisasjonane for å sikre forbrukarane trygg mat. I arbeidet med å oppretthalde tillit til maten vil risikovurdering, risikobehandling og risikokommunikasjon stå sentralt.

God tillit til maten på den norske marknaden, krev eit tett samarbeid mellom ulike fag- og forvaltningsmiljø. Både gjennom det administrative ansvaret for SNT og ved gjennomføring av enkeltprogram satsar Landbruksdepartementet på å få til ei god koordinering mellom forbrukersida, helsestyresmaktene, dyrehelsesida og aktuelle næringar. Denne strategien er følgd opp både i arbeidet med skrapesjuka, paratuberkulose, og i arbeidet med St meld nr 40 (1996-97). Det er starta opp eit omfattande program; kommunikasjonsprogrammet Trygg mat, som skal ivareta denne samhandlinga og kommunikasjonen mellom styresmakter og forbrukarar. I programmet inngår m.a. opplæring av kommunikatorer innan offentleg forvaltning og forskning. Satsinga i 1998 er nærare omtalt under pkt 1.2.

Noreg har ein gunstig situasjon med omsyn til smittestoff i mat og har gode råvarer. Auka vidareforedling av desse kvalitetsprodukta er derfor viktig, både for dei norske konsumentane og for Noreg som produsent og nettoeksportør av mat. Utviklinga av ny kunnskap og teknologi på området er ei kontinuerleg utfordring td i høve til bruk av genmodifiserte organismar.

1.1.4 Utfordringar i den landbruksbaserte politikken

Regjeringa fremma 23.10.92 St prp nr 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling - Om retningslinjer for landbrukspolitikken og opplegget for jordbruksoppgjørene mv.* Stortingsfleirtalet vedtok desse hovudlinene for utviklinga i landbruket:

- arbeide for eit meir robust landbruk,
- betre konkurranseevna i omsetnings- og foredlingsledda,
- harmonisere kapasiteten i produksjonen i høve til marknaden og
- redusere prisnivået på norske matvarer.

Det blei i St prp nr 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling* understreka at ein reduksjon i kostnadsnivået i alle ledd i jordbruket er ein føresetnad for reduserte næringsoverføringer og evne til å tåle auka konkurranse frå andre land. Det er derfor nødvendig å nytte investeringar og produksjonsutstyr betre, redusere kostnadene i plante- og husdyrproduksjonen og få til ei meir føremålseffektiv fordeling av jordbruksstøtta og ein meir effektiv innsatsvaremarknad. Desse hovudlinene vil framleis liggje til grunn for utforminga av verkemidla i jordbrukspolitikken. På grunn av dei geografiske og klimatiske tilhøva her i landet vil det framleis vere nødvendig med monaleg støtte til jordbruket. Naturgitte tilhøve gjer at det i det norske jordbruket må vere rom for både små og store bruk, både heiltidsbruk og deltidbruk.

Regjeringa la i St prp nr 8 (1992-93) vekt på å styrke bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande, samtidig som det blei understreka at befolkninga i landbruket må sikrast moglegheiter for inntekt og levkår på line med resten av befolkninga. Kva for inntekter den einskilde næringsutøvar og næringa som heilskap faktisk oppnår, er ma avhengig av ei rekke tilhøve som utøvarane sjølve rår over. Det avheng vidare av kor rasjonelt og kostnadsorientert heile matvarekjeda frå primærprodusent og fram til forbrukar funksjonerer. Ut frå Stortinget si behandling av St prp nr 8 (1992-93) skal utrekningar om vederlag til arbeid og eigenkapital pr årsverk i jordbruket (normaliserte rekneskap i Totalkalkylen) berre nyttast til å vurdere inntektsutviklinga. Dette materialet skal ikkje nyttast for å vurdere «inntektsnivået» i jordbruket eller i høve til andre næringar. Den inntekt pr årsverk som kjem fram i budsjettmemnda sine utrekningar kan såleis ikkje nyttast til samanlikning med andre grupper av samfunnet. Erfaringar viser at utrekningssprinsipp og revisjon av dataseriar som følgje av endringar i datagrunnlag, kan gi relativt store endringar i utrekningresultatet mellom år.

Budsjettmemnda for jordbruket sine referansebruk skal nyttast som hjelpemiddel for å vurdere verknaden av endringar i verkemiddelbruken for ulike bruksgrupper.

Utviklinga i jordbruket er i samsvar med dei retningslinene Stortinget har trekt opp, og det er gitt ei heilskapleg rapportering til Stortinget i St prp nr 70 (1996-97). Inntektene held seg oppe, og levkårsstilhøva i jordbruket er om lag på line med resten av befolkninga. Forbrukarane sine behov blir no i større grad reflektert i norsk landbruk, ma som følgje av auka konkurranse. I tråd med intensjonane i St prp nr 8 (1992-93) er både løyvingane over statsbudsjettet til jordbruket og jordbruksavtaleprisane reduserte. Kostnadene i primærjordbruket er reduserte i dei siste åra, og produktiviteten er auka. Marknadsreguleringa er dei siste åra gradvis redusert og gjort enklare. Dette har verka til at prisane har meir å seie i produksjonsreguleringa og at marknadstilhøva er betra. Den regionale fordelinga av produksjonen er i hovudtrekk som føresett. Distrikta held oppe sin del av den samla produksjonen. Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsettinga i jordbruket etter kvart som ny teknologi og nye arbeidsmetodar er tekne i bruk.

Jordbruksproduksjonen må ivareta omsynet til miljø, dyrevern og helsemessige krav og sikre produksjon av fellesgode for heile samfunnet. Dette skjer ma ved ein omfattande miljøinnsats, utbygging av kvalitetssystem og auka satsing på produksjon, foredling og omsetning av økologiske matvarer. Regjeringa understreka i St prp nr 8 (1992-93) at omsynet til miljøet er ein grunnleggjande premiss for utvikling av eit berekraftig landbruk, der krava til økonomi og effektivitet blir vege opp mot ressursgrunnlaget, miljøverdiane og helseomsyn. Driftsmåtane må utformast slik at dei økologiske prosessane i luft, vatn, jord og vegetasjon ikkje blir øydelagde.

Det er knytt store verdjar til skogen i Noreg, og skogen er grunnlaget for ein stor del av verdiskapinga i bygdene og i industrien. Skogbruket og skogindustrien er vår tredje største eksportnæring, og eksportverdien på treprodukt var i 1996 på 15 mrd kr. For å vidareføre dette må det leggjast til rette for at dei areala og skogressursane som gir grunnlag for eit økonomisk skogbruk blir teken i bruk. Ein slik aktiv skjøtsel og drift vil sikre at skogen kan haldast i hevd samtidig som ein tek vare på og utviklar miljøverdiane vidare. Ein godt skjøtta skog er og ein føresetnad for skogen sitt bidrag i klimasamanheng.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for skogbasert næringsverksemd. Dette krev god marknadskunnskap og stor omstillingsevne. Utfordringane er særleg knytte til kostnadseffektiv og miljøtilpassa framstilling av produkt med høg kvalitet. Skogsektoren har eit stort potensial for produktutvikling, og kan derfor auke foredlingsgraden vesentleg. Verksemda i sektoren er basert på utnytting av fornybare ressursar og gir miljøvennlege produkt. Dette er ei konkurranseføremon. Det er samtidig ei utfordring å halde ein høg og stabil miljøstandard.

Regjeringa meiner det er nødvendig med ein brei gjennomgang av skogpolitikken, Dette vil bli gjort i ei eiga melding til Stortinget i 1998. Meldinga vil vurdere utfordringane knytte

til verdiskaping, miljøvern og skogbruket si rolle i samfunnsutviklinga, og ma omtale korleis skogen kan bidra i klimasamanheng. Dyktige fagarbeidarar er eit vilkår for at verdiskapinga skal haldast oppe i skogbruket. Skilnaden i avgiftsnivået mellom maskinelle og manuelle driftsformer skaper i denne samanhengen problem og vil bli tatt opp særskilt. I arbeidet med meldinga legg Regjeringa opp til at organisasjonane i skogbruk og industri, berørte departement, fagmiljø mm skal ta aktivt del i arbeidet.

Reindrifta skal vere berekraftig økologisk, økonomisk og kulturelt, jf St meld nr 28 (1991-92). Regjeringa legg til grunn at reindrifta skal vere ein sentral berar av samisk kultur. Reindriftspolitikken skal òg medverke til utvikling av tilleggs- og kombinasjonsnæringar i reindrifta med utgangspunkt i samisk tradisjon og kultur. Arbeidet med å samordne verkemidla i reindriftslova og reindriftsavtalen, ma for å tilpasse beitetrykket, vil stå sentralt framover.

Ny, lønnsam næringsutvikling i bygdene basert på lokale ressursar er ei prioritert oppgåve. Dette er òg understreka i Langtidsprogrammet. Regjeringa ønskjer å betre tilhøva for eit utvida næringsgrunnlag i bygdene utanom det tradisjonelle landbruket, ma gjennom bygdeutviklingsmidlane. Bygdeutviklingsmidlane er ein integrert del av distriktspolitikken og Regjeringa sin politikk i høve til primærnæringane. Departementet legg vekt på å sjå forvaltninga av bygdeutviklingsmidlane i samanheng med andre verkemiddel for å fremme næringsutvikling, særleg gjennom arbeidet med regionale utviklingsprogram, jf St meld nr 31 (1996-97) *Om distrikts- og regionalpolitikken*. Det er særleg viktig å utvikle lønnsame verksemdar som kan gi fleire arbeidsplassar for kvinner og ungdom. Regjeringa legg òg vekt på miljøbasert næringsutvikling i og knytt til dei tradisjonelle næringane og anna småskala næringsutvikling.

Landbruket har eit langsiktig forvaltaransvar for areal- og jordressursar som er basis for produksjon av mat og trevirke. Landbruket tek vare på viktige fellesverdiar ved å halde i hevd eit variert kulturlandskap og levande bygder. Auka industri- og infrastruktur utbygging og tilflytting til byar og tettstader gir utbyggingspress i dei delane av landet som har best klima og dei beste tilhøva for jord- og hagebruk. Det registrerte jordbruksarealet har auka ved at det er teke i bruk nye areal, men det meste av dette arealet har lågare produksjonsevne. Samtidig viser den gjennomsnittlege bruksstorleiken ein jamn auke. Sikring av produktive areal mot nedbygging er, saman med miljøtilpassa driftsmåtar, ein føresetnad for å halde oppe landbruksproduksjonen i eit langsiktig perspektiv. Samtidig er sikring av ressursgrunnlaget og god eigedomsutforming ein føresetnad for auka verdiskaping og betre ressursbruk på kort sikt. Stortinget slutta seg til ei vidareføring og styrking av jordvernet ved behandling av St meld nr 29 (1996-97) *Regional planlegging og arealpolitikk*. Ein viser vidare til St meld nr 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*. Jordlova må nyttast aktivt for å få til miljøforsvarleg drift og tenleg bruksstruktur.

1.2 Hovudpunkt i budsjettframlegget

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett for Landbruksdepartementet og underliggende verksemdar for 1998 med vekt på å sikre forbrukarane trygge matvarer og tiltak som kan gjere norsk landbruk meir framtidsretta.

Budsjettframlegget har ei samla ramme på om lag 14 mrd kr som er ein liten auke i høve til budsjettet for 1997. Innanfor denne budsjettamma vil Regjeringa særleg prioritere:

- forbrukartryggleik i høve til mat,
- næringsretta forsking og utvikling,
- skogbruk,
- økologisk landbruk,
- miljø og
- ein effektiv og omstillingsdyktig landbruksadministrasjon.

Regjeringa vil sikre forbrukarane trygg mat gjennom auka løyvingar og betre samordning av forvaltninga på området. På det faglege området samarbeider Landbruksdepartementet med Fiskeridepartementet og Sosial- og helsedepartementet. Basis for ei slik samordning ligg i det administrative og faglege ansvaret Landbruksdepartementet har for Statens næringsmiddeltilsyn sidan tilsynet blei oppretta. Grunnlaget for arbeidet ligg vidare i strategien om at kvaliteten må sikrast i alle ledd frå fjord og jord til bord. I utgangspunktet byggjer ein på fagkompetanse i tilsyns- og forskingsverksemdar underlagt Landbruksdepartementet (Planteforsk, Veterinærinstituttet, Dyrehelsetilsynet, Næringsmiddeltilsynet og Landbrukstilsynet). Forvaltninga av saksområdet støtter seg òg på kompetanse frå Matforsk, NVH, NLH, Norsøk og fleire. I tillegg er Statens helsetilsyn, Folkehelsa og Forbrukarrådet er òg direkte inne i arbeidet.

Budsjettframlegget inneber ut frå dette ei auke i løyvingane innanfor verksemdområdet Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse på om lag 80 mill kr eller om lag 17 pst i høve til SIII 1997. Av auken på verksemdområdet er 40,5 mill kr finansiert ved tilsvarende auke i avgifter og gebyr. Satsinga inneber oppfølging av St meld nr 40 (1996-97) med ei samla auke i løyvingane til administrasjon, tilsyn og kunnskapsoppbygging innanfor matområdet på 31,5 mill kr. Regjeringa legg vidare opp til at tiltaka som blei etablerte på nasjonalt grunnlag i 1997 som ledd i revisjon av EØS-avtalen på veterinær sektor, jf St prp nr 70 (1996-97), blir ført vidare innanfor ei samla ramme på 36,7 mill kr i 1998. Framlegg knytt til ma bygging og drift av grensekontrollstasjonar mot land utanfor EØS vil bli lagt fram i samband med den reviderte EØS-avtalen. Ein legg i budsjettframlegget òg opp til å styrke tilsynet og forskingsaktiviteten retta mot fôr til familiedyr, auke kontrollen med plantevern-middel og gjennomføre tiltak for betre plantehelse, jf nærare omtale under programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse.

Regjeringa legg opp til ei tverrsektoriell satsing på næringsretta forskning og utvikling. På Landbruksdepartementet sitt område inneber dette ei samla løyving til forskning og utvikling, inkl utviklingsdelen av forvaltningsstøtta, på 413 mill kr i 1998. Dette er ei auke på om lag 20 mill kr eller 5,2 pst i høve til 1997. FoU-innsatsen vil bli retta mot hovud-områda i langtidsplanen for landbruksforskning, jf nærare omtale i programkategori 15.20. Landbruksdepartementet vil særleg leggje vekt på

- matkvalitet og forbrukertryggleik,
- økologisk landbruk og
- langsiktig kompetanseoppbygging.

Regjeringa prioriterer vern av det biologiske mangfaldet i skog gjennom registrering og kartlegging av særskilde miljøkvalitetar og ulike tiltak innan planlegging med sikte på auka vektlegging av dette i det praktiske skogbruket. Dette, saman med dei langsiktige investeringane, er ein føresetnad for å sikre konkurranseevna til skogbruket i ein internasjonal marknad som i aukande grad legg vekt på langsiktig ressursforvaltning og konkrete miljøomsyn.

Det er auka interesse og etterspørsel i marknaden etter økologiske matvarer. Økologisk produksjon er ein spesialproduksjon med høgare kostnader enn tradisjonell produksjon. For å få auka produksjonen av økologiske matvarer og styrke rettleinga og forskinga på området, gjer Landbruksdepartementet framlegg om å auke løyvingane til økologisk landbruk monaleg. Ein reknar med at tyngda av meirkostnadene i produksjonen blir tatt ut som pris i marknaden.

Regjeringa legg vekt på å vidareføre miljøarbeidet i landbruket. Miljøinnsatsen skal i sterkare grad verke saman med utviklinga i næringa for å styrke tilliten og dermed konkurranseevna til norske jordbruksvarer og skape meir robust jordbruksproduksjon og busetting. Satsing på miljøvenleg produksjon gjer at miljøinnsatsen blir meir førebyggjande. Det biologiske mangfaldet og kulturlandskapet skal sikrast gjennom auka innsats der areal- og landskapstiltaka er sentrale.

Landbruksdepartementet legg stor vekt på å ha ein effektiv og omstillingsdyktig landbruksadministrasjon. Ein vil i 1998 derfor utvikle styringssystema i høve til verksemdene vidare med sikte på meir dekkjande resultatmål og betre resultatdokumentasjon. Departementet vil gå gjennom forvaltninga av ordningane under jordbruksavtalen med sikte på ein meir einsarta og samordna forvaltning.

Budsjettframlegget inneber ei vidare oppfølging av St prp nr 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling* der hovudstrategien er eit meir robust landbruk basert på at lokale føremoner blir utvikla og utnytta. Dei som arbeider i landbruket skal ha grunnlag for rimelege inntekter og levekår samtidig som prisar og kostnader blir reduserte. Ut frå grunnlagsmaterialet i jordbruksoppgjeret i 1997 fann Regjeringa det likevel nødvendig å gjere framlegg om ein svak auke både i løyvingane over statsbudsjettet og avtaleprisane i jordbruket for perioden 1997-98, jf St prp nr 70 (1996-97).

1.3 Overordna mål for landbruks- og matpolitikken

Landbruksdepartementet har eit breitt, allmennretta forvaltningsansvar som er delt inn i følgjande 4 verksemdområde:

- matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse,
- forskning og utvikling,
- næringsutvikling og arealforvaltning og
- landbruksadministrasjon.

Innanfor verksemdområda arbeider Landbruksdepartementet etter desse målsettingane:

Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse (kategori 15.10):**Hovudmål:**

- sikre forbrukarane trygge matvarer gjennom ein sunn produksjon

Delmål

Produksjon	Plantehelse	Dyrevelferd	Dyrehelse	Matvarer
– planter og dyr med gode genetiske eigenskapar, tilpassa norske vilkår, – riktig bruk av helse- og miljømessig sikre innsatsvarer	– effektiv førebygging og bekjemping av alvorlege skadegjerarar – redusert førekomst av tapsbringande skadegjerarar – redusert bruk av plantevernemiddel	– betre miljø for dyr – færrest mogleg tilfelle av dyremis-handling	– effektiv førebygging og bekjemping av alvorlege smittsame sjukdommar – redusert førekomst av tapsbringande infeksjonssjukdommar – redusert førekomst av viktige produksjons-sjukdommar	– helsemessig trygg mat – auka tillit til matvarer – reieleg frambod av matvarer – riktig kvalitet på matvarer

Forsking og utvikling (kategori 15.20):

– produsere og formidle kunnskap i brei næringspolitisk samanheng med vekt på forbrukarkrav, verdiskaping, nyskaping, omstilling og miljø

Landbruksforskinga skal medverke til

- ei langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i landbruksbasert verksemd og til sikring av naturgrunnlag, miljø, helse og livskvalitet hos menneske og dyr (inkl. fisk),
- verdiskaping og sysselsetting i landbruket og i landbruksbasert verksemd gjennom auka konkurransekraft i næringane og høgare foredlingsgrad,
- utvikling av nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg syn på bygder og distrikt og
- kunnskap om forbrukarane og marknaden.

Næringsutvikling og arealforvaltning (kategori 15.30):**Hovudmål:**

– ein berekraftig landbruksproduksjon som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetting i primærproduksjon og foredlingsindustri

– bevaring av produksjonsgrunnlaget i eit langsiktig perspektiv

Delmål:

Jordbruk	Skogbruk	Reindrift	Nye næringar
– medverke til lågare kostnadsnivå og meir konkurransedyktige råvareprisar og rimelege matvareprisar – sikre miljøvenleg produksjon der også omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt – medverke til ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden – sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levkår på line med befolkninga elles	– leggje tilhøva til rette for lønnsam bruk av skogressursane på kort og lang sikt – ta vare på og vidareutvikle miljøverdiane i skogen – fremme konkurranseevna i heile verdikjeda	– ei reindriftnæring i balanse med beiteressursane og som medverkar til å halde oppe samisk eigenart – medverke til kvalitetsproduksjon av reinsdyrkjøtt som sikrar inntektsgrunnlaget for reindriftsfolk	– medverke til nye lønnsame arbeidsplassar og ny verdiskaping i og i tilknytning til landbruket – fremme berekraftig produksjon og bruk av natur og utmark

Hovudmål	Delmål
Landbruks- administrasjon (kategori 15.00): – gjennomføre landbruks- og matpolitikken på ein effektiv måte	– klårare rolledeling mellom ulike nivå i forvaltninga, – betre samarbeid/samhandling med andre departement og mellom sektorar og etatsnivå, – utvikle omstillingsdyktige og føremålseffektive verksemder og tenlege styringssystem, – fleire kvinner i leiarstillingar og offentleg oppnemnde råd og utval og – aktivt kommunikasjonsarbeid og målretta informasjonsverksemd.

1.4 Økonomi- og resultatstyring

Ved kgl res av 26.1.96 blei det fastsett nytt økonomireglement for staten. Reglementet tok til å gjelde 10.1.97 og skal innan 1.7.98 vere innført på dei fleste område. Ein viser til omtale i tidlegare proposisjonar, særleg St prp nr 1 (1996-97), pkt 1.4 og St prp nr 70 (1996-97) Jordbruksoppgjøret 1997, kap 4. Reglementet set auka fokus på mål- og resultatstyring og oppfølging og kontroll med løyvingane, særleg når det gjeld oppfølging av tilskottsløyvingane. Reglementet med nærare reglar (funksjonelle krav) set òg store krav til dei IT-baserte systema som blir nytta i økonomiforvaltninga og til at saksbehandlingsrutiner og instruksar blir vidareutvikla. Departementet vil arbeide aktivt for å følgje opp økonomireglementet innanfor dei rammene som løyvingane til administrasjonen set.

Landbruksdepartementet vil i 1998 gi høg prioritet til arbeidet med å følgje opp krava i det nye regelverket, både i høve til driftsløyvingar og tilskottsløyvingar. For driftsløyvingane, dvs løyvingane til statleg administrasjon, vil departementet byggje vidare på det resultatrapporteringsystemet som er utvikla, jf omtale i St prp nr 1 for Landbruksdepartementet for åra 1994 til 1997. Systemet skal gi betre grunnlag for å analysere resultata av ressursbruket i høve til dei måla som er sette for dei einskilde verksemdene. Det blir òg gitt prioritet til arbeidet med å utvikle gode rutinar og økonomisystem som kan gi leiinga ved verksemdene og departementet nødvendig styringsinformasjon.

For tilskottsløyvingane er regelverksendringane større. Då departementet dessutan har svært mange og ulike tilskottsordningar, er det eit omfattande arbeid å vurdere kva for tilpassingar som må gjerast, og sette i verk nødvendige endringar.

I budsjettframlegget for 1998 har departementet i grunngevinga for tilskottsløyvingane gjort greie for kva for mål ein tek sikte på å nå. På fleire område, særleg for løyvingane under jordbruksavtalen, tek ein sikte på å nå fleire mål med dei same løyvingane, jf kap 4 i St prp nr 70 (1996-97). Det blir her må gjort greie for at dei fleste løyvingane til oppfølging av jordbruksavtalen utgjer ein del av eit samansett system av ordningar. Desse ordningane verkar mot fleire, og i nokon grad motstridande mål samtidig, og skal saman med dei juridiske verkemidla gi produsentane rimelege rammevilkår. Når det såleis gjeld evaluering av resultata og samfunnsverknader av dei «løpande» ordningane som samla skal gi produsentane rimelege rammevilkår, legg departementet til grunn at dette kjem best fram av resultatrapporteringa som blir gjort i samband med dei årlege jordbruksoppgjera. Evaluering av einskilde ordningar vil likevel gi viktig kunnskap om forvaltning og kontroll, og korleis ordningane verkar inn på kvarandre.

Departementet vil i 1998 arbeide vidare med å betre tilskottsforvaltninga, ma utvikle oppfølgingskriterium der det er mogleg, og vil i proposisjonen om jordbruksoppgjeret for 1998 og i St prp nr 1 for 1999 gi ei nærare orientering om arbeidet.

Departementet viser elles til kap 4.3 i St prp nr 70 (1996-97) om tilhøvet mellom proposisjonen om jordbruksoppgjeret og St prp nr 1, kap 1150. I proposisjonen om jordbruksoppgjeret blir det som no rapportert om resultata i høve til sentrale landbrukspolitiske mål, evalueringar som er gjennomførte og framlegg til endringar av verkemidla. I arbeidet med oppfølging av økonomireglementet har departementet vurdert det som mest tenleg å rapportere om resultata av ordningane under jordbruksavtalen samla i proposisjonen om jordbruksoppgjøret. For nokre ordningar, vil det òg bli rapportert på einskilde ordningar, men hovudregelen er ei samla vurdering av tilskotta under jordbruksavtalen. Det blir derfor ikkje lagt opp til nokon omfattande resultatrapportering i St prp nr 1 for desse ordningane. Departementet finn det tenleg å leggje same tematiske delinga til grunn for tilhøvet mellom proposisjonen om reindriftsavtalen og St prp nr 1, kap 1151.

1.5 Byggjeaktivitet

Løyvingane til bygg utanfor husleigeordninga der Statsbygg skal disponere løyvingane som byggherre, blir for 1998 løyvde samla under kap 1580 Bygg utanfor husleigeordninga under Planleggings- og samordningsdepartementet. For Landbruksdepartementet gjeld dette nytt administrasjons- og forskingsbygg ved Ullensvang forskingssenter (Planteforsk) og nytt administrasjons- og forskingsbygg på Ås, jf tabellen nedanfor

(i 1000 kr)

Kap	Institusjon/bygg	Kostnads- overslag	Tildelt før 1998	Framlegg 1998	Rest å løyve
1580	Bygg utanfor husleigeordninga:				
	-Planteforsk, avdeling Ullensvang	26 200	2 000	6 120	18 080
	-Administrasjons- og forskingsbygg på Ås ¹	55 900		3 000	
	Sum	82 100	2 000	9 120	18 080

¹ Kostnadsoverslag pr 15.5.96.

For det nye administrasjons- og forskingsbygget ved Ullensvang forskningssenter ligg det føre vedtak frå lokale styresmakter om å ta del i finansieringa av anlegget med 6 mill kr. Desse midlane vil bli refundert etter avtale.

1.6 Beredskapstiltak

Beredskapstiltaka under Landbruksdepartementet er ein viktig del av den samla ernærings- og matforsyningsberedskapen i landet. Stortinget har vedteke eit mål for lagring av korn pr 1.7. kvart år som svarer til minimum 6 mnd normalforbruk av matkorn/mjøl og minimum 3 mnd normalforbruk av førkorn/kraftfôr. Sidan avviklinga av importmonopolet i 1995 har berre Statkorn AS og Felleskjøpet Østlandet valt å importere korn til Noreg i mengder som har noko å seie for forsyninga.

Aktørane i marknaden står for overlagring av såkorn gjennom ei kontraktordning, der dei til ei kvar tid pliktar å halde 10-12 pst større lager av såkorn enn nødvendig ut frå kommersielle omsyn. Lagerordninga for å sikre forsyning av norskprodusert engfrø held fram. Lageret dekkar om lag 50 pst av årsbehovet i Nord-Noreg. Løyvinga til lagring av epizootivaksine mot dyresjukdommar vil bli ført vidare.

Ein vil, ma ut frå konklusjonane til ein interdepartemental arbeidsgruppe som har sett på matvareberedskapen i Noreg, gjere ein meir detaljert gjennomgang av planlegginga av beredskapen på matvaresektoren i dei 3 nordlegaste fylka saman med Nærings- og handelsdepartementet.

Sjølvforsyningsmodellen er eit permanent databasert verktøy i arbeidet med beredskapen sentralt og regionalt knytt til planverket. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) held modellen ved like og utviklar han vidare slik at han er operativ i kriser både i krigs- og fredstid. NILF vil i løpet av 1997 ha utvikla regionsvise sjølvforsyningsmodellar. Departementet legg til grunn at dei fylkesmannsembeta som har landsdelsansvar for beredskapen, skal operere kvar sin regionmodell.

Departementet vil i januar 1998 halde den varsla beredskapsøvinga, LANDTEX-98. Evalueringa av LANDTEX-98 vil bli nytta som grunnlag for den endelege ferdigstillinga av beredskapsplanane under departementet.

1.7 Oversikt over bruk av stikkordet *kan overførast*

Under budsjettet til Landbruksdepartementet gjer ein framlegg om at stikkordet *kan overførast* blir knytt til følgjande postar i tillegg til post 45:

			(i 1000 kr)	
Kap	Post	Nemning	Overført frå 1996	Framlegg 1998
1140	73	Istandsetjing av dyrka jord	3 079	0
1140	77	Miljøretta prosjektarbeid	22 442	32 954
1142	71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket	1 179	107 730
1142	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket	4 404	26 373
1147	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	2 244	18 000
1148	70	Tilskott til sikringstiltak mm	4 772	4 500
1148	71	Naturskade, erstatningar	64 239	42 500
1150	70	Marknadsregulering	29 822	199 100
1150	74	Direkte tilskott	201 526	6 578 079
1150	77	Utviklingstiltak	23 080	283 450
1150	78	Velferdsordningar	111 091	1 613 910
1151	74	Tilskott til marknadsfremmande tiltak	1 763	900
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	0	35 000
Sum:			469 641	8 942 496

Nærare omtale av postane:

Post 77 under kap 1140, post 76 under kap 1142 og post 71 under kap 1147 er støtte til prosjekt som kan strekke seg over fleire år. Post 71 under kap 1142 og post 70 under kap 1148 gjeld tilskott til investeringar med treårig arbeidsfrist. Post 71 under kap 1148 gjeld erstatningar som kan falle i to budsjettår. Når det gjeld postane under kap 1150 og 1151, er dette avtalte beløp mellom staten og næringsorganisasjonane der utbetalingane av ymse grunnar fell i to kalenderår. Avtalane gjeld frå 1.7. eit år til 30.6. året etter.

1.8 Bemanning i statlege verksemdar på Landbruksdepartementets område

Nedanfor er det gitt ein oversikt over bemanninga målt i talet på årsverk i statlege verksemdar på Landbruksdepartementet sitt område. (Kjelde: Statens sentrale tjenestemannsregister, lønnsstatistikk pr 1.10.96)

Kap	Verksemd	Årsverk
1100	Landbruksdepartementet	178
1102	Fylkesmannen si landbruksavdeling	710
1107	Statens dyrehelsetilsyn	210
1110	Statens landbrukstilsyn	131
1114	Statens næringsmiddeltilsyn	75
1145	Jordskifteverket	270
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	128
1147	Reindriftsforvaltninga	44
2411	Statens Landbruksbank	116
2472	Statens Kornforretning	128
	Veterinærinstituttet	204
	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning	63
	Norsk institutt for planteforskning	304
	Norsk institutt for skogforskning	141
SUM		2 702

1.9 Oversikt over utgiftene i budsjettframlegget fordelt på kategoriar, postgrupper og kapittel*Utgifter fordelt på kategoriar:*

(i 1 000 kr)

Kat	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
15.00	Landbruksadministrasjon	780 794	390 435	382 490	-2,0
15.10	Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehele	502 413	487 509	505 776	3,7
15.20	Forskning og utvikling	403 790	236 216	247 346	4,7
15.30	Næringsutvikling og Miljø og arealforvaltning	12 484 772	12 798 847	12 838 780	0,3
15.40	Forretningsdrift	13 496			-0,0
	Sum område	14 185 265	13 913 007	13 974 392	0,4

Utgifter fordelt på postgrupper:

(i 1 000 kr)

Post- gruppe	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst. endr. 97/98
01	Driftsutgifter	1 079 805	781 177	886 363	13,5
21-24	Særskilde driftsutgifter og underskott i forretningsdrifta	159 720	54 857	46 073	-16,0
30-49	Investeringar	43 483	24 682	15 238	-38,3
50-59	Overføringar til andre statsrekneskap	864 022	1 122 818	1 076 666	-4,1
60-69	Overføringar til kommunesektoren	349 328			-0,0
70-89	Overføringar til private	11 681 159	11 648 973	11 642 052	-0,1
90-99	Lånetransaksjonar	7 748	280 500	308 000	9,8
	Sum under departementet	14 185 265	13 913 007	13 974 392	0,4

Utgifter fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1100	Landbruksdepartementet	104 114	100 882	109 640	8,6
1102	Fylkesmannens landbruksavdeling	651 117	274 697	272 850	-0,6
1104	Tilskott til organisasjonar mm	25 563	14 856		-100,0
	Sum kategori 15.00	780 794	390 435	382 490	-2,0

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1107	Statens dyrehelsetilsyn	157 421	139 855	166 714	19,2
1110	Statens landbrukstilsyn	58 250	63 202	68 729	8,7
1111	Veterinærinstituttet	108 755			-0,0
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling mm	353	117 763	129 587	10,0
1114	Statens næringsmiddeltilsyn	177 634	166 689	140 746	-15,5
	Sum kategori 15.10	502 413	487 509	505 776	3,7

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1130	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning	28 173			-0,0
1135	Norsk institutt for planteforskning	177 221			-0,0
1136	Norsk institutt for skogforskning	67 099			-0,0
1137	Forskning og utvikling	131 297	236 216	247 346	4,7
	Sum kategori 15.20	403 790	236 216	247 346	4,7

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	37 598	56 482	55 751	-1,2
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	127 853	140 836	145 380	3,2
1145	Jordskifteverket	113 758	112 796	109 618	-2,8
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	55 226	49 208	56 766	15,3
1147	Reindriftsforvaltninga	39 733	37 254	36 611	-1,7
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	88 903	45 500	47 000	3,2
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm	11 749 220	11 912 099	11 904 299	-0,0
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen mm	83 263	75 000	75 000	
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	22 375	23 863	23 248	-2,5
2411	Statens Landbruksbank	153 843	328 569	363 017	10,4
2472	Statens Kornforretning	13 000	17 240	22 090	28,1
	Sum kategori 15.30	12 484 772	12 798 847	12 838 780	0,3

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1162	Drevsjø Trelast AS	13 496			-0,0
	Sum kategori 15.40	13 496			-0,0

1.10 Oversikt over inntektene i budsjettframlegget fordelt på kapittel
(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
4100	Landbruksdepartementet	2 632	263	268	1,9
4102	Fylkesmannens landbruksavdeling	35 013	23 573	23 983	1,7
4107	Statens dyrehelsetilsyn	9 501	8 646	15 527	79,6
4110	Statens landbrukstilsyn	55 333	50 728	53 428	5,3
4111	Veterinærinstituttet	38 260			-0,0
4114	Statens næringsmiddeltilsyn	125 499	130 367	102 988	-21,0
4130	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning	5 190			-0,0
4135	Norsk institutt for planteforskning	67 848			-0,0
4136	Norsk institutt for skogforskning	28 911			-0,0
4142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	1 800			-0,0
4145	Jordskifteverket	9 432	8 053	8 221	2,1
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	14 043	8 855	15 000	69,4
4147	Reindriftsforvaltninga	1 638	53	54	1,9
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm	140 882	128 700	112 000	-13,0
5311	Statens Landbruksbank	48 309	564 988	340 619	-39,7
5545	Miljøavgifter i landbruket	193 496	187 175	187 175	0,0
5571	Totalisatoravgift	64 884	62 000	62 000	0,0
4160	Sal av skoggrunn	2 357			-0,0
4161	Statskog SF	45 833	5 833		-100,0
4162	Drevsjø Trelast AS	11 158			-0,0
4170	Statkorn Holding AS	50 000			-0,0
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet	23 052	15 116	7 800	-48,4
5614	Renter for Statens Landbruksbank			180 500	-0,0
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	234 301	350 000	49 200	-85,9
5652	Innskottskapital i Statskog SF	10 000	8 500	8 500	0,0
	Sum inntekter	1 219 372	1 552 850	1 167 263	-24,8

*Programkategori 15.00 Landbruksadministrasjon mm***1 STATUS FOR OMRÅDET**

Landbruksadministrasjonen skal medverke til å nå måla i landbrukspolitikken og må derfor sjåast i samheng med politikkområda i dei andre kategoriane og under andre departement som er viktige for landbrukspolitikken.

Oversikt over utgifter til administrasjon fordelt på verksemdene

(i 1000 kr)						
Kap	Post	Nemning	Rekneskap 1996	S III 1997	Framlegg 1998	Pst endr
1100	01	Landbruksdepartementet	86 825	85 746	97 102	13,2
1102	01/21	Fylkesmannens landbruksavdeling	293 940	268 137	272 850	1,8
1107	01	Statens dyrehelsetilsyn	138 953	136 320	163 529	20,0
1110	01	Statens landbrukstilsyn	54 867	53 310	65 956	23,7
1114	01/21	Statens næringsmiddeltilsyn	48 296	50 954	82 047	61,0
1145	01	Jordskifteverket	113 758	112 796	109 618	-2,8
1146	01/21	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	55 226	49 208	56 766	15,4
1147	01	Reindriftsforvaltninga	16 993	14 754	15 061	2,1
2411	01	Statens Landbruksbank	46 533	47 569	47 417	-0,3
2472	24	Statens Kornforretning	13 000	17 240	22 090	28,1
Sum			868 391	836 034	932 436	11,5

Tabellen viser at samla administrasjonsutgifter etter framlegget vil auke med nominelt vel 11 pst i høve til 1997. Dette skuldast i hovudsak framlegget til oppfølging av St meld nr 40 (1996-97) og vidareføringa av dei tiltaka som blei etablerte på nasjonalt grunnlag i høve til den planlagde revisjonen av EØS-avtalen på veterinær sektor. I tillegg kjem auken som følgje av auka tilsyn med fôr og andre innsatsvarer og andre løyvingsbehov knytt til landbruksadministrasjon. Ein viser til nærare omtale under dei einskilte kategoriane og kapitla.

Landbruksadministrasjonen er desentralisert med etateiningar og institusjonar over heile landet. I tillegg til forvaltning i høve til tradisjonelt jord- og skogbruk, blir det sett inn store ressursar innanfor kontroll og andre tiltak i høve til matkvalitet, dyre- og plantehelse, forskning og kunnskapsspreiing, utvikling av nye næringar og sikring av berekraftig og miljøvenleg bruk av landarealet. Landbruksadministrasjonen legg til rette for å sikre samfunnsnyttige fellesgode og verdier i heile landet.

Ved behandlinga av St prp nr 63 (1995-96) Om omorganisering av høgare utdanning og sektorforskning på landbruksområdet, gjekk Stortinget inn for at dei statlege forskingsinstitusjonane under Landbruksdepartementet, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Norsk institutt for skogforskning, Norsk institutt for planteforskning og Veterinærinstituttet skulle organiserast som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, nærare bestemt med unntak fra §§4 og 10 i løyvingsreglementet. Samstundes blei finansieringsstrukturen for institutta lagt om. Omorganiseringa skal medverke til at verksemdene betre skal møte nye utfordringar både nasjonalt og inter-nasjonalt.

Ved behandlinga av St prp nr 63 (1995-96) slutta Stortinget seg òg til framlegget om å overføre Noregs landbrukshøgskole og Noregs veterinærhøgskole til Kyrkje,- utdannings- og forskingsdepartementet.

Verksemdene rapporterar til departementet i høve til fastlagde resultatmål og resultatindikatorar. Desse er vidareutvikla for å bli tenlege verkemiddel i departementet sin styringsdialog med verksemdene. Samstundes har departementet arbeidd med å utvikle styringssystema vidare i samsvar med krava i det nye økonomireglementet i staten.

Jordbruksavtalen med bruttoløyving på om lag 12 mrd kr føreset at ein har eit effektivt apparat og truverdige kontrollordningar. Det er òg viktig at forvaltninga tek del i arbeidet med å vurdere korleis ordningane fungerer slik at dei kan bli meir målretta, samstundes som ein vektlegg auka innsyn og forenkling.

Landbruksforvaltning har ein godt utbygd informasjonsteknologi (IT). I samband med tilskottsforvaltninga er det bygd opp omfattande fagsystem. Hausten 1996 sette ein i gang arbeidet med å utfylle IT-satsinga over ODIN med å utvikle eigne Internettsider med faktainformasjon om norsk landbruk og landbrukspolitik. Desse er linka opp mot ODIN. Utviklinga av geografiske informasjonssystem (GIS) og digitale markslagskart (DMK) skjer gjennom Norsk institutt for jord- og skogkartlegging si deltaking i Geovekst. Dette er eit samarbeid mellom store brukarar og produsentar av geodata i Noreg. Samarbeidet omfattar etablering, drift, vedlikehald og samfinansiering av kartdatabasar i stor målestokk.

2 MÅL OG TILTAK

Landbruksadministrasjonen har som hovudmål å gjennomføre landbruks- og matpolitikken på ein effektive måte. Utviklinga av landbruksadministrasjonen er basert på dei sentrale retningslinene for statleg forvaltning, slik dei er trekte opp i St meld nr 35 (1991-92) Om Statens forvaltnings- og personalpolitikk.

Eit viktig satsingsområde for staten som arbeidsgivar er å skaffe fleire lærlingplassar i samband med Reform -94, jf St meld nr 22 (1996-97) Om lærlingssituasjonen. Landbruksforvaltninga har inngått intensjonsavtalar om å ta imot lærlingar.

Ein vil i 1998 arbeide mot å nå følgjande delmål for landbruksadministrasjonen:

1 Klårare rolledeling mellom nivå i forvaltninga

Departementet vil prioritere arbeidet med dei politiske vedtaka og formidlinga av desse. I samband med dette vil ein halde fram arbeidet med å leggje den daglege forvaltninga av tilskottsordningane til veksemdene

2 Betre samarbeid/samhandling med andre departement og mellom sektorar og etatsnivå

Det tverrsektorielle og tverrfaglege arbeidet vil halde fram og bli styrkt ved auka samhandling med andre departement, offentlege verksemdar og andre samfunnsaktørar gjennom deltaking i ymse samarbeidsfora.

3 Utvikle omstillingsdyktige og føremålseffektive verksemdar og tenlege styringssystem

Forvaltninga av verkemidla i jordbruksavtalen skjer i dag gjennom Statens Kornforretning, Statens Landbruksbank, Omsetningsrådet, Fylkesmannens landbruksavdeling og fleire offentlege og halvoffentlege organ. Landbruksdepartementet vil setje i gang ei utgreiing for å gjennomgå forvaltninga av verkemidla i jordbruksavtalen, òg vurdert opp mot det nye økonomireglementet for staten. Målet er å skape ei meir einsarta og samordna forvaltning.

Departementet vil arbeide vidare med å utforme dekkande resultatmål og sikre system for resultatdokumentasjon. Styringssystemet må vere ei effektiv blanding av mål- og resultatstyring, regelstyring og haldningsskapande tiltak. Ei betring av resultatstyringa er prioritert.

4 Fleire kvinner i leiarstillingar og offentleg oppnemnde råd og utval

Departementet har set måltall for fleire kvinnelege leiarar i landbruksadministrasjonen i dei næraste åra. Departementet vil bruke tiltak som td mentorordning, stipend for leiarutdanning for kvinner i landbruket og prosjektretta arbeid elles. Målgruppene for stipendiet er kvinner i offentleg forvaltning, landbruksorganisasjonane og kvinner som driv eiga næring. Stipend til den første målgruppa vil bli administrert av departementet medan stipend til dei to neste målgruppene vil bli administrert av Statens Landbruksbank.

5 Aktivt kommunikasjonsarbeid og målretta informasjonsverksemd

Dette er viktig ma for at befolkninga skal få betre kjennskap til mat- og landbrukspolitikken. Tiltak her vil vere auka prioritet til kommunikasjons- og informasjonsarbeidet, kartlegging av kva informasjon som trengs og stimulering til utvikling av ein betre kommunikasjonskultur i forvaltninga. Ein vil arbeide for større innsyn i bruken av ressursar og verkemiddel og ei opnare saksbehandling.

Aktivt kommunikasjonsarbeid og målretta informasjonsverksemd er avgjerande for å lukkast i å nå måla og følgje opp retningslinene som Stortinget har gitt for departementets ansvarsområde. Landbruksdepartementet byggjer sitt kommunikasjonsarbeid på dialog, forbrukardeltaking og samhandling. Viktige målgrupper er forbrukarar, media, organisasjonar, forskningsmiljø, industri og primærprodusentar og heile det offentlege forvaltningsapparatet.

KAP 1100 LANDBRUKSDEPARTEMENTET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	86 825	85 746	97 102
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	16 187	13 986	12 288
70	Tilskott til drifta av Staur gard	250	250	250
71	Særlege tiltak for kvinner i landbruket, <i>kan overførast</i>	852	900	
	Sum kap 1100	104 114	100 882	109 640

MÅL OG STRATEGIAR

Landbruksdepartementet skal sette i verk dei måla som Stortinget og regjeringa fastsett. Departementet arbeider såleis innanfor alle dei verksemdområda som er omtalte i innleiinga og i programkategoriane. Ein viser derfor òg til omtale under desse avsnitt.

For å vere eit tenleg redskap for regjeringa er det ein føresetnad at Landbruksdepartementet har ein fleksibel organisasjon. Departementet vil derfor nytte dei verkemidla som er nedfelte i St meld nr 35 (1991-92) Om statens forvaltnings- og personalpolitikk.

RESULTATRAPPORT 1996

Landbruksdepartementet blei omorganisert frå seks til fem avdelingar i 1996, ma for å styrkje arbeidet med matvarekvalitet, plantehelse og dyrehelse.

Landbruksdepartementet held styringsmøte med kvar einskild verksemd minst ein gong kvart år. Departementet legg òg stor vekt på å gi styringsignal gjennom tildelingsbrev til verksemdene og å ha eit godt tilpassa regelverk.

Departementet har gjennom ymse leiarutviklingstiltak og andre kompetansetiltak arbeidd for ei meir fleksibel verksemd. Ein har òg arbeidd mot dette målet ved at ein har lagt stor vekt på ymse informasjons- og kommunikasjonstiltak mellom departementet og verksemdene.

Landbruksdepartementet har styrkt informasjonsarbeidet ved å etablere ei eiga eining for informasjonsformidling i 1996. Det er utarbeidd ein strategi for informasjonsverksemda til departementet. Ein vil her særskilt nemne kommunikasjonsprogrammet «Trygg mat» som blei starta opp våren 1996. Dette programmet tek sikte på å sette den offentlege forvaltninga og forskningsmiljøet betre i stand til å kommunisere med forbrukarane. Programmet omfattar kartlegging og undersøking, utdanningsopplegg og bruk av nye medium som internett, i informasjonsarbeidet.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998**Merknader til dei einskilde postane****Post 01 Driftsutgifter**

Det er på denne posten sett av 4 mill kr til departementet sitt arbeid knytt til dei tiltaka som er etablerte på nasjonalt grunnlag i samband med den planlagde revisjonen av EØS-avtalen på veterinær sektor, jf programkategori 15.10 og St prp nr 70 (1996-97).

Det er tidlegare løyvd midler til ulike tiltak for kvinner i landbruket under kap. 1100, post 71. For 1998 er løyvinga knytt til likestillingstiltak i forvaltninga budsjetttert under denne posten medan løyvinga knytt til næringspolitisk arbeid for likestilling og rekruttering er lagt til kap. 1150 (LUF). Ein reknar med å nytte 2,5 mill kr til dette tiltaket.

For å styrkje departementet sin del av arbeidet med å følgje opp Matmeldinga, gjer ein framlegg om å auke posten med 1,5 mill kr. Ein viser til programkategori 15.10 for nærare omtale av oppfølginga av Matmeldinga.

På denne posten gjer ein òg framlegg om løyvingar til ymse utvalg, råd og styre. Det er ma sett av midlar til ein norsk-svensk reinbeitekommissjon som skal greie ut spørsmålet om reindriftssamer i eit av landa fortsatt har behov for reinbeite i det andre landet etter at avtaleperioden for noverande norsk-svenske reinbeitekonvensjon går ut i år 2002.

Løyvinga til medlemskontingentar til internasjonale organisasjonar under tidlegare kap. 1104 Tilskott til organisasjonar er frå og med 1998 budsjetttert under denne posten. Det er sett av kr 890 000 til kontingentar i 1998.

Departementets utgifter til telefon, trykking og rekvisita som tidlegare blei løyvd over kap 1522 Statens forvaltningsteneste, er frå og med 1998 budsjetttert på denne posten. Det er derfor overført 2,5 mill kr til denne posten.

Til saman utgjer desse øyremerkte tiltaka ein auke på om lag 13 mill kr.

I 1997 blei det oppretta ein eigen spesialrådstilling i den norske EU-delegasjon i Brussel til oppfølging av veterinærfaglege spørsmål knytt EØS-avtalen. Det er løyvd midlar til stillinga over Utanriksdepartementet sitt budsjett.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

Framlegget gjeld løyving til tiltak under tidlegare post 45 Store nyinnkjøp og post 46 Ekstraordinært vedlikehald. Løyvinga blir nytta til å delfinansiere utgiftene til store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved verksemdene under departementet.

Når det gjeld løyvinga for 1997 til ekstraordinært vedlikehald vil ein ma nytte midlar til rehabilitering av reindriftskontoret i Vest-Finnmark. Dette prosjektet får større omfang enn det ein først rekna med. Vidare dekkjer ein kostnadene ved å flytte og byggje om ventilasjonsanlegget ved Svanhovd miljøsenster og nye kontor til Statens dyrehelsetilsyn blir sluttfinansiert.

Verksemder under departementet forvaltar areal og disponerer ein stor bygningsmasse. I einiskilde tilfelle kan det vere aktuelt å selje festetomter, areal til utbyggingsføremål, vegggrunn mm. Departementet gjer framlegg om at inntekt frå slikt sal kan nyttast til ekstraordinært vedlikehald mm av bygningsmassen som verksemdene disponerer. Vidare gjer ein framlegg om at unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten, jf forslag til vedtak pkt II.

Post 70 Staur gard

Statkorn Holding AS eig Staur gard, medan Statkorn AS driv han. Overtakinga av den tidlegare statlege representasjons- og forsøkgarden er regulert gjennom ein overtaking- og bruksavtale med staten ved Landbruksdepartementet. Hovudbygninga på Staur er føresetta nytta til statleg representasjon og ein gjer derfor framlegg om ei løyving på 250 000 kr for 1998.

Post 71 Særlege tiltak for kvinner i landbruket

I 1997 blei det gitt støtte til fleire prosjekt med føremål å auke kompetansen til og synleggjere kvinner i landbruket. Ein vil spesielt trekkje fram pilotprosjektet «Internettverk for etablerarkvinner» der etablerarkvinner får ei spesiell opplæring i å nytte internett i sine verksemder. Haldningsskapande arbeid samt prosjekt som tek føre seg kommunane si servicerolle overfor etablerarar av både kjønn er òg gjennomførde.

Når det gjeld framlegg til kvinnetiltak i 1998 syner ein til omtale under post 01 og til kap 1150 (LUF).

KAP 4100 LANDBRUKSDEPARTEMENTET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Refusjon og gebyr for behandling av konsesjonssaker	1 243	263	268
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	235		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 154		
	Sum kap 4100	2 632	263	268

Inntekter under post 01 er i hovudsak gebyr ved behandling av jord- og konsesjonssaker der Fylkesmannen er førsteinstans.

KAP 1102 FYLKESMANNENS LANDBRUKSAVDELING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	293 940	244 564	248 867
21	Spesielle driftsutgifter	7 607	23 573	23 983
22	Flaumskader	242		
50	Støtte til fagsentra		6 560	
60	Overføring til kommunane	349 328		
	Sum kap 1102	651 117	274 697	272 850

MÅL OG STRATEGIAR**Organisering av landbruksforvaltninga i fylka og kommunane**

Den desentraliserte landbruksforvaltninga er organisert i ein statleg del på fylkesnivå og ein kommunal del på lokalt plan. Kap 1102 omfattar no berre den statlege landbruksforvaltninga på fylkesnivå.

Landbruksforvaltninga i fylka er organisert som fagavdelingar for landbruk i fylkesmannsembeta. Dette inneber at landbruksavdelingane innanfor det landbruksfaglege området og ved tildeling av budsjett blir styrt av Landbruksdepartementet, samtidig som avdelingane på det administrative og organisatoriske området er ein del av fylkesmannsembeta som er verksemdar under Planleggings- og samordningsdepartementet, jf St prp nr 1 (1997-98) kap 1510 Fylkesmannsembetet. Fylkesmannen står i eit direkte styringstilhøve til to folkevalde organ på regionalt nivå - BU-styret for saker som gjeld næringsutvikling i og knytt til landbruket og det statlege fylkeslandbruksstyret i saker etter jord-, skog- og konsesjonslovene og plan- og bygningsloven.

Kommunane har eigen landbruksforvaltning. Dette inneber at kommunane etter jordlova og skogbrukslova er sjølvstendige landbruksstyresmakter med ansvar for ei rekke landbrukssaker. Staten kan pålegge kommunane nærare definerte arbeidsoppgåver gjennom lov eller forskrift. I tillegg til den lovbaserte styringa blir det i stor grad lagt vekt på samhandling og dialog/rettleiing som styringsverkemiddel overfor kommunane.

Landbruksforvaltninga i kommunane får midlar gjennom inntektssystemet for kommunane.

Overordna mål

Landbruksforvaltninga skal medverke til å gjennomføre den nasjonale landbrukspolitikken, med dei regionale tilpassingar som den vedtekne landbrukspolitikken gir høve til, jf programkategori 1530, særskilt kapitla 1140, 1142 og 1150. Landbruksforvaltninga arbeider etter følgjande mål og strategiar innanfor dei einskilte verksemdområda:

1. Landbruksbasert næringsutvikling

Verksemdområdet omfattar lønnsam utvikling av tradisjonelt jord- og skogbruk og alternative og nye næringar knytte til landbruket. Landbruksforvaltninga skal medverke til at bygdene sine ressursar og områdeforemoner blir utvikla og nytta til å auke verdiskapinga, basert på prinsippa om berekraftig produksjon. Landbruksnæringa skal bli meir robust for å møte nye utfordringar og endringar i rammevilkåra. Fylkesmannen skal derfor

- medverke til lågare kostnadsnivå og auka konkurransekraft i jordbruket,
- arbeide for mobilisering i bygdene,
- arbeide for å auke mangfald og utvikling av lønnsam næringsverksemd i bygdene for å skape eit breiare grunnlag for busetting,
- arbeide for auka verdiskaping av skogprodukt, og for å utvikle skogressursane slik at dei gir grunnlag for ei konkurransedyktig næring i framtida. Samtidig skal omsynet til fri-luftsliv, landskapsbilete, det biologiske mangfaldet i naturen og kulturminna vektleggast, og
- ta omsyn til kjønn og alder ved planlegging av ny verksemd.

2. Miljø- og arealforvaltning

Verksemdområdet omfattar areal- og ressursforvaltning, som td arbeid med kulturlandskap og biologisk mangfald, og utvikling av miljøvenlege driftsmåtar for å redusere forureining og skape miljøvenlege produkt. Landbruksforvaltninga skal medverke

til å nå hovudmålet med å kombinere næringsverksemd i landbruket med omsynet til natur, kultur og miljø på lang sikt.

Fylkesmannen skal medverke til:

- at næringsverksemdene skal vere basert på berekraftig bruk og bevaring av naturressursar, kulturhistoriske verdiar og landbruket sine miljøverdiar,
- bevaring og bruk av arealressursane til miljømessig god landbruksproduksjon, til dette høyrer sterkare vern om landbruksareal med høgproduktivt jordsmonn,
- forvaltning av kulturlandskapet som eit miljøgode for alle grupper i samfunnet,
- oppfølging rovdyrpolitikken på ein slik måte at det kan drivast forsvarleg jordbruksdrift innanfor akseptable økonomiske rammevilkår,
- reduksjon i forureininga frå tradisjonelt landbruk,
- utvikling av ein rasjonell bruksstruktur og god utnytting av driftsapparatet og
- utvikling av produksjonsmåtar med høg miljøkvalitet, ma økologisk landbruk.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Verksemdområdet omfattar forvaltning av tilskottordningar under jordbruksavtalen. Landbruksforvaltninga skal gjennom effektiv forvaltning og ved å kontrollere bruken av verkemidla under jordbruksavtalen, medverke til å nå måla i landbrukspolitikken.

4. Støttefunksjonar

Verksemdområdet omfattar internadministrasjon, kontroll- og tilsynsoppgåver, medverknad til offentleg statistikk, beredskap, kompetanseutvikling og støttefunksjonar overfor kommunane. Landbruksforvaltninga skal vere omstillingsdyktig og føremåleffektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og støtteapparat overfor kommunane. Strategiane for å nå dette er:

- gode rutiner for saksbehandling og nettverksbygging internt i embeta,
- samhandling og samarbeid med private og offentlege verksemdar. Det er særleg viktig at det blir utvikla lokale strategiar for samhandling og samspel med kommunane, slik at desse blir aktive medspelarar og bevisst rolla si i høve til gjennomføringa av landbrukspolitikken. Likeins er nettverksbygging viktig i høve til andre regionale aktørar som fylkeskommunen og SND sitt regionale apparat,
- målretta kompetanseutvikling av dei tilsette,
- aktiv informasjon, eksternt og internt og
- arbeide for samordning av verkemiddel med samanfallande mål.

Eit viktig mål for departementet er å fremme ei betre utnytting av ressursar og kompetanse mellom fylkesmannen og reindriftsforvaltninga i dei aktuelle fylka gjennom auka samhandling i saksbehandlinga. Dette er sær viktig innanfor næringsutvikling, miljø- og arealforvaltning, rovdyrspørsmål og personal- og kompetanseutvikling.

Innlemming av det øyremerkte tilskottet i inntektssystemet for kommunane

I St prp nr 55 (1995-96) *Om kommuneøkonomien 1997 m.v.* gjekk Regjeringa inn for å innlemme tilskottet til den kommunale landbruksforvaltninga i inntektssystemet frå 1997. Det blei føresett at Landbruksdepartementet og Kommunal- og arbeidsdepartementet skulle finne fram til ein fordelingsnøkkel for tilskottet til den kommunale landbruksforvaltninga. Dette arbeidet er ikkje avslutta. I 1998 vil derfor tilskottet bli fordelt med same fordeling som i 1997.

Budsjettendringa som er gjennomført endrar ikkje kommunane sitt ansvar og oppgåver i gjennomføringa og administrasjonen av ulike landbrukspolitiske tiltak. Desse oppgåvene er trekte opp gjennom Stortinget si behandling av St meld nr 40 (1991-92) *Frå sektoretatar til samfunnsetatar - Om organiseringa av landbruksetatane*, og er heimla i ulike lover. Dei oppgåvene som er trekte opp for administrasjon på fylkesnivået gjeld òg i stor grad for kommunane. Når det gjeld kommunane sitt ansvar og oppgåver viser ein òg til St meld nr 31 (1996-97) *Om distrikts- og regionalpolitikken* og St meld nr 29 (1996-97) *Regional planlegging og arealpolitikk*.

Tilpassingar til reduserte budsjetttrammer

Ved behandlinga i Stortinget av statsbudsjettet for 1997 blei budsjettet til Fylkesmannens landbruksavdeling redusert med 17,3 mill kr, eller 7,5 pst i høve til 1996. Departementet nedsette ut i frå dette eit utval som skulle gå gjennom arbeidsoppgåvene til landbruksavdelingane og foreslå tilpassingar i høve til budsjettreduksjonen. Første fase av dette arbeidet er avslutta slik at reduksjonane i minst mogleg grad reduserer innsatsen på prioriterte område. Ein viser til omtalen av kommunane som landbruksstyresmakter nedanfor.

Meir vidtrekkande tilpassingar på oppgåvesida og betringar av administrative rutiner, krev nærare utgreiingar og analysar. Gjennomgangen på desse områda har eit meir lang-siktig perspektiv, og vil halde fram ei tid framover som ein fase 2 i arbeidsgruppa utgreiing. Utvalet skal ma vurdere om det er mogleg å delegere avgjerdsrett til kommunane på fleire område, jf intensjonane i St meld nr 40 (1991-92) *Frå sektoretarar til samfunnsetatar*, og om det er oppgåver som landbruksavdelingane i dag gjer som for fram-tida kan gjerast av næringa, eller gå ut av oppgåveportefølja til landbruksavdelingane. Gruppa skal og utarbeide forslag til indikatorar for å vurdere kvaliteten på arbeidet i for-valtninga. Departementet vil rapportere nærare om resultata frå denne gjennomgangen i St prp nr 1 (1998-99).

Kommunane som landbruksstyresmakt

Landbruksdepartementet vil streke under at kommunane er den instans brukargruppene først skal ta kontakt med. Ein vil derfor legge vekt på at saksbehandlinga i større grad enn tidlegare skjer på kommunenivå. Dette er viktig fordi stor direktekontakt mellom landbruks-avdelinga og einskilde brukarar vil kunne svekkje kommunane som sjølvstendige land-bruksstyresmakter. Dette vil og avlaste saksbehandlinga hos fylkesmannen.

Dette inneber at embeta må stille auka faglege krav til den kommunale saksbehandlinga. Saker som ikkje er tilstrekkeleg behandla i kommunane skal sendast tilbake for ny behandling.

Alternativ organisering av fylkesmannens landbruksavdeling

Det er i gang ulike prosessar i fylka med omsyn til spørsmålet om val av framtidige organisasjonsmodellar innanfor ramma av hovudmodellar med ein felles leiar og to seksjonar for jordbruk og skogbruk. I St prp nr 1 (1996-97) trekte departementet opp retningslinjer for det vidare arbeidet og sa at ein ville kome tilbake med ei vurdering av dei ulike modellane som blei valde i St prp nr 1 (1997-98). Det er store variasjonar i omfang og virketid av organisasjonsendringar i dei ulike fylkesmannsembeta. Det er derfor for tidleg å trekke generelle konklusjonar om dette spørsmålet no. Departementet vil av den grunn komme tilbake med ei orientering om dei alternative modellane når erfaringsgrunnlaget er blitt noko større.

Tilskott til samarbeid med Planteforsk sine fagsentra

Departementet gjekk i fjor inn for å forlenge ei prøveordning med to nye år der om lag halvparten av budsjettmidlane til dei 4 fagsentra under Planteforsk blei kanalisert som oppdrag frå fylkesmannen i vertsfylka. Ordninga skulle deretter bli evaluert.

Løyvinga er for 1998 ført opp under kap 1112 post 52, men vil framleis bli kanalisert gjennom fylkesmannsembeta.

Regionale stillingar

Ved omorganiseringa av landbruksforvaltninga i 1993/1994, vart det oppretta eit landsomfattande nett av regionale stillingar. Desse stillingane er underlagde Fylkesmannen. Det er om lag 130 årsverk knytt til den regionale satsinga. Arbeidsoppgåvene er i hovudsak næringsutvikling, nye næringar, miljø og skogbruk. Kommunane er den viktigaste samarbeidsaktøren for dei regionale stillingane.

Departementet har gjennomført ei evaluering av desse stillingane. Føremålet har vore å sjå på kva slags vis ordninga har vore iverksett, følgt opp og praktisert ute i fylka og på det grunnlag komme med framlegg til korleis ordninga kan fungere betre.

Analysen viser at ein har vore dyktig til å følgje opp signala med omsyn til arbeidsoppgåver, målgruppe og geografisk område. Det ligg betringspunkt i å finne modellar når det gjeld mål- og resultatstyring, systematisk tilbakemelding og jamn fagleg oppfølging. Ein kan og med fordel utvikle kontakten med fylkeskommunen og SND. Evalueringa viser at iverksetjinga, oppfølginga og praktiseringa av ordninga har variert mellom fylka og internt i fylka. Modellen med medarbeidarar plassert rundt omkring i fylka er krevjande, både for leiinga og medarbeidarane.

På bakgrunn av evalueringa går departementet inn for å vidareføre arbeidet gjennom forbetringar i bruken av stillingane. Fylkesmannen vil få større fridom i bruk av ressursane ma for å stimulere til medverknad og samarbeid med andre aktørar.

Teknisk planlegging

Landbruksdepartementet sette i 1991 i gang ei prøveordning for den tekniske planeininga ved landbrukssetatane i nokre av fylka. Det vart her lagt til rette for ei marknadstilpassing for tekniske planleggingstenester i landbruket. Prøveordninga vart evaluert etter 2 år. Med

utgangspunkt i dei positive sidene ved prøveordninga, vedtok Stortinget å gjere ordninga gjeldande for alle fylke frå 1.1.93.

Departementet har sett i verk ei ny evaluering av korleis organiseringa verkar, for å sjå nærare på områda marknadstilpassing, økonomiforvaltning, habilitet, konkurransevilkår og nytte for forvaltninga. Departementet vil orientere om resultatene av evalueringa og tiltak for oppfølging i St prp nr 1 (1998-99).

RESULTATRAPPORT 1996

1. Landbruksbasert næringsutvikling

Fylkesmannen si landbruksavdeling har ei sentral rolle i arbeidet med næringsutvikling, og dette arbeidet har òg i 1996 vore høgt prioritert. Alle fylke har bygdeutviklingsmidlar (BU-midlar) som skal nyttast til ny og lønsam næringsutvikling i og knytt til landbruket. Mange av fylke har ein god strategi for oppfølging av etablerarane og lukkast godt i samarbeid med den landbruksfaglege førstelinetenesta i kommunane. Gode regionale nettverk med nær kontakt til brukarar, anna forvaltning, kompetanseinstitusjonar og til næringslivet er òg etablert i fleire fylke. Særleg har ein her eit godt samarbeid når det gjeld utarbeiding av fylkesplanar og strategiske næringsplanar, saksbehandling og utviklingsprosjekt.

Mange fylke har nå gjennomført eigne evalueringar av bruken av BU-midlane for å få oversikt over oppnådde resultat. Evalueringane syner gode resultat når det gjeld arbeidet i fylke med å få til lokal utvikling og omstilling. Ein visar elles til rapportering av resultatene under programkategori 15.30 og til St prp nr 70 (1996-97).

For å styrke dei tradisjonelle jordbruksproduksjonane blir det arbeidd systematisk med produktutvikling, kvalitetsbetring og ulike marknadstiltak. Utviklingsprogrammet Norsk Gårdsmat skal legge til rette for sal av norsk kvalitetsmat direkte frå garden til forbrukaren. Fylkesmannen har gjennomført regionvise møte med interesserte gardbrukarar. Det har vore stor oppslutnad. I utvalde fylke arbeider ein no vidare med å organisere lokale grupper.

Det kvinneretta arbeidet i fylke omfattar mange ulike prosjekt og tiltak. Haldningsskapande arbeid, informasjon, mobilisering og nettverk for kvinner har gitt mange bygde- og etablerarkvinner nye arenaer. Kvinnekonseptet hos fylkesmannen har ei viktig rolle å spele i arbeidet med å skape gode haldningar og engasjement rundt det kvinneretta arbeidet i fylke.

Når det gjeld landbruksbasert næringsutvikling, er det i fylke eit nært samarbeid med fylkeskommunen og SND sine distriktskontor. På sentralt plan er det etablert eit nært samarbeid mellom Statens Landbruksbank og SND.

Resultatene av hovudtiltaka innan skogbruket blir rapporterte under kap 1142 post 71.

2. Miljø- og arealforvaltning

Landbruksforvaltninga har ei viktig rolle i høve til å sikre verdifulle areal mot nedbygging, særleg i dei største pressområda. Arbeid med kommuneplanar er her ein sentral arena.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med kommunane og ser ma til at landbruket har ein god plass i kommuneplanlegginga, slik at både næringsutvikling og arealspørsmål blir handsama i planen. Oversiktsplanlegginga i skogbruket er godt utvikla, med fleire ferdige planar og mange kommunar som har sett i gang med planarbeidet.

Dei fleste fylke har no kome i gang med prosjekt knytte til bruk av geografiske informasjonssystem (GIS).

I samband med spesielle kulturlandskaptiltak auka talet på søknader med 21 pst i 1996, og 2 130 søknader fekk tilsegn om støtte. Støtta går til restaurering av freda og vernverdige bygningar og spesielle tiltak i kulturlandskapet for å auke tilgjenge, restaurere kulturminne, skjøtsel av gammal kulturmark og biologisk mangfald mm. Fylkesmannen følgjer opp tiltaka, og ein legg vekt på å stille vilkår og naudsynte krav til kvalitet. Informasjon retta mot grunneigarar og kommunal forvaltning er eit viktig innsatsområde. Samarbeid om kulturlandskapsaker er godt etablert gjennom Kulturlandskapsgruppene som er eit samarbeidsorgan på fylkesnivå samansett av ma forvaltninga innan landbruk, miljø og kulturminne samt næringsorganisasjonane i landbruket. Ein legg vekt på heilskapleg miljøinnsats og prioritering av tiltaka.

Innanfor området naturforvaltning støttar landbruksforvaltninga opp om organisasjonane sitt arbeid med utvikling av miljø- og ressursplanar for å integrere miljøomsyn i produksjonen på det einskilde bruket. Planane vil legge til rette for internkontrollen på gardsbruka og lette kontrollarbeidet i forvaltninga.

Satsinga på økologisk landbruk er ulik i fylke. Landbruksforvaltninga stimulerer i mange fylke aktivt til omlegging til økologisk drift. I 1996 auka talet på bruk med godkjent økologisk drift eller bruk under omlegging med omlag 240 bruk. Det er 844 bruk med i tilskottsordningane. Av desse har 455 søkt om arealtilskott for økologisk drift. Det var 477

bruk med merkegodkjenning. Dette inneber at dei kan omsette produkta som økologiske, dvs med Debio sitt ø-merke.

I samband med tiltak mot forureining ser fylkesmennene på utfordringar i arbeidet med gjødselplanar og miljø- og ressursplanar. Prosentdelen bruk som har gjødselplanar varierer mellom fylka. 31.7.96 hadde 47 pst av det totale talet bruk som søkte om produksjonstillegg gjødselplanar. På same tid var 59 pst av det fulldyrka arealet med i gjødselplanar.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket

Fylkesmannen har ei sentral rolle i forvaltning og kontroll av dei direkte tilskotta i jordbruket. Statens Kornforretning har ansvaret for å følgje opp fylkesmannen på dette området. Ordningane går inn som ein del av det totale verkemiddelapparatet. Ein viser derfor til omtale under programkategori 15.30, kapittel 1150 og til St prp nr 70 (1996-97).

4. Støttefunksjonar

Det har vore ei sentralt oppgåve for fylkesmannen å gjere kommunane meir medvetne om den rolla dei har som landbruksstyresmakt. Avdelingane har derfor òg i 1996 brukt mykje ressursar på samhandling og dialog/rettleiing overfor kommunane.

Talet på kvinner som er tilsette i landbruksavdelingane hos fylkesmannen er aukande, men framleis for lågt.

Alle fylka har i 1996 utarbeidd kompetanseutviklingsplanar for tilsette i landbruksforvaltninga i både kommunane og hos fylkesmannen.

Fylkesmannsembeta har utvikla ein felles informasjonspolitikk som landbruksavdelingane er ein del av. I fleire av embeta er det òg tilsett eigen informasjonsmedarbeidar for å styrke embetet si informasjonsverksemd.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

1. Landbruksbasert næringsutvikling

Landbruksforvaltninga skal prioritere eit heilskapleg næringsutviklingsarbeid. Tradisjonelle næringar og utvikling innanfor desse må sjåast i samanheng med utvikling av nye og alternative næringar. Landbruksforvaltninga skal føre vidare arbeidet med å styrke det tradisjonelle jordbruket. Innanfor tradisjonelt jord- og hagebruk er det område der det ligg til rette for utvikling og utviding av produksjonen slik som økologiske produksjonar, visse eksportprodukt og nisjeprodukt elles.

Over jordbruksavtalen er det ein nokså stor auke i tildelinga til investeringar i tradisjonelt jordbruk. Dette vil truleg medføre meir arbeid i fylka.

Det er eit mål å auke verdiskapinga i skogbruket. Nivået på avverkinga er i mange distrikt lågt samanlikna med det som kan haustast. Det er viktig at òg BU-midlane blir brukte målretta for å auke verdiskapinga i og frå skogen.

Tilskottsmidlane til investeringstiltaka i skogbruket over statsbudsjettet og LUF vil bli gitt som ei rammeløyving til fylka. Tildelinga skjer med grunnlag i fylkesvise aktivitetsbudsjett som i ettertid blir sett i høve til dei endelege resultata frå dei einskilte tiltaka. Fylkesmannen har ansvaret for at midlane blir brukt i tråd med tilskottsreglane og retningslinene som blir gitt i løyvingbrevet.

Når det gjeld andre næringar, bør alle fylka utarbeide ein strategisk plan for bruk av BU-midlane som eit verktøy til meir effektiv utnytting av BU-midlane. Fylkesmannen bør i sterkare grad legge til grunn fylkeskommunane sine planar, regionale utviklingsplanar og strategiske næringsplanar når strategiplanen blir utarbeidd. Det er viktig at fylkesmannen er aktiv i utarbeidinga av dei regionale utviklingsplanane, jf St meld nr 31 (1996-97). Dette inneber at ulike verkemiddel skal sjåast i samanheng til beste for utviklinga av regionen, innanfor dei rammer bygdeutviklingsforskriftene set. Særleg er det viktig at ein samarbeider med fylkeskommunane om å finne felles satsingar i fylke med kommunar eller regionar som opplever nedgang i folketalet og skeiv kjønnsfordeling. Det bør leggjast særleg vekt på samhandling mellom fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen og SND sine distriktskontor, jf St meld nr 51 (1996-97) *Om Statens nærings- og distriktsutviklingsfond* og St meld nr 29 (1996-97). Ein må òg dra veksar på kompetanseressursar som finst ved regionale forskingsinstitusjonar og høyskolar. Den kompetansen som er bygd opp hos fylkesmannen må takast vare på og utviklast vidare.

Fylkesmannen må òg delta aktivt i fylkeskommunane si utvikling av fylkesplanar og dei særskilde areal- og næringsplanverka. I den samanhengen er det særskild viktig å få fram det potensialet for verdiskaping og sysselsetting som ligg i dei naturbaserte ressursane innan jord- og skogbruk. I tillegg må fylkesmannen delta aktivt i internasjonale næringsutviklingsprosjekt.

2. Miljø- og arealforvaltning

Det blir stadig meir press frå utbyggingsinteresser for å ta i bruk landbruksareal til andre føremål. Særleg er dei areala som har best jordsmonn utsett, fordi desse ligg nær opp til byar og tettbygde område. Regjeringa varsla ei vidareføring og styrking av jordvernet i St meld nr 29 (1996-97). Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret (med motsegnrett) har ansvar for å følgje opp desse retningslinene. Det er derfor viktig at landbruksstyresmaktene deltar i dei prosessane der arealdisponeringar skjer. I 1998 må derfor fylkesmannen prioritere

- oppfølging av kommuneplanprosessar frå eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Målsettinga er at kommunane skal legge betre til rette for utvikling av landbruksnæringa, gjennom å sikre viktig areal mot nedbygging, målrette bruken av administrative og økonomiske verkemiddel og profilere landbruksnæringa si rolle for miljø, sysselsetting og landskap. Kommunane har elles i sin planverksemd òg eit ansvar for å sikre landbruket sitt arealgrunnlag mot nedbygging. Oversiktsplanlegging for landbruket vil vere eit viktig reiskap i dette arbeidet,
- delta i arbeid med verneplanar der desse får konsekvensar for landbruksnæringa. Siktemålet må vere at det i større grad skal vere mogleg med både tradisjonell landbruksdrift og utvikling av nye landbruksbaserte næringar i område som er aktuelle for vern etter naturvernloven eller kulturminnelova,
- arbeidet med konsekvensutgreiingar ettersom fylkesmannen får nye og utvida oppgåver i endra forskrifter om konsekvensutgreiingar som trådte i kraft i 1997. Målsettinga er at utgreiingar om tiltak som får verknad for landbruket handsamar landbruket både som ressursforvaltar og næringsutøvar på ein betre måte enn i dag og
- sjå til at omsynet til landbruket blir betre ivareteke i fylkesplanane.

Generelt vil det vere viktigare for landbruket å arbeide med arealsaker som vedkjem store areal av god bonitet som ligg i dei beste klimasonene, enn saker som vedkjem mindre areal av mindre god bonitet eller klima. Det vil vidare vere meir viktig å prioritere dei saker som har langsiktige verknader for det framtidige mønsteret i arealbruken, enn dei saker som opptre isolert med få verknader for omgjevnaden. Arbeidet med plansaker vil vere meir mål- og resultatretta ved at ein tidleg tek aktivt del i planprosessen, enn gjennom å handsame ferdige planar i etterkant.

For å få ned kostnadsnivået i landbruket og av omsyn til busetnaden i distrikta, er det viktig å halde fram arbeidet med å utvikle ein rasjonell bruksstruktur og få betre utnytting av driftsapparatet. Det er derfor viktig å skape ressurssterke, godt arronderede einingar. I samband med dette må landbruksforvaltninga òg arbeide for å få til frivillige løysingar. For å stimulere til dette er det no starta eit prosjekt i Møre og Romsdal der dei regionale stillingane arbeider med utvikle metoden for frivillig jordformidling. I dette arbeidet er òg organisasjonane trekt med.

Departementet har sett i gang eit arbeid med å lage ein strategisk handlingsplan for GIS-bruk med sikte på å skape struktur- og samarbeidsgevinstar av dei tiltaka som er sette i gang av Fylkesmannens landbruksavdeling. NIJOS er kompetansesenter for desse avdelingane, og vil medverke med kompetanseoppbygging, samordning og støtte knytt til enkeltprosjekt. jf kap 1146.

Det skal drivast differensiert forvaltning av utmarksressursane som både tek omsyn til viktige beiteområde og at rovdyr skal overleve i landet i framtida.

Miljøbasert næringsutvikling, ma i samarbeid med miljøstyresmaktene, skal ha høg prioritet. Betre miljøtilpassing og forvaltning av kulturlandskapet krev framleis stor innsats. Verkemiddel på miljøområdet vil i aukande grad setjast inn mot tiltaksplanar/ områdeplanar der tiltak som retter seg mot å redusere forureining, halde i hevd kulturlandskapet mm, setjast inn etter samla plan i samarbeid med miljøstyresmakter, kulturminneforvaltning, lokalsamfunn og interesser som representerer bøndene. Departementet håpar med dette å oppnå synergieffektar i bruken av verkemidla. For områder med forureina vassdrag kan tiltaksplanane gjennomførast for nedbørsfeltet for å sjå heile vassdraget i samanheng.

Tiltak for å fremme biologisk mangfald skal prioriterast. Erfaringane frå utprøvinga av områdetillegg i kulturlandskapsforvaltninga er positive. Departementet legg opp til å føre vidare arbeidet med fellestiltak og heilskapelege planar for kulturlandskap innanfor forskrift for «spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap». Innsatsen for å redusere forureiningane frå jordbruket skal rettast meir inn mot samordna vektlegging av aktuelle tiltak i nedbørsfelta til utsette vassdrag og sjøområde. Fylkesmannen vil organisere, koordinere og innvilge prosjekta i fylket. Fylkesmannen skal i tillegg fremme miljøvenleg produksjon ved å utvikle system for dokumentasjon av produksjonsmåtar og produktinnhald. Miljø- og ressursplanar på gardsbruk i regi av næringa sjølv er her sentrale. Frå 1998 er det obligatorisk med gjødselplanar for det einskilde bruket.

Økologisk landbruk er eit prioritert område i landbrukspolitikken. Dette er ein ressurs- og miljøvennleg driftsform, samstundes som det er underdekning av økologiske produkt i marknaden. Eit viktig arbeid vil vere oppfølging av økologisk landbruk, slik at ein kan nå vedtakne målsetjingar.

Ein bør òg arbeide for å føre vidare det gode engasjementet og interessa ein har sett i samband med Kulturminneåret.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket

For dei direkte tilskottsordningane vil arbeidet med å vidareutvikle og effektivisere resultatrapporteringa til Statens Kornforretning vere ei viktig oppgåve i 1998. Ein viser elles til St prp nr 70 (1996-97).

4. Støttefunksjonar

Innlemminga av det øymerka tilskottet i rammetilskottet som blei gjennomført i 1997, gjer det nødvendig med fortsett høg innsats frå fylkesmennene i deira tilsyn og oppfølging av kommunane. Departementet vil peike på at fylkesmennene må i samband med behandling av kommunane sine budsjett og økonomiplanar, må sjå til at kommunane set av dei ressursane som trengst for gjennomføring av landbrukspolitikken. Fylkesmannen må returnere landbrukssaker som er behandla utilstrekkeleg i kommunane. Departementet vil følgje utviklinga nøye. Kommunane er enno ikkje nok merksame på rolla si som førstelinestyresmakt i landbrukssaker. Dette arbeidet må derfor framleis ha høg prioritet.

Fylkesmannen bør halde fram med å utvikle strategiar for korleis ein kan få rekruttert fleire kvinner og kvinnelege leiarar til avdelingane.

Ein vil òg i 1998 halde fram med satsinga på Statens Regionale informasjonsnett.

Det vil bli avsett midlar til å halde fram med Geovekst-samarbeidet og for å kunne starte nokre fleire prosjekt, der ein tek i bruk GIS i landbruksforvaltninga. Statens Kornforretning og Statens Landbruksbank har starta opp eit arbeid for å tilpasse dei edb-baserte sakshandsamersystema som er i bruk hos fylkesmannens landbruksavdelingar til det nye økonomireglementet i staten.

Fylkesmannen har eit særskilt ansvar for å kommunisere innhaldet og målsettinga med den gjeldande landbrukspolitikken til kommunane. Fylkesmannen må òg drive aktiv informasjonsverksemd om sine verke- og ansvarsområde overfor eit større publikum, og syte for at det blir formidla informasjon om utviklinga i landbruket og dei sentrale fellesverdiane landbruket ivaretek. Fylkesmannsembeta har utvikla ein felles informasjonspolitikk som landbruksavdelingane er ein del av. I fleire embete er det tilsett eigen informasjonsmedarbeidar, men det er viktig å understreke at informasjonsansvaret og gjennomføring av informasjonsoppgåver uavhengig av dette ligg hos kvar einskild landbruksavdeling. Informasjonsinnsatsen vil inngå i målstyringsevalueringa.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

I samband med organisatoriske endringar ved fylkesmannsembeta i Buskerud, Aust-Agder og Sør-Trøndelag er det i budsjettframlegget overført 1,16 mill kr frå denne posten til kap 1510 Fylkesmannsembetene.

I samband med innflytting i nytt Statens hus i Agder samt auka husleige for Statens hus i Nord-Trøndelag er budsjettframlegget auka med 1,9 mill kr.

Fylkesmannen si landbruksavdeling har gjennom mange år utført tilsynsoppgåver for Landbrukstilsynet i samband med vekstkontrollen av såkorn, grasfrø og settepoteter. Ut frå historisk praksis har denne oppgåva vore budsjettert på kap 1102, utan at desse midla har vore øymerka for føremålet. For å sikre at tilsynsoppgåvene i framtida blir prioritert i fylka, er 0,7 mill kr overført til kap 1110 Statens Landbrukstilsyn som så vil kjøpe tilsynstenester av fylkesmannen etter behov.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det er under posten løyvd midlar til arbeidet med teknisk planlegging i fylka, jf omtale under mål og strategiar ovanfor. Vidare er det budsjettert med ein viss auke i utgifter i samband med ymse oppdrag mm for andre offentlege verksemdar. Ein viser òg til omtalen under kap 4102 nedanfor.

Post 50 Støtte til fagsentra

Løyvinga til støtte til einskilde fagsentra under Planteforsk er for 1998 budsjettert på kap 1112 post 52.

KAP 4102 FYLKESMANNENS LANDBRUKSAVDELING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Refusjon	21 385		
03	Gebyr for handsaming av konsesjonssaker			
04	Oppdragsinntekter og refusjonar	7 460	23 573	23 983
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	1 792		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	4 376		
	Sum kap 4102	35 013	23 573	23 983

Post 04 Oppdragsinntekter og refusjonar

Løyvinga gjeld inntekter knytte til teknisk planlegging, refusjonar mm. Det er budsjettert med tilsvarande utgifter på kap 1102 post 21. Ein gjer framlegg om at eventuelle meirinntekter kan gi høve til å auke utgiftene under kap 1102 post 21 tilsvarande, jf forslag til vedtak III.

KAP 1104 TILSKOTT TIL ORGANISASJONAR

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
70	Tilskott til organisasjonar mm	25 563	14 856	
	Sum kap 1104	25 563	14 856	

I budsjettframlegget for 1998 er tilskott til organisasjonar mm som tidlegare blei løyvd på kap 1104, fordelt på kategoriar og kapittel i høve til føremål og verksemdområde. Utgifter til kontingentar i internasjonale organisasjonar der Landbruksdepartementet er medlem er budsjettet på kap 1100.

I kap 1137 ligg framlegg til Nordiske jordbruksforskernes forening. Kap 1140 har framlegg om løyving til Det Kongelige Selskap for Norges Vel, Norske 4H, Det norske hageselskap, Nord-norsk hestesenter og Norsk fjordhestsenter, Norsk kolonihageforbund, Norsk gartnerforbunds planteskoleseksjon, Norsk økologisk landbrukslag, Biologisk dynamisk forening, Norges dyrebeskyttelsesforbund og tilskott til fagtidsskrift. Under kap 1142 ligg framlegg om løyving til Det norske Skogselskap, Det norske arboretet på Milde og organisasjonen Jenter i skogbruket.

Omtalen av tilskott til organisasjonar under desse kapitla er gjort mindre detaljert enn tidlegare, jf fleirtalsmerknad i Budsjett-innst S nr 8 (1996-97).

*Programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse**Utgifter*

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1107	Statens dyrehelsetilsyn	157 421	139 855	166 714	19,2
1110	Statens landbrukstilsyn	58 250	63 202	68 729	8,7
1111	Veterinærinstituttet	108 755			-0,0
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling mm	353	117 763	129 587	10,0
1114	Statens næringsmiddeltilsyn	177 634	166 689	140 746	-15,5
	Sum kategori 15.10	502 413	487 509	505 776	3,7

Inntekter

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
4107	Statens dyrehelsetilsyn	9 501	8 646	15 527	79,5
4110	Statens landbrukstilsyn	55 333	50 728	53 428	5,3
4111	Veterinærinstituttet	38 260			-0,0
4114	Statens næringsmiddeltilsyn	125 499	130 367	102 988	-21,0
	Sum kategori	228 593	189 741	171 943	-9,3

Kategorien omfatter løyvingar til Statens dyrehelsetilsyn (SDT), Statens landbrukstilsyn, Statens næringsmiddeltilsyn (SNT), Veterinærinstituttet (VI) og Norsk institutt for planteforskning (Planteforsk).

STATUS FOR OMRÅDET*Innleiing*

Hovudmålet med arbeidet på området er å sikre forbrukarane trygge matvarer gjennom ein sunn produksjon. Regjeringa la i St meld nr 40 (1996-97) Matkvalitet og forbrukertrygghet (Matmeldinga) til grunn at all mat som blir omsett i Noreg skal vere helsemessig trygg. Dette gjeld anten maten er produsert i Noreg eller i utlandet.

Omsynet til forbrukarane skal prioriterast. Arbeidet med å sikre det høge nivået på norsk dyre- og plantehelse, dyrevelferd, miljøtilhøve, produksjon og foredling skal halde fram. Landbruksdepartementet legg vekt på å samordne arbeidet med liknande forvaltningsansvar i andre departement, særleg Sosial- og helsedepartementet og Fiskeridepartementet. Vidare vil arbeidet med å finne fram til samordna internasjonalt regelverk bli prioritert.

Det vil bli nytta vesentlege ressursar for å vidareutvikla eit kvalitetssystem gjennom heile verdikjeda frå jord og fjord til bord. Høg kompetanse og god kunnskap hos næringsutøvarane i alle ledd av produksjonen og foredlinga er vidare ein grunnleggjande føresetnad for god matvarekvalitet. Landbruksdepartementet legg vekt på å koordinere tilsynet langs denne produksjonskjeda ma ved å sikre ei god samordning av aktivitetane i dei 5 verksemdene ut frå dei retningslinjer som er trekt opp gjennom Stortinget si behandling av St meld nr 40 (1996-97).

Det er tinga fram eit utkast til avtale med EU om vidareutvikling av EØS-avtalen, vedlegg I, om veterinære vilkår knytte til handel med levande dyr og animalske produkt (inkl fisk). Regjeringa legg vekt på å sikre god dyrehelse og trygge matvarer og det er av den grunn sett i verk fleire nasjonale program, jf St prp nr 70 (1996-97), kap 12. Oppfølginga for 1998 er nærare omtalt nedanfor.

Det er i gang tingingar med EU med sikte på å innlemme regelverk med omsyn til plantehelse i EØS-avtalen. Tingingane er basert på å vidareføre og styrkje arbeidet med å sikre god plantehelse. Saka vil bli lagt fram for Stortinget når tingingane er slutførde.

Produksjon

Landbruksbasert matproduksjon bygger på eit solid fagleg grunnlag utvikla over lang tid. Produsentane har gjennomgåande gode kunnskapar og er medvetne ansvaret som knytter seg til produksjon av mat. Landbruksdepartementet og underliggjande etatar legg stor vekt på å utvikle samarbeidet med dei ulike organisasjonane som kan påverke matkvaliteten og -tryggleiken i rett lei. Departementet støt og arbeidet i avlsorganisasjonane med å avla fram dyr med gode genetiske eigenskapar, tilpassa norske vilkår. Avl på styrkt genetisk sjukdomsresistens vil redusere bruken av antibiotika og gi sunnare og friskare dyr. Dyrevernlova set forbod mot å endre dyra sine arveanlegg dersom det gjer dyret uskikka til å utøve normal adferd, påverkar fysiologiske funksjonar i uheldig lei eller dyret blir påført lidning. Nye genteknologiske metodar og auka internasjonal handel gjer det stadig meir aktuelt å vere på vakt mot brot på desse reglane.

Landbruksdepartementet legg vekt på helse og riktig bruk av miljøsikre innsatsvarer i landbruket. Såleis er gjødsel som blir marknadsført i Noreg jamt over av svært god kvalitet. Det er strenge krav om maks kadmiom i gjødsel. I perioden 1992-96 er tilførselen av kadmiom til jorda via gjødsel om lag halvert. Som ledd i arbeidet med å sikre at dei tilførte næringsstoffa blir utnytta best mogleg, vil det frå vekstsesongen 1998 bli obligatorisk for alle gardbrukarar som mottok produksjonstillegg å ha ein gjødslingsplan for planteproduksjonen.

Organisk avfall er ein ressurs som bør utnyttast på best mogleg måte. Som følge av at avfallet skal bort frå fyllplassane er det aktuelt å nytte avfallet som råstoff til jordforbetningsmiddel og fôr. Men det er ein føresetnad at slikt avfall ikkje har negativ effekt for kvalitetsproduksjon av mat. Det er i gang arbeid både på slam, kompost og anna organisk avfall for å sjå på korleis slike avfallsstoff best mogleg kan resirkulerast.

Plantehelse

Som følge av ein geografisk spreidd produksjon, klima og dei overvakings- og kontrollprogramma som er etablerte, er Noreg fri for fleire alvorlege skadegjerarar på planter. Dei siste åra har ein likevel fått problem med nokre nye skadegjerarar. Kartlegging og utryddingsaksjonar er viktige hjelpemiddel for å hindre at desse problema spreier seg ytterlegare.

Frå 1995 til 1996 blei det registrert ein betydeleg nedgang i omsett mengd plantevernmiddel. Som følge av endra omsetningsmønster i bransjen reflekterer likevel ikkje dette ein tilsvarende nedgang i forbruket.

Mykje tyder på at bruken av plantevernmiddel har vore relativt stabilt dei siste fem åra. I strategien for å få ned plantevernmiddelbruken inngår maks auka bruk av integrert bekjemping og obligatorisk autorisasjonskurs for alle som skal bruke plantevernmiddel. Ein streng godkjenningsspraksis for plantevernmiddel har ført til at det kontinuerleg skjer ei utskifting av godkjende middel med nye middel som har eigenskapar som er mindre skadelege for helse og miljø. Praktisering av redusert jordarbeiding og auka andel av haustsådde vekstar vil på den andre sida kunne føre til auka behov for sprøytemiddel i åra som kjem.

Ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruksdepartementet har starta arbeidet med utforming av ein handlingsplan for å redusere risiko ved bruk av plantevernmiddel. Arbeidsgruppa vil leggje fram arbeidet sitt hausten 1997.

Dyrevelferd

Staten overtok 1.5.95 ansvaret for dyrevernsnemndene og dermed ansvaret for forvaltninga av dyrevernlova lokalt. Distriktsveterinærane kjem inn i dette arbeidet som ansvarleg for sekretariatfunksjonen til nemndene. Tilsynsveterinærane fekk vedtakskompetanse på dyrevernsida innan slakteriet sitt område. Dette har vore med på å styrkje det lokale dyrevernarbeidet og medverkt til høg kvalitet på alt dyrehald og ein etisk forsvarleg produksjon av matvarer. Omlegginga av forvaltninga av dyrevernarbeidet lokalt har gjort lokalplanet medveten på eit vis som i større grad enn tidlegare vil avdekkje eventuelle dyremishandlingar.

Det er aukande interesse for dyrevern både nasjonalt og internasjonalt. Dette gjeld alt dyrehald, ikkje minst hald av produksjonsdyr. Kravet om eit dyrevennmessig og etisk forsvarleg dyrehald som grunnlag for produksjon av matvarer blir stadig sterkare. For forbrukaren er det ikkje lenger berre prisen på matvarene som er viktig, men òg kvaliteten. I kvalitetsomgrepet ligg òg kravet til livskvalitet hos produksjonsdyra. Forbrukarane vil gjerne kjenne seg trygge på at dyra hadde eit akseptabelt liv på garden og under transporten fram til avliving. LD har derfor lagt mykje arbeid i å utvikla nytt regelverk nasjonalt og medverke til internasjonalt regelverk der omsynet til dyra si velferd stendig blir styrkt.

Dyrehelse

Kontroll- og dokumentasjonsarbeidet som syner at vi har høg standard i husdyrproduksjonen, vil halde fram. Programmet som blei sett i verk i mai 1996 for å hindre vidare spreiding og helst utrydding av skrapesjuke, går vidare. Sidan det går lang tid frå eit dyr blir smitta til det blir sjukt, er det enno for tidleg å seie noko sikkert om effekten av programmet. Det har likevel vore berre tre tilfelle av skrapesjuke i første halvår 1997. Overvakingsprogramma for ei rekke smittsame sjukdommar vil bli ført vidare i 1998. Dokumentasjon på god helsetilstand gir oss føremoner ved eksport av levande dyr og dyreprodukt, og vi kan sette strengare vilkår ved import.

Overvaking av sjukdommar som kan overførast frå dyr til menneske held fram som tidlegare. Kontroll- og overvakingsprogrammet for salmonella i levande dyr og animalske næringsmiddel har synt at tryggleiken for forbrukarane er god.

Det er eit mål for styresmaktene at bruken av antibiotika i dyrehaldet er så lågt og riktig som mogleg. Landbruksdepartementet oppnemnde våren 1996 ei arbeidsgruppe som skal vurdere bruken av antibiotika i husdyrhaldet. Arbeidsgruppa vil leggje fram rapporten sin hausten 1997. Det er eit mål for styresmaktene, veterinærane og landbruksnæringa sjølve at bruken av medisinar til dyr blir riktig og lågast mogleg, og det blir samarbeidd om å nå målet. Td er forbruket av antibiotika i oppdrettsnæringa redusert med meir enn 99% i løpet av dei siste 10 åra. Departementet vil støtte forskning for å få fram meir kunnskap om bruken av alternativ medisin i husdyrhaldet ma gjennom eit strategisk instituttprogram som ved Norsk institutt for økologisk landbruk (NORSØK) i samarbeid med andre relevante fagmiljø, jf kap 1137.

Dei alvorlege sjukdommane hos fisk som tidlegare var eit problem i akvakulturnæringa og for ville bestandar, er på grunn av effektive førebyggjande tiltak under god kontroll. Det er framleis like viktig å ha ein god beredskap og effektive bekjempingstiltak å ty til dersom alvorlege sjukdomsproblem skulle oppstå igjen.

Dei førebyggjande tiltaka mot smittsame sjukdommar vil halde fram. Kontroll og dokumentasjonsprogram for fleire alvorlege fiskesjukdommar vil òg utviklast.

Oppdrettet av marine artar aukar og ein lyt vere førebudd på nye sjukdomsproblem.

Ei ny fiskesjukdomslov er vedteken og vil gjelde frå og med den 1.1.98. Lova er i større grad tilpassa krava i dei internasjonale avtalene, samtidig som det førebyggjande helsearbeidet og tilhøva knytte til dei ville artane er sterkare fokusert. Det er lagt opp til eit tett samarbeid mellom helse- fiskeri- og miljøforvaltninga.

Matvarer

Stortinget har gjennom behandlinga av St meld nr 40 (1996-97) vedteke å betre kontrollen med tilsetningsstoff, framandstoff og smittestoff i maten. Kontrollen med produksjonsmåten skal og styrkjast. Kartlegging- og overvakingsprogram er sentrale verkemiddel i denne samanhengen. Internkontrollsystema hos råvareprodusentane, foredlingsindustrien og i importverksemdene vil gi grunnlag for at kvaliteten på produkta skal vere tilfredsstillande.

St meld nr 40 (1996-97) omtaler endringar i handelen knytt til ma WTO-avtalen og endringar i EØS-avtalen i samband med auka handel med matvarer, ønskjer Noreg å styrkje arbeidet med felles internasjonale regler for slik handel. Eit enno betre tilsyn langs heile matvarekjeda frå jord/fjord til bord er ei målsetting òg i høve til internasjonal handel.

Risikovurdering, risikobehandling og risikokommunikasjon er viktige reiskap i arbeidet med å halde oppe tilliten til maten hos forbrukarane. Skrapesjuke hos sau viste seg å skremme forbrukarane sjølv om fagfolk uttala at det er trygt å ete sauekjøtt her i landet. Reaksjonane førte til at næringa sjølv tok ut og destruerte meir enn 70 000 slakteskrottar som var godkjent av den offentlege kjøttkontrollen. Landbruksdepartementet, vil ma på bakgrunn av desse erfaringane, styrkje samarbeidet med dei forbrukarretta organisasjonane, og det vil bli lagt større vekt på informasjon. Spørsmålet om merking av matvarer vil krevje mykje merksemd i tida framover, td merking av genmodifiserte produkt og opphavsmerking, slik at forbrukarane får nødvendig informasjon på lettfatteleg vis. Mellombels retningsliner for merking av genmodifiserte matvarer tok til å verke frå juli 1997.

Tilsynet vil halde fram med arbeidet for å sikre at mat og drikke blir framode på ein reieleg måte slik at den informasjonen som følgjer varene blir riktig. Det vil framleis bli lagt vekt på at kvaliteten skal vere slik forbrukarane ventar i høve til tradisjonar, pris og marknadsføring. Forbrukarane skal òg bli gitt tilfredsstillande informasjon om produkta slik at dei kan velje kva dei vil kjøpe.

MÅL OG TILTAK*Mål*

Innanfor verksemdområdet Matvarekvalitet, dyrehelse, dyrevern og plantehelse arbeider departementet ut frå følgjande hovudmål og delmål:

Hovudmål: - sikre forbrukarane trygge matvarer gjennom ein sunn produksjon				
Delmål				
Produksjon	Plantehelse	Dyrevelferd	Dyrehelse	Matvarer
– planter og dyr med gode genetiske eigenskapar, tilpassa norske vilkår, – riktig bruk av helse- og miljømessig sikre innsatsvarer	– effektiv førebygging og bekjemping av alvorlege skadegjerarar – redusert forekomst av tapsbringande skadegjerarar – redusert bruk av plantevernemiddel	– betre miljø for dyr – færrest mogleg tilfelle av dyremis-handling	– effektiv førebygging og bekjemping av alvorlege smittsame sjukdommar – redusert forekomst av tapsbringande infeksjons-sjukdommar – redusert forekomst av viktige produksjons-sjukdommar	– helsemessig trygg mat – auka tillit til matvarer – reieleg frambod av matvarer – riktig kvalitet på matvarer

Tiltak

Regjeringa legg i budsjettframlegget opp til ei samla løyving under programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse på vel 505 mill kr. Budsjettframlegget inneber ei auke i løyvingane til området på 80 mill kr. Av dette legg ein opp til å nytte knapt 74 mill kr innanfor kapittel under denne programkategorien medan vel 6 mill kr vil bli nytta innanfor kapittel under andre programkategoriar, jf tabellen nedanfor. Opplegget, som det er gjort greie for nedanfor, er utarbeidd i tett samarbeid med faginstansane på plante-, dyre- og humanhelsesida og vil medverke til betre samordning av arbeidet for å sikre forbrukarane trygge matvarer. I budsjettframlegget er det såleis sett av midlar til

- oppfølging av Matmeldinga,
- styrkt tilsyn med innsatsvarer,
- nasjonale tiltak knytt til endringar i EØS-avtalen på veterinær sektor og
- nasjonale tiltak knytt til EØS - plantehelse.

Satsing	Kap	Beløp (mill kr)
<i>Oppfølging av Matmeldinga:</i>		
Administrasjon mm	1100	1,5
Tiltak innanfor SNT sin oppfølging	1114	11,7
Innkjøp av tenester frå Folkehelsa	1114	2,5
Styrkje offentlig overvaking knytt til handel med dyreprodukt	1114	5,5
Forvaltingsstøtte/laboratorietenester	1114	3,4
Kunnskapsutvikling	1114	6,9
Sum oppfølging av Matmeldinga		31,5
<i>Styrkt tilsyn med innsatsvarer:</i>		
Kontroll med plantevernemiddel	1110	2,5
Kontroll med fôr til familiedyr	1107	7,0
Forsking og utvikling knytt til fôr til familiedyr	1137	1,0
Sum styrkt tilsyn med innsatsvarer		10,5
<i>Nasjonale tiltak knytt til EØS - plantehelse:</i>		
Potetringsråte	1110	1,5
Sum tiltak knytt til EØS - plantehelse		1,5
<i>Nasjonale tiltak knytt til EØS - veterinær sektor:</i>		
Administrasjon	1100	4,0
Tilsyn og kontroll, dyrehelse	1107	18,7
Kjøp av analysetenester mm	1112	9,5
Tilsyn og kontroll, næringsmiddel	1114	4,5
Sum nasjonale tiltak knytt til EØS - veterinær sektor		36,7
Sum satsing		80,2

Regjeringa legg i budsjettframlegget opp til at delar av satsinga blir finansiert ved auka inntekter frå gebyr og avgifter. Samla gjer ein framlegg om ei auke i inntektsløyvingane på 40,5 mill kr knytt til satsinga, jf tabellen nedanfor og omtale under dei einskilde kapitla.

Auka inntekter	Kap	Beløp (mill kr)
Auka inntekt frå næringsmiddelavgift	4114	30,0
Auka inntekt frå kontrollavgift på plantevernmiddel	4110	2,5
Gebyr på før til familiedyr	4107	8,0
Sum auka inntekter		40,5

Regjeringa vil leggje fram ein proposisjon om samtykke til godkjenning av vedtaket i EØS-komiteén om å revidere EØS-avtalen, vedlegg I, veterinær del, så snart saka har vore behandla i EØS-komiteén. Innhaldet i utkastet til den reviderte avtalen er omtalt i St prp nr 70 (1996-97), kap 12, som eit fleirtal i Stortinget har slutta seg til. Det er tidlegare lagt til grunn at den reviderte avtalen kan tre i kraft 1.1.98, men ein kan ikkje sjå bort i frå at han trer i kraft seinare. Dette fordi EU har hatt bruk for lenger tid til å gå gjennom og klarere utkastet enn det ein hadde grunn til å tru. Framlegg knytt til obligatoriske tiltak i høve til den reviderte avtalen, ma bygging og drift av grensekontrollstasjonar mot land utanfor EØS, vil derfor bli fremma i samband med at den reviderte EØS-avtalen blir lagt fram for Stortinget for samtykke.

I St prp nr 70 (1996-97) er det gjort greie for nye overvakings- og kontrollprogram som blir introduserte på nasjonal basis for levande dyr og animalske næringsmiddel. Desse programma er ikkje direkte forankra i EØS-avtalen, men skal medverke til å sikre den gode dyrehelsa og dei trygge matvarene her i landet. Saman med føresegnene i den reviderte EØS-avtalen med ma auka generelt tilsyn med dyrehaldet dannar dei eit heilskapleg nytt regelverk for store delar av den veterinære sektoren i Noreg. Regjeringa vil vidareføre dei nasjonale tiltaka som er etablert i 1997 innanfor ei ramme på 36,7 mill kr i 1998. Nærare omtale av dette arbeidet er gitt i St prp nr 70 (1996-97) og under dei einskilde kapitla.

Regjeringa gjer framlegg om oppfølging av St meld nr 40 (1996-97) innanfor ei samla ramme på 31,5 mill kr. Satsinga vil bli lagt opp som et samarbeid mellom fleire departement og etatar. Landbruksdepartementet koordinerer denne oppfølginga som inneber styrkt tilsyn og forskning på næringsmiddelområdet. Satsinga vil i hovudsak bli kanalisert gjennom budsjettet til SNT. Under behandlinga av Matmeldinga i Stortinget blei det peika på behovet for betre overvaking av folkehelsa når det gjeld sjukdom knytt til mat. Det er derfor øyremerkt 2,5 mill kr av løyvinga på kap 1114 til arbeid ved Statens institutt for folkehelse. SNT vil òg kjøpe tenester frå ulike laboratorium og fagmiljø. Det gjeld særleg kartleggingsprogram som gjer det mogleg å stille nødvendige krav ved handel med mat slik det kjem fram av SPS-avtalen, men òg referansefunksjonar for næringsmiddelanalysar. Det er òg sett av midlar som skal nyttast til kunnskapsoppbygging som tener god forvaltning på matsektoren, jf nærare omtale under kap 1114.

Familiedyr er vesentlege mottakarar av før produsert av animalske råvarer. I lys av endra situasjon for sjukdommar er det nødvendig å styrkje tilsynet og forskningsverksemda knytt til produksjon og omsetning av før til familiedyr, jf nærare omtale under kap 1107. Ein legg i samband med den auka offentlege verksemda på området opp til at det blir etablert eit gebyr på omsetning av før til familiedyr, jf kap 4107 og forslag til vedtak VII.

I arbeidet med å få ned bruken av plantevernmiddel vil ein arbeide vidare med tilrådingane i handlingsplanen for redusert bruk av plantevernmiddel. I samband med dette er Landbrukstilsynet sitt budsjett styrkt med 2,5 mill kr i samband med auka kontrollverksemd, jf omtale under kap 1110 og 4110. SNT skal òg auke spekteret av analysar for reststoff av plantevernmiddel.

I løpet av 1998 reknar ein med at forhandlingane om revisjon av EØS-avtalen på plantesanitær sektor kjem i gang. Departementet reknar med at dokumentasjonsarbeidet på det plantesanitære området må styrkjast som eit resultat av forhandlingane. I budsjettframlegget gjer ein framlegg om å styrkje arbeidet ved Landbrukstilsynet for å betre situasjonen med omsyn til ringråde på potet.

Andre tiltak

Arbeidet med å styrkje handhevinga av dyrevernlova vil halde fram. Dei nye dyrevernsnemndene verker etter måten godt, men det er stort behov for opplæring og støtte i mange dyrevernsprosmål som kan vere svært vanskelege å handsame. Handteringa av konfliktane mellom bufe og rovdyr er eit slikt døme som blir ofra spesiell omtanke. I og med at dyrevelferd etter kvart blir knytt opp til matkvaliteten er det nødvendig å ta dette spørsmålet opp i internasjonale fora.

Innan husdyrproduksjonen tek ein sikte på å redusere bruken av antibiotika ytterlegare gjennom førebyggjande tiltak. Riktigare bruk av gjødsel blir sikra gjennom krav om gjødselplanar. Det skal framleis vere streng kontroll med fôrvarer.

KAP 1107 STATENS DYREHELSETILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIH 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	138 953	136 320	163 529
73	Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	18 468	3 535	3 185
	Sum kap 1107	157 421	139 855	166 714

MÅL OG STRATEGIAR

Statens dyrehelsetilsyn har følgjande overordna mål:

- medverke til at Noreg er fritt for alvorlege smittsame dyresjukdommar,
- føre kontroll med smittsame dyresjukdommar som finst i landet,
- arbeide for at omfanget av produksjonssjukdommar blir redusert,
- arbeide for at dyr blir haldne slik at dei ikkje lid i utrensmål,
- arbeide for best mogleg kvalitet på animalske produkt og
- utvikle ein hensiktsmessig organisasjon og relevant kompetanse hos medarbeidarane.

Statens dyrehelsetilsyn har følgjande strategiar:

- gjennomføre faglege og forvaltningsmessige gode tiltak for førebygging og bekjemping av dyresjukdommar,
- informere dyreeigarar og andre om smitteførebyggande tiltak,
- utarbeide planar og gjennomføre øvingar for å vere budd på utbrot av alvorlege dyresjukdommar,
- utvikle gode rutinar ved innføring av dyr og dyreprodukt for å hindra innslep av smittsame sjukdommar i samarbeid med næringane og andre brukarar,
- utvikle gode rutiner i dyrevernarbeidet,
- delta i arbeid med å betre kvaliteten på husdyrprodukta, ma ved å føre tilsyn med bruk av lækjemiddel og ved å ta del i helseplanarbeid,
- legge til rette for næringsutvikling gjennom rådgjeving og eit godt tilsyn,
- utarbeide forslag til tenlege føreseigner og tilsynsstrategiar,
- informere aktivt om verksemda si rolle og tenester og
- drive eit målretta omstillingsarbeid i verksemda.

RESULTATRAPPORT 1996

Dokumentasjonsprogramma for salmonella, Infeksiøs bovin rhinotrakeitt (IBR), Bovin virusdiare (BVD), Enzootisk bovin leukose (EBL) hos storfe, salmonella, Aujeszky's sjukdom (AD), smittsam gastroenteritt (TGE) hos gris, salmonella, Newcastle disease (ND) og Mycoplasma hos fjørfe, Infeksiøs hematopoietisk nekrose (IHN) og Hemorrhagisk virus-septikemi (VHS) hos fisk er gjennomførde i samsvar med planane. Programma for Bonamiose og Marteiliose hos muslingar er under utarbeiding. Det har vore nødvendig med mindre endringar i testinga av kjøttfe pga fare for liv og helse for prøvetakarane. Dokumentasjonsprogramma er strategisk viktige i samband med import og eksport i høve til EØS og WTO. Husdyrhelsa i Noreg er framleis god når det gjeld alvorlege smittsame sjukdommar (A-sjukdommar). I desember oppstod det Newcastle disease i en flokk verpehøner i Rogaland. Det er første gongen sjukdommen er påvist i Noreg. Utbrotet syner at ein må vere budd på utbrot av sjukdommar som tidlegare har vore ukjend i landet.

Det er ikkje påvist krepsepest dei siste åra, men nokre vassdrag i Akershus, Sør-Hedmark og Østfold har framleis restriksjonar. Arbeidet med beredskapsplanar mot A-sjukdommane er ført vidare. Dyrehelsetilsynet har gjeve omfattande informasjon til husdyrprodusentar og eigne medarbeidarar om dei nye reglane for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt som vil følgje av ein revidert EØS-avtale. Det er ikkje påvist at alvorlege sjukdommar er kome inn i landet via innførte dyr.

Det har vore sju utbrot av fiskesjukdommen infeksjøs lakseanemi (ILA) i 1996. Anlegg med restriksjonar pga den tapsbringande fiskesjukdommen furunkulose er redusert med 66 pst i høve til året før. Gyrodactylus salaris er påvist både i Rauma og i Lærdalselva. Dyrehelsetilsynet har eit nært samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning i arbeidet med bekjemping av denne sjukdommen. Dyrehelsetilsynet har i samarbeid med Veterinærinstituttet gjennomført ein risikoanalyse for smitte av Gyrodactylus salaris frå oppdrett til villaks i Tanavassdraget. Lakselus får stadig auka merksemd som årsak til sjukdom. Førkomst av store mengder lus har og dyrevernmessige aspekt. Dyrehelsetilsynet har leia ei

arbeidsgruppe som har utarbeidd ein nasjonal handlingsplan for lusebekjempelse. Representantar frå næringa og miljøvern- og fiskeristyresmaktene har tatt del i arbeidet.

Sauesjukdommen skrapesjuka blei påvist i 31 flokkar i 1996. Eit tilfelle var i Nordland, medan dei andre blei påvist i Rogaland og Hordaland. Dette er fleire påvisingar enn det som totalt tidlegare er gjort i Noreg. I samarbeid med næringa blei det skipa eit omfattande bekjempelsesprogram som medførte beiterestriksjonar på buskapar som hadde hatt kontakt med skrapesjuka buskapar. Dyreeigarane fekk tilbod om økonomisk støtte dersom dei valte å slakta ut. Kjøttbransjen ønskte ikkje å marknadsføre slakt frå kontaktbuskapane. Om lag 90 pst av kontaktbuskapane var slakta ved årsslutt.

Samarbeidet med næringa i arbeidet med å få bort den tapsbringande sjukdommen bovin virusdiare/mucosal disease (BVD/MD) hos storfe har vore vellukka. Det er omlag 43 pst færre smitta buskapar i 1996 enn året før. Smittsam bovin leukose blei påvist i ti buskapar. Overvakingsprogrammet med omsyn til Salmonella hjå fjørfe, storfe og gris blei vidareført. Resultata er oppløftande. Det blei funne Salmonellabakteriar i berre fem fjørfebuskapar og i tre storfebuskapar.

Arbeidet med å støtte opp om næringa sitt arbeid med å halde nede tapa pga produksjonssjukdommane har halde fram i 1996. Det er ein markert reduksjon i førekomst av tradisjonelle produksjonssjukdommar hjå storfe og svin.

Arbeidet i dyrevernemndene går godt. Distriktsveterinærane er sentrale i dette arbeidet og framstår som ressurspersonar i dyreverns spørsmål. Dei nye føresegnene om hald av storfe og svin har hatt prioritet. Arbeidet med dyreverns spørsmål innan reindrifta har halde fram. Faggruppa blant distriktsveterinærane i Troms og Finnmark har i samarbeid med Reindriftsforvaltinga etablert eit kompetansegrunnlag for dette arbeidet som og kjem til nytte i andre delar av landet. I område der det er ein konflikt mellom rovdyr og husdyr på beite har fylkesveterinærane arbeidd i nær kontakt med miljøstyresmaktene for å finne løysingar.

Det har vore ein nedgang i bruken av lækjemiddel hos storfe og svin. Dyrehelsetilsynet har informert veterinærar og husdyreigarar om riktig bruk av lækjemiddel. Det er ikkje rapportert påvisning av antibiotika i ordinære slakt mens det er meldt om færre påvisingar i mjølk. Bruken av antibiotika i oppdrettsnæringa har minka frå om lag 3,7 t aktivt stoff i 1995 til om lag 0,9 t i 1996. Dette er eit lågare forbruk enn nokon gong tidlegare.

I samband med den nye organiseringa av veterinærtenesta på distrikts- og fylkesnivå (1992) blei det skipa nokre stillingar for distriktsveterinærar på heiltid i strøk med mange husdyr, mange oppdrettsanlegg eller høgt folketal. Det er no slike stillingar i 36 veterinær-distrikt. Auka omfang av offentlege oppgåver gjer at ein må rekne med behov for fleire distriktsveterinærstillinger på heiltid.

1996 er fyrste året sentraleininga i Statens dyrehelsetilsyn har vore verksam etter omorganiseringa. Ved slutten av året var det 22 medarbeidarar her. Pga nye og auka oppgåver som er lagt til Dyrehelsetilsynet sentralt og regionalt, gjer ein framlegg om auke i løyvinga til tilsynet.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Dei eksisterande dokumentasjons- og kontrollprogramma vil halde fram. Dette er viktig ma for å kunne redusere faren for spreiding av smittsame sjukdommar i samband med internasjonal handel med dyr og dyreprodukt.

Tenesta i distrikta skal prioriterast. Det gjeld i første rekke arbeid med sjukdomskontroll, sjukdomsovervaking, tilsyn med dyr og dyreprodukt i samsvar med internasjonale avtalar og dyrevernarbeid.

Arbeidet med å trygge dyrehelsa og velferda til dyra blir i aukande grad sett i samanheng med matvaretryggleik.

Fleire nye oppgåver vil bli lagt til sentraleininga. Dette gjeld særleg arbeid med å utarbeide forslag til tenlege føresegner og å innarbeide gode administrative opplegg for verksemda. Det er og behov for å styrkje informasjonsarbeidet, bygge ut IT-tenestene og vidareutvikle kompetansen på alle nivå.

Endringane i tilsynsoppgåvene gjer det nødvendig å sjå på ressursfordelinga regionar og distrikt imellom. Samlokalisering av einskilde distriktsveterinærkontor kan vere aktuelt i visse delar av landet. I slike høve er det ein føresetnad at distrikta har god dekning av praktiserande veterinærar. Pga tilsynsoppgåver må distriktsveterinærane kliniske verksemd redusert i dei distrikta det er god tilgang på veterinærar som tek hand om kliniske tenester.

Satsingsområde 1998

Det er viktig å halde oppe den gode dyrehelsa for å sikre god økonomi i produksjonen og høg kvalitet på produkta. Dyrevernarbeidet skal òg prioriterast. Dette vil sikre matvare-

kvaliteten og legge grunnlaget for eksport av levande dyr og matvarer, ma oppdrettslaks. Statens dyrehelsetilsyn vil i 1998 satse spesielt på desse oppgåvene:

- overvaking og dokumentasjon av dyrehelsa,
- beredskap mot alvorlege smittsame sjukdommar,
- bekjemping og overvaking av skrapesjuke hos sau, leukose og BVD/MD hos storfe og ILA, BKD, Gyrodactylus salaris og lakselus hos fisk,
- oppfølging av internasjonale avtalar om handel, gjennomføring av programmet for salmonellaovervaking og andre kontrollprogram for dyrehelse,
- effektivt og målretta dyrevernarbeid og etablering av gode rutiner for arbeidet hos distriktsveterinærane og i dyrevernemndene,
- aktivt tilsyn med bruken av lækjemiddel,
- kontroll med smittestoff (ma dei som overfører antibiotikaresistens) som kan overførast frå dyr til menneske,
- sjukdomskontrollen i samband med nasjonal satsing på oppdrett av marine artar vil bli prioritert, jf Havbruksmeldinga,
- dyrevernarbeidet krev større merksemd. Det gjeld òg mot oppdrettsfisk,
- førebyggjande helsearbeid i samarbeid med næringane,
- tilretteleggjing for næringsutvikling i distrikta ma ved aktiv deltaking i programmet Kvalitetssystem i landbruket og helseplanarbeid og
- informasjonsarbeid.

Tilsyn med produksjon av omsetning av fôr til familiedyr vil bli prioritert. Det er gjort framlegg om å etablere eit gebyr på fôr til familiedyr, jf nærare omtale på kap 4107 post 03. Av ei inntekt på 8 mill kr vil 7 mill kr gå med til å dekkje utgifter som Statens dyrehelsetilsyn vil få i samband med kontrollprogram og ulike utgreiingsoppgåver, medan 1 mill kr vil bli brukt til forskning om smittestoff i fôr og ernæringsspørsmål, jf kap 1137.

Førebuingane til at den reviderte EØS-avtalen trer i kraft vil stå sentralt. I samband med vidareføringa av dei nasjonale tiltaka på veterinær sektor som starta opp i 1997 er det i budsjettframlegget sett av 18,7 mill kr til Dyrehelsetilsynet si oppfølging knytt til:

- overvakings- og kontrollprogram for paratuberkulose hos storfe, scrapie og mædi hos småfe, svineinfluensa, porcine reproductive and respiratory syndrome (PRRS) og porcine epidemic diarrhoea (PED) hos gris, turkey rhino tracheitis (TRT) og infeksjøs laryngo-trakeitt (ILT) hos fjørfe, for å nemne dei viktigaste
- styrkt tilsyn med norsk husdyrhald, inkludert merking og
- styrkt tilsyn med handel med dyr og dyreprodukt.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

Statens dyrehelsetilsyn har teke over ansvaret for forvaltingsoppgåver knytt til bisjukdommar. Desse oppgåvene har tidlegare vore budsjetterte på kap 1150 post 77.3 og kap 1107 post 73, jf òg omtale i St prp nr 70 (1997-98).

Ein viser elles til omtalen under Satsingsområde 1998 ovanfor.

Post 73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar

Målsetjinga med løyvinga er å halde landet fritt for alvorlege smittsame sjukdommer hos husdyr, under det familiedyr, akvatiske organismer og bier, og førebygge at dyra skal lide. Løyvinga skal dekke erstatningsutbetalingar etter avliving, nedslakting, sanering mm som det offentlege pålegg etter føresegner i husdyrlova, fiskesjukdomslova, dyrevernlova, kjøttlova, bisjukdomslova og lov om farlege hundar. Det er i 1997 gitt tilleggsloyving på 45 mill kr til erstatningar ved tiltak etter husdyrlova, jf St prp nr 70 (1996-97). Behovet for løyving i 1998 er usikkert.

Landbruksdepartementet har i samarbeid med Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag fastsett tiltak for å gjennomføre bekjemping av paratuberkulose på storfe. Løyvinga skal òg dekke kompensasjon for frivillig nedslakting i samband med paratuberkulose. Livdyrtillegget er sett til kr 5 500 pr dyr for dei tunge rasane, og kr 4 500 pr dyr for dei lette rasane av kjøttfe i tillegg til slakteverdien. Saneringskostnadene vil bli erstatta etter skjønn. Ein vil òg over jordbruksavtalen gi eit produksjonstillegg i inntil tre år for dei produsentane som gjennomfører frivillig nedslakting og som startar opp igjen med ammekyr. I tillegg kjem eit ekstra produksjonstillegg på kr 500 pr dyr pr år i inntil tre år. Landbruksdepartementet, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag er samde om dei langsiktige retningslinene for fastsetting av erstatningane ved nedslakting etter Husdyrlova. Landbruksdepartementet har, etter samråd med Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag, sendt eit framlegg om framtidig system på høyring med sikte på å leggje fram saka for Stortinget i haustsesjonen.

KAP 4107 STATENS DYREHELSETILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Refusjon mm	6 149	5 298	5 409
02	Driftsinntekter	2 788	3 348	2 118
03	Gebyr og analyseinntekter			8 000
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	564		
	Sum kap 4107	9 501	8 646	15 527

Post 01 Refusjon mm

Under posten reknar ein med ulike refusjonar, ma overføring frå jordbruksavtalen, jf kap 1150 post 77.1.

Post 02 Driftsinntekter

Under posten reknar ein med inntekter frå saksbehandlinga i samband med særskilt løyve for å innføre katter og hundar frå EØS-land.

Statens karantenestasjon for dyr blei nedlagd våren 1997, jf St prp nr 63 (1996-97). Løyvinga på posten er derfor redusert i høve til 1997.

Post 03 Gebyr og analyseinntekter

Familiedyr er viktige mottakarar av fôr produsert av animalske råvarer. I lys av den endra situasjonen for sjukdom som kan overførast via fôr, er det nødvendig å styrkje tilsynet med produksjon og omsetning av fôr til familiedyr, særleg med tanke på kontroll med råvarene som blir brukte og dei ulike prosessane for behandling av desse. Ein gjer derfor framlegg om eit breiare dyrehelsemessig tilsyn tillagt Dyrehelsetilsynet. Kontrollen må òg omfatte lokalproduserte varer. Ein gjer framlegg om å legge eit gebyr på fôr til familiedyr på import-/grossistleddet med 0,20 kr pr kg, jf forslag til vedtak VII, som vil gi ei årleg forventa inntekt på 8 mill kr. Inntekta vil svare til utgiftene knytt til auka tilsynsverksemd og utgreiingsoppgåver ved Statens dyrehelsetilsyn, jf kap 1107, og forskning om smittestoff i fôret og om ernærings spørsmål, jf kap 1137. Ein viser òg til omtale under kat 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse.

KAP 1110 STATENS LANDBRUKSTILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	54 867	53 310	65 956
50	Forvaltningsstøtte		7 522	
71	Tilskott til ymse plantetiltak, <i>overslagsløyving</i>	1 680	650	1 053
73	Tilskott til stamsædavl	1 703	1 720	1 720
	Sum kap 1110	58 250	63 202	68 729

MÅL OG STRATEGIAR

Hovudmåla til Statens landbrukstilsyn er å medverke til eit landbruk som:

- får konkurranseføremoner på grunn av god plantehelse og innsatsvarer av høg kvalitet,
- produserer helsemessig trygge matvarer og
- sikrar eit godt naturmiljø og eit godt arbeidsmiljø.

Landbrukstilsynet skal passe på at innsatsvarene har optimal nytteverknad og at dei ikkje på kort eller lang sikt fører til skade på menneske, dyr, planter eller miljø. Utviklinga av rammevilkåra for norsk landbruk talar for at kriteria og krava til ein optimal produksjon vil kunne endre seg. Dette inneber at Landbrukstilsynet må ha ein strategi som er fleksibel og ein organisasjon som har evne til omstilling. Landbrukstilsynet skal delta i internasjonalt arbeid innanfor sitt forvaltningsområde, og ha stor evne til å påverke avgjerdsprosessar i ein tidleg fase.

RESULTATRAPPORT 1996

Ressursinnsats fordelt på verksemdområde (1000 kr):

Verksemdområde	Årsverk	Beløp	Pst av totalsum
Planteinspeksjon	30,8	14 000	24,6
Såvarer	39,5	14 800	25,9
Økologisk landbruk	0,5	200	0,4
Fôrvarer, inkludert analysearbeid	21,0	10 200	17,9
Gjødselvarer og jordforbetningsmiddel	3,0	1 700	2,9
Plantevernmiddel	7,0	2 900	5,1
Tekniske innretningar	1,0	3 200	5,6
Administrasjon	20,0	10 000	17,6
Sum	122,8	57 100	100,0

Innsatsen er auka innanfor verksemdområda fôrvarer, plantevernmiddel, gjødselvarer, jordforbetningsmiddel og planteinspeksjon.

Arbeidet med EØS-saker omfatta i 1996 fôrvarerektoren, gjødselvarerektoren, såvaresektoren og økologisk landbruk. Landbrukstilsynet deltek i ulike faggrupper og komitear i denne samanhengen. Spesielt innan fôrvarerektoren er det internasjonale arbeidet omfattande. Noreg har spesiell interesse av ei særleg oppfølging av fôr til fisk.

Landbrukstilsynet har arbeidd mykje med dokumentasjonsarbeid med sikte på å leggje til rette for forhandlingar mellom EU og EFTA på plantehelsesida.

Arbeidet med kvalitetssikring av eiga verksemd går vidare i fleire av einingane i samanheng med førebuingane til omlegging til internkontroll som tilsynsprinsipp.

Såvarer

I Noreg stiller vi strenge krav til såvarene. Kvaliteten skal vere god og sortane skal vere tilpassa norske dyrkingstilhøve. Landbrukstilsynet har eit ansvar for kvaliteten på omsette såvarer. Verdien av frøanalyser vil variere mykje frå år til år avhengig av frøkvaliteten. Dersom såvare som ikkje held mål blir brukt som såvare, vil det gi ei monaleg avlingsreduksjon. For kom kan det dreie seg om verdiar på 30-60 mill kr. I år med god kvalitet på såkornet kan det sparast mykje på å la vere å beise såkornet med soppdrepende middel. Godkjenning av nye sortar har mykje å seie for god kvalitet på frø og såvarer. Td kan kornsortar som er mottakelege for soppsjukdommar bli erstatta med meir resistente sortar.

I 1996 var behovet for beising på nivå med gjennomsnittet for den perioden såkornbeising etter behovsvurdering har blitt gjennomført, dvs at litt over halvparten av såkornpartia hadde behov for beising. Behovsprøvinga har i gjennomsnitt redusert kostnadene for korndyrkarane med om lag 6 mill kr pr år. Vidare blir miljøet spart for om lag 8 tonn kjemikalium i høve til år da alt såkornet blir beisa.

Plantesortsnemda tildeler planteforedlarrett og gir Landbrukstilsynet råd i spørsmål om opptak på norsk sortliste. Det er rådgivingstenesta som brukar den norske sortlista i sitt arbeid med å gi brukarane råd om sortar som er klimatilpassa veksttilhøva i landet. I 1996 har Landbrukstilsynet godkjent 6 sortar av jordbruksvokstrar og 5 sortar av hagebruksvokstrar for opptak på sortlista.

Økologisk landbruk

Landbrukstilsynet har fleire oppgåver knytt til økologisk landbruk, både kontroll av primærproduksjonen, endringar i regelverk, internasjonalt arbeid innan regelverksområdet og tildeling av midlar til informasjons- og rettleiingstiltak. Målet er å auke den økologiske landbruksproduksjonen og gi forbrukarane tryggleik for at økologiske produkt er produserte etter forskriftene.

Landbrukstilsynet fører kontroll med verksemda til DEBIO (godkjent som utøvande kontrollorgan for primærproduksjon) og tar stikkprøvekontrollar i felten. I 1996 var 946 bruk godkjente for økologisk produksjon eller var under omlegging, mot 670 i 1995.

Det norske regelverket er i stadig endring, dels fordi forvaltingsområdet er relativt nytt, og dels fordi regelverket skal harmoniserast med EU-regelverket.

Landbrukstilsynet administrerer bruken av jordbruksavtalemidlar til informasjons- og rettleiingstiltak innan økologisk landbruk. I 1996 blei det samla ytt tilskott for om lag 2,5 mill kr til 19 ulike tiltak.

Plantehelse

Målet for arbeidet på dette feltet er å sikre ei god plantehelse i produksjonen i Noreg. Kontrollen er lagt opp både som ein stikkprøvekontroll og som ein meir systematisk kontroll over kortare tidsrom av særskilde produkt. Målretta kontroll av ymse importvarer medverker til at fleire skadegjerarar blir haldne borte frå landet.

I 1996 er det utført 1 850 importkontrollar. Dette er ein liten nedgang frå 95 som skuldast at det er brukt meir ressursar på andre oppgåver. Av desse blei 71 sendingar heilt eller delvis avviste etter funn av farlege skadegjerarar eller formelle manglar.

Hausten 1996 blei det funne utbrot av tomatbronsetoppvirus i ei bedrift i Trøndelag. Det er rekna ut at dersom tomatbronsetoppvirus etablerar seg i Noreg, vil mottakelege veksthuskulturar få ein avlingsreduksjon på omlag 10 pst som utgjer eit verditap på om lag 80 mill kr i året.

Landbrukstilsynet har i 1996 fått utarbeidd 14 risikovurderingar på plantehelseområdet. Dette arbeidet skjer i nært samarbeid med Planteforsk, og er eit viktig arbeid i høve til WTO-avtalen og eventuell samordning av plantehelserregelverk i EØS.

Kartleggingsarbeidet omkring soppsjukdommen raud marg heldt fram i 1996. Sjukdommen er funnen i tre områder i Sør-Noreg, fordelt på 7 brukseiningar.

Den statskontrollerte avlen for ei rekke hagebruksvokstrar medverker til å heve kvaliteten på hagebruksvokstrar til vidare dyrking. Siste året er det utført kontrollar av 46 ulike verksemder i samband med avlen for prydblantar, grønnsakplanter i veksthus og på friland, samt bærvokstrar.

Plantevernmidde

Plantevernmidde som skal omsettast må godkjennast, og Landbrukstilsynet arbeider for at risiko for helse og miljø ved bruk av plantevernmidlar skal reduserast. Ved godkjenning legg Landbrukstilsynet vekt på toksikologiske og økotoksikologiske eigenskapar på den eine sida, og nytteverknaden på den andre. Godkjenning blir berre gitt dersom middelet er like bra eller betre enn dei som allereie er på marknaden, og berre for inntil fem år om gongen. Dei miljømessige eigenskapane blir i aukande grad vektlagte, og fare for forureining av grunnvatn og overflatevatn blir vurdert særskilt. Resultata frå overvåkingsprogrammet for restar av plantevernmidde i miljøet (JOVÅ-programmet) er til stor nytte i sakshandsaminga.

Det er utarbeidd retningslinjer for godkjenning av plantevernmidde retta mot bruk i hobbyhagar.

Salsstatistikken for plantevernmidde syner ein nedgang i salet på 25 pst i høve til 1995. Ein må sjå fleire år under eitt for å gjere seg opp ei meining om utviklinga over tid.

Oppfølging av ulovleg bruk av plantevernmidde har vore intensivert. Dersom ein finn restmengder av midde som ikkje lenger er godkjende i vegetabilar, blir brukaren/dyrkaren kontakta. I dei tilfelle der regelverket ikkje er fulgt, kan ma autorisasjonsbeviset bli trekt tilbake.

Landbrukstilsynet har opna for parallellimport av godkjende plantevernmidlar. Dette fører til prispress i marknaden og betre konkurransetilhøve for landbruket.

Fôrvarer

Tilsynet med tilverking og omsetning av fôrvarer skal sikre at fôret har kjent bruksverdi, og ikkje inneheld uønskte stoff og har ein god hygienisk kvalitet.

Det er ikkje påvist salmonella i bruksferdige kraftfôrblendingar i 1996. I rutinkontrollar av norskprodusert korn blei det ikkje påvist salmonella, men ein fann salmonella i nokre prøver av importert og norskprodusert fiskemjøl. Importert fiskemjøl med påvist salmonella blir reeksportert eller behandla. Totalt vurderer ein den hygieniske kvaliteten av fiskemjøl som god. Importkontrollen for vegetabilske råvarer er skjerpa frå 1.7.95. Tilsynet krev fleire kontrollprøver enn tidlegare og talet på positive prøver for salmonella i importvarer har auka.

Bruk av avfall og matrestar som fôr er eit prioritert kontrollområde. Avfall frå næringsmiddel- og fiskeindustri går i monaleg grad til fôrindustrien. Om lag 25 pst av restane frå storhushald blir nytta. Kontrollen synte store mengder mugg i innsamla restar frå privat-hushald. På bakgrunn av risikoen for at det skulle produserast termotabile toksinar, fann Landbrukstilsynet det nødvendig med mellombels forbod mot bruk av restar frå privathushald i fôrproduksjonen.

Det nye systemet for vurdering av protein i fôret har redusert nitrogenutskillinga i gjødsel. Dette har ført til redusert import av proteinråvarer og såleis spart landbruket for årlege kostnader på om lag 75 mill kr.

Forbruket av legemiddel i fôrblendingar (antibiotika) var i høve til 1995 redusert til berre ein brøkdel (64 kg). Fôrantibiotikumet Avoparcin fekk si godkjenning mellombels trekt tilbake frå 1.7.95 i påvente av ny dokumentasjon. Denne avgjerda blei permanent frå desember 1996. Det er ikkje lov å bruke hormon i fôr til husdyr i Noreg.

Gjødselvarer

Kontrollen med gjødsel, kalk, jordforbetningsmidde og dyrkingsmedier skjer for å sikre at desse har kjent bruksverdi og at dei ikkje inneheld uønskte stoff eller inneber nokon smittefare.

Resultata frå kadmiumanalysane viser at grenseverdien på 100 mg kadmium pr kg fosfor var overskriden i 2 av 38 gjødselprøver. Ut frå analysar av kalk og gjødsel kan ein slutte at tilført mengde kadmium med gjødsel og kalk blir redusert kvart år.

I 1996 er det fastsett kvalitetskriteria for gjødselvarer baserte på organisk avfall. Kriteria og godkjenningsordninga skal sørje for at gjødselvarer baserte på organisk avfall ikkje har miljøskadelege effektar og at næringsstoffa i produkta blir nytta best mogleg.

Landbrukstilsynet godkjende i 1996 15 produkt baserte på organisk avfall, mot 7 godkjenningar i 1995. Det er registrert 61 anlegg som tilverkar gjødselvarer baserte på organisk avfall. Om lag halvparten av desse kjem inn under Landbrukstilsynet sitt ansvarsområde.

Tekniske innretningar

Arbeidet med tekniske innretningar skal mellom anna redusere risikoen for lekkasje og avrenning frå landbruket, og sikre eit godt miljø for husdyra.

Landbrukstilsynet kjøper tenester frå Institutt for tekniske fag/NLH, som har fagleg kompetanse- og er prøvingsorgan når det gjeld tekniske oppgåver. Prøveverksemda ved instituttet er akkreditert og samsvarar med systemet for prøving og sertifisering i europeisk samanheng. Prøving og godkjenning av teknisk utstyr omfattar surfôrsiloar, gjødselkummar og gjødselportar med omsyn til lekkasje av næringsstoff og tryggleik.

Det er sett i gang ei ordning for prøving/gransking og godkjenning av husdyrinnreiingar som kan ha særleg påverknad på trivsel og miljø for husdyra, til dømes elektrisk kutrenar.

Det er gitt 20 godkjenningar for teknisk utstyr for landbruket. Under ordninga for funksjonstesting av sprøyteutstyr for plantevernmidde er det utført 716 testar.

Internadministrasjon

På økonomisida har Landbrukstilsynet starta prosessen med å tilpasse seg krava i det nye økonomireglementet for staten. Verksemda elles i 1996 var prega av satsing på IT-sida og på oppbygging av ekstern informasjonsfunksjon.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

I 1998 vil det skje store endringar i tilsynsarbeidet ved overgang til internkontroll som tilsynsmåte. Satsinga på dette feltet vil skje ved interne omdisponeringar (reduerte stikkprøvekontrollar). Stortinget vedtok det nødvendige lovgrunnlag for endringa i april 1997.

Endringar i internasjonale rammevilkår, i første rekke EØS-avtalen og WTO-avtalen, kan gjere det nødvendig med vesentleg omlegging av Landbrukstilsynet sitt kontrollarbeid, særleg på fôrvarer og plantehelsesida. Dette gjeld både administrativt og i høve til vitenskapleg dokumentasjon, kontroll og beredskap.

Den nye tilsynsmåten og endringane i oppgåver gjer det nødvendig å vurdere arbeidsoppgåver, arbeidsmåte og organisering av distriktskontora. Endringane vil leggje til rette for eit vidare arbeidsfelt for distriktsapparatet enn det ein har i dag.

Satsingsområde

Landbrukstilsynet vil stimulere dei einskilde bransjane til oppbygging av gode rutinar for kvalitetsstyring og kvalitetssikring. Dette vil forenkle tilsynsarbeidet.

Det internasjonale engasjementet til Landbrukstilsynet vil auke, ikkje berre på grunn av EØS-regelverket og GATT/WTO-avtalen, men òg pga andre internasjonale avtalar som td tilslutning til UPOV-konvensjonen om foredlarrettar.

God plantehelse vil vere ein viktig konkurransefordel for norsk jordbruksproduksjon. Av denne grunn og som følge av auka handel med planter og plantedelar må ein arbeide vidare med ein strategi basert på førebyggjande tiltak. Risikoanalysar og overvaking er viktige ledd i dette arbeidet. Landbrukstilsynet må òg byggje vidare opp kontrollsystema for potetringråte og produksjonskapasiten for sertifiserte settepoteter. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1,5 mill kr til dette førebuande arbeidet. Dette er nødvendig ma for å tilfredsstille dei krava som vil bli stilt innanfor ei EØS-løysing på plantehelseområdet, jf nærare omtale under kategori 15.10.

Ny teknologi, ma bioteknologi, vil få auka innverknad på mange av forvaltningsområda til Landbrukstilsynet. Det blir viktig å samarbeide med forskingsmiljøa samtidig som òg Landbrukstilsynet må ha god fagkunnskap. Det er derfor nødvendig å oppretthalde og utvikle kompetansen for å møte utfordringane.

Tilsyn med avfallsbaserte produkt omfattar både fôrvarer, gjødsel, jordforbetningsmiddel og dyrkingsmedium. Auka produksjon, omsetning og lokal bruk av biprodukt frå fiskeindustrien vil føre til fleire kontrolloppgåver. Når det gjeld fôr som er basert på avfall frå næringsmiddelindustri og matrestar frå hushaldningar, er det viktig å dokumentere tilstanden med omsyn til uønskte stoff og produkt.

I samband med auka satsing på intensivering av kontroll- og godkjenningsarbeidet med plantevernmiddel gjer departementet framlegg om å auke driftsutgiftene med 2,5 mill kr mot auka inntekter frå avgift under kap 4110 post 01. Landbrukstilsynet bør analysere arbeidsoppgåvene, kompetansebehovet, arbeidsorganiseringa og greie ut moglege effektiviseringstiltak i samband med godkjenning av plantevernmiddel. Dette heng saman med generelt meir krevjande utgreiingar om einskilde stoff i samsvar med internasjonale krav og auka prioritet til utgreiingar om dei økotoksikologiske effektane av stoffa.

Merknader til dei einskilde postane**Post 01 Driftsutgifter**

Posten er auka med kr 700 000, jf omtale under kap 1102.

Kjøp av forvaltningsstøtte til verdiprøving, utprøving av plantevernmiddel og fagleg støtte til plantehelse- og floghavreforvaltning som tidlegare blei løyvd over post 50 er nå ført opp under denne posten.

Post 50 Forvaltningsstøtte

Løyvinga under denne posten er i budsjettframlegget overført til post 01.

Post 71 Tilskott til ymse plantetiltak

Føremålet med løyvinga er å dekke vederlag til planteprodusentar etter plantesjukdomslova.

Post 73 Tilskott til stamsædavl

Føremålet med løyvinga er å sikre produksjonen av frø til det norske landbruket, både med omsyn til mengde og kvalitet. Posten skal dekke tilskott til verksemda ved Stamsædsentralen som Det Kgl Selskap for Norges Vel driv på Hellerud, og utgifter i samband med stamsædavl av korn, poteter og engfrøvokstrar.

KAP 4110 STATENS LANDBRUKSTILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Gebyr og analysinntekter	52 779	50 620	53 318
02	Refusjon mm	1 907	108	110
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	175		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	472		
	Sum kap 4110	55 333	50 728	53 428

Ein gjer framlegg om at løyvinga på post 01 blir redusert med 860 000 kr som følge av at planteforedleravgift blir utbetalt til sortseigarane. Ein gjer vidare framlegg om å auke løyvinga på posten med 2,5 mill kr knytt til ei auke i kontrollavgifta på plantevernmiddel frå 7 pst til 9 pst. Inntektsauken skal finansiere ein intensivering av kontroll- og godkjenningsarbeidet knytt til plantevernmiddel. Dette arbeidet vil krevje meir ressursar enn tidlegare, jf òg omtale under kap 1110.

Miljøavgiftene på kunstgjødsel og plantevernmiddel som Landbrukstilsynet krev inn, er budsjetterte under kap 5545 Miljøavgifter i landbruket. Inntektene ved kontroll av fiskefôr er førte opp i budsjettet til Fiskeridirektoratet. Inntektene frå gebyr på fôr til familiedyr som òg blir krevd inn av Landbrukstilsynet, er budsjettert på kap 4107 post 03.

KAP 1111 VETERINÆRINSTITUTTET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	72 278		
21	Spesielle driftsutgifter	36 477		
	Sum kap 1111	108 755		

Som følge av omorganiseringa av landbruksforskinga, jf St prp nr 63 (1995-96) er omtalen av arbeidet ved Veterinærinstituttet (VI, tidlegare Statens veterinære laboratorier) delt på fleire kapitell. Ein viser derfor òg til nærare omtale av arbeidet ved VI under kap 1112 og kap 1137.

RESULTATRAPPORT 1996*Ressursbruk fordelt på verksemdområde (1000 kr):*

Område for verksemda	Årsverk	Beløp	Pst av totalsum
Diagnostikk, beredskap	50	26 100	23,9
Dokumentasjon, overvaking	23	11 900	10,9
Sjukdomskontroll	33	16 700	15,3
Fôr og næringsmiddel	18	9 400	8,6
Forsking og utvikling	53	26 000	23,9
Administrasjon og leiging	40	18 900	17,3
Samla ressursinnsats	217	109 000	100

Som eit resultat av EØS-avtalen og WTO-avtalen er det nødvendig å dokumentere status når det gjeld fleire sjukdommar og smittestoff. I 1996 har dokumentasjonsarbeidet blitt ført vidare for sjukdommane IBR/IPV og smittsom bovin leukose hos storfe, Aujeszky's Disease (AD), Porcine reproductive and respiratory syndrome (PRRS) og transmissible gastroenteritt (TGE) hos gris, Newcastle Disease hos fjørfe, hemorhagisk virusseptikemi (VHS), infeksiøs hematopoetisk nekrose (IHN) hos fisk, bonamiose og marteilliose hos muslinger og salmonella hos flere arter. Det blei i 1996 påviste smittsom bovin leukose i 10 storfebuskar, og ei nærare kartlegging er sett i gang. Salmonellabakteriar blei påvist hos dyr i nokre få storfe- og fjørfebuskar. Ingen av dei andre sjukdommane blei påvist i buskar eller oppdrettsanlegg.

I samband med dei internasjonale avtalane har VI referansefunksjonar for fleire dyresjukdommar og ei rekke mikroorganismar og kjemiske stoff i næringsmiddel. I 1996 er det lagt ned eit omfattande arbeid med sikte på akkreditering av fleire analysar. Ved utgangen av året blei det sendt søknad om akkreditering for 20 analysemetodar.

VI har òg i 1996 arbeidd med å kontrollere eller bekjempe andre viktige sjukdommar hos tradisjonelle husdyr og oppdrettsfisk. Dette gjeld ma mædi, scrapie, og paratuberkulose hos småfe, mastitt og bovin virusdiare (BVD) hos storfe, pleuropneumoni og enzootisk pneumoni hos gris, infeksiøs lakseanemi (ILA), infeksiøs pankreasnekrose (IPN) og parasittsjukdommar hos laksefisk. For enkelte sjukdommar har oppgåva vore å fastsetta ein diagnose og å kome med oversyn over førekomsten av sjukdom. I andre tilfelle har arbeidet òg omfatta førebyggjande tiltak ved hjelp av vaksiner eller andre verkemiddel.

Arbeidet for å medverke til redusert bruk av antibiotika ved produksjon av animalske næringsmiddel har i mange år vore ei viktig oppgåve for VI. I dei siste åra har utvikling av antibiotikaresistens hos mikroorganismar som eit resultat av bruk av antibiotika til dyr fått auka merksemd. VI har ei sentral rolle i arbeidet med utvikling og utprøving av vaksiner, noko som er viktig for å redusere bruken av antibiotika.

Frå 1995 har VI hatt ei avdeling for fôr og næringsmiddelhygiene. Oppbygging av den faglege verksemda heldt fram i 1996, ma ved at kompetansen innan næringsmiddel-mikrobiologi blei styrkt. Frå 1.1.96 tok VI over laboratorieverksemda ved SNT. Avdelinga har no om lag 40 medarbeidarar. Ei av hovudoppgåvene er å vere referanselaboratorium for næringsmiddelanalysar innanfor mikrobiologi og kjemi/toksikologi.

Muggsopp og giftstoff som desse soppene produserer, har fått auka merksemd i samband med fôr til dyr. VI gjennomførte i 1996 ei gransking av den mikrobiologiske kvaliteten på matavfall som var innsamla som råvare til dyrefôr. Kvaliteten på fôrråvarene var generelt

dårleg og dette har ført til mellombels forbud mot bruk av matavfall frå privathus til produksjon av dyrefôr.

Oppvekst av muggsopp og produksjon av giftstoff, såkalla mykotoksiner, både i norsk-produsert og importert korn til mat eller fôr, kan føra til sjukdom og skade hos både dyr og menneske. Ein har må undersøkt kva for soppartar som veks på norsk korn og kva for mykotoksin som blir produsert. Kunnskap om dette vil bidra til å sikre at førekomsten av desse toksina er på eit så lågt nivå i mat- og fôrkorn at det ikkje er helseskadeleg.

Vurderingar av risikoen i samband med handel med dyr og dyreprodukt har blitt ei viktig oppgåve for VI. I 1996 blei det laga risikovurderingar og modellar for risikovurderingar må i samband med import av svin til Noreg. Risikoen er generelt liten og modellen viser at risikoen kan reduserast ytterlegare med gode ordningar for isolasjon etter import.

Rådgjeving til ulike forvaltingsorgan er ei viktig oppgåve for VI. Vedtak og vurderingar innan forvaltinga må i mange høve ha vitskapelege granskingar som grunnlag. Det gjeld i aukande mon både innan dyrehelse og i spørsmål som gjeld mattryggleik.

Også i 1996 har ulike fiskesjukdommar vore eit satsingsområde for mykje av forskinga omkring dyresjukdommar. Etter at det lykkast forskarar i veterinærmiljøa å isolere viruset som er årsak til ILA, har mykje av forskinga blitt konsentrert om karakterisering av dette viruset og praktiske metodar for å påvise viruset i materiale frå sjuk fisk. Norske forskarar var dei første til å isolere, karakterisere og beskrive ILA-virus i internasjonal litteratur.

Infeksjøs pankreasnekrose og sjukdommar forårsaka av parasittar så som lakselus og *Gyrodactylus* har òg vore viktige område for forskinga. Forskinga innan desse områda har ført til betre diagnostiske metodar og danna grunnlag for meir effektive førebyggjande tiltak.

Forsking omkring marine fiskeartar har i 1996 vore fokusert på tre hovedområde; virusjukdommen viral encefalopati og retinopati hos kveitelarver, førekomst av parasittar hos kveite og piggvar, og granskingar av *Gyrodactylus* hos torskefisk.

Forskinga om skrapesjuke hos sau var i 1996 særleg retta mot forbedring av dei diagnostiske metodane. Resultata viser at immunhistokjemiske teknikkar kan nyttast til å påvise dei karakteristiske prionproteina som blir danna hos dyr med skrapesjuke. Mykje arbeid må framleis gjerast før metodane kan nyttast under praktiske forhold.

Forgifting med romeplanta gjev ulike skader hos storfe og sau. Medan giftstoffa i planten fører til alvorlege skader i levra hos lam, er det i hovudsak nyrene hos storfe som blir skadde. Romeforgifting hos sau er eit stort og aukande problem mange stader på Vestlandet og i Trøndelag. Dyr som blir forgifta av denne planten, har mykje lidning før dei dør, noko som gjer at det er viktig med forskning for å få klarlagt årsakstilhøva.

I samarbeid med forskarar ved fleire andre institusjonar har medarbeidarar ved VI teke del i fleire miljøtoksikologiske studium. Det er må gjennomført granskingar av effekten av planetvernmiddele som blir tilført bekkar ved overflateavrenning frå jordbruksareal.

I 1996 har ein òg starta forskning innan fleire nye felt. Dette gjeld må dei uheldige verknadene av antibiotika, særleg utvikling av bakteriar som er resistente mot antibiotika. Risikovurderingar er eit anna nytt satsingsområde der utvikling av modellar for beslutningsstøtte står sentralt som emne for forskinga.

Forskarar ved VI publiserte om lag 60 arbeid i vitskapelege tidskrift med såkalla refereeordning. Tre medarbeidarar ved VI tok doktorgraden i 1996, alle innan emne som er viktige for den forvaltningsstøtta som institusjonen skal gi.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Ein viser til nærare omtale av arbeidet ved VI under kap 1112 og kap 1137.

KAP 4111 VETERINÆRINSTITUTTET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	III 1997	Framlegg 1998
01	Gebyr	490		
02	Oppdragsinntekter	36 524		
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	254		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	992		
	Sum kap 4111	38 260		

Som følge av at forskingsinstitutta no blir nettobudsjetterte vil inntektene til VI ikkje lenger inngå i statsbudsjettet.

KAP 1112 FORVALTNINGSSTØTTE, UTVIKLINGSOPPGÅVER OG KUNNSKAPSUTVIKLING MM

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
30	Byggearbeid, Tjøtta, <i>kan overførast</i>	212	665	
31	Byggearbeid, Svanhovd, <i>kan overførast</i>	1	5 131	
32	Byggearbeid, Ullensvang, <i>kan overførast</i>		2 000	
50	Kjøp av forvaltningsstøtte, VI		70 645	80 940
51	Kjøp av forvaltningsstøtte, Planteforsk		8 407	11 314
52	Støtte til fagsentra		5 726	12 368
53	Utvikling og kunnskapsformidling		25 049	24 965
70	Tilskott til mastittlaboratoriet i Molde	140	140	
	Sum kap 1112	353	117 763	129 587

Som følgje av omorganiseringa av høgare utdanning og sektorforskning på landbruksområdet, jf St prp nr 63 (1995-96), er budsjetta til Veterinærinstituttet (VI) og Norsk institutt for Planteforskning (Planteforsk) omtalte under to programkategoriar. Framlegg om løyving til Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling for dei to institusjonane er budsjettert på kap 1112. Kapitlet omfattar òg forskingsoppdrag som er gitt direkte frå Landbruksdepartementet og kompetanseoppbygging som er nødvendig for å gi den forvaltningsstøtte som departementet ber om, Institutta sine forskingsaktivitetar elles er omtalte under kategori 15.20 og kap 1137.

Post 30, 31 og 32 Byggearbeid

Byggearbeid på Tjøtta og Svanhovd blei slutført i 1997.

Løyvinga til bygg utanfor husleigeordninga der Statsbygg skal disponere løyvingane som byggherre, blir for 1998 løyvde samla under kap 1580 Bygg utanfor husleigeordninga under Planleggings- og samordningsdepartementet. For Landbruksdepartementet gjeld dette nytt administrasjons- og forskningsbygg ved Ullensvang forskingssenter (Planteforsk) og nytt administrasjons- og forskningsbygg på Ås.

Post 50 Kjøp av forvaltningsstøtte, VI

Framlegget om løyving gjeld oppgåver som VI utfører på oppdrag frå Landbruksdepartementet, Statens dyrehelsetilsyn og andre. Posten omfattar òg ei programløyving på 0,5 mill kr som skal nyttast til kjøp av forvaltningstenester frå andre institusjonar

VI er Landbruksdepartementet sin veterinærvitenskaplege forskings- og kompetanseinstitusjon innan laboratoriediagnostikk, epidemiologi, førebyggjande helsearbeid og sjukdomskontroll. Verksemda omfattar næringsmiddel, husdyr, fisk, vilt og fôr.

Opgåvene til VI er å gi vitenskapleg basert, fagleg støtte til dei tre forvaltingsorgana Statens dyrehelsetilsyn, Statens næringsmiddeltilsyn, Statens landbrukstilsyn og i visse høve til Landbruksdepartementet. Med kunnskap basert på eigne granskingar, diagnostikk og anna forskingsbasert kunnskap skal VI medverke til trygge matvarer, god dyrehelse, eit forsvarleg dyrehald og ein berekraftig og miljøvenleg husdyrproduksjon og akvakultur-næring.

VI skal fylle oppgåvene som forskings- og kompetanseinstitusjon ved

- å ha referansefunksjon for laboratoriegranskingar av materiale frå mat, dyr og fôr. Referansefunksjonane omfattar både granskingar av mikroorganismar og kjemiske stoff. I dei fleste høve er det eit krav at metodane er akkreditert eller kvalitetsikra på anna måte. Eit godt referansesystem er viktig for å sikre at resultata av laboratoriegranskingar ved dei einskilde regionale laboratoria blir korrekte og einskaplege.
- å ha nødvendig diagnostisk kompetanse, under det beredskap for alvorlege, smittsame sjukdommar, forgiftingar og nye sjukdomar. Arbeidet skal òg omfatte overvaking av A- og B-sjukdommar. For å fylle den oppgåva er det nødvendig å ha eit landsdekkjande system med laboratorium som har høg diagnostisk kompetanse. Laboratoriegranskingar der det er mistanke om A- og B-sjukdommar hos dyr, skal som hovudregel gjennomførast uten kostnad for dyreeigaren.
- å framskaffe truverdige oversikter over den nasjonale førekomsten av dyresjukdommar, smitteemne og toksiske stoff. Dette skal dels skje ved gransking av både materiale frå sjuke dyr og matemne frå mistenkte tilfelle. Det er òg nødvendig å gjennomføre syste-

matiske granskingar av materiale som er utvald på ein representativ måte. Granskingane skal ha som mål å dokumentere at sjukdommane ikkje finnst i Noreg eller å stadfeste status av sjukdommar, smitteemne eller toksiske stoff. Truverdige oversikter over førekomsten av sjukdommar, smitteemne og toksiske stoff blir tillagt stor vekt i samband med handel med dyr og matemne. Det er òg eit viktig grunnlag for førebyggjande tiltak i dei enkelte buskapane.

Førebuingane til at den reviderte EØS-avtalen trer i kraft vil stå sentralt. I samband med vidareføring av dei nasjonale tiltaka på veterinær sektor som blei etablert i 1997, jf St prp nr 70 (1996-97), er det i budsjettframlegget sett av 9,5 mill kr til VI sitt arbeid med:

- epidemiologi- og laboratoriegranskingar i høve til ma paratuberkulose hos storfe, skrape-sjuka og mædi hos småfe, svineinfluensa, porcine reproductive and respiratory syndrome (PRRS) og porcine epidemic diarrhoea (PED) hos gris og turkey rhino tracheitis (TRT) og infeksjøs laryngotrakeitt (ILT) hos fjørfe.
- å bidra til at det ikkje oppstår sjukdommar hos dyr ved å ha nødvendig kompetanse i førebyggjande helsearbeid. Dette arbeidet er viktig av fleire årsaker. Det hindrar pinsler hos dyra og det styrkjer økonomien til den einskilde dyreeigar og for næringane. Mindre sjukdom hos dyr fører òg til redusert bruk av antibiotika og andre lækjemiddel. VI skal leggje særleg vekt på sjukdommar hos dyr som kan overførast til menneske (zoonosar).
- å gjennomføre vurderingar av risikoen i samband med handel med dyr og mat. Avtalene med WTO og EU krev risikoanalysar som underlag for vedtak som gjeld internasjonal handel. Risikovurderingar er den fagleg nøytrale prosessen som med vitenskaplege metodar identifiserer og karakteriserer uønskete hendingar og reknar ut risikoen på grunnlag av tilgjengeleg kunnskap. Arbeidet med å byggje opp kompetanse innan dette området skal halde fram og vil omfatte handel med både dyr og dyreprodukt slik som matemne. I tillegg vil økonomiske kalkylar i aukande grad bli inkluderte i risikovurderingane.

Post 51 Kjøp av forvaltningsstøtte, Planteforsk

Framlegget om løyving gjeld oppgåver som Planteforsk utfører på oppdrag frå Landbruksdepartementet og Statens næringsmiddeltilsyn.

Posten er auka med 3 mill kr mot ein tilsvarande reduksjon på kap 1137 post 51. Overføringa gjer at dei reelle kostnadene for dei ulike oppgåvene/funksjonane blir gjort meir synlege og oppgåvene blir plasserte meir riktig i høve til finansieringsstrukturen og inneber ikkje endringar i prioriteringane mellom aktivitetane på kapitla.

For å gi fagleg grunnlag for verksemda til forvaltningsorgana har Planteforsk desse oppgåvene som blir finansiert både ved direkte løyving og ved sal av tenester:

- vere kunnskapsbase for forvaltning når det gjeld plantesjukdommar, floghavreproblem, skadegjerarar og nytteorganismar. Innførsel av levande organismar til bruk i biologiske tiltak mot skadegjerarar aukar i omfang,
- skaffe data om ulike plantesortar som grunnlag for godkjenning/rechtsvern av norske og utanlandske plantesortar,
- skaffe kvalitetssikra data som grunnlag for godkjenning av plantevernmiddel til bruk i norsk planteproduksjon,
- gi effektiv diagnostisering av skadegjerarar. Planteforsk skaffar oversikt over plantehelsa i Noreg,
- ha data og modellar som grunnlag for betre tilpassa gjødsling i heile landet. Dette skal gi grunnlag for betre utnytting av gjødsel og redusert næringsavrenning,
- skaffe sikre måle- og analysedata for nærings salt- og plantevernmiddel i avrenningsvatn til jordsmonnovervakingsprogrammet,
- stille bygningar til disposisjon for statlege institusjonar og
- gjennomføre effektive og kvalitetssikra analysar av restar av plantevernmiddel i norske og importerte vegetabil som grunnlag for effektiv matvarekontroll.

Post 52 Støtte til fagsentra

Fagsentra ved Planteforsk blei etablert i 1995. Dei fire fagsentra er Sæter i Hedmark, Fureneset i Sogn og Fjordane, Tjøtta i Nordland og Svanhovd miljøsenter i Finnmark.

Fagsentra tilbyr tenester innan næringsutvikling, kunnskapsformidling og service. Fagsentra tek òg forskingsoppdrag, men då styrt av forskingssentra i Planteforsk.

Sæter er engasjert i sauenæringa med fokus på næringsutvikling. Fureneset har som mål å bli eit senter for næringsutvikling og utprøving innan landbruk, naturbruk og miljøspørsmål i kystregionar. Tjøtta har fått nytt driftstun med forbetra høve i utviklinga av nye driftssystem i regionen, spesielt for sau og ammekyr. Samtidig er grunnlaget for næringsutvikling gjennom kulturbasert turisme betra. Svanhovd har ein stor del oppdrag frå lokale,

regionale og nasjonale oppdragsgjevarar. Ei ny konferanseavdeling er tatt bruk for å utvikle senteret vidare innan forskning, utvikling og miljøinformasjon om natur-, landbruk- og ressursforvaltning i Barentsregionen.

Framlegg om løyving under posten er auka med vel 6,6 mill kr i samband med at tidlegare løyving under kap 1102 post 50 no er budsjetttert på posten. Delar av løyvinga skal kanalisert som oppdrag frå fylkesmannen, jf nærare omtale under kap 1102.

Post 53 Utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling

Utviklingsoppgåver er utnytting av vitenskapleg kunnskap og idear frå grunnforskning og bruksretta forskning for å få fram nye eller betre plantemateriale, produkt, system og/eller prosessar. Kunnskapsformidling inneber å gjere kunnskapen tilgjengeleg for brukarane.

Planteforsk tek aktivt del i utviklingsarbeid og kunnskapsformidling. Kunnskapsformidlinga har auka etter at Statens fagteneste for landbruket blei lagt ned. Planteforsk har, saman med forsøksringane i landbruket, hovudansvaret for kunnskapsformidlinga innan planteproduksjon i jord- og hagebruk. Planteforsk har eit særskilt ansvar for å utvikle automatiserte rettleiingsteneste, under det landbruksmeteorologiske tenester, gjennom oppbygging av ein kunnskapsdatabase i planteproduksjon og plantevern, og kommunisering med brukarmiljøa ved hjelp av moderne informasjonsteknologi. Fleire oppgåver som Planteforsk arbeider med blir delfinansiert av brukarane, enten ved avgift/gebyr eller ved direkte betaling for tenestene.

Ansvar for potetforedling vil bli lagt til Planteforsk frå 1.1.98, og ein gjer framlegg om å auka posten med 0,6 mill kr til denne aktiviteten. Til føremålet er det i tillegg sett av 0,6 mill kr over kap 1150.

Foredlaravgift på plantar og plantedelar blir frå 1.1.98 betalt tilbake til sortseigarane, ma Planteforsk, og posten er derfor redusert med 0,7 mill kr.

Viktige mål for løyvinga er:

- å utvikle konkurransedyktige sortar for norske tilhøve, og gjere frøproduksjonen konkurransedyktig,
- å finne fram til dei best eigna plantesortane for dei ulike tilhøva i landet,
- å skaffe dyrkarane plantemateriale som er fritt for skadegjerarar,
- utprøving for å medverke til riktig bruk av plantevernmiddel,
- å redusere kostnadene i grovfôrproduksjonen,
- å medverke til aktivt landbruk i dei nordlegaste delane av landet,
- å gjere forskingsresultat tilgjengelege for brukarane,
- å ha kunnskap om kulturlandskap (kulturmark, beiting, biologisk mangfald mm) utifrå eit dyrkingssynspunkt,
- å skaffe fram meteorologiske data for varslingssteneste og forskning og
- å gi presise råd til dyrkarane om planteverntiltak og behov for gjødsling.

Post 70 Tilskott til mastittlaboratoriet i Molde

Departementet gjer ikkje framlegg om tilskott til drift av Mastittlaboratoriet i Molde.

KAP 1114 STATENS NÆRINGSMIDDELTIJSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	III 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	46 566	45 765	82 047
21	Spesielle driftsutgifter	1 730	5 189	
30	Byggearbeid, <i>kan overførast</i>	5 838		
50	Tilskott til Fondet for kjøttkontroll	85 000	76 850	19 447
51	Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane	38 500	38 885	39 252
	Sum kap 1114	177 634	166 689	140 746

MÅL OG STRATEGIAR

Den overordna målsettinga for Statens næringsmiddeltilsyn (SNT) er at maten skal vere og opplevast som trygg. Matvarer skal ikkje vere helseskadelege, frambodet skal vere reieleg, kvaliteten skal vere slik forbrukarane forventar i høve til tradisjonar, pris og marknadsføring og forbrukarane skal gjevast tilfredsstillande grunnlag for å velje produkt.

Utviklinga, ma i form av ny og auka kunnskap om stoff i matvarene, endringar i produksjons- og marknadssituasjonen og ikkje minst sterkare interesse for mat og matvarer set stadig større krav til tilsynet både når det gjeld innsats og kompetanse. Det blir ein stadig viktigare del av tilsynet sitt arbeid at forvaltninga er open og kommunikasjonen med forbrukarar og næringsliv er god. For å nå desse måla vil SNT arbeide for

- brukeleg og forståeleg regelverk og god forvaltning,
- føremålstenleg struktur i det offentlege næringsmiddeltilsynet,
- dokumentasjon av at maten er trygg,
- tilstrekkeleg kompetanse i det offentlege næringsmiddeltilsynet,
- tilgjengeleg informasjon for forbrukarar, næringsliv og offentlege etatar og
- å vere aktiv og god samarbeidspartner.

Den sentrale forvaltninga og tilsynet med det omfattande regelverket gitt med heimel i lovgjeving underlagt Sosial- og helsedepartementet, Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet er lagt til Statens næringsmiddeltilsyn (SNT).

RESULTATRAPPORT 1996

Ressursinnsats fordelt på verksemdområde (1000 kr):

Verksemdområde	Årsverk	Beløp	Pst av totalsum
Forvaltning, regelverksarbeid og internasjonalt arbeid	20,0	7 527	4
Informasjon og kursverksemd	16,0	9 776	5
Dokumentasjon av innhald av smitte-, framand- og næringsstoff i næringsmidla	5,0	13 852	8
Tilsyns-, samordnings- og kvalitetssikringstenester	9,5	135 859	74
Internadministrasjon	23,0	16 234	9
Sum ressursinnsats	73,5	183 247	100

Forvaltning, regelverksarbeid og internasjonalt arbeid

Som følgje av EØS-avtalen, har Noreg møte- og talerett i ei rekke komitear og arbeidsgrupper under EU-kommisjonen. Ved å delta aktivt i desse fora kan utviklinga av næringsmiddelovgjevinga innan EU påverkast. Arbeidet har vore høgt prioritert og kravd mykje ressursar.

SNT deltek i ei rekke internasjonale organ på næringsmiddelområdet som td Codex Alimentarius og Nordisk Ministerråd, ECE, ISO og CEN og kan gjennom dette arbeidet påverke næringsmiddelovgjevinga. Desse organa legg i stadig større grad premissane for EU sin næringsmiddelovgjeving.

Innanfor Codex Alimentarius leier Noreg ma arbeidet med å utvikle eit diskusjonsdokument om mikrobiologisk risikoevaluering for handel med næringsmiddel. Arbeidet skal utførast i samarbeid med Danmark, Sverige og Frankrike. Eit nordisk forslag til endring av merkestandarder er no teke til følgje og vil medføre ei monaleg betre merking for brukarar med matvareallergi.

Tilsyns-, samordnings- og kvalitetssikringstenester

EFTAs overvaksingsorgan (ESA) var på overtilsyn i Noreg 3 gonger i 1996. ESA har særleg peikt på problem knytt til den hygieniske kvaliteten på drikkevatt, dokumentasjon av analyseresultat, ansvarsforhold i verksemdene, tilsynsfrekvens for tilsyn med nedskjeringsverksemdar for ferskt kjøtt og det veterinære tilsynet i verksemdene.

SNT heldt fram med arbeidet med å lage system for tilsynet med økologiske produkt og å tilføre det kommunale næringsmiddeltilsynet kompetanse på dette området. I slutten av 1996 blei det sett i gang eit forprosjekt der SNT samarbeider med organisasjonen Debio.

Samarbeidet med SINTEF om å utvikle eit intranett for det offentlege næringsmiddeltilsynet heldt fram etter planane.

Statens laboratorietenester for næringsmiddelanalyser (SLaN) er evaluert etter fire års verksemd. Vidareføring av modellen skjer med tildeling av prosjekt til enkeltlaboratorium.

SNT har prioritert kvalitetssikring i det kommunale næringsmiddeltilsynet. Totalt var 14 av 80 laboratorium akkrediterte ved utgangen av 1996. Ytterlegare 10 laboratorium har søkt om akkreditering og er forventa å bli akkreditert i 1997.

Resten av tilsynet med næringsmiddel, inklusive fisk og fiskevarer for innanlands omsetning, omfattar vel 900 verksemdar. I 60 % av desse er det innført internkontroll etter "IK-Mat"-forskrifta. For dei vel 30 000 næringsmiddelverksemdene som er underlagt kommunalt tilsynssansvar, står det att mykje arbeid før internkontroll er på plass. "IK-Mat" skal vere gjennomført før utgangen av 1997 for hovudparten av dei bedriftene som det er ført tilsyn med. SNT har listeført 90 godkjende verksemdar etter fiskekvalitetsloven.

Tilsyn med kjøttkontrollen

Det økonomiske og faglege ansvaret for kjøttkontrollen er frå 1.1.96 lagt til SNT. Statleggjeringa av kjøttkontrollen og ytterlegare tilsynsoppgåver har ført til at SNT sin ressursbruk har auka sterkt innan området tilsyn og samordning, jf St prp nr 1 Tillegg nr 7 (1995-96) og St prp nr 58 (1995-96). Dei praktiske tilsyns- og kjøttkontrolloppgåvene blei utførte av KNT etter delegert myndigheit frå SNT. For tilsyn og kjøttkontroll ved slakteria blei det utarbeidd årsplanar. Myndigheit til å utføre importkontroll med næringsmiddel er òg lagt til staten ved SNT, som har delegert dette til 15 KNT. Innsatsen har her vore høgare i 1996 enn tidlegare.

Departementet gjorde i St prp nr 58 (1996-97) og i St prp nr 1 (1996-97) greie for utviklinga i utgiftene til kjøttkontroll i 1996. Rekneskapan for fondet viser at utgiftene til kjøttkontroll blei på 99,2 mill kr i 1996 når ein tek omsyn for nødvendige periodiseringar. Inntektene frå avgift var i 1996 på 53,2 mill kr. Dette er lågare enn i eit normalår og skuldast at 1996 var første året der heile avgifta blei innbetalt til staten.

Når ein tek omsyn til naudsynnte periodiseringar var saldo i fondet pr 1.1.97 på 1,9 mill kr som var i tråd med føresetnadene i St prp nr 1 (1996-97).

Dokumentasjon av innhald av smitte-, framand- og næringsstoff i næringsmidla

SNT prioriterte i 1996 oppgradering av kunnskapen om bruk av epidemiologiske metodar i oppklaringsarbeidet rundt mat- og vassbåren sjukdom.

Talet på melde parti av næringsmiddel som har vore årsak til sjukdom hos menneske var framleis lågt i 1996.

I det norske overvaksingsprogrammet for salmonella-førekost i ferskt kjøtt frå svin, storfe, sau og fjørfe er det undersøkt 16 355 prøvar. Resultata viser at førekosten av salmonella i norsk kjøtt er svært låg. Resultata så langt frå eit forprosjekt for salmonella i importert korn tyder på at førekosten her òg er låg. SNT gjennomførte ei landsomfattande kartlegging av mogleg førekost av toksinproduserande *E. coli* O157 (Hamburgarbakterien) i norskprodusert kjøttdeig. Resultata viste at førekosten var svært låg.

Som ein del av EØS-avtalen har SNT òg i 1996 delteke i eit koordinert kontrollprogram innanfor EØS-området. SNT deltok med ei landsomfattande undersøking med omsyn på mikrobiologisk vurdering av kjøtt og kjøttprodukt som er tørka, fermentert og ferdig til konsum. Det blei ikkje påvist uønskte bakteriar i nokon av dei 40 prøvane om blei tekne ut. Overvaksingsprogrammet med omsyn til restmengder av framandstoff og legemiddel i slakt dokumenterer at tungmetall, pesticid, vekststimulerande middel/hormon, antibiotika mm ikkje utgjer noko problem i norskprodusert kjøtt. Dei påviste mengdene var lågare enn gjeldande grenseverdiar og dei var jamnt over lågare enn deteksjonsgrensa for analysemetodane som er brukte.

Samarbeidet mellom Statens ernæringsråd (SE) og SNT om å utvikle eit system for heilskapleg overvaking av kosthaldet herunder inntaket av næringsstoff og framandstoff i befolkinga, heldt fram i 1996. Denne typen studiar vil bli av aukande verdi for å sikre helsemessig trygt kosthald ved aukande internasjonalisering av marknaden og regelverket.

I 1996 blei 3 116 prøvar av frukt, bær og grønsaker, korn og animalske produkt analysert for plantevernmiddelrestar. Talet på analyserte prøvar ligg på omtrent same nivå som andre land i Norden. Det blei påvist overskriding av maksimumsverdiar i 47 prøvar, av desse var 8 av norsk produksjon.

SNT har koordinert overvaking av radioaktivitet i næringsmiddel etter Tsjernobylulykka gjennom LORAKON-systemet. Tiltaksgrensene og kosthaldsråda blei oppretthalde i 1996. Saltvassfisk i nordområda er følgd opp med eit eige prosjekt. Alle målingar frå saltvassfisk syner låge verdiar.

I samarbeid med Statens forureiningstilsyn (SFT) og Norsk institutt for vassforskning (NIVA) har SNT undersøkt innhaldet av kvikksølv i ferskvassfisk. Undersøkinga viste at røye, sik, mort og aure stort sett inneheldt lite kvikksølv, mens gjedde og stor åbor kan ha eit monaleg innhald. SNT har derfor gitt kosthaldsråd vedrørende konsum av dei to sistnemnde artane. I 1996 blei det rapportert resultat frå kartlegging av tungmetall i krabbar fanga mellom Telemark og Nordland. Kartlegginga viste at det var låge nivå av dei fleste metallar med unntak av kadmium og arsen. Ein fann ikkje grunnlag for å gi kosthaldsråd.

SNT har i ei årrekke overvaka algegifter i blåskjel langs kysten frå Østfold til Troms i perioden mars til september. Det er gjeve til saman om lag 205 åtvaringar mot å ete blåskjel i denne perioden. Ein automatisk telefonsvarar med oppdaterte råd kvar veke blei iverksett i 1996. SNT fekk ingen meldingar om moglege forgiftningar i 1996.

Innhaldet av bly og kadmium i korn blei undersøkt i 72 prøvar av ulike kornsortar. Resultata viser at gjennomsnittleg innhald var lågt. Kartlegginga av mykotoksiner i norskprodusert korn held fram. Resultata så langt gir ikkje grunnlag for å iverksette spesifikke tiltak.

I 1996 blei det etablert ein ny analysemetode for plastemballasje. Metoden gir ei god oversikt over kva stoff i plasten som kan vandre over i næringsmiddel ved direkte kontakt. Den innvendige lakken i hermetikkboksar kan innehalde stoff med hormonliknande effektar, men analysar visar at svært små mengder har gått over frå lakken til næringsmidlet.

Resultata av kartlegging av innhaldet av visse naturlege gifter i ulike potetsortar, avhengig av veksestad og omsetningsledd, viser at ingen av prøvane hadde høgare innhald av desse enn det som er tilrådd maksimumsgrense. Marknadskontoret for poteter gjennomfører i samarbeid med det kommunale næringsmiddeltilsynet kvalitetskontroll av matpotet. I sesongen 1995-96 var det gjennomført 2 300 inspeksjonar. Resultata visar at gjennomsnittskvaliteten for matpotet har ein positiv utvikling. Det er likevel framleis store forskjellar i kvaliteten og det er størst tap i kvaliteten i slutten av omsetningskjeda.

Resultata frå ein landsomfattande undersøking av kvalitet på gulrot, viste at kvaliteten var blitt betre enn det som var funne i tidlegare liknande lokale undersøkingar av gulrot.

Ein rapport om innhaldet av A-vitamin i leverpostei og i lever frå svin og storfe er framsett i 1996. For høgt inntak av A-vitamin kan gi fosterskade i første del av svangerskapet. Ein fant det ikkje nødvendig å iverksette kosthaldsråd til gravide. SNT følgjer med i kva som skjer på området.

Granskinga av solkremar med omsyn på solfaktor er følgd opp. Det er framleis solkremar som er merkt med feil solfaktor. I 1996 har ein òg analysert sjampo for innhald av formaldehyd og fluortannkrem for innhald av fluor. Formaldehyd i ein mengd som krevjar merking blei påvist i 4 av 124 sjampoar. I berre 2 av 54 tannkremar var det ikkje samsvar mellom merkt mengde og påvist mengde fluor.

Informasjon og kursverksemd.

I samarbeid med Statens Strålevern blei det i april 1996 halde ein heildagskonferanse som ei 10 års markering av Tsjernobylulykka. Samtidig gav arrangørane av konferansen og Landbruksdepartementet ut boka "Ti år etter Tsjernobyl. Følgjer for matproduksjon og helse".

Interessa rundt merking av matvarer er aukande og i 1996 blei det halde eit ope seminar om merking. SNT sin rettleiar for merking av næringsmiddel retta mot brukarar av regelverket var klar til dette seminaret.

Ny regelverksamling blei gitt ut i 1996.

SNT har publisert 10 faktaark. Det er gitt ut 12 SNT-rapportar. Informasjonsbladet "Nærkontakt" kom ut med 10 nummer.

I 1996 blei det arrangert grunnkurs i systemrevisjon for det kommunale næringsmiddeltilsynet og halde erfaringssamlingar for personell i næringsmiddeltilsynet som arbeider med IK-mat. Det blei òg arrangert kurs i epidemiologi, beredskap, kjøttkontroll i samarbeid med Den norske veterinærforening (DNV), kurs i tilsyn med økologiske produkt, kurs i sensorikk i regi av Matforsk og eitt seminar om importkontroll.

SNT har gitt ut ei idémappe for arrangørar av internkontroll-nettverk (IK-mat), lysarkperm for bruk i samband med foredrag i tillegg til anna rettleiingsmateriell.

Intern administrasjon.

SNT har no eit økonomisystem som er i tråd med krava som er stilte i det nye økonomireglementet for staten.

I 1996 har SNT halde fram arbeidet med å kvalitetssikre internrutinane sine.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Verksemda til SNT vil bli prega av oppfølging av Matmeldinga og den planlagde utvidinga av EØS-avtalen på det veterinære området.

Oppgåvene blir endra og aukar i omfang og kompleksitet. I tillegg er situasjonen prega av raske endringar og korte fristar. Det er derfor viktig at SNT set større fokus på det ansvaret ein har for å samordne heile tilsynsinnsatsen. Fleksibilitet, beredskap og høve til omstilling blir svært viktig for SNT i framtida.

SNT er pålagt omfattande forvaltningsoppgåver av løpande karakter, som ma omfattar arbeidskrevjande innsats relatert til nytt EØS-regelverk.

Satsingsområde 1998:

I tillegg til mange løpande oppgåver, vil SNT i 1998 som omtalt i Matmeldinga spesielt bruke ressursar på auka innsats på følgjande område:

- kunnskapsutvikling i samarbeid med brukarane for å framskaffe nødvendig kunnskap om forhold ved mat og matproduksjon for å sikre at maten er sikker og opplevast som trygg,
- risikoanalysar om tilhøvet mellom folkehelse, matkvalitet og handel,
- styrkje overvaking og oppfølging av matbårne infeksjonar hos menneske,
- kartlegging/overvaking (produkttilsyn) på viktige område td forekomst av antibiotikaresistente bakteriar, toksinproduserande E coli, mugggifter, plantevernmiddelrestar i drikkevatt, konserveringsmiddel, miljøgifter i kosten og andre framandstoff og
- kjøp av forvaltningsstøtte.

I samband med oppfølginga av Matmeldinga gjer departementet framlegg om å auke løyvinga på kap 1114 med 30 mill kr. Av denne auken er 11,7 mill kr knytt til tilsyn og administrasjon ved SNT, 2,5 mill kr er øyremerkt oppgåver ved Statens institutt for folkehelse, 5,5 mill kr skal gå til styrking av offentlig overvaking og kontroll i samband med handel med dyreprodukt, 3,4 mill kr er knytt til kjøp av forvaltningsstøtte og laboratorietenester og 6,9 mill kr gjeld kunnskapsutvikling. I tillegg er det på kap 1100 gjort framlegg om auka løyving på 1,5 mill kr knytt til departementet sin del av oppfølginga av Matmeldinga slik at det samla er gjort framlegg om ei løyvingsauke på 31,5 mill kr knytt til denne oppfølginga, jf òg omtale under kat 15.10. Ein gjer framlegg om at utgiftsauken på kap 1114 blir finansiert ved ei auke i næringsmiddelavgiften, jf omtale under kap 4114.

I høve til verksemda i KNT vil ein særleg leggje vekt på å:

- utvikle eit IT-system for tilsyn etter delegert myndigheit, inkludert rapporteringssystem for data produsert i KNT.
- utvikle nye tiltak for å betre kommunikasjonen med ulike brukargrupper for å betre kunnskapen om mattryggleik og kjennskapen til næringsmiddeltilsynet sitt arbeid. Kommunikasjonsprogrammet *Trygg mat* vil her vere viktig, både når det gjeld utdanningsopplegget for risikokommunikasjon og utvikling av Trygg mat-databasen og samhandlingsmodellar. Utdanningsopplegget skal utvidast til å omfatte regionale og lokale organ som arbeider med matspørsmål.
- utvikle KNT sitt tilsyn med verksemder og tilsyn med innførte næringsmiddel til eit risiko- og revisjonsbasert tilsyn basert på IK-mat og
- medverke til næringsmiddelfagleg rettleiing til småskala produsentar av mat.

I tilknytning til revisjon av EØS-avtalen er det på SNT sitt budsjett sett av 4,5 mill kr til vidareføring av dei nasjonale tiltaka som blei etablerte i 1997, jf omtale under kat 15.10. Midlane skal nyttast til

- å styrkje arbeidet med å etablere og kontrollere internkontrollsystema i importbedrifter,
- å auke omfanget av kartlegginga av mikroorganismar som salmonella, listeria og campylobacter i ulike næringsmiddel
- å auke kartlegginga innanfor nokre av dei områda som er nemnde ovanfor knytt til oppfølginga av Matmeldinga.

Merknader til dei einskilde postane.**Post 01 Driftsutgifter**

Verksemda knytt til løyvinga på post 21 er fom 1998 budsjettert på post 01, jf òg kap 4111 post 05 Driftsinntekter. Resten av auken i framlegget skal dekkje utgifter i samband med oppfølginga av Matmeldinga og utgifter til tilsyn og kontroll med næringsmiddel knytt til tiltak i samband med revisjon av EØS-avtalen på veterinær sektor, jf nærare omtale under ovanfor.

Post 50 Tilskott til Fondet for kjøttkontroll

Fondet skal dekkje utgiftene med kjøttkontroll i kommunane og sentralt. Fondet blir finansiert ved kjøttkontrollavgift og ved løyving på post 50. For 1998 er det budsjettert med 95 mill kr i utgifter til KNT og 7,3 mill kr i utgifter til SNT sentralt til kjøttkontroll. Inntekter frå kjøttkontrollavgifta er budsjettert til 82,2 mill kr. Ein legg til grunn uendra avgift i høve til 1997. Ein vil arbeide med å utforme ei differensiert avgift for å stimulere til effektivisering av kjøttkontrollen.

Framlegget om løyving er redusert med 56,7 mill kr i høve til 1997 fordi ein for 1998 ikkje budsjetterer med inntekter frå fondet, jf kap 4114 post 01.

Post 51 Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane

Fondet skal dekkje utgiftene til den statlege delen av næringsmiddeltilsynet i kommunane og importkontrollen. Ein gjer framlegg om ei løyving på 39 mill kr til fondet i 1998. Fondet har ingen andre inntekter enn tilskottet frå statsbudsjettet.

KAP 4114 STATENS NÆRINGSMIDDELILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIIL 1997	Framlegg 1998
01	Gebyr og analyseinntekter	65 113	66 757	99 702
02	Kontrollavgift på kosmetikk	1 618	1 518	
03	Refusjon frå Fondet for kjøttkontroll	56 000	56 700	
04	Abonnementsinntekter mm	311	203	
05	Driftsinntekter	1 747	5 189	3 286
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	710		
	Sum kap 4114	125 499	130 367	102 988

Post 01 Gebyr og analyseinntekter

SNT blir finansiert av næringsmiddelavgift på norskproduserte og importerte råvarer og importerte ferdigvarer. Avgiftssatsen har frå 1.1.93 vore på 0,40 pst på norskproduserte råvarer og importerte råvarer og halvfabrikata og 0,25 pst på importerte ferdigvarer.

Oppfølginga av Matmeldinga vil føre til auka aktivitet både med omsyn til tilsyn og kjøp av forvaltnings- og forskingstenester, jf kap 1114 post 01. Ein gjer derfor framlegg om å auke avgifta til 0,55 pst på norskprodusert råvarer og importerte halvfabrikata/råvarer og til 0,40 pst på importerte ferdigvarer. Dette gir ei forventa inntektsauke på om lag 30 mill kr.

Alle ansvarlege marknadsførarar av kosmetiske produkt betalar ei årleg avgift som finansierer kontrollen av produkta. Inntektene frå denne avgifta blir no løyvd på post 01.

Post 03 Refusjon frå kjøttkontrollfondet

Ein gjer for 1998 ikkje framlegg om løyving på posten, jf kap 1114 post 50.

Post 05 Driftsinntekter

Denne posten omfattar inntekter frå ulike prosjekt og refusjon for SNT sine utgifter til administrasjon av Fondet for kjøttkontroll. Frå 1998 budsjetterer ein òg SNT sine abonnementsinntekter mm på denne posten. Desse inntektene blei tidlegare løyvd på post 04.

*Programkategori 15.20 Forsking og utvikling**Utgifter*

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1130	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning	28 173			-0,0
1135	Norsk institutt for planteforskning	177 221			-0,0
1136	Norsk institutt for skogforskning	67 099			-0,0
1137	Forsking og utvikling	131 297	236 216	247 346	4,7
	Sum kategori	403 790	236 216	247 346	4,7

Inntekter

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
4130	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning	5 190			-0,0
4135	Norsk institutt for planteforskning	67 848			-0,0
4136	Norsk institutt for skogforskning	28 911			-0,0
	Sum kategori 15.20	101 949			-0,0

Kategori 15.20 omfattar landbruksforskinga som er retta mot kunnskapsbehovet knytt til forbrukarane sine krav til produkt frå landbruket, utvikling av eit berekraftig landbruk, landbruksbaserte produkt og bygdene. For 1998 legg departementet opp til ei monaleg auke i den næringsretta forskinga. Det er lagt opp til å bruke i alt 413 mill kr på næringsretta forsking og utvikling. Dette er ei auke på 20 mill kr eller 5,2 pst i høve til 1997, jf tabellen nedanfor. Auken vil bli brukt til å styrkje forskinga på matkvalitet og forbrukartryggleik, økologisk landbruk, langsiktig kompetanseoppbygging og strategiske instituttprogram retta mot dei fem innsatsområda i langtidsplanen for landbruksforsking. Landbruksforskinga skal òg medverke til gjennomføringa av den nasjonale forskingspolitikken, jf forskingsmeldinga og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) sin St prp nr 1 (1997-98). Landbruksforskinga får løyvingar frå både offentlege og private aktørar. Landbruksforskinga blir utført ved vitenskaplege institusjonar og i regi av nærings sjølv over heile landet. Hovuddelen går føre seg innanfor eller i samarbeid med dei landbruksvitenskaplege høgskolane og forskingsinstitutta. Departementet legg vekt på å styrkje samhandlinga mellom forsking og utvikling. Noregs forskingsråd, Statens Landbruksbank og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond er sentrale aktørar i dette arbeidet. Det er inngått avtale om samhandling mellom desse.

Landbruksdepartementet legg Langtidsplanen for landbruksforskinga (1996-2005) og St prp nr 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling* til grunn for forskingspolitisk planlegging og prioriteringar innan området. Langtidsplanen har 5 innsatsområde: Matvarekvalitet og matvaretryggleik, Verdiskaping basert på skog, Alternativ landbruksbasert næringsutvikling, Driftsformer, produksjonssystem og arealbruk og Samfunnsforsking knytt til landbruk og bygdar i omstilling. Departementet viser elles til St meld 36 (1992-93) *Om forsking* og til Noregs forskingsråd sin «Strategi for norsk forsking og for Noregs forskingsråd fram mot år 2000», St meld nr 48 (1994-95) *Havbruk - en drivkraft i norsk kystnærings*, St meld nr 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet*, St meld nr 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*, St prp nr 70 (1996-97) *Om Jordbruksoppgjøret 1997*, St meld 29 (1996-97) *Om regional planlegging og arealpolitikk*, og St meld 31 (1996-97) *Om distrikts- og regionalpolitikken*.

Kategorien gjeld Landbruksdepartementet sine løyvingar over kap 1137 Forsking og utvikling og dekkar løyvingar til forskingsprogram og basisløyvingar til forskingsinstitutta, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), Norsk institutt for planteforskning (Planteforsk), Norsk institutt for skogforskning (NISK), Veterinærinstituttet (VI), Institutt for Akvakulturforskning AS (Akvaforsk), Senter for jordfagleg miljøforskning (Jordforsk), Senter for bygdeforskning ved forskingsstiftinga Allforsk og Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK). I tillegg til dei nemnde institusjonane er Matforsk (Norsk institutt for næringsmiddelforskning) ein viktig forskingsinstitusjon innan landbrukssektoren. Matforsk har grunnløyving på 32 mill kr over Fondet for avgift på omarbeidde landbruksvarer. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS, kap 1146) har òg noko forskning. Departementet har i tillegg løyvingar til næringsretta forskning over jordbruksavtala (kap 1150), til forvaltningsretta kunnskapsstøtte over kapitla 1112, 1140 og 1142 og til kunnskapsutvikling over kap 1114. Vidare har Statens Landbruksbank (kap 2411) verkemiddel som skal styrkje samhandlinga mellom forskning og utvikling. Forskingsparken i Ås AS og Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO) arbeider for å kommersialisere forskingsresultata.

Noregs landbrukshøgskole (NLH) og Noregs veterinærhøgskole (NVH), som begge har omfattande landbruksretta forskingsverksemd, blei overført til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet med verknad frå 1.1.97. Departementet viser derfor til omtale i St prp nr 1 (1997-98) for Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, kap 0278 og 0279. Departementet legg vekt på samhandling med dei to vitskaplege høgskolane, med Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og mellom dei to høgskolane og dei landbruksvitskaplege forskingsinstitutta. Ein viser elles til St prp nr 1 (1996-97) som gir ei breiare omtale knytt til dette.

Oversikta under viser omfanget av landbruksforskninga i 1997 og 1998 i 1000 kr og den prosentvise endringa mellom åra, jf omtale over.

Kap	Post	Nemning	S III 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1110	01	Landbrukstilsynet, forvaltningsstøtte	1 900	1900	1,0
1112	50	Kjøp av forvaltningsstøtte, VI	7 100	8 100	14,6
	52	Støtte til fagsentra, Planteforsk	3 100	3 100	0,7
	53	Utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	20 000	20 000	0,0
1114		Statens næringsmiddeltilsyn		6 900	100,0
1137	50	Forskningsprogram	98 800	104 500	5,7
	51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt	130 300	135 500	3,9
1140	50	Driftsøkonomiske analysar mm, NILF	2 600	2 700	2,0
	77	Miljøretta prosjektarbeid	6 000	6 000	0,0
1142	50	Forvaltningsstøtte, NISK	4 300	4 000	-7,0
	51	Utviklingsfondet for skogbruket	3 000	3 100	2,3
	71	Langsiktige investerings- og næringstiltak i skogbr.	5 000	5 000	0,0
	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruk	15 000	15 000	0,0
1146		NIJOS	4 900	5 100	3,8
1147		Reindriftsforvaltninga	2 300	2 300	-1,7
1150	50.01	LUF - miljøtiltak	3 400	5 000	47,1
	76.01	Marknadsordninga for korn	16 900	15 600	-7,8
	77.03	Tilskott til forsøksringar og forskning	51 700	51 700	0,0
	77.05	Konkurransestrategiar for norsk mat	13 000	11 500	-11,5
	77.06	Tilskott til økologisk jordbruk	3 300	6 000	81,8
Totalt Landbruksdepartementet			392 600	412 800	5,2

STATUS FOR OMRÅDET

Status og utfordringar for landbruksforskninga

Landbruksforskninga har vore ein vesentleg faktor i den utviklinga som har skjedd i landbruket gjennom tiår. Landbruksforskninga har vore kjenneteikna av at vegen frå forskarar til primærlandbruket har vore kort, slik at resultata av forskninga raskt har blitt omsett i praktisk handling. Forskinga vil vere ein vesentleg faktor òg i den vidare utviklinga av landbruket, landbruksbasert verksemd og bygdene. Det vil vere viktig å sikre god sam-

handling mellom forskning og verdiskapande verksemd òg i framtida. Tverrsektoriell innretting, fokus på heile verdikjeda frå primærprodusent til marknad og ei rivande teknologisk utvikling gjer at ein må søkje etter nye verkemiddel for å leggje til rette for koplingar mellom forskning og utvikling.

Endra rammevilkår som følgje av både nasjonale og internasjonale tilhøve har ført med seg nye krav til landbruksnæringa og landbruksbasert verksemd, som òg fører til nye krav til kunnskapsproduksjonen som skal støtte opp under denne verksemda. Derfor er internasjonal forskingsverksemd viktig. Noreg har styrkt sin innsats i EU sine ramme-program og bistandsretta forskning. Vi har dei seinare åra sett at samhandlinga mellom dei vitenskaplege verksemdene har auka. Nye aktørar tek del i forskinga. Det landbruksbaserte næringslivet si interesse for og finansiering av forskning har auka noko. Dette er ei utvikling som må halde fram og styrkjast. Aktørane i forskningssystemet må sjå til at oppgåvene blir delt mellom dei på ein måte som er fornuftig ut frå deira kjernekompetanse. Dei offentlege og private aktørane må vere bevisst og drøfte sine roller i dette systemet.

Forskinga på kvaliteten til dei tradisjonelle produkta har vore høg, ma har forskning på sortar og dyrkingsmåtar ført til auke både i avlingsvolum og -kvalitet. Gjennom ein opnare marknad aukar risikoen for spreiding av dyre- og plantesjukdommar. Meir kunnskap om risikovurdering og risikohandsaming må derfor vere ei prioritert oppgåve, òg fordi landbruket har eit viktig delansvar for folkehelsa ved å tilby forbrukarane trygg og sunn mat. Av omsyn til dette er Landbruksdepartementet òg sentral i NFR si bioteknologiske satsing. Forbrukaren sine krav må takast omsyn til. Husdyrforskning og forskning på grovfôr er eit område som er gitt lite merksemd dei seinare åra, og som offentlege og private no må gå saman om å finne ei løysing for.

Skogforskning har tradisjonelt vore fokusert på produksjon av kvalitetsvirke og har samla solid kompetanse på økologi i skog, skogrøkt og treteknologi. Skogbruket sine rammevilkår blir påverka av både internasjonale og nasjonale tilhøve. Den internasjonale marknaden er prega av stort miljøengasjement, og internasjonale politiske prosessar pågår for å sikre eit berekraftig skogbruk over heila verda. Det er satsa monaleg på kunnskapsutvikling knytt til berekraftig skogforvaltning gjennom miljøregistreringar, kartleggingar og forskning. Denne innsatsen må bli halden oppe samstundes som det er nødvendig å streke under behovet for auka kunnskap om den rolla skogsektoren har for ei utvikling av samfunnet i retning av meir berekraftige produksjon og forbruk. Kunnskap om marknad, teknologi- og produktutvikling er viktige felt for forskinga framover.

Alternativ landbruksbasert næringsutvikling er eit relativt nytt politikkområde. Utfordringane for kunnskapsproduksjonen er mange, td økonomien i slike produksjonar, nye produkt og produktutvikling, vidareutvikling av tradisjonelle produkt mm. Samhandlinga mellom brukarane, produsentane og forskarane er viktig. Matforsk og Forskingsparken i Ås AS har god røynsle med nettverksprogram mot små næringsmiddelbedrifter og kommersialisering av resultat frå forskinga. Røynslene og metodane frå desse programma og prosjekta må bli ført over på eit breitt spekter av produsentar og produkt.

Kunnskapsbehovet knytt til miljøvenlege driftsformer, produksjonssystem og arealbruk er stort. Landbruksforskinga har auka miljødelen i prosjekt og program, men det er framleis ei utfordring å utvikle teknologi og berekraftige metodar for drift som tek nok omsyn til miljøet. Området har prioritet og det blir årleg sett av midlar til slik forskning over jordbruksavtalen og kap 1140 i tillegg til midlar frå Noregs forskingsråd via kap 1137. Det er forska lite på forvaltninga og verdien av ulike naturkvalitetar, eigedomstilhøva sin verknad for arealforvaltning og landbruket sin plass i arealplanprosessar. Innsatsen her må aukast. Samhandling mellom landbruks- og miljøforvaltninga og med næringa er viktig på dette området, Noregs forskingsråd har ei viktig rolle i å legge til rette for samhandling knytt til miljøretta prosjekt og program.

Samfunnsforskinga i regi av landbruket har i stor grad vore retta mot den einskilde bonde sine krav og økonomi, og lite mot heilskapen i bonden sin livssituasjon. Utfordringa framover blir å sette fokus på distrikta som levestad. Distrikta sine utfordringar er store og utvikling av livskraftige distrikt krev kompetanse. Det er ei utfordring å utvikle tiltak og verkemiddel som stimulerer til busetting, velferd og trivsel i heile landet.

MÅL

Hovudmål

Landbruksforskinga bygger på Langtidsplanen for landbruksforskinga (1996-2005). Planen skal medverke til å oppfylle dei overordna måla for norsk forskning ved å produsere og formidle kunnskap i brei næringspolitisk samanheng med vekt på forbrukarkrav, verdiskaping, nyskaping, omstilling og miljø. Planen omfattar heile landbruksforskinga, òg forskning ved NLH og NVH.

Delmål

Landbruksforskninga skal medverke til:

- ei langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i landbruksbasert verksemd og til bevaring av naturgrunnlag, miljø, helse og livskvalitet hos menneske og dyr,
- verdiskaping og sysselsetting i landbruket og i landbruksbasert verksemd gjennom auka konkurransekraft i næringane, og høgare foredlingsgrad for produkta,
- utvikling av nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg syn på bygder og distrikt og
- kunnskap om forbrukarane og marknaden.

*Innsatsområder i langtidsplanen**Matvarekvalitet og matvaretryggleik*

Målsettinga er å legge til rette for produksjon og omsetning av trygge matvarer av god kvalitet.

Landbruksdepartementet legg vekt på at krava til kvalitet skal gjelde heile verdikjeda fram til forbrukar - både til produksjon og leveranse av råvarer, til tilverkinga i næringsmiddelindustrien og til sjølv produktet. Kontroll med heile verdikjeda blir lagt til grunn. Omsynet til forbrukarane vil stå i sentrum for prioriteringane til Landbruksdepartementet på matområdet, jf St meld nr 40 (1996-97). Samstundes har internasjonale avtalar gjort det nødvendig for Noreg å ha høg vitskapleg kompetanse om dei ulike fasane i produksjonen. Konkurransetilhøva og dagens marknadssituasjon stiller store krav til produksjonen i alle ledd. Dokumentasjon, utvikling og marknadsføring av norske konkurranseføremon, slik som plante- og dyrehelse og miljøvenleg produksjon må stå sentralt.

Verdiskaping basert på skog

Auka kunnskap skal medverke til å styrkje verdiskapinga i skogsektoren og sikre ei berekraftig forvaltning av skogressursane.

Departementet ser det som viktig å auke kunnskapen om skogen si samfunnsmessige rolle for ei berekraftig utvikling, da skogen produserer mange viktige fellesgode for samfunnet. Nivået på forskning knytt til forvaltning av skogressursane vil bli ført vidare.

Bruk av trevirke kan ha ein konkurranseføremon i arbeidet for meir berekraftig produksjon og forbruk. Skogbruket og skogindustrien medverker vesentleg til verdiskaping og sysselsetting. Utvikling av kunnskap knytt til auka grad av foredling, nye produkt og alternativ bruk av trevirke vil i den samanhengen vere eit viktig grunnlag for å sikre at skogsektoren framleis yter eit viktig bidrag til utviklinga i distrikta og norsk økonomi generelt.

Alternativ landbruksbasert næringsutvikling

Målsettinga innan alternativ, landbruksbasert næringsutvikling er auka kompetanse hos næringsutøvarane og betre konkurransekraft gjennom marknadsbaserte, kunnskapsintensive produkt. Hovudutfordringa er derfor å bygge spesifikk, marknadsbasert kunnskap og kompetanse inn i bedrift og produktutvikling med sikte på betre ressursutnytting, kortare utviklingstid på produkta og betre tilpassing til marknaden. Det vil derfor bli satsa på utvikling av gode system for å skreddarsy og formidle kunnskap som allereie er utvikla. Samtidig må næringsutøvarane bli gitt høve til å arbeide i nettverk og individuelt under kyndig rettleiing. På verkemiddelsida vil ein arbeide for ei kopling mot andre innovasjonsmiljø slik som SND, NFR og dei regionale forskingsstiftelsene.

Miljøvennlege driftsformer, produksjonssystem og arealbruk

Området er prioritert i lys av miljøutfordringane og dei nye økonomiske rammevilkåra for landbruket. Forskinga skal ha ei tverrfagleg innretting basert på både biologisk, teknologisk og økonomisk kompetanse. Intensive og ekstensive driftsformer, langsiktig sikring av produksjonsgrunnlaget, sikring av fellesgode og økologisk landbruk er område som det vil bli lagt vekt på. Innan arealforvaltning er det behov for kunnskap om eigedomstilhøva sin innverknad på areal- og ressursbruk hos den einskilde brukar og korleis landbruket sine arealinteresser blir behandla i planprosessar.

Samfunnet nyttar i auka grad ny avansert teknologi. Landbrukssektoren har òg eit ansvar for å utnytte dette potensialet til overvaking, analyse og forvaltning av miljø, artar og areal. Utvikling av miljøteknologi er òg eit viktig ledd i arbeidet for eit miljøvenleg landbruk, og er samtidig grunnlaget for at landbruket kan spille ei meir sentral rolle i miljøarbeidet også innanfor andre sektorar.

Samfunnsforskning knytte til landbruk og bygder i omstilling

Satsinga på samfunnsforskning knytt til landbruk og bygder i omstilling inneber at Landbruksdepartementet prioriterer samfunnsfagleg og humanistisk forskning, i første rekke som grunnlag for bruken av verkemidla og utforminga av politikken på ulike nivå. Forskinga vil i stor grad ha eit tverrfagleg preg og ein ventar tenleg kunnskap for bygdesamfunn og næringsverksemdar knytt til konsekvensar av endra rammevilkår. Vidare bør forskinga gå inn på konkurransedyktig produksjon av varer og tenester i bygdene, produksjon og forvaltning av fellesgode, vilkår for etablering og busetting i bygdene med spesielt omsyn til kvinner, og kompetanse som føresetnad for livskraftige bygder.

STRATEGIAR*Auka vekt på grunnleggjande kompetanse*

Departementet legg vekt på at den grunnleggjande forskinga, særleg den strategiske grunnforskinga, blir styrkt. Det blir lagt vekt på utvikling av spissområde gjennom strategisk oppbygging av kompetanse.

Auka relevans gjennom verdikjedetenking og tverrfagleg samarbeid

Dei nye utfordringane som landbrukssektoren og bygdene står framfor, krev at òg landbruksforskinga søker nye allianse- og samarbeidspartnarar. Ein ønskjer auka relevans i forskinga gjennom å kople biologi, økonomi og teknologi, og gjennom koplinga biologi, samfunnsfag og humanistiske fag. Med tanke på kravet om betre forbrukar- og marknadsorientering, må òg forskinga i større grad sjå heile verdikjeda under eitt. Ein må derfor ta omsyn til viktige krav frå marknad og samfunn når det gjeld innsatsfaktorar, produksjonstilhøve og sluttprodukt.

Prioritere det internasjonale samarbeidet

Departementet ser det som viktig at forskings- og utdanningsmiljøa prioriterer internasjonalt samarbeid for å:

- styrkje kvaliteten på dei norske forskingsmiljøa,
- nytte den kunnskapsmengda som blir tilgjengeleg gjennom norsk deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid,
- auke utbyttet av forskinga gjennom å samordne den norske forskingsinnsatsen med det som skjer på det internasjonale planet,
- stimulere landbruksbasert industri til deltaking i internasjonal FoU og
- styrkje landbruksforskinga si rolle som premissgivar for miljøutvikling, bistandsrelatert FoU og forskingsbistand.

Det er viktig å finne ein balanse mellom samarbeid innan Norden, EU, Aust-Europa, Nord- Amerika og andre høgindustrielland utanfor Europa og utviklingsland, ma gjennom forskningssamarbeid med internasjonale organisasjonar. Det internasjonale samarbeidet skal vere retta mot nasjonale prioriteringar og ta utgangspunkt i område der Noreg kan medverke internasjonalt og der viktig kunnskap kan hentast frå utlandet. Landbruksdepartementet ser det som viktig at landbruket og landbruksforskinga kan gjere bruk av breidda i det forskningssamarbeidet som Noreg tek del i internasjonalt.

Auka vekt på formidling og utnytting av kunnskap, kompetanse og teknologi

Departementet legg vekt på formidlinga av forskingsresultata. Dette er viktig i høve til forskingsverda elles og brukarane, ma for å styrkje sambandet mellom forskning og næringsutvikling. Ein må stimulere til auka mobilitet av forskarar i høve til næringslivet og til kompetanseoppbygging i bedriftene. Det er òg viktig at innsatsen innan populærvitskapleg og allmennretta formidling blir styrkt for å auke forståinga for verdien og kompetansen til landbruksforskinga. Nettverksbygging mellom forskning, næringsliv, forvaltning og andre brukarar er òg viktig for å få maksimalt ut av både offentlege og private FoU-midlar.

Auka privat FoU-engasjement

Departementet legg stor vekt på at den private FoU-innsatsen særleg innan bruksretta FoU skal auke. Landbruket si FoU-deltaking er lågare enn det som gjeld for næringslivet elles. Både dei einskilde føretak, bransjesamanslutningar, samvirkeorganisasjonar og andre produsentsamanslutningar må ta eit større ansvar for eige FoU-behov. Departementet ventar ein klår auke i den private innsatsen for forskning retta mot primærproduksjonen i landbruket. Auka deltaking frå brukarane i finansiering og styring vil medverke til auka relevans i forskinga. Departementet legg vekt på utvikling av brukarstyrte program som eit viktig

verkemiddel for å auke brukarfinansieringa, ma gjennom brukarstyrte strategiske instituttprogram (SIP). NFR får ei viktig rolle i å utvikle desse verkemidla i samarbeid med departementet, institusjonane og aktuelle brukarar. Departementet vil i samarbeid med NFR arbeide vidare med å utvikle verkemiddel som kan medverke til å auke den private FoU-innsatsen.

SATSINGSOMRÅDE I 1998

På bakgrunn av utfordringane for sektoren er det trekt opp fem prioriterte innsatsområde i Langtidsplan for landbruksforskning: Matvarekvalitet og matvaretryggleik, Verdiskaping basert på skog, Alternativ landbruksbasert næringsutvikling, Miljøvenlege driftsformer, Produksjonssystem og arealbruk og Samfunnsforskning knytt til landbruk og bygder i omstilling. Både grunnleggjande og bruksretta forskning innanfor disse områda vil bli prioritert.

Særlege satsingsområde er knytt til matvarekvalitet og matvaretryggleik som omfatter forskning retta mot heile kjeda frå primærproduksjon via foredling til forbrukarane, og økologisk landbruksproduksjon.

I samband med at landbruksforskinsinstitutta frå 1.1.97 har fått ei anna finansiering og styringsform, ser departementet det som viktig å auke målrettinga til institutta. Departementet vil derfor auke innsatsen knytt til strategiske instituttprogram. Programma skal vere retta mot innsatsområda i langtidsplanen.

Ein ventar at marknadsnær forskning vil bli finansiert heilt eller delvis av næringslivet. Dette gjeld spesielt innanfor industriretta forskning, alternativ næringsutvikling og husdyrforskning. Det vil bli lagt på brukarmedverknad og samarbeid med resten av verkemiddelapparatet. Forsking som fell utanfor dei langsiktige innsatsområda vil i mindre grad bli prioritert i offentlege FoU-budsjett. Viktige delar av den kompetanse som prioriteringane må bygge på og vidareutvikle, vil samstundes danne grunnlag for forskingsbistand til u-hjelp og i Aust-Europa, og styrkje potensialet til landbruksforskinga i internasjonalt samarbeid.

KAP 1130 NORSK INSTITUTT FOR LANDBRUKSØKONOMISK FORSKING
(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	23 677		
21	Spesielle driftsutgifter	4 496		
	Sum kap 1130	28 173		

RESULTATRAPPORT 1996*Finansiering (i 1 000 kr):*

År	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Noregs forskingsråd		Andre finansieringskjelder		Sum
	Sum	Pst	Sum	Pst	Sum	Pst	
1994	24 966	88,2	1 645	5,8	1 692	6,0	28 304
1995	23 560	83,0	2 200	7,8	2 610	9,2	28 370
1996	23 677	84,0	2 569	9,1	1 927	6,9	28 173

Ordinære midlar over statsbudsjettet var på om lag same i nivå i 1996 som i 1995. Det same gjeld midlar frå andre finansieringskjelder.

Ressursinnsats fordelt på verksemdområde (i 1 000 kr):

Verksemdområde	Beløp	Pst av totalsum
Forsking og utvikling	8 228	29
Kandidatutdanning	555	2
Forskarutdanning	595	2
Etterutdanning	458	2
Bibliotek	261	1
Rådgiving/informasjon	2 950	10
Anna fagleg verksemd	15 126	54
Sum verksemdområde	28 173	100

NILF har ein stor del faste oppgåver. Dei mest ressurskrevjande er driftsgranskingane og sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket, under det totalrekneskap og totalbudsjett for jordbruket, utrekningar på referansebruka og resultatkontroll for gjennomføring av landbrukspolitikken. Institusjonen tek òg på seg kortsiktige, uføresette oppgåver for departementet. I 1996 er faste og uføresette oppgåver gjennomført med god kvalitet og utan store forseinkingar.

I tillegg til dei faste oppgåvene har NILF utført utgreiing og forsking om nasjonal og internasjonal landbrukspolitik, matvareindustri og marknad, føretaksøkonomi i landbruket og nærings- og bygdeutvikling. Endra nasjonale og internasjonale rammevilkår har ført til fleire prosjekt og oppdrag, både eigenfinansierte og eksternt finansierte.

Innanfor området nasjonal og internasjonal landbrukspolitik har NILF må halde ved like og utvikla sektormodellen JORDMOD og tatt del i utviklinga av forskingsprogrammet Levekår, omstilling og utvikling i landbruket. I samband med arbeidet til Budsjettnemnda for jordbruket, er det òg i gang eit større prosjekt for å forbetre grunnlagsmaterialet for jordbruksforhandlingane.

NILF si internasjonale satsing, Interagro, er eit strategisk instituttprogram med støtte frå Noregs forskingsråd (NFR) der målet er å auke kompetansen om internasjonale landbruks-spørsmål. Interagro inneheld både grunnleggjande og bruksretta forsking og ei samling av aktuelle data og dokumentasjon. Innanfor rammene av dette programmet har NILF i 1996 knytte seg til den internasjonale handelsmodellen GTAP, som dei må nyttar i eit prosjekt som ser på korleis ein-sidig nasjonal kontra internasjonal innføring av miljøavgifter i landbruket vil verke på internasjonale handelsstraumar. Programmet finansierer òg NILF si deltaking i eit europeisk samarbeid om ein database med samanliknbare tal på sektornivå til bruk i komparative studiar.

Aktiviteten innanfor området matvareindustri og -marknad var høg òg i 1996. I fleire prosjekt med både offentlege og private oppdragsgjevarar har NILF analysert korleis det kan opnast for større konkurranse i omsetningsledda og verknaden av ulike reguleringsalternativ. Ein stipendiat er tilsett innanfor området pris-, marknads- og

produksjonsregulering. Prisane på landbruksvarer i ulike ledd er analysert, ma i eit prosjekt saman med Statens institutt for forbruksforskning.

Tilpassingar til produksjonsnøytrale tilskott, omsettbare mjølkekvotar og skatt og pensjonsrettar i landbruket er nokon av dei føretaksøkonomiske prosjekta det har blitt arbeidd med i 1996. NILF har òg gjennomført føretaksøkonomiske analysar av tradisjonelle og nye produksjonar. Ein del tid har òg gått med til å utvikle og førebu det strategiske instituttprogrammet Agromanagement som går ut på å tilføre føretaksøkonomien i landbruket nytt teoritilfang.

Innanfor feltet nærings- og bygdeutvikling vidareførte NILF i 1996 samarbeidet med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i fleire fylke knytt til eit større prosjekt om tilhøve som fremmar næringsutvikling i bygdene. Det blei òg starta eit treårig prosjekt om inntektskombinasjonar i landbruket, finansiert av NFR.

I 1996 fekk NILF 27 nye forskings- og utgreiingsoppdrag. Det er i alt utgitt 9 vitskaplege publikasjonar internasjonalt og 11 i Noreg som refererer seg direkte til forskings- og utviklingsarbeid. Ein av artiklane var i tidsskrift med bedømmingsordning. Det er halde 68 foredrag.

NILF har i 1996 styrkt sitt forskningssamarbeid både nasjonalt og internasjonalt.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Ein viser til nærare omtale av NILF under kap 1137 og 1140.

KAP 4130 NORSK INSTITUTT FOR LANDBRUKSØKONOMISK FORSKING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Sal av publikasjonar	423		
02	Drifts- og leigeinntekter	117		
03	Oppdragsinntekter	4 451		
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	199		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar			
	Sum kap 4130	5 190		

Inntektene skriv seg frå sal av publikasjonar, framleige av kontorlokale og oppdrag. Som følgje av at forskingsinstitutta no blir nettobudsjetterte, vil desse inntektene ikkje lenger inngå i statsbudsjettet.

KAP 1135 NORSK INSTITUTT FOR PLANTEFORSKING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	106 147		
21	Spesielle driftsutgifter	52 651		
30	Byggearbeid, <i>kan overførast</i>	13 040		
31	Byggearbeid, <i>kan overførast</i>	4 241		
46	Ekstraordinært vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 142		
	Sum kap 1135	177 221		

RESULTATRAPPORT 1996

Finansiering (1 000 kroner):

År	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Noregs forskringsråd		Andre finansieringskjelder		Totalt ¹
	Sum	I pst	Sum	I pst	Sum	I pst	
1995	107 004	65 pst	14 570	9 pst	43 709	26 pst	165 283
1996	104 738	62 pst	17 828	11 pst	46 835	28 pst	169 401

¹ Tala omfattar òg rekneskapsførte utgifter i Planteforsk på andre kapittel på statsbudsjettet enn kap 1135. Det er derfor ikkje samsvar mellom desse tala og rekneskapsførte driftsutgifter i kapitteltabellen.

Inntektene auka med vel 2 pst i 1996 sjølv om basisløyvinga gjekk ned. Det var ein positiv auke i oppdrag i frå både offentlege og private oppdragsgjevarar. 401 årsverk blei nytta, og av desse var 286 FoU-årsverk. 80 heiltidstilsette hadde dr grad. Det blei ført vidare og sett i gang fleire tiltak på personalsida for å tilpasse organisasjonen til dei nye rammevilkåra.

Ressursinnsats fordelt på verksemdområde (1 000 kroner)

Område for verksemda	Beløp	Pst av totalsum
Forsking og utvikling	104 494	62
Kandidatutdanning	1 902	1
Forskarutdanning	4 715	3
Etterutdanning	1 460	1
Gardsdrift	9 033	5
Drift av andre forsøksanlegg	7 445	4
Internasjonale konsulenttenester	1 267	1
Klinikkverksemd	3 320	2
Bibliotek	1 010	1
Kontrolloppgåver	3 603	2
Rådgjeving	8 394	5
Anna fagleg verksemd	22 756	13
Samla ressursinnsats	169 401	100

Brukarretta forsking og utvikling utgjer 90 pst og grunnforskning berre 10 pst. Måla og satsingsområda er utforma i høve behova til næringa og samfunnet for forsking, utviklingsarbeid og forskingsbasert forvaltningsstøtte. FoU-verksemda er prosjektorganisert og var i 1996 organisert i 8 faglege innsatsområde: Grovfôr, Korn og oljevekstar, Grønsaker og potet, Frukt og bær, Veksthuskulturar og grøntanlegg, Landbruk i dei nordlegaste områda, Planteforedling og frøavlsforskning og Plantervern. Dei 5 første er knytte til ulike produksjonar, medan landbruk i dei nordlegaste områda er geografisk avgrensa, og dei to sistnemnde er disiplinorienterte. Dei fire fagsentra i Planteforsk har spesialisert seg vidare i lokal og regional næringsutvikling og service.

Ny kunnskap og formidling

Planteforsk legg vekt på å utvikle ei aktiv haldning til å rekruttere kompetanse frå nasjonale og internasjonale forskingsmiljø. Prosjektsamarbeid og aktive forskarnettverk er viktige

tiltak i dette. Forskarutdanninga skjer i hovudsak i samarbeid med NLH, men òg i samarbeid med universiteta i Bergen og Tromsø. Nøkkeltall frå rapporten for 1996 syner ma:

- deltaking i tilsaman 39 fellesprosjekt med norske universitet og høyskoler,
- deltaking i 40 internasjonale prosjekt kor 30 av dei var fellesprosjekt med utanlandske universitet og høyskolar,
- 14 forskarar hadde forskingsopphald ved utanlandske institusjonar i meir enn 1 månad,
- 34 utanlandske forskarar arbeidde ved Planteforsk i meir enn 1 månad,
- Planteforsk hadde 25 doktorgradsstipendiatar. 4 fekk graden dr scient i løpet av året.
- Planteforsk produserte 72 FoU-rapportar, 85 artiklar i tidsskrift med vurderingsordning og 395 andre artiklar og rapportar. Ein stor del av formidlingsverksemda var innanfor prioriterte område som miljø- og forureiningsforskning og næringsutvikling.

Miljø-og forureiningsforskning

Heile 30 pst av Planteforsk sin FoU-innsats er retta inn mot miljø og forureining. Nokre døme på oppgåver som blei ført vidare eller avslutta i rapporteringsåret er

- vidareføring av arbeidet med prognosar og varslings om næringsstilstand og skadegjerarar. Riktig varsel sparer miljøet og reduserer kostnadene i produksjonen monaleg,
- gransking av korleis plantevernmiddel verkar på miljøet, ma korleis dei bindast i ulike jordartar,
- gransking av korleis ein skal hindre avrenning av næringssemne, ma med å tilpasse gjødslinga etter behov og
- gransking av korleis ein skal få vegetasjonen og mangfaldet attende på område som er nedslitne av beiting og/eller erosjon.

Næringsutvikling

Planteforsk har auka innsatsen innanfor dette området og bruker no 5 pst av ressursane på FoU som er tilknytt næringsutvikling. Nokre døme er

- utvikling av effektive produksjonssystem og system for kvalitetssikring i produksjon og marknadsføring av søtkirsebær. Kirsebær har stor konkurransekraft både på innanlandsmarknaden og for eksport,
- gjennom FoU-samarbeid leia av Planteforsk, har ein lagt grunnlaget for næringsutvikling innan produksjon og foredling av urter,
- planteforsk har sekretariatet for bransjegruppa i jordbær og har elles FoU-arbeid i gang som tek sikte på å auke kvaliteten på bæra og stabiliteten i produksjonen. Begge desse tilhøva er avgjerande for å vinne fram på eksportmarknaden,
- bringebær til friskkonsum har òg eit stort næringsutviklingspotensial. Nyare forsøk har vist at ein kan oppnå avlingar på 2 tonn pr dekar under plastdekke utan bruk av kjemiske plantevernmiddel,
- vinterproduksjon av agurk har blitt meir vanleg. Planteforsk har utvikla grunnlaget for denne produksjonen, og er framleis sterkt engasjert i å finne fram til dei mest lønsame metodane og
- ein ny timoteisort med betre dyrkingsegenskapar blei sendt på marknaden.

Økologisk landbruk

Planteforsk har gjennom ei årrekkje vore engasjert i FoU-verksemd som har tilknytning til økologisk landbruk. Styret har vedteke å styrkje denne verksemda gjennom å etablere økologisk landbruk som eit eige innsatsområde i organisasjonen. Planteforsk tek sikte på å finne fram til lønnsame økologiske dyrkingssystem for dei viktigaste vekstslaga her i landet og har i denne samanhengen inngått samarbeidsavtale med NORSØK. Arbeidet til Planteforsk i 1996 synte ma at visse typar av steinmjøl kan vere ei god kaliumkjelde i økologiske dyrkingssystem.

Kulturlandskap og biodiversitet

Planteforsk har gode føresetnader for å klarleggje korleis driftsformer i jordbruket kan ta vare på og legge til rette for naturverdiar i kulturlandskapet, med spesiell vekt på vegetasjon. Desse føresetnadene tek utgangspunkt i Planteforsk sine kunnskapar om organismar (ma soppar, insekt, ugras- og kulturplanter), dyrkingsteknikk og beitesystem, og Planteforsk sin lokalisering i alle regionar av landet. Planteforsk utarbeidde derfor i 1996 ein strategisk plan for kulturlandskapsarbeidet, kor eitt av dei viktigaste måla er å fremme biologisk mangfald gjennom eit kulturlandskap som gir leverom for eit stort spekter av flora

og fauna. Styret for Planteforsk vurderer FoU-verksemnda knytt til kulturlandskap som så viktig at det har etablert kulturlandskap som eit eige innsatsområde.

Plantehelse og matvarekvalitet

Norsk matvareproduksjon skal vere trygg og ha fokus på helse og kvalitet. Dette står sentralt i Planteforsk sin FoU-strategi og avspeglar seg i dei forskingsoppgåvene Planteforsk arbeidde med i 1996. Nokre døme på resultat er

- bruken av kjemiske plantevernmidde er redusert,
- Planteforsk har registrert aukande problem med mykotoksin i matvarer som følgje av redusert bruk av soppmiddel,
- bruken av biologisk bekjemping har auka sterkt, særleg i veksthusproduksjonen,
- norsk produksjon av matkveite av god kvalitet har auka frå nær ingenting for 15 år sidan til 50-60 pst av behovet i 1996, ma som følgje av nytt og betre gjødslingssystem og
- gjennom sitt regionale og landsomfattande nettverk har Planteforsk òg i 1996 registrert åtak av farlege planteskadegjerarar i tidleg utviklingsfase.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Ein viser til nærare omtale av Planteforsk under kap 1112 og 1137.

KAP 4135 NORSK INSTITUTT FOR PLANTEFORSKING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Drifts- og leigeinntekter	4 989		
02	Oppdragsinntekter	51 429		
03	Refusjon, byggearbeid	1 500		
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	2 486		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	799		
40	Sal av eigedom	896		
41	Sal av eigedom	5 749		
	Sum kap 4135	67 848		

Som følgje av at forskingsinstitutta no blir nettobudsjetterte, vil inntektene til Planteforsk ikkje lenger inngå i statsbudsjettet.

KAP 1136 NORSK INSTITUTT FOR SKOGFORSKING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	38 772		
21	Spesielle driftsutgifter	28 327		
	Sum kap 1136	67 099		

RESULTATRAPPORT 1996*Finansiering (1 000 kr):*

År	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Noregs forskningsråd		Andre finansieringskilder		Sum
	Sum	I pst	Sum	I pst	Sum	I pst	
1991	33 068	59	10 750	19	12 065	22	55 883
1992	40 472	59	9 096	13	19 464	28	69 032
1993	40 938	62	7 388	11	17 380	27	65 706
1994	39 840	60	9 454	14	17 635	26	66 929
1995 ¹	38 437	54	11 878	17	20 212	29	70 527
1996 ¹	38 772	58	9 846	15	18 481	27	67 099

¹Tala for 1995 og 1996 kan ikkje direkte samanliknast med åra før, fordi ei sentralt ført arbeidsgivaravgift tidlegare er rekna med under Andre finansieringskilder.

Ressursinnsats fordelt på verksemdområde (1 000 kr):

Område for verksemda	Beløp	pst av totalsum
Forskning og utvikling	53 352	80
Kandidatutdanning	2 147	3
Forskarutdanning	3 066	5
Drift av forsøksanlegg	1 053	1
Bibliotek	1 174	2
Rådgiving/anna fagleg verksemd	6 307	9
Samla ressursinnsats	67 099	100

NISK kan vise til kvalitativt god forskning, høg forskarkompetanse og gode resultat innan kunnskapsformidling. Det er framleis ei utfordring å auke oppdragsmengda og finansieringa frå skognæringa. Av den samla ressursinnsatsen gjekk 80 pst til forskning.

Dei etterprøvbare resultata av verksemda finn ein først og fremst i publikasjonar og rapportar frå institusjonen. Talet på artiklar i internasjonale tidsskrift med vurderingsordning var 39 i 1996. Dette er ein viss nedgang samanlikna med 1995 og har samband med at fleire store satsingar blei avslutta i 1995. Talet på utdelte doktorgradar i 1996 er 4, mot 3 i 1995. Instituttet har 13 stipendiatar.

NISK deltar i 20 ulike internasjonale prosjekt, dei fleste i nordisk regi. Instituttet har oppnådd finansiering av eit prosjekt under EUs rammeprogram for forskning.

Undervisningsoppgåvene er regulerte i samarbeidsavtalen med NLH. Avtalen gir NISK ansvaret for undervisninga ved NLH på fleire fagområde innan skogbruk og naturrunnslagsdisiplinane. NISK tek òg på seg ansvaret for undervisning ut over kandidatnivå.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Ein viser til nærare omtale av NISK under kap 1137 og 1142.

KAP 4136 NORSK INSTITUTT FOR SKOGFORSKING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIH 1997	Framlegg 1998
01	Drifts- og leigeinntekter	123		
02	Oppdragsinntekter	28 693		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	95		
	Sum kap 4136	28 911		

Som følge av at forskingsinstitutta no blir nettobudsjetterte vil inntektene til NISK ikkje lenger inngå i statsbudsjettet.

KAP 1137 FORSKING OG UTVIKLING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIH 1997	Framlegg 1998
50	Forskningsprogram	131 297	101 850	107 706
51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt mm		134 366	139 640
	Sum kap 1137	131 297	236 216	247 346

Løyvinga på kap 1137 er tilskott til Noregs forskingsråd (NFR) sine forskningsprogram og basisløyvingar til forskingsinstitutt innanfor Landbruksdepartementet sitt sektorforskningsansvar. Basisløyvingane omfattar grunnløyving og strategiske instituttprogram. I tillegg omfattar kapitlet løyvingar til nasjonale oppgåver og investeringsstøtte.

NFR er Landbruksdepartementet sin viktigaste rådgjevar i forskingspolitiske spørsmål og skal initiere, koordinere, finansiere og evaluere føremålstenleg FoU-innsats ut frå sektormåla til Landbruksdepartementet. Departementet legg vekt på at NFR utviklar rolla som pådrivar for auka samarbeid mellom forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt, mellom brukarar og forskingsmiljøa og mellom forskinga og verkemiddelapparatet elles. Departementet legg særleg vekt på at samarbeidet mellom NFR, SND, Landbruksbanken og resten av verkemiddelapparatet i landbrukssektoren blir utvikla vidare for å skape betre kopling mellom forskning og næringsutvikling. Departementet ser det òg som viktig at den tverrfaglege samhandlinga mellom områda til NFR blir styrkt, ma for å utnytte potensialet for verdiskaping i skjæringspunktta mellom dei, og at det blir lagt til rette for forbrukarrelatert forskning.

Basisløyvingane til forskingsinstitusjonane Planteforsk, NILF, NISK, VI, Jordforsk, AKVAFORSK, Senter for bygdeforskning i stiftelsen Allforsk og NORSØK blir kanaliserte gjennom NFR. NFR har ei sentral rolle overfor alle institutta i sektoren, og eit større ansvar enn tidlegare for å utvikle dei, slik at dei har den kompetansen som blir etterspurt og kan levere forskning og andre kunnskapsbaserte tenester av høg kvalitet. Det er ei viktig oppgåve for NFR dei næraste åra å vidareutvikle rutineane for samhandling med institutta.

Departementet legg vekt på ein god dialog med NFR slik at satsinga på forskning reflekterer dei nærings- og forvaltningsretta måla i landbrukspolitikken. NFR må derfor leggje St prp nr 8 (1992-93), St meld nr 40 (1996-97), Langtidsplanen for landbruksforskninga og omtalen under kategori 15.20 til grunn for forskingspolitisk planlegging. Ut frå dette skal landbruksforskninga medverke til

- auka kunnskap om forbrukarane og marknaden,
- verdiskaping og sysselsetting i landbruket og landbruksbasert verksemd gjennom auka konkurransekraft i næringane og høgare foredlingsgrad for produkta,
- ei langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og landbruksbasert verksemd
- bevaring av naturgrunnlag, miljø, helse og livskvalitet hos menneske og dyr og
- utvikling av nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg bygde- og distriktperspektiv.

Resultatrapport 1996

I 1996 blei NFR bedt om å prioritere skog- og næringsmiddelindustriell FoU og FoU retta mot næringsutvikling, nyskaping og miljøkunnskap. Vidare ba departementet om at utvikling og sikring av kvaliteten i primærproduksjon og foredling, føremålstenleg bioteknologi og marknads- og forbrukarkunnskap blei prioritert. NFR blei òg bedt om å ta omsyn til kjønnsperspektivet, særleg i samband med nyskaping, nærings- og bygdeutvikling. I tillegg signaliserte departementet eit ønske om å styrkje og utvikle NFR si rådgjevande og strategiske rolle. Vidare blei det peikt på at det var viktig å arbeide for å auke brukarfinansieringa, særleg knytt til forskningsprogramma om skog, næringsmiddelindustri og bioteknologi, men òg innanfor jord og planter og kyst- og bygdeutvikling.

I programstrukturen har NFR lagt vekt på å ta best mogleg vare på samspelet mellom strategisk grunnforskning og føremålstenleg forskning, gjennom etablering av verdikjede- eller kunnskapskjedeprogram, der så vel strategisk grunnforskning som føremålstenleg forskning og brukarstyrt forskning er med i same program.

I 1996 har NFR disponert midlar frå Landbruksdepartementet til forskningsprogram, infrastrukturstøtte, dvs grunnløyvingar, strategiske program, utstyr og instrument, og stipendprogrammet.

Langtidsplanen for landbruksforskninga 1996-2005 skisserer fem innsatsområde for landbruksforskninga. Landbruksdepartementet har bedt om at forskningsprogramma blir organisert

i høve til desse fem langsiktige innsatsområda. Det var finansiert 17 forskingsprogram med midlar frå Landbruksdepartementet i 1996. Av desse hadde 11 òg finansiering frå andre departement. 9 av programma hadde hovudforankring i Bioproduksjon og foredling, mens 6 program låg i Miljø og utvikling og 2 program i Kultur og samfunn.

Infrastrukturstøtte (grunnløyvingar, strategiske program, utstyr og instrument)

Frå 1996 har Landbruksdepartementet kanalisert basisløyvingar til AKVAFORSK og Senter for Bygdeforskning gjennom NFR. AKVAFORSK blei tildelt ei grunnløyving på 12 mill kr for 1996. Prosjektfinansieringa frå NFR viste ein klar nedgang, samtidig som det var ei auke i oppdragsinntektene frå næringslivet. Internasjonale prosjekt utgjorde 5,7 pst av totalomsetninga.

Senter for bygdeforskning (SFB) ved stiftelsen Allforsk fikk 1,6 mill kr i grunnløyving i 1996. Dette utgjør 24 pst av omsetninga til senteret. I tillegg til grunnløyvinga fikk SFB i alt 4,8 mill kr i prosjekt- og oppdragsinntekter, av desse kom 1,8 mill kr frå NFR. Av løyvinga for 1996 frå Landbruksdepartementet fordelte NFR i alt 7,6 mill kr til 7 strategiske program ved landbruksinstitusjonane. Av desse er 6 program i gang.

Det blei løyvd i alt 4,0 mill kr til vitskapeleg utstyr i 1996.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Det internasjonale samarbeidet innanfor landbruksforskinga hadde eit monaleg omfang i 1996. Næringsmiddelindustrien, skogindustrien og annan norsk bioindustri auka deltakinga si i EU-forskinga. I 1996 brukte Bioproduksjon og foredling om lag 17 mill kr til internasjonalt samarbeid. EU-forsking og posisjoneringssøtte utgjorde 44 pst av denne ramma, mens knapt 25 pst var personbasert internasjonalt samarbeid. Nordiske samarbeidsprosjekt utgjorde vel 25 pst av ramma. Annan internasjonal aktivitet i 1996 innan området var stimulering av forskingsmiljøa innan sektoren til internasjonal nettverksbygging og aktiv deltaking i COST- og EUREKA-prosjekt.

Med støtte frå EU-kommisjonen og ein tilsvarande innsats frå NFR sette NFR i 1996 i gang stimuleringstiltak for å hjelpe små og mellomstore verksemdar til å utforme forskingsøknader til EU og finne partnarar til EU-prosjekt. Norske forskingsmiljø hadde god uttelling og aukande suksess når det gjaldt søknader retta mot EU innan landbrukssektoren. Næringsmiddelindustrien, skogindustrien og annan norsk bioindustri har auka deltakinga si i EU-forskinga.

Det har vore ein monaleg aktivitet gjennom Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ). I rapporteringsåret er det må vedtatt ein strategiplan for 1997-2000 for det nordiske samarbeidet på jordbruksområdet. Samarbeidet retta mot Baltikum blei ført vidare.

Stipend og forskarrekuttering

Forskarrekuttering skjer over stipendprogrammet, gjennom forskingsprogramma og gjennom stipendiatstillingar innanfor strategiske program. NFR har i tillegg til midlar frå Landbruksdepartementet brukt generelle forskingsmidlar frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til rekrutteringsstipend innanfor landbrukssektoren i 1996. NFR har dei siste åra arbeidd for å redusere talet på "frie" stipendiatar og auke talet på stipendiatar innanfor dei strategiske programma og forskingsprogramma. Denne utviklinga har halde fram i 1996. Primærnæringane og den tilknytta foredlingsindustrien står framfor store utfordringar blant anna på grunn av endra internasjonale rammevilkår. Høgt kvalifisert personale er ein føresetnad for å løyse desse utfordringane. Vedlikehald og vidareutvikling av forskingskompetansen i fagmiljø og forskargrupper innanfor landbrukssektoren har derfor òg i 1996 hatt høg prioritet i NFR. Rekrutteringsbehovet innanfor sektoren blir løpande vurdert og verkemidla kanalisert inn mot område der det er nasjonale behov for kompetanseoppbygging. Kvinnedelen for stipendiatar innanfor landbrukssektoren har vore stabil dei siste åra, og var 46 pst i 1996.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Post 50 Forskingsprogram

I dei seinare åra har forkinga flytt fokus over på miljøspørsmål og ny og avansert teknologi, først og fremst genteknologi, miljøteknologi og informasjonsteknologi. Likeins er mat og helse blitt eit særskilt viktig tema, jf St meld nr 40 (1996-97). Derimot har forskingsinnsatsen retta mot landbruksbasert industri vore relativt låg og det er nødvendig å styrkje denne innsatsen, ikkje minst frå næringslivet si side. Forbrukarane og landbruksnæringane har felles interesse av at det blir bygd inn meir kunnskap i produksjon og forvaltning, for å auke kvaliteten, sikre felles miljøgode og skape positiv utvikling i bygdene. Kompetansen som landbruksforskinga bygger opp er samtidig grunnlaget for eit viktig tilskott til u-landsretta forking, særleg innanfor produksjonsfag, naturforvaltning og bygdeutvikling.

NFR skal arbeide for å oppfylle hovudprioriteringar og satsingar i Langtidsplanen for landbruksforskning.

Landbruksdepartementet legg vekt på koordinering og samarbeid med andre departement ndg styring av verksemda til NFR, og støttar hovudprioriteringane til NFR, jf strategiplanen Forsking for framtida. NFR prioriterer i strategiplanen grunnleggjande aktivitetar knytte til kunnskap og infrastruktur; grunnforskning, høgt kvalifisert personell og internasjonalt forskningssamarbeid. For å lykkast med positiv næringsutvikling i distrikta, er det behov for ny kompetanse. Det er viktig å stimulere dei fagmiljøa som er lokaliserte der. Distriktsprofilen i budsjettet er styrkt med ei satsing på fleire av dei regionale kompetansemiljøa.

Satsingsområde i 1998:

Landbruksdepartementet vil særleg auke støtta til forskning på mat og helse, økologisk landbruk og strategiske program i 1998. Elles legg departementet til grunn Langtidsplanen for landbruksforskning, med desse innsatsområda:

Matvarekvalitet og matvaretryggleik

Av St meld nr 40 (1996-97) er lagt vekt på at kunnskap om samanhengen mellom mat og helse, heile tida må oppdaterast. Det er derfor viktig å få fram kunnskap innanfor næringsmiddelområdet. Matvaretryggleik bygger på ei forvaltning med basis i vitskapleg fundert kunnskap om matvarene frå fjord/jord til bord, under dette oppdrettsfisk, og om risikoen for at ein skal overføre sjukdomsframkallande mikroorganismar eller uheldige kjemiske stoff via maten. Forbrukarane sin tillit til produkta er knytt til forskning og myndigheitene si truverd i spørsmål om matvaretryggleik. I samband med internasjonaliseringa av matvarehandelen og utvikling av internasjonale vurderingar og regelverk, er det viktig å ha nødvendig kompetanse til å sette i verk aktuelle risikovurderingar. Det er òg viktig at FoU-innsatsen retter seg inn mot spørsmål som tatt opp i internasjonale fora.

Det er sett av 1 mill kr til brukarstyrt forskning om føringsbetinga sjukdommar hos familiedyr, jf kat 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse og kap 1107.

I 1998 vil departementet leggje vekt på forskning retta mot næringsmiddelindustrien, bioteknologi og trygge matvarer. Det er viktig at NFR legg til rette for samspel med brukarane, frå primærproduksjon til forbrukar, og forvaltninga. Vidare må NFR medverke til at offentlege verkemiddel framstår som samordna, særleg mot foredlingsleddet.

NFR er i gang med å utarbeide ein strategi for næringsmiddelforskning som vil liggje føre i løpet av 1998. Strategien vil vere sentral for satsinga på næringsmiddelforskning.

Verdiskaping basert på skog

Skogforskninga skal medverke til å styrkje verdiskaping i skogsektoren og sikre ei berekraftig forvaltning av skogressursane. Departementet prioriterer FoU der ein ser heile produksjonskjeda i samheng, med særleg fokus på verdiskaping og vidareforedling. Forskinga skal særleg leggje vekt på nye produkt og marknader basert på breidda i skogressursane, mellom anna lauvtre og utmark. Med utgangspunkt i strukturen til skognæringa, må forskninga omhandle både føresetnader for å tilpasse seg nasjonale og internasjonale rammevilkår og tiltak for å auke verdiskapinga i bygdene.

Skogprogrammet går mot si avslutning. Det er peikt på at arbeidet for å styrkje FoU-innsatsen og kompetansen i den treindustrien må bli prioritert i åra framover. Det er òg viktig å få utvikla kunnskap om skogen sin totale samfunnsverknad for ei berekraftig utvikling. Departementet vil peike på at det er viktig at næringa blir trekt inn i arbeidet for å avdekkje kunnskapsbehov og avklare finansieringsansvar for nødvendig forskning.

Alternativ næringsutvikling med basis i landbruket

Alternativ næringsutvikling med basis i landbruket er eit viktig område for nyskaping. Hovudutfordringa er å bygge spesifikk kunnskap og kompetanse basert på marknaden inn i bedrift og produkt med sikte på ei betre ressursutnytting i høve til marknaden.

Innan reiselivsforskning er det behov for studiar som kastar lys over endringar i turistane sine preferansar. Vidare vil ein satse på forskning som tek for seg struktur og økonomi i dei mindre opplevingsanlegga i landet. Det er òg viktig med ei grundig undersøking når det gjeld turistane sine preferansar for mat i Noreg. Innanfor programmet Norsk Gardsmat er det viktig å få ny innsikt om korleis lokalt eller regionalt samarbeid mellom bransjane (fisk/sjømat, vilt/utmark, jordbruk/reiseliv) kan medverke til å utvikle direktesal og lokal foredling. I satsinga inngår ei vidareføring av forskingsprogrammet Nyskaping og miljøretta næringsutvikling og delar av Kyst og bygdeutviklingsprogrammet og Bioteknologi.

NFR arbeider med ein FoU-strategi i samarbeid med departementa om den næringsretta forskninga, særleg i samband med SMB. Det har blitt inngått ein samarbeidsavtale med SND, som ma inneber at distriktskontora til SND òg skal vere distriktskontor for NFR. Ein arbeider òg med å utforme ein samarbeidsavtale mellom NFR og SLB etter same lest.

Departementet vil gi 1 mill kr i løyving til programmet NUMARIO, jf nærare omtale i St prp nr 1 (1997-98) for Fiskeridepartementet, kap 1023 *Fiskeri og havbruksforskning*.

Miljøvenlege driftsformer, produksjonssystem og arealbruk

Området er prioritert i lys av miljøutfordringane og dei nye økonomiske rammevilkåra for landbruket. Intensive og ekstensive driftsformer, langsiktig sikring av produksjonsgrunnlaget, sikring av fellesgode og økologisk landbruk er område som det vil bli lagt særleg vekt på. Innanfor økologisk landbruksproduksjon er det stort behov for meir sikker og systematisk kunnskap. Det bør bli lagt meir vekt på koordinering av arbeid på tvers av fagdisiplinar og miljø og å styrkje grunnleggjande FoU der dei tunge FoU-miljøa koplast sterkare inn. Formidlinga av FoU-resultata står òg sentralt. I satsinga inngår ei vidareføring av miljøprogramma om økotoksikologi, klima og ozon, strålevern og om bruk og forvaltning av utmark. Det vil òg bli ei avgrensa vidareføring av problemstillingar frå programmet om tilførsel og verknad av lufttransporterte forureiningar som blei avslutta i 1995. Delar av bioteknologiprogrammet og programmet om husdyr og om planter og jord er òg relevante i denne satsinga. For å styrkje miljøvenleg drift må ein i 1998 auke kompetansen om alternativ behandling av sjukdom. Forsking om kulturlandskap vil vere tematisk relevant for fleire program. Ein vil på grunnlag av evaluering av det avslutta programmet om kulturlandskap vurdere ei tematisk vidareføring. Med det stadig aukande presset på landbruket sitt produksjonsareal, er det behov for auka kunnskap omkring arealplanlegging og planprosessar for å styrkje landbruket si rolle og sikre produksjonsgrunnlaget.

Samfunnsforskning knytt til landbruk og bygder i omstilling

Satsinga på samfunnsforskning knytt til landbruk og bygder i utvikling inneber at Landbruksdepartementet prioriterer samfunnsfagleg og humanistisk forskning, i første rekke som grunnlag for bruk av verkemidla og utforming av politikken på ulike nivå. Forskinga vil i stor grad ha eit tverrfagleg preg og ein ventar føremålstenleg kunnskap for bygdesamfunn og næringsverksemdar knytt til konsekvensar av endra rammevilkår. Vidare bør forskinga gå inn på konkurransedyktig produksjon av varer og tenester i bygdene, produksjon og forvaltning av kollektive gode, vilkår for etablering og busetting i bygdene med spesielt omsyn til kvinner, og kompetanse som føresetnad for livskraftige bygder. Satsinga er knytt til Kyst- og bygdeutviklingsprogrammet, Marknadsforskningsprogrammet og programmet Levekår, utvikling og omstilling i landbruket, som alle vil halde fram på same nivå som i 1997.

Internasjonalt forskningssamarbeid

Internasjonalt forskningssamarbeid vil bli prioritert høgt òg i 1998. Gjennom EØS-avtalen tek Noreg del i EUs 4. rammeprogram for forskning på lik line med EU-landa. Enkelte forskingsmiljø, særleg innanfor bioteknologi, miljøforskning og næringsmiddelforskning, er aktive med høg deltaking. Skog- og skogindustriforskning har òg auka si deltaking, men det er nødvendig med meir norsk aktivitet i forskning relatert til landbruket. Departementet legg vekt på at NFR oppmuntrar og hjelper dei norske miljøa til å ta del i EUs program og at miljøa sjølve prioriterer oppgåva høgt nok på kort og lang sikt. Det gir innsyn i EUs store kunnskapsproduksjon, det skaper gode nettverk og det er ei viktig finansieringskjelde for internasjonalt forskningssamarbeid. På grunn av hard konkurranse gir kontraktar òg eit kvalitetsstempel både i nasjonal og internasjonal samanheng. NFR har i 1996-97 iverksett tiltak for å auke deltakinga frå næringslivet, og LD ønskjer at dette arbeidet blir ført vidare og styrkt i 1998. Det blir òg lagt opp til ytterlegare internasjonal nettverksbygging gjennom COST og EUREKA. Departementet vil be NFR om å stimulere næringsmiddel- og skogindustriverksemdar til å ta del i det marknadsnære forskningssamarbeidet. Samarbeidet med Aust-Europa og det nordiske samarbeidet vil bli følgt opp og kopla sterkare til norske program, i første rekke om plantar og jord, om husdyr og om skogindustri, miljø og samfunn. Forskingssamarbeidet i Norden vil framover bli sterkt prega av engasjementet innanfor EUs rammeprogram. Men norske kunnskapsmiljø har òg mykje å hente i samarbeid med fagmiljø i Nord-Amerika og Asia. Dette er samarbeid som NFR må støtte. Landbruksforskinga må òg halde fram med forskning knytt til bistand og utvikling, og følgje opp den norske bistandspolitikken, jf St prp nr 1 (1997-98) for Utanriksdepartementet.

I åra framover vil det vere viktig at Noreg tek del i forskinga knytt til rammeprogrammet Life Sciences. Dette programmet vil ma leggje vekt på utvikling av teknologi som fremmer sunn og trygg mat, førebyggjande arbeid og handsaming av helseproblem knytt til mat, kamp mot antibiotikaresistens og vaksinar mot virussjukdommar. Dette gir norsk forvaltning, næringsliv og forskingsmiljø mange føremoner og moglegheiter som bør nyttast betre. Gjennom slike program vil forskingsmiljøa knytt til matvareproduksjon og kosthald få ein breiare fagleg plattform.

Forskarrekruttering

Landbruksdepartementet legg vekt på å halde oppe innsatsen innanfor forskarrekruitering. I 1998 vil ein halde fram med å utvikle strategiske program der kompetanseoppbygging og stipend til forskarrekruittar vil inngå, i tillegg til frie stipend som NFR løyver. Det kan derfor vere aktuelt å bruke ein del av tildelinga under post 50 innanfor strategiske instituttprogram som har løyvingar under underpost 51.2

Post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt

		(i 1000 kr)	
Under-		S III	Framlegg
post	Nemning	1997	1998
51.01	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt	107 282	97 800
51.02	Strategiske instituttprogram	17 539	30 500
51.03	Nasjonale oppgåver	5 545	5 540
51.04	Investeringsstøtte	4 000	5 800
Sum post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt		134 366	139 640

Posten omfatter basisløyvingar til Planteforsk, NILF, NISK og VI, AKVAFORSK, Senter for bygdeforskning, Jordforsk og NORSØK.

Dei 4 institutta som fekk utvida fullmakter frå 1.1.97 har ulike oppgåver. Omfanget av oppgåver som ikkje er forskning er til dels stort. Institutta vil arbeide med forskingsprosjekt og oppgåver på oppdrag frå Landbruksdepartementet og andre forvaltningsorgan. Desse oppgåvene utgjør forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling. Utgiftene til desse oppgåvene er ført opp under kap 1112, 1140 og 1142.

Generell omtale av basisløyvingar

I samsvar med St prp nr 63 (1995-96) blei retningslinene for statleg finansiering av forskingsinstitutt lagt til grunn for institutta på landbrukssektoren frå og med 1997, og basisløyvingane blir kanaliserte gjennom NFR der eit basisfordelingsutval for området BF tek stilling til fordelinga til landbruksforskinsinstitutta. Finansiering av dei statlege forskingsinstitutta har kome på line med finansiering av institutta som er stiftelsar eller aksjeselskap. Dei får ei basisløyving som består av grunnløyvingar og strategiske instituttprogram for å bygge opp kompetanse på nye område. Nokre institutt får òg løyvingar til nasjonale oppgåver som ikkje er forskning, td bibliotek og deltaking i internasjonale organisasjonar. Det er i tillegg ført opp støtte til investeringar i infrastruktur. NFR har det operative ansvaret for desse løyvingane slik at dei får den effekt og rolle ein har tenkt seg. Landbruksdepartementet har til føresetnad at Langtidsplanen for landbruksforskinga og strategiplanen for NFR, Forsking for framtida, blir lagt til grunn for dette arbeidet. Dette vil sikre at desse institutta utviklar seg i tråd med måla for den nasjonale forskingspolitikken, og at dei arbeider med oppgåver og mål som er sett for utvikling og omstilling av landbrukssektoren. Det er viktig at basisløyvinga blir nytta slik at institutta kan utviklast til å møte dei krav og utfordringar som omorganisering av høgare utdanning og sektorforskning fører til. Landbruksdepartementet legg vekt på at basisløyvingane til institutta skal vere rimeleg påreknelege over ein 3-4 års periode. Storleiken mellom dei to delane av basisløyvinga vil likevel kunne variere. Tilpassing til den nye finansieringsstrukturen for desse institutta må skje over tid. Det kan bli nødvendig å justere basisløyvinga eller dei to delane oftare enn elles i ein overgangperiode. Det er ei målsetting å redusere grunnløyvinga mot ei tilsvarende auke i delen til strategiske instituttprogram. Som ansvarleg for kanalisering av basisløyvingane har NFR eit særleg ansvar for å overvake og følgje med i utviklinga av institutta både fagleg og økonomisk. Eit godt samarbeid mellom institutta og eit samarbeid med NLH og NVH er eit anna viktig omsyn for basisløyvingane. Landbruksdepartementet har til føresetnad at dei to høgskolane og NFR legg vekt på å stimulere til slikt samarbeid.

AKVAFORSK*Endringar i eigartilhøva*

I tråd med omtalen i St prp nr 1 (1996-97) er det gjennomført ein emisjon i AKVAFORSK, med utviding til 8 500 aksjar. Etter emisjonen har selskapet denne eigarstrukturen:

NLH	34,12 pst
NVH	8,82 pst
Sunndal kommune	10,98 pst
Averøy kommune	2,74 pst
VESO	33,34 pst
Landbruksdepartementet	5,00 pst
Fiskeridepartementet	5,00 pst

Emisjonen resulterte i 3,5 mill kr i ny aksjekapital og 1,750 mill kr i overkurs (tilført reservefondet). Midlane skal nyttast til investeringar på Sunndalsøra. I tillegg løyvde departementet 2 mill kr for 1997 til dette føremålet, jf St prp nr 1 (1996-97).

Tilbakekjøp av anlegget på Averøy.

Etter ein lang prosess blei forsøksstasjonen på Averøy kjøpt tilbake i 1996 for den prisen som var fastlagt i avtalen mellom Noregs landbruksvitskaplege forskingsråd og eigedoms-selskapet AKVAFORSK I ANS. Kjøpet blei finansiert med tilskott frå NFR og lån som skal betalast tilbake over 10 år med øyremerka tilskott frå NFR.

Evaluerings.

I 1996 blei AKVAFORSK evaluert i regi av NFR. Evalueringa omfatta ei forskings-vurdering utført av ei internasjonal samansett gruppe (fagfelle vurdering) og ei vurdering av instituttet sin organisasjon og økonomi, og nytteeffekten av forskinga. Konklusjonen var at instituttet er «ein leiande institusjon (nasjonalt og internasjonalt) når det gjeld laksegenetikk og lakseernæring». Dessutan har instituttet potensial til å bli leiande innan diagnose av mangelsjukdommar, metodar for produktkontroll og førebyggjande helsearbeid. Dette krev samarbeid med andre FoU-miljø. Den andre evalueringsgruppa granska ma brukarane sine vurderingar av instituttet sitt arbeid. Konklusjonen var at ein svært høg del av prosjektene hadde høg nytteverdi for oppdragsgivarane.

Mål og resultatkrav 1998

Det internasjonale nettverket bør styrkjast ma med tanke på å komme i betre inngrep med EU-forskinga. Ei styrking av det internasjonale nettverket er òg viktig for å vidareutvikle instituttet sitt engasjement retta mot land og marknader i andre delar av verda. AKVAFORSK skal leggje til grunn Langtidsplanen for landbruksforskning og NFR sin strategi, der marin forskning i havbruk er satsingsfelt. Kunnskap om nye artar i oppdrett blir viktig, og ein viser til *Havbruksmeldinga* og satsinga NUMARIO.

Jordforsk, jf òg kap 1140 post 77

Stiftelsen Jordforsk er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor jordfaglege og tilgrens- ande fagområde med hovudvekt på miljø og ressurspørsmål. Stiftelsen blei oppretta i 1989 ved eit samordna initiativ frå Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet. Langtidsplanen for landbruksforskning og NFR sin strategi skal leggjast til grunn for verksemda ved Jordforsk. Statlege krav og vilkår for Jordforsk blir vurdert i høve til dei andre miljø-institutta under Miljøverndepartementet med sikte på einsarta rammevilkår. Det blir sett særlege krav knytt til den statlege basisløyvinga. Dei strategiske instituttprogramma skal vere forvaltningsretta for å styrkje grunnlaget for ein effektiv miljøpolitikk. Departementa stiller og samordna krav til forskinga via NFR. Kravet om høg kvalitet og aktualitet for forvaltninga blir prioritert.

Mål og resultatkrav i 1998

Jordforsk har si faglege verksemd innan biologisk avfallshandtering, spesialavfall og miljøgifter, jordressursar og miljøinformasjon, hydrogeologi, økologisk renseteknologi og vann- og stoffbalanse i kulturlandskapet. Innan desse fagområda er det koplingar mot strategiske instituttprogram. Ein må sjå finansieringa i samanheng med dei andre miljøprogramma som er sette i gang og dei forvaltningsretta oppdraga som blir finansiert innanfor løyvinga på kap 1140 post 77. Ein ønskjer òg å klarleggje samspel, prosessar og effektar ved spreing av avfall og miljøgifter i terrestrisk miljø og framleis utvikle naturbasert renseteknologi for handtering av avløp og avrenning frå ulike forureinings-kjelder. Ein vil òg oppgradere og synleggjere Jordforsk si internasjonale verksemd. Analysesenteret til Jordforsk har blitt akkreditert, og det blir no arbeidd for at instituttet skal bli ein totalleverandør av kjemiske analysar som òg vil omfatte tenester innan organiske analysar. Dette vil skje ved ei utviding av dagens produktspekter og ved å inngå samarbeidsavtaler med andre laboratorium. Jordforsk har som mål å få eit økonomisk resultat på 5 pst av omsetninga, dvs eit rekneskapsoverskot på vel 2 mill kr. Som følgje av at instituttet har stor oppdragsverksemd, er overskottet ein god resultatindikator for verk-

semnda. Jordforsk har elles resultatkrav retta mot eige kompetanseutvikling, ma ved at ein til ei kvar tid legg tilhøva til rette for 4 stipendiatar og 4-5 doktorgradstudentar. Det vil òg bli stilt krav til publisering. Med målretta bruk av basisløyvinga er det sett krav om fleire vitenskaplege publikasjonar. Omfanget av den internasjonale verksemda skal aukast til 6-10 pst av omsetninga i løpet av 3-4 år.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, jf òg kap 1140 post 50 og kap 1130

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) skal vere eit forskings-, utgreiings- og dokumentasjonsmiljø på høgt fagleg nivå. Instituttet skal vere leiande innanfor næringsøkonomi og føretaksøkonomi i landbruket og landbruksbasert industri. Instituttet si verksemd skal medverke til

- god ressursutnytting i samfunnet,
- eit godt grunnlag for landbrukspolitiske avgjerder og for økonomiske avgjerder i tilknytting til produksjon, foredling og omsetning av landbruksprodukt og
- at landbruksfolket oppnår eit best mogleg økonomisk resultat ut frå rammevilkåra i landbrukspolitikken.

Behovet for tenestene frå institusjonen vil i åra framover vere nært knytt til dei utfordringane ein står framfor i norsk landbruk og matvareindustri. Ei aukande internasjonalisering og ei omlegging av den norske landbrukspolitikken stiller auka krav både til primærjordbruket, næringsmiddelindustrien og til forvaltninga. Dette vil føre til behov for ny forskingsbasert kunnskap og såleis gi nye utfordringar for den samfunnsretta landbruksforskninga.

Mål og resultatkrav i 1998

NILF må ta utgangspunkt i skisserte mål og oppgåver for institusjonen. Samtidig legg departementet stor vekt på at NILF orienterer seg etter marknaden og held oppe kompetansen innanfor felt der ein kan rekne med at forskning og utgreiing vil bli etterspurt. Ein reknar med at ein vil ha ein etterspørsel etter NILF sin kompetanse på desse områda:

- analysar av konsekvensar og moglegheiter for norsk landbruk og næringsmiddelindustri under endra internasjonale og nasjonale rammevilkår,
- høve til omstilling, kostnadsreduksjonar og effektivisering i primærjordbruket,
- internasjonale landbrukstilhøve (landbrukspolitikk, internasjonale organisasjonar, handel, matvaremarknader og struktur),
- verktøy for økonomistyring, organisering av føretak og leiging av landbruksføretak,
- prisstrukturar og makttilhøve i omsetningsledda,
- bygdeutvikling/næringsutvikling i næringar relatert til landbruket utanom tradisjonelt landbruk og
- inntekter og levekår i landbruket.

Det vil innanfor desse felte vere behov for relativ stor ressursinnsats. Det er òg viktig å halde ved like eit visst aktivitetsnivå innanfor feltet ressurs- og miljøvern.

NILF har etter kvart utvikla god kompetanse innanfor området konsekvensar av og tilpassingar til endringar i dei internasjonale og nasjonale rammevilkåra for norsk landbruk og tilgrensande næringar. Det er viktig at NILF framleis styrkjer kompetansen innanfor dette området. NILF bør gi høg prioritet til å vidareutvikle kompetansen innanfor internasjonal landbrukspolitikk som er tileigna gjennom arbeidet med Interagro. Slike spørsmål vil stå sentralt i åra framover, ma i samband med den neste forhandlingsrunden i WTO. Vidare skal NILF gjennom det strategiske instituttprogrammet Agromanagement bidra til nytt teoritilfang til føretaksøkonomien i landbruket. Ei oppfølging av den nasjonale landbrukspolitikken vil framleis kreve styrking av kompetansen innanfor området ny næringsutvikling og bygdeutvikling. Det er eit udekt behov for utvikling og analyse av ulike driftskombinasjonar mellom landbruksbasert verksemd og anna aktivitet, og av ny næringsverksemd utanom tradisjonelt landbruk. Det er òg behov for auka kunnskap om marknaden for eksisterande og nye produksjonar.

Norsk institutt for planteforskning, jf òg kap 1112 postane 51, 52 og 53 og kap 1135

Føremål

Norsk institutt for planteforskning (Planteforsk) skal produsere kunnskap som bidrar til:

- eit effektivt og konkurransedyktig landbruk,
- miljøvenlege produksjonsformer i landbruket og
- ein rasjonell og forsvarleg forvaltning av naturgrunnlaget

Omtale av verksemda

Planteforsk har 6 forskingssentra med 3 avdelingar, 2 forskingsstasjonar og 4 fagsentra. Hovudadministrasjonen og forskingssenteret for plantevern ligg i Ås, medan dei andre

einingane ligg i distrikta. Verksemda er konsentrert om planteforskning, ma plantevern, vurdering av førkvaliteten og planteforedling. Nærvære både sentralt og i alle distrikta gir Planteforsk særskilde fordelar i arbeidet med å utvikle lønnsame og miljøvenlege produksjonsopplegg under ulike klima- og jordbotntilhøve.

Målsetting 1998

Planteforsk skal i 1998

- halde fram arbeidet med å tilpasse Planteforsk til den nye finansieringsstrukturen,
- vidareføre arbeidet med å betre relasjonane til næringa og andre brukarar med sikte på å auke delen av brukarstyrt FoU-verksemd. Ein vil særleg leggje vekt på å betre finansieringa av grovførforskinga,
- auke finansieringsgrunnlaget for dei nye innsatsområda Økologisk landbruk og Kulturlandskap og
- betre marknadsføringa av Planteforsk si FoU-verksemd.

Norsk institutt for skogforskning, jf òg kap 1136 og kap 1142 post 50

NISK skal vere ein leiande leverandør av kunnskap til næringsliv, allmenta og styresmaktene i arbeidet for ei berekraftig forvaltning av skogressursane.

Hovudoppgåvene for NISK er forskning innanfor desse områda:

- forvaltning av skogressursane,
- verdiskaping basert på skog og
- miljøverdiar i skog.

Verksemda ved NISK skal vere relevant, halde høg kvalitet og drivast effektivt. Ressursbruken må styrast slik at ein oppnår balanse mellom dei ulike områda. I samband med dette bør instituttet arbeide for å skaffe seg kompetanse som er tilpassa samfunnsbehova innanfor dei ulike fagområda, og halde vedlike og utvikle grunnkompetansen ved instituttet. Verksemda ved NISK skal ha ein kvalitet som gjer instituttet til ein interessant samarbeidspartnar nasjonalt, internasjonalt og tverrfagleg. Samarbeidet med NLH må førast vidare, og NISK skal òg utvikle og gjere seg nytte av arbeidsdeling og kontakt gjennom Noregsnettet. NISK bør på utvalde område ha høg internasjonal forskingskompetanse, vidareutvikle samarbeid og kontaktar med internasjonale forskarmiljø og halde oppe eit nivå som kvalifiserer forskingsprosjekt til finansiering frå internasjonale instansar. Instituttet skal utvikle kontakten med skognæringa generelt, og særleg arbeide for å oppnå betre balanse i oppdragsmengda og finansiering mellom privat og offentleg verksemd. NISK skal òg drive profesjonell og målretta formidling av kompetanse og kunnskap og sjå dette som ein måte å betre NISK si utvikling, omdømme og fag- og marknadsprofil. Det er òg ei oppgåve for instituttet å utvikle tilfredsstillande fleksibilitet og effektivitet i organisasjonen for å fange opp behov i forskings- og utviklingsmarknaden.

Mål og resultatkrav for 1998

NISK må i 1998 halde fram arbeidet med å tilpasse verksemda til den nye finansieringsstrukturen for forskingsinstitusjonar. NISK skal betre kontakten med næringa og utvikle ei verksemd som reflekterer behova i skogbruket, skogindustrien og andre brukarar av skogareala, og gjennom dette auke delen av privatfinansierte oppdrag. Viktige satsingsområde er:

- berekraftig produksjon som konkurransefaktor og for å ivareta fellesgode,
- auka foredlingsgrad, nye produkt og ny bruk av tre og
- breiare og meir variert bruk av skogressursane.

Det er òg nødvendig å halde oppe høg aktivitet, kvalitativt og kvantitativt, i det vitskaplege arbeidet knytt til økosystema i skogen og ytre påverknader på skog.

Departementet legg til grunn at NISK følgjer opp dei prioriteringane som er gjort i institusjonen sin strategiplan frå 1996, og i Langtidsplanen for landbruksforskninga.

Norsk senter for økologisk landbruk

Rapport 1996

Stiftelsen Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) på Tingvoll Gard på Nordmøre blei oppretta i 1987. NORSØK er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor økologisk landbruk. Frå 1.1.97 er NORSØK underlagt retningslinjer for statleg finansiering av forskingsinstitusjonar for forskingsdelen av verksemda si. Hovudaktiviteten i NORSØK er forskings- og utviklingsarbeid og formidling av kunnskap om økologisk landbruk. Stiftelsen har eit tett samarbeid med NVH, NLH og NILF og har etablert ein samarbeidsavtale med Planteforsk. Departementet vil understreke viktigheten av dette samspelet. Tingvoll Gard blir drive som ein forsøks- og demonstrasjonsgard med hage-, jord- og skogbruk. NORSØK har ei eige mekanisk avdeling som arbeider med utvikling av reiskap. Av Landbruks-

departementet er NORSØK oppnemnt som sekretariatsansvarleg for Rådgjevande utval for økologisk landbruk, og dei tek og vare på sekretariatsfunksjonen for Forskingsutvalet for økologisk landbruk.

Viktige område innanfor FoU-arbeidet er næringsforsyning, husdyrgjødsel, engmekanisering, ugraskontroll og hagebruk. Status for økologisk drift i praksis er dokumentert gjennom 4 års gardsstudier på 13 bruk i heile landet. NORSØK arbeider særleg mot rådgivarar generelt og forsøksringar spesielt.

NORSØK er medlem av International Federation of Organic Agriculture Movements (IFOAM), deltek i internasjonale nettverk for forsking- og informasjonsutveksling og har delteke i EU-samarbeid om klimagassar.

Mål og resultatkrav 1998

Verksemda til NORSØK vil vere nært knytt til utfordringane innanfor økologisk landbruk. Auka fokusering på økologisk produksjon og stor etterspurnad i marknaden stiller auka krav til kvalitet og relevans i forskinga og formidling av kunnskap. NORSØK må vidareutvikle organisasjonen, både fagleg og personalpolitisk, slik at stiftelsen betre kan møte det behovet for kunnskap som er til stades både i jordbruket og i forvaltninga. Forpliktande samarbeid med andre forskingsinstitusjonar og internasjonalt samarbeid er viktig for å få ei best mogleg samla utnytting av kunnskap og kompetanse innanfor dei ulike fagområda. I arbeidet framover vil det bli lagt stor vekt på vidare oppbygging av kompetanse og formidling av kunnskap. Kontakten med rådgivingstenesta vil vere viktig.

Senter for bygdeforskning

Senter for bygdeforskning (SFB) er ei avdeling i forskingsstiftelsen ALLFORSK og har eige styre. SFB sine oppgåver er å gi fakta, analysar, idear og ny kunnskap som kan medverke til å skape ei positiv utvikling i bygde-Noreg. SFB har òg eit nasjonalt ansvar for å utvikle og ta vare på ein teoretisk og metodisk grunnleggjande forskingskompetanse særleg innanfor områda bygdesosiologi og evaluering. I 1996 har SFB arbeidd innanfor områda bygdeutvikling, landbruk, helse og arbeidsmiljø, matproduksjon, ressurs- og miljøspørsmål og kvinneforskning. SFB har prosjektsamarbeid med Senter for miljø og utvikling, Historisk institutt og Institutt for drama, film og teater. I tillegg har SFB eit strategisk samarbeid med Statens institutt for forbruksforskning (SIFO), og dei har innleidd eit samarbeid med Geografisk institutt ved NTNU.

SFB har hatt ei positiv auke i prosjektporteføljen i 1996, ma er SFB med i 3 EU-prosjekt og 2 samarbeidsprosjekt med Sverige. SFB verker òg som sekretariat for European Society for Rural Research. Når det gjeld undervisning er SFB knytt til Institutt for sosiologi og statsvitskap ved NTNU, og dei har rettleiaransvar for doktorgradstudium og hovudfagarbeid.

Mål og resultatkrav i 1998.

SFB må styrkje og utvikle sine knutepunktfunksjonar i bygdesosiologi. Ein vil òg nytte meir ressursar med tanke på internasjonal publisering og forskarutveksling. SFB vil satse på deltaking i EU sine forskingsprogram.

Veterinærinstituttet, jf òg kap 1111 og 1112 post 50

Veterinærinstituttet er ein veterinærvitenskapleg forskings- og kompetanseinstitusjon innan laboratediagnostikk, epidemiologi, førebyggjande helsearbeid og sjukdomskontroll. Verksemda omfattar næringsmiddel, husdyr, fisk, vilt og fôr. Arbeidet med å styrkje Veterinærinstituttet som forskingsinstitusjon skal halde fram. Styrking av forskinga gjeld både dyrehelse og matvaretryggleik.

Målsetting 1998

Hovudmålet for forskinga ved Veterinærinstituttet er å skaffe fram ny kunnskap innan dei fagområda som institusjonen arbeider med.

Veterinærinstituttet vil særleg leggje vekt på forsking innan fagområda:

- diagnostikk av dyresjukdommar, påvising og karakterisering av smitteemne og toksiske stoff, med vekt på molekylærbiologiske metodar,
- førebyggjande helsearbeid og sjukdomskontroll og
- epidemiologi inkludert risikovurderingar og kost-nytte vurderingar.

Endringane i rammevilkåra for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt kan føre til auka smittepress. Dei nemnte fagområda er spesielt viktige med sikte på å skaffe fram kunnskap som medverker til å halde oppe og forbetre den gode helsesituasjonen hos dyr og å sikre forbrukarane trygge og sunne matvarer. Samarbeidet med næringane og industrien om forskning må utviklast vidare. Dette gjeld både forsking som kan medverke til å redusere forekomsten av sjukdommar hos dyr og dermed bruken av antibiotika og andre lækjemiddel

i husdyrproduksjonen, og forskning som kan medverke til at matvarene ikkje inneheld smittestoff eller skadelege kjemiske stoff. Utviklinga innan husdyrproduksjonen og akvakulturmæringa er prega av store endringar. Dette gjeld mellom anna nye driftsformer og nye dyreartar. Denne utviklinga skapar eit stort behov for ny kunnskap og auka forskingsinnsats. Internasjonalt samarbeid innan forskning må styrkjast på ulike måtar, ma ved deltaking i internasjonale forskingsprosjekt.

Underpost 51.01 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt

Grunnløyvingane bør gå til føremål som er sentrale for institutta si forskingsverksemd, slik som langsiktig kompetanseutvikling, fagleg fornying, rekruttering, forskning innanfor institutta sine kjerneaktivitetar, vitenskapleg utstyr og andre infrastrukturkostnader til drift, publisering, formidling og deltaking i nettverk. Departementet har bedt NFR om å auke omfanget av strategiske program og redusere grunnløyvingane til institutta.

Grunnløyvingane på underposten er redusert med 3 mill kr mot ein tilsvarande auke på kap 1112 post 51 for å gjere dei reelle kostnadene for dei ulike oppgåvene ved Planteforsk meir synlege i høve til finansieringsstrukturen, jf omtale under kap 1112 post 51.

Underpost 51.02 Strategiske program

Landbruksdepartementet ser på strategiske program ved institutt- og universitet/høgskolar som eit viktig verkemiddel for å medverke til målretta, grunnleggjande og brukarretta forskning og langsiktig kompetanseoppbygging i forskingsmiljøa, slik at forskingsmiljøa kan utviklast til gode reiskap for forskning, forvaltning og næringsliv. Vidare vil ein gjennom strategiske program medverke til ei fornuftig arbeidsdeling og samarbeid mellom FoU-miljøa med sikte på arbeid på tvers av ulike fag og institusjonsgrenser og betre utnytting av spisskompetanse. Instituttprogramma skal vere retta inn mot dei fem innsatsområda i Langtidsplanen for landbruksforskninga. Løyvinga på underposten finansierer no 19 strategiske program som er godkjende av NFR. Seks av desse programma blir utført i samarbeid mellom institutta og mellom institutta og høgskolane. Programma fordeler seg slik på innsatsområda: Matvarekvalitet og matvaretryggleik (5), Verdiskaping basert på skog (4), Samfunnsforskning knytt til landbruk og bygder i omstilling (3), Alternativ landbruksbasert næringsutvikling og miljøvennlege driftsformer(2), Produksjonssystem og arealbruk (5). I alt er det knytt 18 doktorgradsstipendiatar til dei strategiske programma. Det er gjort framlegg om å auke underposten monaleg i høve til S III 1997.

Underpost 51.03 Nasjonale oppgåver

Løyvinga på underposten skal dekke utgifter knytte til NISK, Planteforsk og Jordforsk som gjeld bibliotek, referansesamlingar, deltaking i internasjonale organisasjonar og utgreiingsoppgåver.

Det er på underposten sett av 276 000 kr til medlemskap i Nordiske jordbruksforskeres forening (NJF). Midlane blei tidlegare løyvd på kap 1104. NJF er eit forum for personar som er knytte til landbruksvitskapeleg forskning, undervisning og rettleiing i Norden. Målet er å fremme jordbruksforskninga og formidle resultata gjennom utvikling av samarbeid mellom jordbruksforskarane i Norden.

Underpost 51.04 Investeringsstøtte

AKVAFORSK har finansiert tilbakekjøp av anlegget på Averøy gjennom tilskott frå NFR og opptak av lån. AKVAFORSK har òg behov for å utvide anlegget på Sunndalsøra. Ein gjer framlegg om ei løyving på 5,8 mill kr til nedbetaling av lån ved tilbakekjøp av anlegget på Averøy og sluttfinansiering av utbygginga på Sunndalsøra. Ein viser elles til særskilt omtale av AKVAFORSK under post 51.

*Programkategori 15.30 Næringsutvikling og arealforvaltning**Utgifter*

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	37 598	56 482	55 751	-1,2
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	127 853	140 836	145 380	3,2
1145	Jordskifteverket	113 758	112 796	109 618	-2,8
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	55 226	49 208	56 766	15,3
1147	Reindriftsforvaltninga	39 733	37 254	36 611	-1,7
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	88 903	45 500	47 000	3,2
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm	11 749 220	11 912 099	11 904 299	-0,0
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen mm	83 263	75 000	75 000	
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	22 375	23 863	23 248	-2,5
2411	Statens Landbruksbank	153 843	328 569	363 017	10,4
2472	Statens Kornforretning	13 000	17 240	22 090	28,1
Sum kategori 15.30		12 484 772	12 798 847	12 838 780	0,3

Inntekter

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
4142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	1 800			-0,0
4145	Jordskifteverket	9 432	8 053	8 221	2,0
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	14 043	8 855	15 000	69,3
4147	Reindriftsforvaltninga	1 638	53	54	1,8
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm	140 882	128 700	112 000	-12,9
5311	Statens Landbruksbank	48 309	564 988	340 619	-39,7
5545	Miljøavgifter i landbruket	193 496	187 175	187 175	
5571	Totalisatoravgift	64 884	62 000	62 000	
Sum kategori 15.30		474 484	959 824	725 069	-24,4

Løyvingane under kategorien siktar mot å ta vare på og nytte ressursgrunnlaget i landbruket og i bygdene. Hovudmålsetjingane er knytt til verdiskaping, sysselsetting og miljø-omsyn i tråd med prinsipp for berekraftig utvikling og langsiktig ressursforvaltning.

1 Sektorovergripande omsyn**1.1 Innleiing**

Målet med politikkområdet er å bevare produksjonsgrunnlaget i eit langsiktig perspektiv og å sikre ein berekraftig landbruksproduksjon som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetting i primærproduksjon og foredlingsindustri.

Verksemdområdet Næringsutvikling og arealforvaltning tek sikte på ei heilskapleg landbruksbasert verdiskaping der ein ser dei tradisjonelle landbruksnæringane i samanheng med nye næringstiltak. Samtidig blir fokus retta mot heile verdikjeda, frå produsent via foredlingsleddet til forbrukar, slik at den samla effekten av arbeidet blir best mogleg.

Utvikling av eit meir robust landbruk er peika ut som ein hovudstrategi for utforminga av landbrukspolitikken. Med omgrepet robust landbruk meiner ein eit landbruk som ma kan tåle endringar i rammevilkåra, reduserte overføringar som følgje av endringar i nasjonal økonomi og auka konkurranse i marknadene. Landbruket må såleis utnytte dei marknadene som veks fram i td nisjeproduksjonar.

For å nå dei samfunnsmåla som Regjeringa har for landbruket, er det understreka at utøvarane skal ha moglegheiter for inntekt og levkår på line med resten av befolkninga. Ein føresetnad for å få til ei rimeleg inntektsutvikling er eit kostnadseffektivt investeringsnivå, ein effektiv bruk av arbeidskraft, føremålstenleg eigedomsstruktur, lågare kostnader i produksjonen og at ein tilpassar produksjonen til marknaden. Utvikling av nye landbruksbaserte næringar vil medverke til større breidde i inntektsgrunnlaget og gjere landbruket meir robust mot prissvingingar og inntektssvikt i enkeltproduksjonar. Regjeringa legg i landbrukspolitikken vekt på at bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande blir styrkt.

For å nå måla om auka verdiskaping og levedyktige bygder, er det viktig å leggje til rette for at folk av begge kjønn, i alle aldrar og med ulik kompetanse vil bu og arbeide i bygdene. Landbruket skal stå sentralt i arbeidet med å utvikle ein heilskapleg bygdepolitikk.

Forsking og utvikling er òg eit sentralt verkemiddel i arbeidet for å nå dei landbrukspolitiske måla. Ny og høg kompetanse er ma viktig for ei positiv distriktutvikling. For nærare omtale av den landbruksrelaterte forskinga viser ein til programkategori 15.20.

Landbrukspolitikken skal leggje til rette for eit berekraftig landbruk som tek vare på omsynet til natur, kultur og miljø. Det inneber at ein bør sikre eit variert kulturlandskap der ein tek omsyn til biologisk mangfald, bygningar, kulturminne, landskapsbilete og tilgjenge for allmenta til jordbrukslandskapet. Vidare bør det med grunnlag i kostnadseffektive produksjonsmåtar utviklast miljøvenleg produksjon og produkt. Ei nærare omtale av arealforvaltninga og miljøpolitikken sin funksjon i den generelle landbrukspolitikken er gitt i punkt 1.2 og 1.3 nedanfor.

Med grunnlag i situasjonen og utviklinga i næringa, måla for landbrukspolitikken og internasjonale rammevilkår er næringspolitikken i jordbruket, skogbruket og reindrifta bygd opp om eit sett med økonomiske, juridiske og administrative verkemiddel. Nedanfor er det gitt ei oversikt over mål, status og verkemiddelbruken i dei einskilte sektorane innanfor landbruket.

1.2 Arealforvaltning

Sikring av produktive areal mot nedbygging er, saman med miljøtilpassa driftsmåtar, ein føresetnad for å halde oppe landbruksproduksjonen i eit langsiktig perspektiv. Samtidig er sikring av ressursgrunnlaget og god eigedomsutforming ein føresetnad for auka verdiskaping og betre ressursutnytting på kort sikt. Målet ved forvaltning av arealressursane er å sikre areal for landbruksbasert produksjon på lang sikt. Ein skal leggje størst vekt på å sikre areal med høg bonitet i dei klimasonene der tilhøva er best for matproduksjon.

I tråd med føremålet i den nye jordlova, skal jordressursane forvaltaast miljøforsvarleg, ein skal ta vare på jorda som produksjonsfaktor og ta omsyn til framtidige generasjonar sine behov. Gjennom St prp nr 8 (1992-93) la Regjeringa stor vekt på at landbruket skal gi oss positive miljøgode og langsiktig matvaretryggleik, samtidig som ein tek vare på grunnlaget for framtidig biologisk produksjon.

Areal og jord er ressursar som ikkje er fornybare og som rett forvalta gir grunnlag for langsiktig mat- og virkesproduksjon. Nedbygging av god jord i dei beste klimasonene har redusert areal eigna til matkornproduksjon. Det registrerte jordbruksarealet har auka ved at nye areal er tekne i bruk, men det meste av dette arealet har lågare kvalitet. Vi har svært avgrensa areal som er dyrkbare i dei klimasonene der matkorndyrking er mogleg, og slike område utgjer ein potensiell ressurs for matproduksjon som bør sikrast mot nedbygging.

Eigedomssituasjonen utgjer eit grunnleggjande fundamentet for avgjerder i arealbruk og arealbunden næringsutvikling for den einskilte brukar. Utbygging av infrastruktur, bustader eller næringsverksemd påverkar eigedomsstrukturen og ressursgrunnlaget for den einskilte brukar, men får òg verknad for vår samla tilgang på landbruksareal. Arealbytte har vist seg å vere eit viktig avbøtande og konfliktdempande tiltak når produksjonsareal går ut av drift ved samferdselstiltak og vern.

Landbruksforvaltninga nyttar både juridiske og økonomiske verkemiddel innan arealforvaltning. I høve til å utvikle ein meir robust og effektiv driftseiningstruktur, er det dei juridiske verkemidla i jordlova, konsesjonslova, odelslova og jordskiftelova som er mest sentrale. Ein freister og å stimulere til sal av landbrukseigedom som tilleggsjord, sjå omtale under kap 1102 (Miljø- og arealforvaltning). Lover og forskrifter som blir administrert av Landbruksdepartementet blir ma nytta for kontroll med bruk og omsetning av fast eigedom.

Det er planlagt ein revisjon av konsesjonslova og ein har utforma eit tillegg til forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Jordlova sitt mål for bruksstruktur og eigedomsutforming er knytt til omsynet til å skape stabile arbeidsplassar og leggje til rette for kostnadsreduksjonar i drifta. Betre arrondering av produksjonsareala gjennom ma jordskifte og verkemidla i jordlova, legg til rette for styrking av ressursgrunnlaget og reduserte driftskostnader på bruka, der ein ser jordbruksareal, skog og anna utmark i samanheng.

I St prp nr 8 (1992-93) la departementet til grunn at leigearreal må sjåast på som ein ressurs ein ikkje kunne sjå bort i frå ved arbeidet med å få ned kostnadene i landbruket. Leigeararealet aukar i alle fylke, og arbeidet med spørsmål om jordleige bør takast opp i løpet av 1998.

Verkemidla i jordskiftelova kan brukast for å bøte på uheldige sider ved endra bruk av jord og skog. Av dei vel 100 mill kr som blir løyvd kvart år til Jordskifteverket, reknar ein med at samfunnet får attende minst 200 mill kr i form av auka produktivitet (kostnadsreduksjonar, ny næringsverksemd og konfliktløysing).

Makeskifte og jordskifte kan nyttast ved bygging av vegar og jernbaner. Innkjøp av erstatningsareal med midlar frå Jordfondet og bruk av jordskifte kan dempe skadeverknadene. I samband med det utvida barskogvernet er avtalebasert jordskifte ein aktuell erstatningsform.

Departementet tek sikte på å leggje fram ein Ot prp om endringar av jordskiftelova i stortingssesjonen 1997-98. Lovarbeidet tar ma omsyn til styrking av næringsgrunnlag, sysselsetting og busetting i distrikta, med vekt på betre utnytting av utmarksressursane.

For å sikre landbruket sine areal- og jordressursar, må ein i tillegg til å nytte juridiske verkemiddel, ta del i dei planprosessane som går føre seg i andre sektorar. Dette er planar som er heimla i anna lovverk, primært plan- og bygningslova, saman med naturvernlova, kulturminnelova og vassdragslova. Departementet må nytte faglege verkemiddel, som kompetanseheving og rettleiing, for å betre behandlinga av plansaker. Ein må ma gi klare signal om kva som er verdifullt landbruksareal og medverke tidleg i arbeid med kommuneplanar, fylkesplanar, konsekvensutgreiingar og verneplanar. Det er eit mål at landbruket får ein betre plass i kommunal planlegging ved å utforme opplegg for oversiktsplanlegging. Dette skal føre til at den lokale forvaltninga tar betre omsyn til landbruket sitt arealbehov, fremmar næringsutvikling i landbruk og nyttar sine verkemiddel i tråd med nasjonale mål og lokale behov, ressursar og andre føresetnader.

Det er viktig å standardisere data som er samla inn om naturressursgrunnlaget slik at dei som steller med arealplanlegging kan ta meir omsyn til viktige landbruksareal i planlegginga. God organisering av GIS-tenester (GIS er kopling av digitale kartdata og stadfesta fagdata) på regionalt nivå er òg eit mål, både for å sikre god kontakt med lokalt nivå og samle data til sentralt nivå.

1.3 Miljø

For å møte utfordringane og målsetjingane om eit berekraftig landbruk, må politikken på området bygge på eit heilskapleg perspektiv med miljøomsyna integrerte i alle delar. Regjeringa legg opp til ein økologisering av driftsmetodane i landbruket, og samtidig må ein sjå bruken av verkemiddel og ressursar i samanheng for å sikre kostnadseffektivitet.

Miljøomsyn i landbruket fører med seg omfattande og til dels kostnadskrevjande tilpassingar av produksjon og ulike tiltak i sektoren. Samtidig er miljøforsvarleg produksjon sentralt for å ta vare på produksjonsgrunnlaget.

Landbruket har dei seinare åra lagt ned ein stor innsats for å bli meir miljøvennleg. Ein har i dag ei rekke verkemiddel som medverker til eit meir miljøvennleg landbruk. Desse verkemidla har ei brei virkeflate.

Innsatsen mot forureiningar har i første rekke blitt retta mot område som inngår i den nasjonale Nordsjøplanen og i nedbørsfelt til forureina vassdrag elles i landet. Ut frå at ein har oppnådd gode resultat i dette arbeidet og samtidig står framfor nye utfordringar knytte til berekraftig produksjon og forbruk, vil Regjeringa leggje auka vekt på dette. Regjeringa ønskjer òg auka vekt på produksjon av miljøgode, ma kulturlandskap. Ein vil vidare leggje til rette for meir samordning av miljøarbeidet gjennom lokale tiltaksplanar. Regjeringa vil leggje auka vekt på miljøverdiar som ein konkurransefaktor i ein meir open marknadssituasjon med krav til miljøkvalitet. Her har vi òg eit godt utgangspunkt i Noreg, både ut frå naturgjevne tilhøve som ma gir mindre behov for å nytte kjemiske sprøytemiddel, og ein struktur som legg til rette for mangfald i landskapet og produksjon med omsyn til etikk og fleirbruk.

Ut frå omsyn til produksjonsmiljø og krav frå forbrukarane legg departementet auka vekt på å fremme berekraftige produksjonsmåtar og miljømerking av produkta. Omsynet til

miljø er innarbeidd i regelverket, slik at miljøansvaret er presisert og blitt meir forpliktande. Brot på regelverket fører ma til inndraging/avkorting av tilskott eller bøter.

Dei utvida miljøutfordringane som ligg i berekraftig produksjon og forbruk krev eit betra kunnskapsgrunnlag. Derfor vil departementet leggje stor vekt på informasjonsinnsats og tiltak som kan heve kompetansen til næringsutøvarane.

2 Jordbruk

2.1 Mål

Retningslinjer og målsetjingar for næringspolitikken i jordbruket er i all hovudsak dregne opp i St prp nr 8 (1992-93) og i stortingsproposisjonane om jordbruksoppgjera 1993-1997. Utviklinga i jordbruket er i samsvar med retningslinjene som Stortinget har trekt opp.

Delmåla for næringspolitikken i jordbruket kan ein oppsummere slik:

- medverke til lågare kostnadsnivå og meir konkurransedyktige råvareprisar og rimelegare matvareprisar,
- sikre miljøvenleg produksjon der omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt,
- medverke til ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden og
- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levkår på lik line med befolkninga elles.

Nedanfor er det gitt ei oversikt over status og verkemiddelbruk på einskilte sentrale område i jordbrukspolitikken slik dei ma er trekte opp i St prp nr 70 (1996-97). Områda dekkjer til saman delmåla ovanfor. For ei meir detaljert oversikt over utviklinga på sentrale område i jordbrukspolitikken viser ein til kap 5 i St prp nr 70 (1996-97).

2.2 Status og verkemiddel

Kostnadsutviklinga

Regjeringa sin politikk for å redusere kostnadene i jordbruket verker og har gitt ringverknader. Kostnadene i primærjordbruket er reduserte monaleg i dei siste åra, og produktiviteten er auka. Kostnadene er likevel framleis for høge, ma sett i lys av den skjerpa konkurransesituasjonen norsk jordbruk vil stå framfor i åra framover.

Innsatsen av varige driftsmiddel i jordbruket har gått ned dei siste åra. Dette indikerer ein produktivitetssauke. Trenden med reduksjonar i investeringane snudde i 1993, og investeringane har sidan auka. Auken er størst for investeringar i maskiner og reiskap.

Jordbruksoppgjeret 1997 innebar ein auke i kornprisane på 1 øre/kg for kveite, rug og bygg. Dette vil isolert sett gi ein liten auke i kraftförcostnadene og i prisane på kraftförcbaserte husdyrprodukt. Elles reknar ein med at auken i forbrukarprisane på matvarer som resultat av auka målprisar på jordbruksvarer vil bli små. Ordninga med kjøp og sal av mjölkekvote vil venteleg medverke til betre utnytting av ledig kapasitet og reduserte kostnader i mjölkeproduksjonen.

Prisutviklinga på matvarer og utviklinga i støttenivået

Prisutviklinga på matvarer har konsekvensar for fordelingspolitikken og for forbrukarane. Det er òg nødvendig å ta omsyn til konkurransekrafta til næringsmiddelindustrien og forbrukarane sine ønske og krav. Grunnlaget for at matvareprisane reelt sett kan bli lågare må leggjast gjennom kostnadsreduksjonar i alle ledd i produksjonskjeda, frå råvareprodusent til detaljhandelen.

Etter at St prp nr 8 (1992-93) blei vedteken, er både løyvingane over statsbudsjettet til jordbruket og jordbruksavtaleprisane monaleg reduserte, i tråd med Stortinget sine føresetnader. Dette er ein politikk som framleis ligg fast, sjölv om ein i jordbruksoppgjeret i 1997 fann det nødvendig både å auke løyvingane over statsbudsjettet noko og å auke jordbruksavtaleprisane. Auken i jordbruksavtaleprisane er likevel vesentleg mindre enn konsumprisindeksen.

Matvarer har generelt hatt ei gunstig prisutvikling i dei seinare åra, i tråd med Stortinget og Regjeringa sine mål. Prisutviklinga på matvarer har hatt ei klart gunstigare utvikling enn konsumprisindeksen.

Utviklinga i næringsmiddelindustrien

Det skjer ein gjensidig påverknad mellom primærproduksjonen og foredlings- og omsetningsledda i matvaresektoren. Konkurransesituasjonen og kostnadsutviklinga i ledda etter primærproduksjonen har mykje å seie for inntektsmoglegheitene i primærjordbruket og

utsiktene til å nå målet om å senke matvareprisane. Foredling og omsetning av jordbruksvarer ligg i hovudsak utanfor jordbruksavtalen sitt verkeområde. Regjeringa vil likevel følge opp spørsmålet om effektivisering i dei ulike ledda i matvarebransjen.

Undersøkingar viser at det kan vere særleg grunn til å rette søkjelyset mot effektiviseringsarbeidet innanfor næringsmiddelindustrien. Norsk næringsmiddelindustri har høgare kostnader enn tilsvarende industri hos handelspartnarane våre. Desse skilnadene har i nokon grad sitt grunnlag i overkapasitet og strukturen i næringa. I delar av næringa kan det òg vere for lite konkurranse.

Med den sterke gjensidige tilknytninga mellom primærproduksjon og omsetning/foredling, er det nødvendig med produktivitetsauke og kostnadsreduksjon i omsetningsledda og foredlingsindustrien i tida som kjem. Dette vil òg vere nødvendig for å tryggje arbeidsplassane i foredling og omsetning på lengre sikt. I samband med St meld nr 4 (1996-97) Langtidsprogrammet 1998-2001 viser Regjeringa til St prp nr 8 (1992-93) og understrekar at importvernet skal praktiserast slik at det gradvis blir innført reell importkonkurranse for alle varegrupper i norsk jordbruk, næringsmiddelindustrien og omsetningssystemet.

Miljøpolitikken i jordbruket

Jordbruksproduksjonen må byggje på prinsippet om kretsløpsbasert produksjon for å sikre ein meir effektiv bruk av næringsstoff og for å redusere forureiningane. Balansert gjødsling skal sikrast gjennom obligatorisk gjødselplanlegging. Vidare vil Miljø- og ressursplanar, som eitt av fleire verktøy innanfor programmet Kvalitetssystem i landbruket, gi råd om korleis omsynet til kulturlandskap og forureining skal integrerast i drifta. Ordninga med støtte til miljøretta omlegging av arealbruken i kornområda vil bli ført vidare i 1998. Departementet aukar òg løyvingane til økologisk landbruk for å vidareutvikle denne driftsforma, og for å auke tilgangen av økologiske varer.

Departementet prioriterer produksjonsnøytrale tilskottsordningar for å stimulere til miljøvenleg drift. Ordninga med visse grovmaska miljøkrav knytte til det generelle areal- og kulturlandskapstillegget er viktig og sikrar produksjon der ein tek vare på landskapsbilete og biologisk mangfald. Ein aukar støtta til endra jordarbeiding og held fram med ordninga miljøretta omlegging av arealbruken i kornområda. Det vil vidare bli lagt sterkare vekt på å fremme biologisk mangfald i ordninga med særskilde kulturlandskapstiltak. Framover vil ein òg arbeide for å samordne tilskott gjennom tiltaksplaner innanfor miljøområdet. Departementet legg vekt på at bevaring av natur- og kulturressursane blir sett i samanheng med næringsutvikling generelt.

Resultatkontroll og overvaking av jordsmonn og kulturlandskap skal sikre kvalitet i gjennomføringa av miljøtiltak og dokumentere miljøtilstanden og effektane av miljøarbeidet.

Jordbruket ønskjer å vere ein viktig mottakar av slam og organisk avfall for resirkulering under føresetnad av at det ikkje fører til redusert kvalitet på jordsmonn og produkt. Helse- og miljøomsyn gjer at departementet må stille kvalitetskrav til desse ressursane på lik line med andre innsatsfaktorar i jordbruket.

Jordlova gir heimel til å fastsetje føresegnar for miljøforsvarleg drift av jordbruksareal. I medhald av jordlova er det utarbeidd og sett i verk føresegnar for nydyrking, vegar i jordbruket og for spreiding og bruk av husdyrgjødsel. Begge føresegnene er gitt ut frå omsynet til natur- og kulturlandskap og miljøomsyn.

Produksjons- og marknadstilpassing

Det er framleis overkapasitet og produksjonspress innanfor mjølkeproduksjonen. For kjøtt er marknadsbalansen betra som følge av auka forbruk, spesielt for dei kraftfôrbaserte kjøtslaga (svin og kylling). Ein nedgang i forbruket av sauekjøtt frå 1995 til 1996 førte til at ein gikk inn i 1997 med store lager av lam- og sauekjøtt. Eggsektoren har vore prega av ein tilnærma permanent overproduksjon og overkapasitet sidan tidleg på 1980-talet.

Marknadsreguleringa er gradvis redusert og gjort enklare. Hovudprinsippet for marknadspolitikken er at prissignala i sterkare grad skal føre til betre balanse mellom produksjon og etterspurnad. Målet er at både importsystemet og marknadsystema skal stimulere marknadsorienteringa i norsk jordbruk. Det kan no regulerast på færre produkt enn tidlegare, og løyvingane til avsetningstiltak er halvert dei siste åra. WTO-avtalen avgrensar reguleringseksporten, og ordninga med kontraktproduksjon av konsumegg er avvikla. Dette har ført til at prisane og lønnsemda har meir å seie for produksjons-samansetninga, og marknadstilhøva er betra.

Ordningane med marknadsregulering skal avgrensast slik at dei i hovudsak er verkemiddel i dei viktigaste produksjonssektorane for å ta hand om tidsavgrensa overskot og for å gjere tilpassingar i regionale og sesonglege svingingar mellom produksjon og

forbruk. Over tid må ein gjennom inntekts- og investeringspolitikken og verkemidla generelt syte for at produksjonskapasiteten ikkje blir større enn det er rom for i marknaden.

I jordbruksoppgjeret i 1997 blei det ført vidare tiltak for å stimulere ma spesialisert planteproduksjon som det er plass til i marknaden. Det må òg sikrast at dei marknadsregulerande tiltaka verkar konkurransenøytralt mellom samvirkeaktørane og uavhengige aktørar, samtidig som dette ikkje må verke til at konkurransen blir svekt.

Ein meir open konkurransesituasjon krev ei offensiv utnytting av dei moglegheitene som ligg føre. Det gjeld å nytte marknadssignal og tilpasse produksjonen til marknaden, med særleg vekt på auka utvikling av nye produkt og tenester det er etterspurnad etter. Sentralt her står programmet Konkurransestrategiar for norsk mat, jf nærare omtale under kap 1140 post 78, og satsinga på økologisk landbruk. Landbruksdepartementet arbeider elles sammen med Fiskeridepartementet og Nærings- og handelsdepartementet for å vurdere etableringa av eit produktutviklingssenter for næringsmiddelindustrien.

Inntekt og levkår

Innanfor rammene som importvernet og andre sektoromsyn i politikken set, vil ein gjennom landbrukspolitiske tiltak sikre landbruksbefolkninga sine moglegheiter for inntekter og levkår på line med resten av befolkninga. Kva for inntekter som faktisk blir oppnådde er ma eit resultat av tilpassingar næringsutøveren sjølv rår over. Ein føresetnad for at jordbruksbefolkninga skal kunne oppnå inntekter og levkår på line med resten av befolkninga er at ein produserer produkt som er konkurransedyktige både med omsyn til pris og kvalitet. Det vil òg vere nødvendig med ein ytterlegare reduksjon i kostnadene i jordbruket, næringsmiddelindustrien og omsetningsledda for at jordbruket skal å få ei tilfredsstillande inntektsutvikling i åra framover.

Jordbruksoppgjeret i 1997 er venta å gi jordbruket ein inntektsauke på om lag 3,5 pst frå 1996 til 1997.

Distrikts- og strukturpolitikken

Distriktspolitiske omsyn er sterkt integrerte i landbrukspolitikken, og det blir lagt vekt på å sikre busetting og sysselsetting i distrikta, ma gjennom dei distriktsdifferensierte tilskottsordningane. Departementet legg opp til at den samla næringspolitikken i bygdene skal gi rom for ulike former for næringsverksemd, jf pkt 5 nedanfor.

Resultatkontrollen til Budsjettnemnda for jordbruket syner at distrikta held oppe sin del av jordbruksarealet og den samla jordbruksproduksjonen. Regjeringa vil òg i åra framover tilpasse dei landbrukspolitiske verkemidla slik at grunnlaget for inntekt og produksjon i distrikta blir halden oppe.

Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsettinga målt i årsverk. SSB si utvalstelling for arbeidsforbruket i jordbruket frå 1996 viser likevel at den årlege reduksjonen av arbeidskraft er mindre etter 1993. Talet på bruk i drift har gått ned, medan den gjennomsnittlege bruksstorleiken syner ein jamn auke.

Gjennom Landbrukets utviklingsfond blir det gitt tilskott til viktige infrastrukturtiltak innanfor det tradisjonelle jordbruket. Ordninga kan td lette omstilling i husdyrproduksjonane, eller støtte opp under satsinga innanfor økologisk landbruk. Departementet legg vekt på kostnadsreduserande tiltak og framtidsretta produksjonsopplegg. I jordbruksoppgjeret 1997 blei avsetninga til investeringar i tradisjonelt jordbruk auka frå 120 til 180 mill kr.

Etter lovendringa i 1995 er innhaldet i driveplikta no endra slik at driveplikta kan oppfyllest ved bortleige. Det gjer det lettare å etablere og oppretthalde rasjonelle driftsordningar samtidig som driftsapparatet blir utnytta betre. Reglane om buplikt ligg fast. Det inneber at reglane om buplikt skal kunne nyttast som eit positivt verkemiddel for å halde oppe busettinga i distrikta.

Handelspolitiske rammevilkår

Ved gjennomføring av det nye tollbaserte importvernet etter GATT/WTO-avtalen er målet at både importsystemet og pris- og marknadsreguleringssystema skal stimulere marknadsorienteringa i norsk jordbruk. Samtidig skal systemet gi norsk jordbruk eit tilstrekkeleg importvern ut frå jordbruksavtaleprisane og nasjonale marknadsprisar.

Stigande internasjonale prisar og eit nasjonalt prisnivå som går ned for dei fleste landbruksvarene inneber at tollsatsane i WTO-avtalen no i sterk grad vernar innanlandske marknader og hindrar import basert på generelle tollsatsar. Importen, som i hovudsak skjer gjennom tollkvoteordningar og system for administrative tollnedsettingar, står i liten grad i eit effektivt, produktivitetsfremmande tilhøve for norsk produksjon. Det er derfor nødvendig med ei omlegging av tollsystemet for å tilpasse det betre til tollvernbehovet til dei ulike sektorane og varegruppene.

Stortinget har ved fleire høve slutta seg til at tollvernet for landbruksprodukt bør tilpassast slik at jordbruket og næringsmiddelindustrien gradvis møter reell importkonkurranse. I St prp nr 72 (1995-96) blei hovudretningslinene for slike tilpassingar trekte opp. Ved ei tilpassing i det tollbaserte importvernet er det ikkje eit mål å auke importen, men gjennom konkurranse på likeverdige vilkår å stimulere dei ulike ledda i matvarekjeda til nyskaping, auka kostnadseffektivitet og lågare støttebehov. Dei praktiske sidene ved ei omlegging av tollvernet for blomster, frukt, grønt, fjørfekjøtt og mjøl blei utgreidd sommaren og hausten 1996 med sikte på at nødvendige vedtak kunne fattast i samband med behandlinga av tollproposisjonen for 1997. Ut frå ei samla vurdering fann Regjeringa det likevel riktig å utsetje iverksettinga. Samtidig blei det varsla at Regjeringa i tollproposisjonen for 1998 ville kome attende til forslag om tilpassingar i tollvernet for landbruksprodukt. Stortinget ga sin tilslutning til dette.

Det har vore lagt til grunn at eit forslag om tilpassingar i tollvernet skulle bli sendt på høyring før det blei fremma for Stortinget. Av ulike grunnar er ikkje eit slikt forslag sendt på høyring ennå. Det medfører at det heller ikkje har vore mogleg å fremme forslag om tilpassingar i tollvernet. Regjeringa har likevel i sitt arbeid lagt til grunn at tempoet i arbeidet med tilpassingar i importvernet i størst mogleg grad skal følgje dei retningslinjer som blei trekt opp i St prp nr 70 (1996-97).

Effektivisering av verkemiddelbruken

Det er både i St prp nr 8 (1992-93) og i landbrukskomiteen si innstilling til denne føresett at verkemidla i landbrukspolitikken i større grad skal rettast direkte mot dei ulike landbrukspolitiske måla og at verkemiddelbruken skal forenklast monaleg. For å realisere dette er store delar av dei økonomiske verkemidla i jordbruksavtalen gjennomgått og forenkla.

Verkemiddelsystemet i meierisektoren blei vesentleg forenkla med verknad frå 1.7.97. Prisutjamninga mellom ulike bruksområde for mjølk blir no gjort på basis av nokre få hovudbruksområde mot fleire hundre enkeltprodukt tidlegare. «Riksoppgjeret» er avvikla og erstatta med ei ny marknadsordning der alle meieri, i eller utanfor NML-systemet, blir underlagt ei direkte prisutjamning med avgifter og/eller tilskott ut frå kva mjølka blir brukt til. Transportutjamninga er basert på eit system med stadfrakttilskott. Forvaltningsansvaret for prisutjamninga er flytta frå NML til Omsetningsrådet sitt sekretariat, og marknadsreguleringa er tatt ut av utjamningssystemet.

I jordbruksoppgjeret 1997 blei det vedteke at velferdsordningane skal gjennomgåast med sikte på ein ferdig rapport om lag 1.10.97. Det blei òg vedteke å opprette ei arbeidsgruppe som skal gå gjennom fraktordningane i jordbruket og vurdere den samla effekten av alle fraktordningane. Avtalen inneber elles at ein skal vurdere å fjerne differensieringa av driftstilskottet i mjølkeproduksjonen og at avtalepartane skal gjennomgå tilskottet til dyr på utmarksbeite med sikte på forenklingar før jordbruksforhandlingane i 1998.

Elles skal ein ma som følgje av det nye økonomireglementet for staten vidareføre ein gjennomgang av fleire av tilskottsordningane over jordbruksavtalen.

For ei nærare omtale av verkemiddelbruken i jordbrukspolitikken viser ein til kap 1150.

3 Skogbruk

3.1 Mål

Det er knytt store verdiar til skogen i Noreg. Skogen er grunnlaget for ei av våre viktigaste næringar på fastlandet. I 1996 var brutto produksjonsverdi frå skogbruket og den trebrukande industrien på om lag 39 mrd kr, medan det blei eksportert treprodukt for om lag 15 mrd kr. Det er eit stort potensial for auka hogst og verdiskaping i mange område.

Den overordna oppgåva for skogpolitikken er å leggje tilhøva til rette for lønnsam bruk av skogressursane på kort og lang sikt, samtidig som ein tek vare på og utviklar miljøverdiane i skogen vidare. Målet er å auke skogbruket sitt bidrag til verdiskapinga i distrikta og til norsk økonomi generelt gjennom å fremme konkurranseevna i heile verdikjeda og ein berekraftig bruk av ressursane.

Ut frå dette har ein desse innsatsområda:

- berekraftig ressursforvaltning,
- tilfredsstillande miljøomsyn og
- auka verdiskaping.

3.2 Status

Auka verdiskaping krev eit nært samarbeid mellom skogbruket og skogindustrien, og utviklinga er derfor eit felles ansvar for heile skognæringa. Skal skogen framleis vere ei

viktig kjelde til inntekt og sysselsetting, krev det eit relativt høgt nivå på dei langsiktige investeringane samtidig som det blir sett inn tiltak i dei ulike ledda i heile verdikjeda. Ei styrking av skogindustrien si konkurranseevne må skje gjennom å betre produktiviteten i alle ledd i sektoren. Her ligg det eit stort potensial for vidare utvikling samtidig som produktutvikling kan gi grunnlag for auka utnytting av ressursane.

Regjeringa legg vekt på at investeringane i oppbygging av ny skog må haldast på eit høgt nivå. Dei langsiktige investeringane har eit perspektiv ut over oljealderen, og aukar verdien av skogen for kommande generasjonar. Utvikling av skogressursane har positiv verknad i klimasamanheng. Karbon blir bunde i skogbiomasse og i skogprodukt som erstattar for andre produkt. Dette inneber reduserte CO₂-utslepp. Tiltak som sikrar vidare oppbygging av skogressursane og auka bruk av trevirke er aktuelle element i klimapolitikken.

Eit vilkår for ei berekraftig utnytting av ressursane er auka tilgang til dei areala der ein framover har størstedelen av skogen som er mogen for hogst. Ein tilfredsstillande infrastruktur er i denne samanhengen avgjerande både for auka lønnsemd på sjølve skogsdrifta, og for å kunne utnytte marknaden. Ein god infrastruktur gjer det mogleg å få til eit nyansert og miljøtilpassa skogbruk og auke skogen sitt bidrag i klimasamanheng.

Miljøpolitikken i skogbruket

Miljøarbeidet i skogbruket har dei siste åra vore sterkt prega av aukande merksemd omkring omsyna til biologisk mangfald. Innhaldet i det fleirsidige skogbruket er endra, og miljøoppgåvene er meir omfattande og kompliserte enn tidlegare. Godt grep om miljøarbeidet og dokumentasjon av dei resultatane som ein når i skogen, er ein viktig konkurranseføremøn for skognæringa. Eit grunnlag for dokumentasjon er resultatkontrollen i skogbruket, som omfattar både kontroll med aktiviteten det einskilde år og utviklinga i miljøtilstanden. Arbeidet med kriterium og indikatorar for berekraftig skogbruk held fram. Departementet reknar med ei førebels avslutning av arbeidet i 1998.

Skogen er sterkt utsett for luftforureiningar og skogen si helse og vitalitet er eit område som framleis krev stor innsats. Det er nødvendig å føre skogovervakinga vidare slik at ein kan klarleggje årsakssamanhengar og sette inn mottiltak.

Kommisjonen for berekraftig utvikling i FN oppretta i 1995 eit mellomstatleg skogpanel som skulle fremme forslag til tiltak for ei meir berekraftig skogforvaltning og internasjonalt samarbeid om desse spørsmåla. Skogpanelet avslutta arbeidet sitt i februar 1997. Tilrådingane frå Skogpanelet blei behandla av Kommisjonen for berekraftig utvikling våren 1997 og under spesialsesjonen i FN om miljø og utvikling som blei gjennomført i juni 1997. Spesialsesjonen i FN vedtok å opprette eit forum for internasjonale skogspørsmål som må ha som oppgåve å medverke til at tilrådingane frå Skogpanelet blir følgd opp og vurdere grunnlaget for å starte forhandlingar om ein skogkonvensjon. Forumet skal leggje fram sin rapport i 1999.

3.3 Verkemiddel

Skogbrukslova med tilhøyrande føresegner gir den juridiske ramma for skogbruket og er det grunnleggjande verkemidlet for å sikre berekraftig bruk av skogen. Lova legg til rette for å sikre produksjonsgrunnlaget og set krav til miljøomsyn.

Ordninga med skogavgift står sentralt i arbeidet for å nå investeringsmåla. Ordninga sikrar det finansielle grunnlaget for investeringane samtidig som ho aukar investeringsviljen hos skogeigarane ved at det er knytt skattefordel til bruk av skogavgifta til langsiktige investeringar i skogkultur og skogsvegar.

Ein stor del av dei investeringane ein gjer i skogen i dag kan ein ikkje hauste inntekt frå før om 50 til 100 år. Privatøkonomisk vil derfor slike investeringar bli vurdert som usikre. For å sikre høg verdiskaping frå norsk skogbruk og skogindustri i dag og i framtida er det derfor nødvendig å gå inn med tilskott til dei langsiktige investeringane.

Budsjettframlegget for 1998 inneber ei løyving til miljø- og næringstiltak i skogbruket (kap 1142 postane 71 og 76) på om lag 134 mill kr. I tillegg er det sett av 120 mill kr til skogbruksføremål over LUF. Samla løyving er såleis på 254 mill kr. Dette er 8 mill kr meir enn løyvingane til tilsvarande tiltak i 1997. I tillegg kan det løyvast midlar til skogbruks-tiltak over bygdeutviklingsordninga.

Midlane over statsbudsjettet vil i første rekke bli brukt for å sikre at det blir bygd opp ny kvalitetsskog. Denne delen av løyvinga er òg viktig i klimasamanheng. Ein mindre del av løyvinga vil bli brukt som tilskott til transport, som støtte til produktutvikling innanfor skog- og tresektoren og til ulike ressurs- og miljøtiltak i skogbruket. Av løyvinga til skogbruks-tiltak over LUF vil tilskott til skogbruksplanlegging, skogsvegar og opplæring bli prioritert.

I miljøarbeidet bygger departementet på alle dei verkemidla som er til rådvelde for gjennomføring av skogpolitikken. Dette omfattar skogbrukslova med tilhøyrande føresegner, tilskott til langsiktige investeringstiltak, skogavgift, planlegging, forskning, rådgiving, utdanning og informasjon. Departementet vurderer heile tida behovet for nye verkemiddel i miljøarbeidet. Det blei derfor i 1997 avsett 10 mill kr til registrering og kartlegging av spesielle miljøkvalitetar i skog. Arbeidet vil halde fram i 1998 med om lag same løyving.

Resultatoppnåinga framover set høge krav til økologisk kunnskap og krev brei informasjonsinnsats og sterk vekt på kompetanseoppbyggande tiltak. Kunnskap om skoghistorie og den økologiske utviklinga i skogen er eit viktig grunnlag for å sikre eit miljøtilpassa skogbruk.

Det vil òg i 1998 være nødvendig å gjennomføre særskilde tiltak for å nå reell likestilling i næringa.

Skogforskinga nasjonalt og deltaking i internasjonal skogforsking står sentralt i den samla verkemiddelbruken i skogpolitikken. Ein heilskapleg forskingsinnsats er avgjerande for å sikre kunnskapsgrunnlaget for riktige avgjerder i skogbruket.

4 Reindrift

4.1 Mål

Reindriftspolitikken er tufta på to sjølvstendige grunnlag - ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi. Sjølv om næringa i nasjonal målestokk er lita, har reindrifta òg ein regional verdi for beredskapen i delar av landet.

Dei reindriftspolitiske måla er samanfatta i omgrepet *ei berekraftig reindrift*. Med dette forstår ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Økologisk berekraft er ein føresetnad for økonomisk berekraft, og økonomisk berekraft er grunnleggjande for må å utvikle kulturell berekraft. Reindrifta vil på den måten medverke til at verdifulle trekk ved samisk kultur blir halden ved like og ført vidare, og næringa vil då ha legitimitet som eit viktig materielt grunnlag for samisk kultur.

Målsettinga om ei berekraftig reindrift er konkretisert i desse delmåla:

- etablere ei reindriftsnæring i balanse med beiteressursane og som medverkar til å halde oppe samisk eigenart og
- medverke til kvalitetsproduksjon av reinsdyrkjøtt som sikrar inntektsgrunnlaget for reindriftsfolk.

4.2 Status og verkemiddel

Reintalet i Finnmark er redusert med om lag 70 000 dyr frå 1989 til 1997 slik at reintalet no er om lag 130 000. Nedgangen i reintalet har samanheng med politikken for å betre tilpassinga til beitegrunnlaget.

Det har dei siste fem åra blitt importert reinkjøtt for å dekkje etterspurnaden i den norske marknaden. Dette indikerer at det er eit potensial for auka prisuttak i marknaden for reinkjøtt av god kvalitet. Ma på bakgrunn av dette blei målprisen på reinkjøtt auka med 4 kr pr kg for slaktesesongen 1996/97.

Det totale økonomiske resultatet for reindrifta er svakt og det er store skilnader i økonomisk resultat mellom område. Den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del rein-eigarar i Finnmark er såleis svært vanskeleg. Få alternative inntekts- og sysselsettingsmoglegheiter forverrar situasjonen i regionen og skaper risiko for ny overetablering før beiteressursane igjen har kome i balanse.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986 fører framleis til ekstra kostnader for reindriftsnæringa. Det er på den same måten år avsett ei disposisjonsløyving til dekking av kostnader knytt til radioaktivitet i reinkjøtt.

Meir arbeidsintensive driftsformer, med nærare relasjonar mellom dyr og menneske, vil gjere dyra tammare og såleis føre til betre kontroll med flokkane. Dette vil igjen medverke til at behovet for sperregjerder og motoriserte hjelpemiddel i samband med vakthaldet blir redusert. Der gjerdebygging og bruk av motoriserte hjelpemiddel likevel er nødvendig, må ein syte for at miljøkonsekvensane blir reduserte mest mogleg gjennom vilkår og rettleiing.

Reindrifta er ei næring som nyttar store arealressursar. Dette kan i einskilde høve føre til konflikt i høve til andre interesser, td jordbruket. Det er ein føresetnad at reindriftsareala har eit tilfredsstillande vern i høve til konkurrerande interesser, slik at drifta fagleg òg med omsyn til arbeidsmiljøet kan finne stad på ein forsvarleg måte. Til konfliktførebyggande tiltak blir det stilt midlar til rådvelde både i jordbruksavtalen og i reindriftsavtalen.

Stortinget vedtok 30.1.96 endringar i reindriftslova. Endringane gjer det no mogleg, på ein heilt annan måte enn tidlegare, å knytte økonomiske og lovbaserte verkemiddel saman i

eit heilskapleg verkemiddelsystem for å tilpasse beitetrykket til ressursgrunnlaget og sette i verk tiltak for å få til ein betre inntektsfordeling mellom næringsutøvarane. Endringane skal òg sikre rettsgrunnlaget for samisk reindrift og gi Sametinget innverknad i dei styrande organa i reindrifta.

Ressursstyring og tilpassing av reintalet til beiteressursane har vore eit sentralt tema ved reindriftsforhandlingane gjennom mange år. Tiltaka i reindriftsavtalen med direkte inntektsverknad er derfor i all hovudsak retta inn mot å få eit auka slakteuttak, særleg i dei største driftseiningane. Det blir stilt krav om eit minste slakteuttak for å få dei direkte utbetalte tilskotta, og dei produksjonsavhengige tilskotta er utforma for å stimulere til tidlegare slakting.

Ved reindriftsforhandlingane i 1996 blei det bestemt å vidareføre prøveprosjektet for å redusere reintalet i Indre Finnmark gjennom nedslakting av rein som ikkje held kvalitetsmål. Erfaringane frå prosjektet har danna grunnlaget for arbeidet med å fase inn vektbaserte utslaktingskriterium i det ordinære tilskottssystemet for reindriftsavtalen 1997/98. Ved reindriftsforhandlingane i 1997 blei satsen for produksjonstilskott auka monaleg, samtidig som det blei innført eit øvre tak på 600 rein pr driftseining for å få dei direkte inntektsgivande tilskotta (produksjonstilskott, kalveslaktetilskott og tidlegslaktetilskott). Dette er viktig for å få eit reintal som er betre tilpassa beiteressursane, samtidig som ein når ein større grad av inntektsutjamning i næringa. For distrikt der reinen ikkje oppnår normal og forsvarleg vekst og vektutvikling gjennom grønbeiteperioden, skal det innførast tilleggskrav om vektbasert utslakting. For i størst mogeleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle tilhøva for reindrifta i Troms blir det innført ei ordning med eit generelt driftstilskott pr driftseining i Troms, til erstatning for dei eksisterande direkte inntektsgjevande tilskotta.

Verkemiddelbruken under reindriftsavtalen er nærare omtalt i St prp nr 46 (1996-97) og i kap 1151 nedanfor.

5 Nye næringar

5.1 Mål

For å styrkje grunnlaget for busetjing, sysselsetjing og velferd i distrikta, er ein avhengig av auka verdiskaping i Bygde-Noreg. Det er derfor eit mål å fremme lønnsam næringsutvikling i bygdene i og knytt til landbruket gjennom småskalaprega verksemdar og lokalsamfunnstiltak. Det er òg eit mål for arbeidet å fremme ein berekraftig produksjon og bruk av natur og utmark.

Det er ein føresetnad at ny næringsverksemd er marknadsorientert og lønnsam. Ein skal i hovudsak berre gi støtte i den innleiande fasen.

5.2 Status

I St prp nr 8 (1992-93) blei mål og strategiar for ein heilskapleg bygdepolitikk trekt opp. På dette grunnlaget er ordninga med bygdeutviklingsmidlar etablert.

Næringa si interesse for ordninga er stor i alle delar av landet, og satsinga syner gode resultat i form av arbeidsplassar og positive ringverknader i distrikta. Satsinga har eit breitt perspektiv og omfattar alle former for næringsverksemd med basis i ressursane i landbruket. Samtidig er det lagt vekt på ei styrking av kompetansen i landbruksforvaltninga og å betre tilrettelegginga innan område der ein ser eit særskilt potensial for auka verdiskaping. Ein nyleg utarbeidd rapport frå Oppland viser at det i perioden 1988-94 er skapt 350 årsverk i Oppland gjennom BU-ordninga. Dette er ein større årsverkauke enn den nedgangen ein har hatt i talet på brukarar som har fått produksjonstillegg.

I 1996 blei det løyvd totalt 367 mill kr til utviklingstiltak fordelt på lokalt, regionalt og sentralt nivå, medan 124 mill kr blei løyvd til investeringar i tradisjonelt landbruk.

Resultatrapporteringa viser at av dei ordningane der ein kan rekna med ein direkte verknad på sysselsettinga, kan ein venta ein auke på om lag 1 000 årsverk, av desse 550 årsverk for kvinner. Om lag 1/3 av BU-midlane som blei løyvd på fylkesnivået gjekk til kvinner. Av resten av midlane kan det ikkje reknast nokon direkte sysselsettingseffekt, men er viktige for å sikre eksisterande verksemd og for å medverke til framtidig utvikling og omstilling. BU-ordninga er nærare omtalt i St prp nr 70 (1996-97).

Departementet har fått utarbeidd ein handlingsplan for bygdeturisme der det er fokusert på dei sentrale utfordringane for utvikling av ei marknadsorientert og lønnsam næring, ma. produktutvikling, marknadsføring, sal og kompetanseoppbygging.

Departementet satsar på å fremme småskala produksjon og omsetning av mat. Det blir lagt vekt på kultur og tradisjon innanfor ramma av trygg kvalitetsmat ma gjennom Norsk Gårdsmat-programmet. I tillegg satsar departementet i samarbeid med Miljøverndepartementet på miljøbasert næringsutvikling.

Det er ei sentral oppgåve og medverke til ny produktutvikling i skog- og tresektoren og fremme ei aktiv forvaltning av utmarkressursane som ma kan auke jakt- og fisketilbodet. Den auka bruken av utmarka gjennom friluftsf- og reiselivsaktørar, fører i visse høve til konflikhtar og slitasje. Dette stiller nye krav til den lokale forvaltninga som skal ta omsyn til den tradisjonelle utnyttinga av areala gjennom beitebruk, fôr dyrking og skogsdrift, samtidig som ein skal leggje til rette for ny næringsverksemd gjennom utnytting av natur- og kulturkvalitetar.

I utmarksområde som er interessante for vern, bør behovet for vern vegast mot omsynet til næringsdrift. Ein må leggje til rette for meir lokal deltaking i verneplanarbeid og auka lokal forvaltning av verna område.

5.3 Verkemiddel

Den samla næringspolitikken for bygdene må styrkje og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og gi eit breiare grunnlag for busetnadsmønsteret. Det blir lagt vekt på ein utviklingsretta verkemiddelbruk der det er eit strategisk mål å mobilisere ressursane gjennom lokale prosessar.

Bygdeutviklingsmidlane er det viktigaste økonomiske verkemidlet for å fremme lønnsam næringsutvikling i og knytt til landbruket.

Arbeidet med å skape ny næringsverksemd i og knytt til landbruket vil bli styrkt i 1998. Departementet legg såleis opp til at ramma for BU-ordninga blir auka til 580 mill kr. Auken i ramma går til utvikling av nye næringar og omstilling av tradisjonell landbruksproduksjon.

Departementet meiner det er viktig å nytte alle tilgjengelege ressursar i lokalsamfunnet, både naturressursar og menneskelege ressursar. Den vidare utviklinga i norsk landbruk er avhengig av at det blir lagt til rette for rekruttering og at også kvinner finn det attraktivt å drive landbruk. Det er ei målsetjing å auka delen av BU-midlane som går til kvinner. Dette stiller krav til mobilisering og utvikling av etablerarmiljø lokalt. Eit meir allsidig næringsliv er viktig for at òg ungdom skal finne det attraktivt å bu på bygdene. BU-midlane skal nyttast aktivt for å stimulere til ei slik utvikling. Departementet vil derfor sette i gang ei utgreiing om likestilling og rekruttering i landbruket. Det skal leggjast fram ein rapport om dette til jordbruksoppgjeret 1998.

Gode resultat krev at næringsutviklinga er kunnskapsbasert. På regionalt nivå er det ei rad forskings- og kompetansemiljø som det er viktig å kople opp til næringslivet og det desentraliserte verkemiddelapparatet. Det blir ei viktig oppgåve både for Landbruksbanken og fylkesmennene å etablere gode kommunikasjonslinjer.

I arbeidet med næringsutvikling i landbruket blir det lagt stor vekt på koordinering og samhandling med det generelle distriktpolitiske verkemiddelapparatet på fylkesnivået. Departementet legg vekt på å sjå forvaltninga av BU-midlane i samanheng med andre verkemiddel for å fremme næringsutvikling, særleg gjennom arbeidet med regionale utviklingsprogram som det er gjort nærare greie for i St meld nr 31 (1996-97) Om distrikts og regionalpolitikken frå Kommunaldepartementet. Samhandlinga mellom bruken av BU-midlane og ordningane under SND må utviklast vidare, ma i samband med oppretting av distriktskontor under SND i fylka.

KAP 1140 MILJØ- OG NÆRINGSTILTAK I JORDBRUKET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
50	Driftsøkonomiske analyser mm		17 452	17 797
73	Istandsetting av dyrka jord, <i>kan overførast</i>	1 744		
77	Miljøretta prosjektarbeid mm, <i>kan overførast</i>	36 536	20 030	32 954
78	Konkurransestrategiar for norsk mat	-682	19 000	5 000
	Sum kap 1140	37 598	56 482	55 751

Kap 1140 omfattar einskilde miljø- og næringstiltak i jordbruket der det er nødvendig med offentlig innsats for å nå fastlagde miljømål, jf og omtale under programkategori 15.30. Drift og vidare utvikling av resultatkontrollen og jordsmonnovervakinga er grunnlaget for ein effektiv miljøforvaltning i jordbruket. For gjennomføring av arealpolitikken og for å forsvare landbruket sine interesser i arealplanprosessane må det setjast av prosjektmidlar til arealpolitikkutvikling. Det er òg nødvendig med offentlege midlar for å auke kompetansen innanfor særskilde område.

Frå og med 1998 er tilskott til einskilde frivillige organisasjonar lagt til kap 1140 post 77.

Konkurransestrategiar for norsk mat inneber ei vidareføring og utdjuping av næringsutviklingsarbeidet der ein i sterkare grad koplar kvalitetskrav, under det miljøkrav til produkta og produksjonsmåtane.

Det er under kapitlet òg løyvd midlar til dei forvaltningsretta oppgåvene ved Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF).

Post 50 Driftsøkonomiske analysar mm

Ein stor del av verksemda til NILF er forvaltningsstøtteverksemd på oppdrag frå Landbruksdepartementet samt kunnskapsformidling og utvikling. Dei forvaltningsretta aktivitetane omfattar verksemdområda driftsøkonomiske data og analysar (ma driftsgranskingane), sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket, næringsøkonomisk dokumentasjon og driftsøkonomisk rettleiing og styring. NILF har òg forskingsoppdrag der Landbruksdepartementet er direkte brukar.

Arbeidet med driftsgranskingane, analysebruk og økonomiforsøk er viktig for å skaffe fram føretaksøkonomiske data og analysar som grunnlag for forvaltning, forskning, undervisning, rådgiving og næringsverksemd. Materialet blir ma brukt som grunnlag for jordbruksforhandlingane og som grunnlag for utforming av ulike verkemiddel i landbrukspolitikken. Vidare medverker NILF til å dokumentere sentrale utviklingstrekk i landbruket, matvareindustrien og matvaremarknadene og til å overvake internasjonale handelsavtalar og internasjonale marknader. NILF skal òg medverke til betre organisering og leing av landbruksføretak.

Mål og resultatkrav i 1998

Landbrukspolitikken har konsekvensar for utvikling og forbetring av grunnlagsmaterialet for forhandlingane om dei økonomiske vilkåra i landbruket. Omstillingsprosessane stiller òg auka krav til vidareutvikling av system for måling av inntekter og levekår i landbruket. Ein legg opp til ei vidare utvikling av grunnlagsmaterialet for inntekt og levekår som tek sikte på å danne eit best mogleg grunnlag for dei vurderingane og prioriteringane som må gjerast i samband med utforminga av landbrukspolitikken.

Omstillinga i landbruket krev vidare arbeid med å utvikle gode økonomiske styringsverktøy. Ein reknar med auka etterspørsel etter driftsøkonomisk rettleiing og styring retta mot kostnadsreduksjonar, tilpassing under endra rammevilkår og nye næringar. Dette gjer det nødvendig å opparbeide meir kompetanse om konsekvensar og tilpassingar for norsk landbruk og landbruksbasert foredlingsindustri som ein følgje av endra rammevilkår.

Det er vidare ein udekt etterspørsel etter driftsøkonomiske data og analysar og det er behov for lettare tilgjengelege data. Det er derfor aktuelt å bruke ressursar på vidare oppbygging av databasar og omarbeiding av materiale til vidare analysar, ma med tanke på å finne vegar til kostnadsreduksjon og vidare effektivisering i norsk landbruk.

Det vil venteleg òg vere ei aukande fokusering på internasjonale marknader og internasjonal handelspolitikk, noko som gjer dette til eit viktig satsingsområde for NILF.

Post 73 Istandsetjing av dyrka jord

Sidan 1.1.92 er det ikkje lenger løyvd nye tilskott til istandsetjing av dyrka jord. Av tidlegare gitte tilsegn blei det i 1996 utbetalt 1,8 mill kr til nydyrking, grøfing og bygging av jordbruksvegar og det blei inndrege 2,4 mill kr.

Statens ansvar pr 1.1.97 var 4,6 mill kr. Det er overført 3 mill kr frå 1996 til 1997. Det vil òg i 1997 bli drege inn tilsegn som er gitt tidlegare, slik at den reelle forpliktinga er lågare. Departementet gjer ikkje framlegg om løyving for 1998.

I jordbruksoppgjøret i 1997 var det semje om å etablere ei ordning med tilskott til grøfing i Nord-Noreg og Namdalsregionen. Det er sett av 8 mill kr til ordninga, jf nærare omtale under kap 1150.

Post 77 Miljøretta prosjektarbeid mm**Mål og strategiar**

Måla for det miljøretta prosjektarbeidet er å:

- registrere og dokumentere miljøtilstand og miljøtilpassingar med omsyn til erosjon og tap av næringsstoff frå jordbruksareal, miljøgifter i jordsmonn og spreiding av pesticid i naturen,
- auke kunnskapen om miljø i forvaltninga og næringa for å fremme ei sikker og rask omstilling til meir miljøvennleg drift på høgt prioriterte område, ma plantevern og bruk av gjødsel,
- bruke resultat frå grunnforskning til bruksretta forskning når det gjeld miljøvennleg drift,
- leggje til rette for betre handtering og resirkulering av avfall i jordbruket,
- stimulere overgang til meir miljøvennleg driftsmåtar,
- utvikle tiltak som gjer landbruksstyresmaktene betre i stand til å delta i arealplanprosessane,
- medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet og
- gi grunnstøtte til einskilte frivillige organisasjonar og to hestesenter som alle arbeidar innanfor det landbrukspolitiske området. Tilskotta tek sikte på å medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane.

Resultatkontrollen og jordsmonnovervakinga gir grunnlag for effektiv miljøforvaltning og bruk av målretta og kostnadseffektive tiltak. Resultatkontrollen syner miljøtilpassingane i næringa. Programmet for jordsmonnovervaking gir opplysningar om verknaden av miljøtiltak. Resultatkontrollen og jordsmonnovervakinga blir gjennomført i samarbeid med Miljøverndepartementet.

God miljøkunnskap i forvaltninga og i næringa er avgjerande for å få til ei rask og kostnadseffektiv omstilling til meir miljøvennlege driftsmåtar. Informasjonstiltak, varsling og rådgiving retta mot bonden om plantevern og gjødsling er nødvendig for å nå fastlagde mål. Miljøarbeidet må vere tilpassa dei lokale tilhøva og innsatsen blir retta mot områda med størst miljøproblem. Departementet vil hausten 1997 leggje fram forslag om å vidareføre handlingsplanen for redusert bruk av plantevernemiddel. Planen vil omfatte fleire nye tiltak som vil auka omfanget av integrert plantevern, forbetre sprøyteutstyret og overvaking av bruken av plantevernemiddel.

I tråd med den auka fokuseringa på handtering og resirkulering av avfall i samfunnet, vil departementet vidareføre arbeidet for å fremme resirkulering av avfall frå næringa og frå samfunnet elles. Det er eit mål å få til ei god ressursutnytting av organisk avfall og slam. Landbruket kan vere ein naturleg avtakar av desse ressursane, men ein må stille same krav til kvalitet her som ein gjer til andre innsatsfaktorar.

Det er ei viktig oppgåve å sikre ressursgrunnlaget for biologiske produksjonar. Framlegg om å byggje ned landbruksareal skjer i hovudsak gjennom planprosessar på kommune- og fylkesnivå. Dette er prosessar som kan få store konsekvensar for landbruket, men som landbruksstyresmaktene ikkje styrer sjølve. Landbruksdepartementet vil derfor prioritere arbeidet med arealpolitikk og utvikle rettleiingsmateriale for å setje landbruksstyresmaktene på fylkes- og kommunenivå betre i stand til å sikre arealressursane og dokumentere landbruket sine interesser.

Det internasjonale miljøarbeidet er ma knytt til arbeidet med Nordsjødeklarasjonen, OECD og Nordisk Ministerråd. Målet er å fremme miljøarbeidet og få meir einsarta miljøstandardar og med det meir like konkurransetilhøve mellom landa slik at ikkje ulike miljøkrav til produksjonen skal bremse det vidare miljøarbeidet. Departementet vil bruke

meir ressursar på internasjonalt samarbeid. Det gjeld deltaking i internasjonale fora for å følgje opp forpliktingar, og det gjeld støtte til særleg oppfølging av Riokonferansen.

Resultatrapport 1996

Resultatkontroll i jordbruket 1996 frå Statistisk Sentralbyrå viser at miljøtilpassingane i næringa går som planlagt. Jordsmonnovervakinga i jordbruket er samordna i eit program der NLH, Planteforsk og Jordforsk tek del. Jordforsk er tillagt leiinga for programmet. Ved årsskiftet 1995/96 var avrenninga frå jordbruket i «Nordsjøområdet» redusert med 26 pst for fosfor og 19 pst for nitrogen i høve til 1985.

Prosjektmidlane som er løyvde til Jordforsk er nytta til utgreiingsprosjekt innanfor forureining. Desse omhandlar ma problemstillingar knytte til erosjon, tap av næringsstoff frå jordbruket, bruk av slam i jordbruket og verknaden av økologiske reinsetiltak som fangdammar, vegetasjonssoner mm.

For å auke kunnskapen om miljø i forvaltninga og næringa, er det ma innvilga midlar til Fylkesmannens landbruksavdeling. Desse er nytta til informasjonsprosjekt knytta til miljøvennlege driftsformar i landbruket. Det er i 1996 brukt midlar til å medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet. Dette er m.a. arbeid knytta oppfølging av Nordsjøplanen og arbeid innanfor OECD.

Arbeidet med å utvikle ei prognose- og varslingssteneste for plantevern og system for balansert gjødsling blir støtta med midlar frå kap 1140. Ut i frå målingar av plantetilgjengeleg nitrogen i jorda om våren sender ein ut meldingar om behovet for endra nitrogen-gjødsling til korn i dei ulike landsdelane.

I arbeidet med å få til ein overgang til meir miljøvennlege driftsmåtar har bruken av midlar over kap 1140 post 77 danna grunnlag for vidare satsing innanfor ulike område:

- Storskalaprosjekt har vist seg å vere eit effektivt verkemiddel når det gjeld overgang til meir miljøvennlege driftsmåtar. I slike prosjekt får ein testa ut og vist i praksis driftsmåtar som i forsøk har vist seg å vere miljøvennlege. Støtta til storskalaforsøk løyser ut lokale initiativ og ressursar. Støtte til storskalaforsøk blei fom 1997 ført over til kap 1150.
- Tiltaket redusert jordarbeiding er eit satsingsområde med bakgrunn frå miljøretta prosjektarbeid. Storskalaforsøk og utprøving gir grunnlag for å vidareutvikle tiltaket og ordninga. I 1996 omfatta ordninga om lag 1,1 mill daa, det største arealet som ordninga har omfatta etter introduksjonen i 1991. Det er tatt i bruk differensierte satsar etter erosjonsrisiko, for å betre kostnadseffektiviteten.
- Ved jordbruksoppgjøret i 1996 blei det satt mål for gjennomføringa for tiltaket endra jordarbeiding. I samsvar med resultatkontrollen er det eit mål at 50 pst av vårkornarealet innan utgangen av 1997 skal ha redusert jordarbeiding om hausten. Ved jordbruksoppgjøret i 1997 gjorde ein framlegg om å utsetje tidspunktet for måloppfyllelse på grunn av behov for administrative tilpassingar og arbeidet med tiltaksplanar.
- Arbeidet for å få til ein betre bruk av gjødsla, især husdyrgjødsla, blir ført vidare. I 1996 blei om lag 90 pst av husdyrgjødsla spreidd i vekstsesongen mot 50 pst i 1996. Nye metodar for spreiding av husdyrgjødsla gir òg betre utnytting av næringsstoffa.
- Fom 1. juli 1996 overtok Plastretur AS ansvaret frå Landbruksdepartementet for å utbetale støtte til innsamling av landbruksplast. Innsamlingsordninga blir finansiert ved eit gebyr på 1 kr pr kg produsert eller importert landbruksplast.
- Krav om autorisasjonsbevis ved kjøp og bruk av plantevernmiddel blei innført 1. juli 1997. Autorisasjonsordninga skal føre til ei generell heving av kunnskapsnivået hos bonden om rett handtering og bruk av plantevernmiddel.

Budsjettframlegg 1998

For 1998 gjer ein framlegg om ei samla løyving under post 77 på vel 32,9 mill kr.

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele til saman 11,9 mill kr i grunnstøtte til ulike frivillige organisasjonar og to hestesenter. Dei arbeider innafor det landbrukspolitiske området ma med faglege oppgåver knytte til husdyr- og planteproduksjon og alternative bygdenæringar. Ein tek sikte på følgjande fordeling av støtten:

- | | |
|---|-----------------------------|
| – Det kgl selskap for Noregs vel | 3 500 000 kr |
| – Norske 4H | 5 025 000 kr |
| – Det norske hageselskap | 1 135 000 kr |
| – Nordnorsk hestesenter og Norsk Fjordhestsenter AS | 1 540 000 kr (likt fordelt) |
| – andre organisasjonar | 725 000 kr |

Som grunnlag for fordeling av beløpet på 725 000 kr vil departementet i 1998 gi tilskott til organisasjonane Norsk Kolonihageforbund, Norsk Gartnerforbunds planteskoleseksjon,

Norsk Økologisk Landbrukslag, Biologisk Dynamisk foreining, tilskott til fagtidsskrift og Norges Dyrebeskyttelsesforbund. Tilskott til organisasjonar er redusert med om lag 4 pst i høve til 1997.

I tillegg til den direkte støtta som blir løyvd til Norske 4H og Det norske hageselskap over denne posten vil desse organisasjonane i 1998 òg bli støtta gjennom at dei ikkje betaler for kontorlokale og kontortenester hos Fylkesmannens landbruksavdeling. Verdien av den indirekte støtta er rekna ut til om lag 2 mill kr.

Norsk Fjordhestsenter er eit aksjeselskap eigd av Eid kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Norsk Fjordhestslag. Senteret har brukt opp sin egenkapital og har den seinare tid dreve med negativ egenkapital etter fleire år med driftsunderskott. Med bakgrunn i denne situasjonen vedtok departementet å halde tilbake statstilskottet for 2. halvår 1997 inntil situasjonen var nærare avklart. Landbruksdepartementet tok initiativ til å få utarbeidd ein rapport om situasjonen.

Etter samråd med eigarane og Norsk Fjordhestsenter engasjerte departementet Terje P. Stilèn til å greie ut grunnlaget for vidare drift av Norsk Fjordhestsenter. Utgreiinga skulle gjere greie for drifts- og likviditetssituasjonen i 1997, utforme forslag til driftskonsept og modell for framtidig struktur for senteret, gi ein tilstandsrapport for senteret og utforme nødvendig refinansiering innanfor rammene av dagens statstilskott. Stilèn sin rapport blei avgitt 25. august 1997.

I rapporten er det konkludert med at senteret har livets rett. Samtidig er det slått fast at senteret er avhengig av statstilskott og inntekter frå Fjordane Folkehøgskule som den heilt dominerande inntektskilde. Generelt har det ikkje vore samsvar mellom dei planer senteret har lagt fram for sin verksemd og oppnådde resultat. Senteret har i fleire år vore dreve med betydeleg underskot og hadde pr. 31.12.96 ein negativ bokført egenkapital på 0,35 mill kr. Den negative egenkapitalen har auka i 1997. Det er store manglar når det gjeld drift, organisering og økonomistyring. Vidare er det behov for opprusting av anlegget m.a.p manglande vedlikehald. Konklusjonen i rapporten er at med betydelege forbedringar i drift, nødvendig tilførsel av kapital frå eigarane og godt samarbeid med brukargruppene er det mogleg å få til ei tilfredsstillande drift. Det blei i rapporten lagt fram ei drifts- og likviditetskalkyle for resten av 1997 med ei kortsiktig tilpassing av drifta slik at situasjonen ikkje blir ytterlegare forverra. Departementet har på dette grunnlag gitt klarsignal for utbetaling av tilskott for 2. halvår i to rater.

Eigarane og leiinga ved senteret arbeider med eit samla opplegg for løysing av Norsk Fjordhestsenter sine kortsiktige og langsiktige problem med frist primo oktober. Det har vore ein klar føresetnad frå Landbruksdepartementet si side at senteret i framtida må drivast i forsvarleg balanse utan auking i statlege tilskott. Departementet gjer framlegg om 770 000 kr til Norsk Fjordhestsenter i 1998, men har ikkje no eit tilstrekkelig grunnlag for å gi tilsagn om utbetaling. Departementet kan gi tilsagn om utbetaling når det ligg føre eit konkret opplegg frå senteret og eigarane for løysing av kortsiktige og langsiktige problem. Det er nødvendig at eigarane tilfører senteret ny egenkapital ved dekning av noverande negative egenkapital og reising av ny aksjekapital. Vidare er det nødvendig å strukturere verksemda i senteret med klar fordeling av statlege tilskott til ulike aktivitetar. Det er òg nødvendig å ha eit godt samarbeid med alle brukargruppene for å sikre inntektsgrunnlaget. Ein tidsplan for gjennomføring av opprustning av senteret er òg nødvendig.

Arbeidet med resultatkontroll, overvaking og miljødata er ei vidareføring frå 1997. I 1998 vil departementet følgje opp utvidinga av overvakingsprogrammet som gjeld miljøgifter i jordsmonn og kulturlandskapet.

Departementet vil føre vidare satsinga på kompetanseheving, utviklingsprosjekt og informasjonstiltak for å få ein rask utløyising av miljøtiltak på område med stort potensial for betring av miljøet. Det gjeld særleg endra jordarbeiding, bruken av plantevernmidde og meir effektiv bruk av gjødsla i planteproduksjon. Dette er nødvendig for å nå dei måla som er sette. Bruken av midlar frå kap 1150 og kap 1140 vil i større grad bli sett i samanheng som ledd i arbeidet med samordning og effektivisering av innsatsen for å redusere forureininga frå jordbruket. Ein viser til semje i jordbruksoppgjeret 1997 om utarbeiding av særskilde tiltaksplanar. Målet er å få fokus vekk frå einskildtiltak og mot samordning av aktuelle tiltak.

Avrenninga av næringsstoff frå jordbruksareal vil bli redusert ytterlegare ved å legge tilhøva til rette for ein meir effektiv bruk av næringsstoffa i planteproduksjonen. Innføring av obligatorisk gjødslingsplan på alle bruk innan 1.1.98, revisjon av jordlova og løyvingane under kap 1140 og 1150 er verkemiddel som skal gi ytterlegare effekt i arbeidet.

Resultata frå handlingsplanen for redusert bruk av plantevernmiddel er ei god plattform for vidare utvikling av arbeidet på fleire område. Ma vil prognose- og varslingssteneste for plantevern bli ført vidare med sikte på ei praktisk tilpassing til fleire produksjonar. Ansvaret for arbeidet er lagt til Planteforsk, jf òg omtale under kap 1112.

For at landbruksstyresmaktene skal bli betre i stand til å følgje opp interessene til landbruket i arealplanprosessane og gjennomføring av arealpolitikken i landbruket, vil det for nokre prosjekt bli sett av midlar til arbeidet med arealpolitikkutvikling, kommune- og fylkesplanlegging, konsekvensutgreiingar og verneplanar. Dette vil bli gjort for pilot-prosjekt og prosjekt med stor overføringsverdi. Dette er i tråd med intensjonane i St meld nr 40 (91-92) Frå sektoretatar til samfunnsetatar.

Ein skal gi auka prioritet til det nordiske samarbeidet om husdyrgenetiske ressursar, med utgangspunkt i ein strategisk plan som Nordisk Genbank for Husdyr (NGH) har lagt fram. Det internasjonale engasjementet kring utnytting og bevaring av genressursar er aukande. Dette inneber at behovet blir større for at dei nordiske landa står saman og har ein felles institusjon til å ivareta dette området. Mellom anna kan NGH få rolla som koordinator for dei nordiske landa i samband med at Commission for Genetic Resources under FAO, utvidar sitt mandat til å omfatte dyregenetiske ressursar. Høgare ambisjonsnivå for det nordiske genressursarbeidet inneber ein vesentleg auke i verksemda. Det er frå ei planleggingsgruppe gjort framlegg om eit aktivitetsnivå på 6 mill kr. For å kunne nå eit slikt nivå er det nødvendig med nasjonal medfinansiering. Departementet gjer framlegg om ei norsk nasjonal løyving på 1 mill kr i 1998, som ledd i arbeidet for å utvikle NGH til ein slagkraftig Nordisk institusjon.

Departementet legg vekt på å følgje opp internasjonalt samarbeid. Biodiversitetskonvensjonen frå Riokonferansen vil bli følgt opp gjennom ein nasjonal handlingsplan for biologisk mangfald. Departementet vil òg prioritere arbeidet under Nordsjødeklarasjonen og medverke til utvikling av det internasjonale miljøarbeidet i OECD og under Nordisk Ministerråd.

Det blei i budsjettproposisjonen for 1995 presentert resultatmål og -indikatorar for post 77. Departementet legg til grunn dei same resultatmåla i oppfølginga av løyvinga for 1998.

Post 78 Konkurransestrategiar for norsk mat

Mål og strategiar

Utviklingsprogrammet Konkurransestrategiar for norsk mat blei etablert i 1992 med føremål å styrkje konkurranseevna for norsk landbruk og næringsmiddelindustri. Målet var å sikre norske jordbruksvarer ein stor del av heimemarknaden og auke eksporten av norske jordbruksvarer gjennom fokusering på kvalitet frå jord til bord, forbrukarkrav og lønsemd. Arbeidet har vore basert på eit nært samarbeid med næringa, foredlingsindustrien og omsetningsledda. Følgjande arbeidsområde ligg under utviklingsprogrammet:

- På råvareleddet skal delprogrammet *Kvalitetssystem i landbruket (KSL)* medverke til ein stabil og høg basiskvalitet på råvarer som anten går til direkte konsum eller til foredling i industrien. Programmet skal sikre at råvarene er produsert på ein miljøvenleg og etisk god måte. Det blir utvikla system for å kvalitetssikre og dokumentere både plante- og husdyrproduksjonen. Kvalitetssystemet skal vere i bruk på alle norsk gardsbruk ved utgangen av år 2000.
- På industrileddet skal *Konsulent-og nettverksprogrammet* i regi av Matforsk medverke til å heve kompetansen og lønsemda i små og mellomstore næringsmiddelverksemdar. Programmet er basert på bedriftsstrategisk og matfagleg rådgjeving. Det skal hjelpe verksemdene i fornyingsarbeidet gjennom samarbeid i nettverk om produktutvikling og nye produksjonsmetodar. Saman med Fiskeridepartementet og Nærings- og handelsdepartementet, er det sett i gang eit arbeid med sikte på å bruke Matforsk-modellen for ei betre tilrettelegging av infrastrukturen og kompetansen for produktutviklinga i næringsmiddelindustrien. Det blir òg lagt vekt på å stimulere til marknadsorientering, småskala produktutvikling og sal av mat på gardsbruka gjennom prosjektet Norsk Gardsmat. Prosjektet legg til rette for sal av mat direkte frå garden til forbrukar. Eit anna satsingsområde er handlingsplan for norsk matkultur, med ma stipend for unge kokkar og vegkroar. Vidare vil Forum for grøn verdiskaping styrke koplinga mellom forskingsmiljøa og næringslivet for å sikre ei betre utnytting av forskingsresultata med tanke på næringsutvikling.

- *Merkeordninga Godt Norsk* har som føremål å auke konkurransekrafta for norske jordbruksvarer gjennom informasjon til forbrukarane om kvaliteten på og opphavet til matvarene.
- *Eksportprogrammet* skal medverke til lønnsam eksport av norske jordbruksvarer gjennom marknadstiltak, kompetanseheving og samarbeid mellom verksemdar og mellom bransjar ol.
- *Offentlege strategiar og informasjon* har som føremål å dokumentere status og fremme tiltak for den norske dyre/-planteheilsa, produkt-og produksjonskvalitet.

Resultatrapport 1996

Våren 1997 blei det lagt fram ei evaluering av Konkurransestrategiar for norsk mat. Ein av konklusjonane er at ein burde hatt eit noko sterkare fokus på den matvarekvaliteten som forbrukarane etterspør. Hovudkonklusjonen er likevel at strategiane har vore ein riktig og viktig satsing som har medverka til å styrkje norsk landbruk og næringsmiddelindustri si konkurranseevne. Konkurransestrategiar for norsk mat representerer ei positiv nytenking og har særleg medverka til auka fokus på kvalitet i heile produksjonskjeda frå jord til bord og til større breidde i kvalitetsarbeidet. Oppslutninga frå næringa sine organisasjonar har medvirka sterkt til den positive utviklinga.

Merkeordninga Godt Norsk har på kort tid fått oppslutning frå eit stort tal verksemdar og produkt. Merkeordninga har medverka til auka kvalitetsforståing i landbruksnæringa.

For deltakande verksemdar viser evalueringa at konsulent- og nettverksprogrammet har medverka til betre produksjonsmetodar og etablering av samarbeid mellom verksemdar. Programmet gir eit tilbod til næringsmiddelverksemdar som ikkje blir dekt gjennom andre offentlege utviklingsprogram.

Det er òg gjennomført ei omfattande kartlegging som viser at næringsmiddelverksemdar også i åra som kommer vil ha stort behov for kompetanseauke innan produktutvikling. I lys av denne kartlegginga og den positive evalueringa programmet har fått vil konsulent og nettverksprogrammet bli gjennomført i regi av Matforsk i 1998. Det vil bli gjort ei gjennomgang av organiseringa av programmet. Dei positive erfaringane knytt til produktutviklingsnettverket bør ha overføringsverdi til forskningssatsinga under kap 1137, særleg næringsmiddelforskningsprogrammet. Ein viser òg til kap 1150 post 77.05.

Eksportprogrammet har synleggjort mogleg eksport for landbruksprodukt og bygd opp eksportkompetanse i deltakande verksemdar. Verksemdene har tru og forventningar til framtidig eksportsal, men dette er ein langsiktig prosess. Motivasjonen og forventningane til eksportsal er størst i grøntsektoren.

Innanfor KSL er arbeidet med etablering av dokumentasjonssystem i primærproduksjonen godt i gang. Målet er at innan utgangen av år 2000 skal alle bønder ha eit kvalitets-system for produksjonen sin.

Resultata for dei ulike arbeidsområda er nærare omtalte i St prp nr 70 (1996/97).

Budsjettframlegg 1998

Det blir løyvd midlar til oppfølgingsprogrammet over kap 1140 post 78 og over kap 1150 post 77.05 (Jordbruksavtala). Løyvinga på kap 1140 blir ompostert til kap 1150 der utgiftene blir rekneskapsført. For 1997 er det samla løyvd 57,0 mill kr til programmet. Av dette er 42,0 mill kr løyvd over kap 1150 og resten over kap 1140. I St prp nr 70 blei det lagt til grunn ei samla ramme for 1998 på 56 mill kr fordelt med 9 mill kr på kap 1140 og 47 mill kr på kap 1150.

Departementet gjer for 1998 framlegg om ei løyving til Konkurransestrategiar for norsk mat på 52,0 mill kr og at midlane blir fordelte med 5,0 mill kr på kap 1140 og 47,0 mill kr på kap 1150. Landbruksdepartementet vil vurdere nødvendige justeringar i 2. halvår 1998 i tilknytning til jordbruksoppgjeret 1998.

Det er gitt nærare omtale av dei ulike arbeidsområda og fordeling av løyvinga i St prp nr 70 (1996-97).

KAP 1142 MILJØ- OG NÆRINGSTILTAK I SKOGBRUK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	460		
50	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket		8 051	8 212
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	2 965	2 995	3 065
71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	107 234	90 150	107 730
76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	17 194	39 640	26 373
	Sum kap 1142	127 853	140 836	145 380

MÅL OG STRATEGIAR

Den overordna oppgåva for skogpolitikken er å leggje tilhøva til rette for lønnsam bruk av skogressursane både på kort og lang sikt, samstundes som ein tek vare på og utviklar miljøverdiane i skogen vidare. Målet er å auke skogbruket sitt bidrag til verdiskaping i distrikta og til norsk økonomi generelt gjennom berekraftig bruk av ressursane. Dette inneber at skogbruket må arbeide etter tre hovudliner, som står i nær samanheng med kvarandre:

- langsiktig ressursforvaltning,
- tilfredsstillande miljømsyn og
- auka verdiskaping.

Heilskapleg skogpolitikk krev innsats både frå det offentlege og næringa. Det er nødvendig at skogbruket legg vekt på ei brei satsing på ressursoppbygging og skogkultur, skogbruksplanlegging, eit tilfredsstillande vegnett, vidare næringsutvikling og målretta miljøinnsats.

Det er ei hovudutfordring å halde dei langsiktige investeringane på eit tilfredsstillande nivå. Skogavgiftsordninga er den viktigaste finansieringskjelda. Løyvinga over kapitlet og løyvingane til bygdeutviklings- og skogbruksføremål over Landbrukets utviklingsfond (LUF) er likevel naudsynt for å sikre eit høgt nok nivå på desse investeringane, for å auke investeringsviljen til skogeigarane og for å sikre berekraftig bruk av ressursane.

Arbeidet med registrering og kartlegging av miljøverdiane i skog som blei starta opp i 1997, vil halde fram i 1998. Tiltaket er særleg retta mot dei verdiane som er viktige for det biologiske mangfaldet. Regjeringa vurderer skogbruket som eit viktig element i klimapolitikken. Dei norske skogane bind i dag meir karbon enn nokon gong tidlegare i dette hundreåret. I tillegg kan trevirke erstatte mindre klimavenlege konstruksjonsmaterial og energikjelder. Ved å halde oppe innsatsen frå både samfunnet og næringa vil skogressursane òg framover gi eit godt fundament for verdiskaping og bygdeutvikling og eit viktig bidrag i arbeidet mot klimaendringar. Gjennom den varsla stortingsmeldinga om skogpolitikken vil Regjeringa ma omtale korleis skogen kan bidra i klimasamanheng.

Forsking og utviklingsarbeid gir viktige bidrag i arbeidet med å forvalte skogressursane på ein best mogleg måte og for å auke verdiskapinga i skogbruket. Ein vil derfor bruke ein del av løyvinga over kapitlet til å sikre eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for skogforvaltninga. Departementet vil understreke skognæringa sitt medansvar i FoU-arbeidet.

Med unntak for papirindustrien har marknadstilhøva og prisane for trelast og fiberprodukt vore dårlege i 1996. Mange trelastbruk hadde negative årsresultat. Marknadene har betra seg noko i 1997, men for mange produkt er prisane framleis lågare enn i 1994 og 1995. Tømmerprisane i 1996 var i gjennomsnitt 30 kr pr kubikkmeter lågare enn i 1995, og totalavverkinga i landet var den lågaste i den siste tiårsperioden. Det er ei stor utfordring for både samfunnet og næringa å møte denne utviklinga slik at ein kan halde verdiskapinga oppe. Gjennom løyvingane over dette kapitlet og over LUF legg ein ma stor vekt på:

- den statlege investeringsstøtta til oppbygging og stell av skogressursane,
- skogbruksplanlegginga som hovudplattform for eit langsiktig og miljøvenleg skogbruk,
- høg miljøstandard som ein konkurranseføremon som må utnyttast og gjerast betre,
- eit tilfredsstillande vegnett og
- auka satsing på produktutvikling og foredling.

RESULTATRAPPORT 1996

Aktiviteten i skogbruket har vore svak i heile perioden frå tidleg på 1990-talet. Låge tømmerprisar førte til redusert avverking og førte samstundes til reduserte langsiktige investeringar i framtidsskogen. Det er framleis svak økonomi i delar av trelastbransjen. Dette er ikkje positivt for aktiviteten i skogbruket, og har òg ført til store utfordringar for dei lokale, regionale og sentrale skogbruksstyresmaktene og for organisasjonane i skognæringa. Det er nå ei viss betring i utviklinga, investeringane fell ikkje ytterlegare og innan enkelte område aukar dei noko. Dei samla investeringane er likevel klart lågare enn dei var på slutten av 80-talet og tidleg på 90-talet og vil slik sett gi negative konsekvensar for framtidsskogen.

Det har vokse fram eit aukande internasjonalt skogpolitisk engasjement. Dei to viktigaste prosessane for Noreg er knytt til FN sitt skogpanel og til dei europeiske ministerkonferansane om berekraftig skogbruk. Den auka internasjonale skogpolitiske aktiviteten og nye krav frå marknaden vil påverke utviklinga i norsk skogsektor framover. Kommisjonen for berekraftig utvikling i FN oppretta i 1995 eit mellomstatleg skogpanel som skulle fremme forslag til tiltak for ei meir berekraftig skogforvaltning og internasjonalt samarbeid om desse spørsmåla. Skogpanelet avslutta arbeidet sitt i februar 1997 og tilrådingane har vore handsama av Kommisjonen for berekraftig utvikling og under spesialsesjonen i FN om miljø og utvikling. Spesialsesjonen i FN vedtok å opprette eit forum for internasjonale skogspørsmål som ma har som oppgåve å bidra til at tilrådingane frå Skogpanelet blir følgd opp. Forumet skal leggje fram sin rapport i 1999. Etter dei europeiske ministerkonferansane i 1990 og 1993 er det i gang eit omfattande europeisk samarbeid for å sikre eit berekraftig skogbruk i Europa. Arbeidet har ma som resultat eit felles europeisk sett av kriterium og indikatorar for berekraftig skogbruk. Resultata frå det europeiske samarbeidet er viktig for arbeidet med desse spørsmåla i norsk skogbruk, ma i det arbeidet som skjer i bransjeprosjektet Levende skog. Det er òg eit aktivt nordisk samarbeid om internasjonale skogspørsmål.

Langsiktige investeringar

Investeringane i skogkultur auka med vel 4% i løpande kroner frå 1995 til 1996. Aktiviteten ligg likevel lågare enn det som ein reknar som eit optimalt nivå. Td var dei totale skogkulturinvesteringane i 1996 15% lågare enn på starten av 90-talet. Totalt blei det i 1996 planta til 218 000 daa og utført etterarbeid og ungskogpleie på 412 000 daa. Samla blei det investert om lag 263 mill kr i skogkultur dette året mot 252 mill kr i 1995.

Investeringane i vegbygging gjekk noko ned i 1996, og byggeaktiviteten var vesentleg lågare enn det som ein reknar som naudsynt for å kunne halde avverkinga oppe og få gjennomført ein rasjonell kvalitetsretta skogskjøtsel. Samla investeringar i skogsvegar var i 1996 på 170 mill kr, medan det i 1995 blei bygd for 185 mill kr. Samanlikna med byggeaktiviteten på slutten av 1980-talet er veginvesteringane nærare halvert. Aktiviteten rekna i km nybygde skogsbilvegar har i same periode gått ned med om lag 60%. I 1996 blei det bygd 303 km nye skogsbilvegar og bygd om 327 km. I tillegg blei det bygd 832 km med nye traktorvegar.

Areal- og ressursforvaltning, frø- og planteforsyning

Skogbruksplanlegginga, der statstilskotta blir dekt med LUF-midlar, blei gjennomført i 1996 om lag i tråd med årsplanen. Dette er eit grunnleggjande verkemiddel for eit berekraftig skogbruk og det er derfor naudsynt å stille klare kvalitetskrav til verksemda. Departementet trur det er grunnlag for å betre kvaliteten og effektiviteten i skogbruksplanlegginga, og dette er bakgrunnen for at ein i 1996 starta ein større gjennomgang av dette feltet.

Programmet for skogskadeovervaking har vore i drift i meir enn 10 år. Det har ikkje vore registrert nokon unormal tredød i dei norske skogane, men ein har registrert ein nedgang i kronetettleik og fleire misfarga tre. Det er indikasjonar på at helsetilhøva er dårlegast i dei søraustlege delane av landet. Dette er område med høgt nedfall av luftforureiningar og låg naturleg toleevne mot forsuring. Ein har i dei siste åra lagt vekt på å nytte resultata frå overvaksingsprogrammet for betre å seie noko om korleis luftforureining saman med andre faktorar, som ma klima, verkar inn på skogens helse.

For gran er det dårleg frødekning for dei nordlege og høgareliggjande områda. Det frøet som ein brukar til planteproduksjon i dag er frå 1970 og er av dårleg kvalitet. Òg for bestandsfrø frå Austlandet og Sør-Noreg er det lite frø med god spireevne på lager. Det var heller ikkje god nok kvalitet på frøsetjinga i 1996 slik at ein kunne betre frøforsyninga frå

desse områda. I tillegg til frøproduksjon og ein del kvalitetsbetrande tiltak, har frøavl, for- edling og genressursbevaring vore sentrale emne òg i 1996.

Miljøtiltak og resultatkontroll

Miljøarbeidet i skogpolitikken er knytt til regelverk, kompetanse, informasjon og resul- tatkontroll. Med omsyn til regelverket er dette ein kontinuerleg tilpassingsprosess der departementet i 1996 sette i gang fleire store arbeider som blir omtalt nedanfor.

Informasjonsarbeidet knytt til skog og miljø dekkjer både kunnskapsoppbygging og haldningsskapande tiltak retta mot betre miljøtilpassingar ved skogskjøtsel og skogsdrift.

Departementet har sidan 1993 lagt til rette for gjennomføring av prosjekt for aktiv skjøt- sel av biotopar for truga og sårbare artar.

Den todelte resultatkontrollen som starta i 1994 blir ført vidare. Den årlege aktivitets- kontrollen som blir gjennomført av Fylkesmannen og kommunane, syner at reglane i til- skottsforskriftene er følgde i dei aller fleste høva. Opplegget sikrar ein meir einsarta kontroll og er eit nyttig hjelpemiddel i skogforvaltninga. Samarbeidet mellom skogbruks- og miljøforvaltninga på fylkes- og kommunenivået er skjerpa frå og med kontrollen i 1996. Rapporteringsrutinane blei gått gjennom og endra ein del frå og med 1997.

Registreringane frå landsskogtakseringa syner at volumet av dødt virke er om lag 10% av ståande volum eller om lag 65 mill m³. Forholdet mellom dødt og levande virke ser ut til å halde seg konstant over tid sjølv om den totale kubikkmassen er dobla dei siste hundre åra. Dødt trevirke er viktig i miljøsamheng. På Vestlandet og i Nord-Noreg er 13% av den produktive skogsmarka skogreist og treslagsskifte. Sjølv om treslagsskifte frå lauvskog til barskog står for 45% av dette, har det totale lauvskogarealet auka i same periode ma som følgje av mindre beiting i utmarka. Den grandominerte skogen på Vestlandet har ein produksjon og bestokning pr daa som ligg langt over landsgjennomsnittet. For Nord-Noreg sin del ligg dette nær landsgjennomsnittet.

I 1996 starta departementet eit forprosjekt med sikte på å utvikle eit vitskapeleg doku- menterbart opplegg for registrering av spesielt verdifulle miljøelement i skogen. I fyrste omgang er hovudvekta lagt på element knytt til det biologiske mangfaldet. Med Stortinget sitt budsjettvedtak for 1997 er forprosjektet nå følgd opp med eit hovudprosjekt som skal gjennomførast i løpet av 3-4 år.

Skogpolitiske utviklingstiltak

Ein gjennomgang av verkemiddelforvaltninga m.o.t. kulturminne og kulturlandskap er starta opp. Det er sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå skogbruks-, miljøvern- og kulturminnestyresmakter på sentralt og regionalt nivå. Det er lagt opp til at gruppa skal leggje fram rapporten sin hausten 1997.

Arbeidet med utvikling av kompetansehevande tiltak skjer gjennom eit samarbeids- prosjekt mellom departementet, Skogbrukets Kursinstitutt og Riksantikvaren.

Det er òg sett ned arbeidsgrupper som skal gjennomgå skogbruket sin vegbygging og skogbruksplanlegginga. Også desse gruppene har deltakarar frå ma skogbruks- og miljø- vernstyresmakter på sentralt og regionalt nivå og legg fram sine rapportar hausten 1997.

Frå 1996 administrerer i all hovudsak Noregs forskingsråd utviklingsprogrammet *Tre- virke og Treindustri - Verdiskaping og foredling*. Programmet skal bidra til utvikling i treindustrien med utgangspunkt i norsk tradisjon for bruk av treressursar. Av den samla ressursinnsatsen er brukarfinansieringa i 1996 om lag halvparten.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Satsingsområde

Skognæringa si evne til å dokumentere miljøinnsatsen og å kunne gjere greie for miljø- konsekvensane av dei ulike skogbrukstiltaka er viktig for konkurranseevna og dermed verdiskapinga i norsk skogbruk. Det blir i 1997 satsa spesielt på å registrere og kartleggje miljøverdiar i skog. Arbeidet er retta mot både biologisk mangfald og kulturminne. Dette miljøregistreringsprosjektet er nå i ferd med å avslutte første sesongen, og med dei røyn- slene ein har så langt, reknar departementet med at prosjektet skal gjennomførast i løpet av 3-4 år. Departementet foreslår i budsjettframlegget for 1998 at denne satsinga held fram på om lag same nivå som i 1997 då det blei løyvd 10 mill kr til føremålet.

Det er eit mål å halde oppe dei langsiktige investeringane i skogbruket på eit tilfreds- stillande nivå. Det er samtidig naudsynt at skogeigarane sjølve tek eit større ansvar for desse investeringane. Departementet vil derfor oppretthalde høg skogavgiftssats òg i 1998.

Med bruk av tilskottsmidlane vil ein særleg leggje vekt på dei tiltaka som spelar størst rolle med omsyn til å utvikle skog som gir grunnlag for ei næring med god konkurranse-

evne i framtida. Dette inneber prioritering av ungsogpleie og andre tiltak som fremmer kvaliteten på skogsvirke.

Auka verdiskaping i skogbruket og treindustrien er òg ei viktig oppgåve framover. Gjennom dei røynsle ein har gjort dei siste åra, bør tilhøva liggje godt til rette for ein langt meir aktiv bruk av generelle næringsutviklingsmidlar på dette feltet og ei nærare kopling mellom forskning og næringsutvikling.

Bevilgninga over LUF til bioenergitiltak vil bli vidareført i 1998. For 1997 er det øymerkt 5 millionar kroner av sentrale BU-midlar til tiltak for auka bruk av bioenergi. For 1998 er denne ramma auka til 8 millionar kroner, jf St prp nr 70 (1996-97). Det er ein føresetnad at BU-tiltaka blir samordna med bioenergisatsinga i regi av Olje- og energidepartementet, jf kapittel 1852, post 72.

Resultatmål og resultatindikatorar

Tilskottsmidlane til skogkultur, skogbruksplanlegging og skogsvegar over statsbudsjettet og Landbrukets utviklingsfond blir gitt som ei rammeløyving til fylka. Tildelinga skjer med grunnlag i fylkesvise aktivitetsbudsjett. Av desse aktivitetsbudsjetta framgår det òg kva tilskottspolitikkk fylka har lagt opp til. Dei oppnådde resultata blir rapporterte når året er slutt, og blir vurdert i forhold til budsjettala. Desse vurderingane er òg med på å bestemme rammeløyvinga for neste år. Rammetildelingsopplegget inngår som ein viktig del av styringsdialogen mellom departementet og fylka, og sikrar at dei skogpolitiske målsetjingane blir følgd opp.

Det er utarbeidd særskilde tilskottsreglar for skogkultur, etablering av skog på jordbruksareal ute av drift, skogbruksplanlegging, skogsvegbygging og transport. Reglane dekkjer i stor grad dei krava som blir stilte i det nye økonomireglementet for staten og dei funksjonelle krava til økonomiforvaltning. Ytterlegare tilpassingar vil bli gjort i løpet av 1997/98. Det er i samband med dei nye krava sett i gang ei evaluering av fleire av tilskottsordningane i skogbruket. Ein tek sikte på å rapportere til Stortinget om dette.

For å sikre god måloppnåing styrer departementet verksemda ma etter operative resultatmål og -indikatorar. Desse omfattar oppbygging av kvalitetsskog, infrastrukturen i skogbruket, miljøtilpassingar i skogbruket og auka og breiare utnytting av skogressursane.

Løyvinga over kap 1142 er åleine ikkje avgjerande i høve til desse resultatindikatorane. Marknaden, haldningane hos skogeigarane, andre rammevilkår for næringa og verkemiddelbruken elles i skogpolitikken og på andre politikkområde vil i større eller mindre grad påverke resultata. Sjølv om resultatindikatorane står sentralt for den jamlege evalueringa av skogpolitikken, kan indikatorane ikkje brukast ukritisk i ei vurdering av effekten av løyvingane til skogbruksføremål isolert sett.

Merknad til dei einskilde postane

Post 50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket

Post 50 er oppretta i samband med omorganiseringa av landbruksforskninga og innføring av ny finansieringsstruktur i 1997. Posten blei oppretta for å skilje mellom løyvingar frå det offentlege til forskingsføremål og til kjøp av forvaltningsstøtte og andre tenester frå forskingsinstitusjonane, jf nærare omtale under programkategori 15.20.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 8 mill kr under posten for 1998. Løyvinga skal dekkje forvaltningsstøtte og andre oppdrag for det offentlege.

Norsk institutt for skogforskning (NISK) utfører viktige oppgåver for Landbruksdepartementet og andre offentlege organ innanfor institusjonen sitt fagområde. Institusjonen gir råd og gjer utgreiingar som ligg til grunn for politiske og forvaltningsprega tiltak både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Departementet vil framleis understreke behovet for bistand frå NISK i samband med internasjonale prosessar som gjeld skog og skogbruk.

For tida er NISK spesielt engasjert i kartlegging av miljøaspekt ved skogbehandling og genetikk knytt til skog. Departementet legg vekt på å nytte kunnskap og kompetanse ved NISK i arbeidet med auka verdiskaping frå skogressursane.

NISK har ei mengd feltforsøk som har stor skogpolitisk verdi. Felta er følgd opp gjennom fleire tiår, og det finst databasar som skildrar tilstanden og syner verknader av tiltak over lang tid. Å halde felta oppe er av stort verd både vitskapeleg og som referanseområde for framtidig politikktutforming og forvaltning.

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl. res. av 25. februar 1977. Det hadde tidlegare vore ei refusjonsordning for bensinavgift ved bruk av motorsag i skogbruket. Ved tariffoppgjeret mellom Skogbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog-

og Landarbeiderforbund for 1976-78 gav arbeidsgivarane kompensasjon for bensinavgifta. Tilsvarende skulle ein årleg sum bli stilt til rådvelde frå staten til utviklingstiltak i skogbruket. Tilskottet skal løyvast til Utviklingsfondet for skogbruket og blir disponert av eit styre med medlemmer frå Skogbrukets Landsforening, Norges Skogeierforbund, Norsk Skogbruksforening og Landbruksdepartementet.

Utviklingsfondet for skogbruket betalte i 1996 ut knapt 3,5 mill kr til i alt 27 prosjekt. I alt 2,5 mill kr blei utbetalt til forskingsprosjekt og utstyr, resten til utviklingsprosjekt og informasjon og opplæring. Tiltaka fangar opp viktige oppgåver som det elles ville ha vore vanskeleg å få finansierte.

Bokført kapital ved utgangen av 1996 var på knapt 14,2 mill kr. Av beløpet er om lag 0,5 mill kr lånt ut til skogbruksfremål og 3,0 mill kr er lånt ut til Sentralkassen for Bøndernes Driftskreditt. Disponibel kapital i fondet var pr 1.1.97 på om lag 8 mill kr. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,065 mill kr for 1998.

Post 71 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 107,7 mill kr under posten i 1998. I tillegg kjem løyvinga over LUF (kap 1150) til skogbruksfremål på 120 mill kr og midlar som blir brukt til skogbrukstiltak frå dei fylkesvise BU-fonda.

Under handsaminga av Landbruksdepartementets budsjett for 1997 blei post 76 styrkt med 15 mill kr. Det blei føresett at desse midlane skulle målrettast mot nyplanting, ungsogpleie og transportstøtte. Dette er samanfallande med dei tiltaka som blir prioriterte på post 71. Departementet har derfor lagt desse midlane til post 71 i forslaget for 1998.

I skogpolitikken legg regjeringa avgjerande vekt på å sikre eit tilfredsstillande nivå på dei langsiktige investeringane i skogbruket. Tilskott til skogkultur, utbygging av hovudvegnettet og skogbruksplanlegging, vil derfor bli prioritert innanfor den totale ramma til skogbruket. Det er likevel ein føresetnad at skogeigarane sjølve dekkjer ein større del. Bruk av skogavgift til langsiktige investeringar i skogkultur og skogsvegar gir ein skattefordel og er såleis ei gunstig ordning for skogeigarane.

Departementet legg opp til ei fordeling av midlane under denne posten slik det går fram av tabellen under. Til samanlikning er rekneskapstala for 1996 og overslag for 1997 stilte opp. Styrkinga på post 76 i 1997 på 15 mill kr går inn i tala.

(mill kr)

Tiltak	Rekneskap 1996	Overslag 1997	Framlegg 1998
Skogkultur	88	91	93
Skogsvegar	4	2	2
Transport	6	6	7
Produktutvikling	7	6	5
	105	105	107

Skogkultur

Føremålet med løyvinga er å stimulere til etablering og oppbygging av kvalitetsskog. Den samla aktiviteten gjekk opp i 1996, særleg på ungsogpleie. Dette skuldast først og fremst at dette tiltaket har prioritet i tilskottssamanheng og ei auka satsing på aktivitetsfremmande tiltak og oppsøkande verksemd i kommunane. Planta areal gjekk noko ned. Redusert avverkingskvantum, låge prisar på tømmer og fokusering på naturleg forynging dei siste åra er hovudårsaka til dette. Tabellen under syner venta skogkulturaktivitet i 1998 med den gitte budsjettramma. Til samanlikning visar tabellen aktiviteten dei siste åra samt den ein reknar med vil bli utført i 1997. Tabellen syner at ein reknar med noko auke i nyplantinga. Dette er viktig for å halde oppe skogbruket sitt bidrag til ei langsiktig binding av karbon i skogbiomasse.

Skogkultur	1994	1995	1996	1997	1998
Nyplanting, 1000 daa	200	227	218	220	225
Etterarbeid og ungsogpleie, 1000 daa	495	358	412	450	450
Investeringar i alt, mill. kr	264	252	263	275	285

Tiltak som aukar kvaliteten på trevirke vil bli prioritert. Ungskogpleie vil fortsatt vere eit prioritert tiltak, men det vil òg bli lagt vekt på stammekvisting og tiltak mot rote. Satsinga på kvalitetsproduksjon av lauvtrevirke vil halde fram. Skogavgiftsordninga er det viktigaste verkemidlet for å sikre tilfredsstillande forynging i rimeleg tid etter avverking. Tilskott til grøftereinsking og suppleringsgrøfting vil bli stramma inn av miljøomsyn.

Ordninga med tilskott til etablering av skog på tidlegare jordbruksareal er avgrensa til tiltak for ordinær skogproduksjon. Over LUF er det mogleg å gi tilskott til juletre- og pyntegrøntproduksjon og til skogplanting som miljøtiltak på slike areal. Ordninga med tilskott til skjøtsel av biotopar for truga og sårbare artar vil bli ført vidare.

Skogsvegar

Den totale løyvinga til skogsvegar vil i 1998 bli på om lag same nivå som i 1997, og vil i all hovudsak bli belasta løyvinga frå LUF. Føremålet med løyvinga til skogsvegar er å stimulere til utbygging av eit miljøtilpassa vegnett i skogbruket for på den måten å sikre tilgangen av virke til industrien og verdiskapinga i distrikta. Det var fram til 1992 stor vegbyggingsaktivitet i skogbruket. På grunn av lågare tømmerprisar og vanskelege marknads-tilhøve, og fordi ein i dei tradisjonelle skogstrøka har fått bygd ut det meste av hovudvegnettet i dei viktigaste skogområda, har investeringane gått vesentleg ned dei siste åra. Utbygging av hovudvegnettet vil bli prioritert, medan traktorvegar og vegar med brukbar lønsemd i sterkare grad må finansierast med skogavgift og annan eigenkapital. Mange av dei gamle skogsvegane er dårlege og fører med seg auka transportkostnader og dårlegare tømmerkvalitet på grunn av unødig lang lagring. Slike vegar er i tillegg ofte trafikkfarlege, og det er derfor eit mål å få bygd om mange av desse vegane. Det er ein føresetnad at den vidare vegbygging blir prioritert i skogområde der det kan drivast eit langsiktig og lønnsamt skogbruk, og at det blir teke omsyn til miljøverdiane.

All skogsvegbygging krev godkjenning frå kommunen. Frå og med 1997 blei forskrifta om planlegging og bygging av skogsvegar erstatta av ei felles forskrift for landbruksvegar. Dette skal sikre at all vegbygging i landbruket skjer ut frå heilskaplege vurderingar og at miljøkrava blir følgde opp. Tilskottsordninga til skogsvegbygging gjer det mogleg å sette ytterlegare vilkår for å ta vare på miljøverdiane i det aktuelle skogområdet. Regelverket presiserer ma at det ikkje skal givast tilskott til vegar i område med spesielle miljøverdier dersom vegbygginga gjer at desse verdiane taper seg.

Tabellen nedanfor syner ma vegbyggingsaktiviteten dei seinare åra og venta aktivitet i 1997 og 1998.

Skogsvegar	1994	1995	1996	1997	1998
Nybygging bilvegar, km	482	376	303	300	290
Ombygging bilvegar, km	532	436	327	330	330
Bilvegar i alt, km	1014	812	630	630	620
Nybygging traktorvegar, km	987	903	832	800	750
Investeringar i alt, mill kr	214	185	170	170	170

Innanfor ramma for tilskott til skogsvegar kan det òg bli gitt tilskott til kombinasjonsvegar som er til nytte både for skogbruk, jordbruk og utmarksnæring.

Transport

Føremålet med løyvinga er å stimulere avsetnaden av tømmer frå område som ligg langt frå industrien. Direkte transporttilskott blei frå og med 1996 avgrensa til dei nordlegaste delane av landet. Ein stor del av tømmeret på Vestlandet må transporterast med båt. Dette krev at ein har tilgang på eigna kaier. Med støtte frå denne løyvinga har ein fått bygd ut ein god del slike anlegg, men departementet ser det som nødvendig framleis å kunne bruke ein del av løyvinga over denne posten til bygging av nye og utbetring av gamle og dårlege kaier.

Produktutvikling

Løyvinga skal bidra til ein utvikling i norsk skogbruk og treindustri som aukar verdiskapinga. Dette skal ma skje gjennom å stimulere til at treindustrien i aukande grad får leveransar av norsk virke. Prosjekta skal underbyggje skognæringa si konkurranseevne og vidareutvikle lokaltilpassa produksjon. Prosjekt som koplar forskingsmiljø og utvikling i bedrifter skal prioriterast. Det samme gjeld nettverksprosjekt der fleire produsentar og/eller kundar samarbeider.

Ein legg stor vekt på koordinering med anna verksemd i NFR, mot SND og Landbruksbanken.

Post 76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket

Ein gjer framlegg om ei løyving på om lag 26,4 mill kr under post 76. Løyvinga blir nytta til ulike ressurs- og miljøtiltak, som tiltak for å betre miljøtilpassingane i skogbruket,

overvake og betre skoghelsa og betre frø- og planteforsyninga i skogbruket og til ressursregistreringar, informasjonstiltak og organisasjonsstøtte.

Miljøregistrering og skoghistorikk

Departementet starta i 1997 eit opplegg for å registrere og kartleggje miljøverdiar som er særleg viktige for det biologiske mangfaldet i skog. Siktemålet er å utvikle eit verktøy for registrering av miljøverdiar som kan nyttast i skogbruksplanlegginga. Norsk institutt for skogforskning (NISK) har fått ansvaret for gjennomføringa av prosjektet, som har ei brei kontaktflate mot ulike forskingsmiljø, forvaltning og det praktiske skogbruket. Arbeidet involverer derfor både folk med spesialkompetanse på td arter, artsgrupper og skoghistorikk, og tilsette i skogbruket med ein breiare praktisk og teoretisk fagbakgrunn, td skogbruksplanleggarar. Det er lagt ut forskingsfelt i ulike skogtypar og regionar i landet, og feltarbeidet inneber at ein får gjort viktige biologiske registreringar i store områder medan ein utviklar innhaldet i registreringane og finn gode metodar for å samle inn ulike data. Miljøregistreringsprosjektet er i hovudsak retta mot biologisk mangfald, men vil i 1998 òg omfatte ei auka satsing på registrering av kulturminne i skog.

Ei registrering av konkrete miljøverdiar, saman med ein allereie etablert resultatkontroll av skogbrukstiltaka, oversiktsplanlegginga i skogbruket og skogbruksplanlegginga, står sentralt i arbeidet for å ta vare på det biologiske mangfaldet i skog.

Frø- og planteforsyning

Innanfor posten vil ein gi støtte til Det norske skogfrøverk for å sikre dei langsiktige oppgåvene i frøforsyninga. Ein vil særskilt prioritere midlar til frø- og konglesanking - særleg frå klimautsette skogar - og til arbeid med frøavl og genressursbevaring. Innanfor ramma vil ein òg sikre ressursar til naudsynte forvaltningsoppgåver innanfor frø- og planteforsyninga.

Den varme sommaren i 1997 har lagt grunnlaget for ei rik granblomstring i 1998 i store delar av landet. Gunstige værforhold òg i 1998 kan gi modne konglar og frø, og sanking av konglar vil då bli aktuelt, særleg frå dei område der det sjeldan er god frøsetnad.

Overvaking av skogskader

Overvakingsprogrammet for skogskadar er eit viktig tiltak. Programmet, som er basert på eit samarbeid mellom Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet, blei starta i 1986 for å følge utviklinga i skoghelsa under påverknad av luftforureiningar og sur nedbør. Programmet er ein del av eit internasjonalt opplegg for skogovervaking, og utgjer eit grunnlag for internasjonale vedtak og tiltak mot moglege skadeverknader av forureiningar. Det er viktig at overvakingsprogrammet blir vidareført for å gi eit klårare bilete av utviklinga og årsakene til ei mogleg endring av helsetilstanden i skogen.

Innanfor løyvinga vil ein òg nytte midlar til å finne ut korleis luftforureiningar verkar inn på skogen, og korleis ein kan stelle skogen for å redusere skadelege påverknader. Skogen er òg utsett for klimaskadar og mange sopp- og insektskadar. Det er naudsynt både å registrere og auke kunnskapen om skadane og å gjennomføre direkte mottiltak.

Bransjeprojektet "Levende Skog"

Arbeidet i prosjektet er godt i gang. Hovudinnsatsen er framleis knytt til kriterium og indikatorar for eit berekraftig skogbruk og konkrete standardkrav til einskilte skogbruks-tiltak. I denne samanheng arbeider prosjektet òg med dokumentasjons- og kvalitetssikringsrutinar. Eit anna satsingsområde er kompetansehevingstiltak retta mot industrien og det praktiske skogbruket med sikte på å betre miljøtilpassingane. Eit tredje hovudsatsingsområde er informasjons- og kommunikasjonsarbeid med sikte på å gjere skogbruket sitt miljøarbeid kjent i samfunnet. Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet deltek begge i prosjektet som òg har fått til eit godt samarbeid mellom skogbruksnæringa og miljøorganisasjonane. Landbruksdepartementet vil òg i 1998 yte støtte til prosjektet om prosjektet framleis lukkast med å arbeide mot dei måla som er sette og i eit tillitsfullt samarbeid mellom næringa og miljøinteressene.

Informasjonstiltak og kunnskapsoppbygging

Under posten vil ein bruke midlar for å skaffe fram meir kunnskap om korleis skogbruket kan verne om sårbare artar og økosystem. Informasjonstiltaka rettar seg både mot samfunnet generelt, mot rådgjevarane i skogbruket og mot den einskilte skogeigar. Særleg blir det lagt vekt på å nå ut til utøvarane i næringa med kunnskap om skogøkologi og

korleis dei kan ta omsyn til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv i verksemda si.

Tilskott til organisasjonar

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele 1,062 mill kr i grunnstøtte til organisasjonane Det norske Skogselskap (560 000 kr), Stiftelsen det norske arboret på Milde (350 000 kr) og organisasjonen Jenter i Skogbruket (152 000 kr). Tilskotta tek sikte på å medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane, som alle arbeider innanfor det skogpolitiske området.

KAP 4142 MILJØ- OG NÆRINGSTILTAK I SKOGBRUKET

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
40	Sal av eigedom	1 800		
	Sum kap 4142	1 800		

Statens skogfrøverk er overført til Det norske Skogselskap. Det er derfor ikkje gjort framlegg om løyvingar under kapitlet.

KAP 1145 JORDSKIFTEVERKET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	113 758	112 796	109 618
	Sum kap 1145	113 758	112 796	109 618

MÅL OG STRATEGIAR

Jordskifteverket er ein landsdekkjande særdomstol med oppgåver forankra i lov om jordskifte oa av 21.12.1979.

Hovudmåla for Jordskifteverket er

- å leggje til rette for auka kostnadseffektivitet i landbruket og anna arealbasert næring,
- å styrkje eksisterande næringsgrunnlag og leggje til rette for vekst i alternative næringer og
- å greie ut og fastsette uklåre rettstilhøve.

Andre mål er

- reduksjon i restansar og
- auka kostnadseffektivitet i etaten.

Utenlege eigedomsforhold hindrar utnytting og forvaltning av naturressursar. Jordskifte-lova gir heimel for å endre eigedoms- og bruksrettstilhøve dersom ingen eigedom tapar på endringane. Føremålet med endringane i eigedoms- og bruksrettstilhøva er dels å redusere driftskostnadene i arealbasert næringsutøving, dels å leggje til rette for ny næringsverksemd og sikre samspel mellom auka arealutnytting og miljøomsyn.

Ressursinnsatsen i Jordskifteverket er styrt mot dei saker som best realiserer hovudmåla i landbrukspolitikken. Gebyr er sett inn som verkemiddel for å avgrense sakstilgangen til dei saker som er viktige for partane. I tillegg nyttar ein prioriteringsreglar som styrer ressurs-bruken mot saker der ein oppnår best realisering av dei overordna målsetjingane. Retts-tryggleiken set likevel grenser for kor langt ein kan gå når det gjeld styring av arbeidet ved jordskifterettane.

RESULTATRAPPORT 1996

Ein reknar med at dei omlag 100 mill. kroner i netto løyving til Jordskifteverket gir ei verdiskaping på minst 200 mill. kroner i form av auka produktivitet og sysselsetting i distrikta. Nytteverknader av skogsvegsakene aleine er berekna til 100 mill. kroner som eit resultat av auka hogst, og anleggsarbeid med positiv effekt for transport-/foredlingsindustri og eksisterande næringer i området.

Årsstatistikken gir god oversikt over resultata av jordskiftearbeidet i sakene som blei avslutta i 1996. Indikatorane knyter resultata direkte til gjeldande hovudmål og det blir rapportert i høve til kostnadseffektivitet internt i etaten og til restansar.

- *Jordskifteverket skal leggje til rette for auka kostnadseffektivitet i landbruket:* I 1996 blei det skifta 611 658 dekar mot 755 611 dekar i 1995. 1042 teigar blei fjerna ved omarrondering mot 575 teigar i 1995.
- *Jordskifteverket skal styrkje eksisterande næringsgrunnlag og leggje til rette for vekst i alternative næringer:* Det blei pålagd felles investeringar for omlag 19 mill kr i sakene som blei avslutta. Det blei vedtatt bygd 253 km skogsveg, og stifta 164 lag for felles ressursutnytting mot 143 lag i 1995.
- *Jordskifteverket skal greie ut og fastleggje uklåre rettstilhøve:* Jordskifterettane avklarte 741 rettsvistar i 1996. Jordskifteretten løyser tvistar som hindrar tenleg arealbruk og set i gang individuelle og fellestiltak. Det blei merka og koordinatfesta 1957 km grenser mot 1956 km i 1995. Dette gir eit snitt på om lag 2 km pr sak.

I tillegg til hovudmåla er reduksjon i restansar og auka kostnadseffektivitet i etaten sett opp som egne mål. I 1996 er restansane redusert med 85 saker. Det er ikkje uvanleg med variasjon i omfanget av sakene som blir avslutta. Partane har hand om kva for problem som skal løysast og det verkar inn på arbeidsmengda.

Statistikken viser at det blei avslutta totalt 1053 saker i 1996, fordelt med 992 saker ved jordskifterettane og 61 saker ved jordskifteoverrettane. Dette er ei auke med 70 saker i høve til 1995. Den positive utviklinga i talet på omformingssaker i høve til reine grensefastsettande saker er vidareført. Jordskiftesakene omfatta totalt 7838 partar.

Gjennomsnittsalderen på avslutta saker viser ein liten nedgang frå 2,8 år i 1995 til 2,7 år i 1996. Dette er eit resultat av at dagsaktuelle saker, som til dømes fellestiltak, jordfordelings-

saker og samferdselsjordskifte, blir prioriterte. Desse sakene gir ofte betraktelige kostnadsreduksjonar. Alderen på saker som ligg føre, visar òg ein liten nedgang frå 1995 til 1996. Lang ventetid er uheldig når det er behov for rask omstilling i eigedoms- og bruksrettsstilhøva. Dei 2433 føreliggande sakene representerer i snitt 2,4 årsverk for jordskifteretten.

Tabellane nedanfor gir i grove trekk ei oversikt over avslutta saker i 1996 og føreliggande saker pr 31.12.96 fordelt på dei tre hovudmåla. Tala i parentes refererer til tilsvarande tal for 1995.

Avslutta saker ved jordskifterettane i 1996

Sakstype	Avslutta saker		Gjennomsnittsalder (år)
Auka kostnadseffektivitet	349	(274)	
Styrkje næringsutvikling	150	(114)	
Rettsutgreiing	471	(504)	
Andre saker	22	(27)	
Sum	992	919	2,7 (2,8)

Føreliggande saker ved jordskifterettane

Sakstype	Saker pr. 31.12.96		Gjennomsnittsalder (år)
Auka kostnadseffektivitet	765	(836)	2,7 (2,8)
Styrkje næringsutvikling	398	(415)	2,3 (2,3)
Rettsutgreiing	1239	(1230)	2,3 (2,4)
Andre saker	31	(33)	
Sum	2433	(2514)	2,4 (2,5)

Ressursinnsats i årsverk fordelt på verksemdområde for jordskifterettane i 1996:

Område for verksemda	Prosentfordeling	
Auka kostnadseffektivitet	28 pst	(31 pst)
Styrkje næringsutvikling	8 pst	(8 pst)
Rettsutgreiing	21 pst	(23 pst)
Internadministrasjon	26 pst	(25 pst)
Informasjon, karttenester, prosjekt mm	17 pst	(13 pst)
Total ressursbruk ¹	100 pst	(100 pst)

¹Det er berre jordskifterettane som er med i statistikken.

Jordskifteoverrettane avslutta 61 saker i 1996. Dei fekk inn 54 nye krav. Gjennomsnittleg alder på avslutta ankesaker var om lag 1 år. Dei 46 føreliggande sakene representerer om lag 1 års arbeid.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Arbeidet med å rasjonalisere og effektivisere Jordskifteverket skal halde fram. Jordskifteverket har vore prioritert med ein monaleg auke i driftsbudsjetta i 1996 og 1997. Av omsyn til det samla budsjettframlegget for 1998 gjer ein framlegg om ei driftsbevilgning på 109,6 mill kr som inneber ei auke i høve til 1995 på 10 mill kr. Oppfølging av rapportane om framtidige arbeidsoppgåver og arbeidsrutinar i Jordskifteverket er igang. Arbeidet går ut på revisjon av jordskifteloven, gjennomgang av prosessreglar for å sikre rasjonell saksbehandling og rettstryggleik, og spesiell utvikling innanfor fagområde som skog, edb og landmåling og effektivisering av økonomirutinane. I 1997 er det iverksett nye rutiner under enkelte område og ein del er under utprøving. Det er nødvendig å halde fram arbeidet med desse tiltaka for å sikre ein auka effektivitet i sakshandsaminga av jordskiftesaker.

Informasjonsverksemda retta mot grunneigar og offentlege organ skal vidareførast for å sikre at Jordskifteverket får aktuelle og viktige saker. Informasjon er og eit prioritert område for å sikre at partane skal kunne ivareta sine rettar i ei jordskiftesak.

Departementet vil leggje fram ein Ot prp om endringar av jordskiftelova i stortingssesjonen 1997-98. Endring av eigedomstilhøva som grunnlag for ein meir rasjonell og kostnads-effektiv drift, tilrettelegging for ny næringsverksemd i distrikta og jordskifte (arealbyte) som alternativt verkemiddel ved oreigning og handlegging av areal er prioriterte oppgåver i arbeidet med ei meir tidretta jordskiftelov. Målsettinga om ei berekraftig ressursutnytting, miljøvern med vektlegging av ma kulturlandskap og kulturmiljø, vert søkt styrka gjennom nye føresegnar om formål, samråd og arealbyte. Jordskifte (arealbyte), som kan gi

vesentlege privat- og samfunnsøkonomiske gevinstar, skal framstå som eit viktig alternativt verkemiddel ved ekspropriasjon og bandlegging av landbrukseigedomar. Rettstryggleiken skal styrkast gjennom betre reglar om sakshandsaming og rettsmiddelbruk.

Det er aukande interesse for arealbytte ved gjennomføring av større offentlege planar. Naturvernmyndighetene ønsker å bruke avtalebasert jordskifte ved gjennomføring av utvida barskogvern, og makeskifte er nemnt som eit avbøtande tiltak om Forsvaret etablerer nytt regionsøvingfelt på Austlandet. For å møte desse utfordringane må det arbeidast vidare med kvalitetsikring av arbeidsmetodar, satsast på kompetanseheving og starte arbeidet med å tilpasse etaten sin organisasjon til nye oppgåver.

Talet på og omfanget av samferdselsjordskifter aukar. I Akershus er det kravd fleire saker i samband med Gardermoutbygginga. Utbygginga av E18 og Vestfoldbanen samt E6 og Østfoldbanen fortsetter, og Landbruksdepartementet forventar fleire samferdselsjordskiftekrav i disse fylka. Det er planlagt store utbyggingsprosjekt i Oppland, Agder, Rogaland, Trøndelag, Sogn og Fjordane og Troms. I alle disse fylka er det signalisert ønske om å nytte jordskifte i samband med utbygginga. Landbruksdepartementet reknar med at det blir arbeid med minst ei sak i kvart av disse fylka i 1998. Sakene har stor samfunnsnytte. For landbrukseigedomane sikrar jordskifte vidare drift og miljømessige fordelar. Forutan direkte sparte anleggskostnader og reduserte kostnader til grunnerverv, har òg utbyggjar nytte av jordskifteretten sin koordinerande rolle, noko som gir god prosessøkonomi. Inntekter til finansiering av samferdsesjordskifter frå andre sektorar har gått ned. Det er nødvendig at desse inntektene held seg oppe og dels auker dersom Jordskifteverket sin aktivitet på desse områda skal haldast oppe. Landbruksdepartementet planlegg derfor ein gjennomgang av gebyrreglane med tanke på ei ny ordning for jordskifte i samband med offentlege arealinngrep.

Ei anna viktig oppgåve er å leggje til rette for næringsutvikling. Eit jordskifte kan sikre driftstilhøva i ulike næringar og skape grunnlag for ny satsing. Mellom anna kan ei jordskiftesak leggje eigedomstilhøva til rette for utnytting av areal i utmark gjennom samarbeid på tvers av eigedomsgrenser. Jordskifteretten legg til rette for fellesløysingar ved hyttebygging og jakt- og fiskeordningar. Eit anna døme er felles skogsvegar.

Jordskifterettane skal i tillegg løyse tvistar. Det gjeld i første rekke i ordinære jordskiftesaker av omsyn til framdrifta i saka, men òg i saker der konfliktløysing åleine gir grunnlag for aktivitet.

Saman med dei tradisjonelle kostnadssenkande tiltaka må det satsast vidare på miljøomsyn i jordskiftesakene slik at Jordskifteverket medverkar til at naturressursane blir forvalta på eit berekraftig grunnlag.

Vidare skal ein halde fram med arbeidet med å redusere saksbehandlingstida. For raskare framstilling av jordskifte- og temakart, skal det òg satsast på samarbeid med landbruksavdelingane hos fylkesmennene om geodata (GIS) både fagleg og økonomisk.

KAP 4145 JORDSKIFTEVERKET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Saks- og gebyrinntekter	6 220	7 079	7 227
05	Refusjon, utgifter til målehjelp	1 457	974	994
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	839		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	715		
41	Sal og bortleige av bureisingsjord	201		
	Sum kap 4145	9 432	8 053	8 221

Post 01 Saks- og gebyrinntekter

Posten omfattar inntekter ved innkreving av gebyr frå partane. Partane ber i tillegg ei rekke utgifter som til dømes godtgjersle til meddommarar, målearbeid, grensemerker og eigen innsats ved førebuing til rettsforhandlingar. Desse utgiftene er utrekna til om lag 45 mill kr pr år.

Landbruksdepartementet planlegg ein gjennomgang av gebyrreglane.

Post 05 Refusjonar, utgifter til målehjelp

Av ei løyving under kap 1145 post 01 på 1,2 mill kr til målehjelp vil om lag 0,9 mill kr bli dekt av partane i form av sakskostnader. Netto løyving til målehjelp blir då 0,3 mill kr.

Jordskifteverket kan overskride løyvingane på kap 1145, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap 4145 post 01.

KAP 1146 NORSK INSTITUTT FOR JORD- OG SKOGKARTLEGGING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	40 036	40 353	56 766
21	Spesielle driftsutgifter	15 190	8 855	
	Sum kap 1146	55 226	49 208	56 766

MÅL OG STRATEGIAR

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) skal dekke det behov samfunnet har for partsnøytral informasjon om jord, skog, vegetasjon og landskap for

- langsiktig ressursforvaltning og miljøvern og
- matproduksjon, produksjon av trevirke og anna naturbasert næringsverksemd.

NIJOS skal levere heilskapleg informasjon om naturressursgrunnlaget over tid. Det er viktig å forvalte naturressursane på ein berekraftig måte slik at det biologiske mangfaldet blir halden oppe samtidig med at grunnlaget for ein høg, varig produksjon er til stades. Dette føreset god informasjon om dei naturressursane ein har, og god kunnskap om korleis naturressursane bør forvaltast. Det er ein føresetnad at instituttet tek del i nasjonalt og internasjonalt FoU-samarbeid for å nå desse måla.

NIJOS skal prioritere informasjon for forvaltning av jord-, skog-, vegetasjons- og landskapsressursane som ledd i arbeidet med å utvikle ein robust og konkurransedyktig primærproduksjon og for å utvikle ein konkurransedyktig foredlingsindustri og ny næringsverksemd som til dømes naturbasert reiseliv.

For å medverke til dette skal NIJOS gi brukarane nasjonale ressurs- og miljødata for utforming og gjennomføring av nærings- og miljøpolitikken og internasjonal rapportering. Vidare skal NIJOS produsere areal- og landskapsdata for forvaltninga og dei som har ansvar for næringsutvikling. I tillegg utfører NIJOS ei rekke forvaltningstenester for gjennom rådgiving, standardisering og samordning å medverke til etablering av ein nasjonal infrastruktur av geodata. NIJOS skal yte særskilde tenester til Jordskifteverket på område der instituttet har høg kompetanse.

NIJOS skal bruke tid på å gjere synleg dei data som er etablert, slik at flest mogleg kan ta desse i bruk til nyttige føremål. Kopling mellom digitale kartdata, ressursgrunnlagsdata og registerdata vil skape nye interessante anvendelsesområder.

RESULTATRAPPORT 1996*Forvaltningstenester*

NIJOS er Landbruksdepartementet sitt utøvande organ innanfor geovekstsamarbeidet. (samarbeid om kartlegging innan offentlege etatar) Landbruket si deltaking i Geovekst utgjør pr. idag 23 050 km². NIJOS har delteke i utarbeiding av ein førebels landsoversikt over kartleggingsbehovet. Fylkesbesøk og samling for geodataleiarane innan landbruket i fylka er gjennomført.

NIJOS er temasenter innan Miljødatasamordning for landbruket. I 1996 har mange av aktiviteten vore knytta til utvikling av eit nasjonalt referansesystem for miljøinformasjon. Systemet vil i 1998 bli stilt til rådvelde gratis til alle institusjonar som produserer miljøinformasjon.

NIJOS er departementet sitt kompetansesenter innan skogbruksplanlegging. I 1996 er standardisering av skogbruksplanlegginga vidareført, og standarden skal ut på høyring. Landbruksdepartementet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal greie ut ulike sider av skogbruksplanlegginga. NIJOS er sekretariat.

NIJOS har gitt råd i samanheng med områdetakstar og delteke i ei rekke utviklingsprosjekt. NIJOS sine ansatte, med sin spesialkompetanse, blir ofte brukt til å førebu forsknings-, utviklings- og produksjonsoppgaver innanfor sine fagområde.

Nasjonale ressurs- og miljødata

Resultata frå landskogtakseringa er brukt som grunnlag for verdiskaping og bærekraftig skogforvaltning nasjonalt og regionalt. Data om skogtilstanden er rapportert internasjonalt. Resultat kan tas ut fra rapporten Skog 96, og noko er lagt ut på Internett. Resultat frå land-

skogstakseringa er nytta i departementet sitt system for resultatkontroll innanfor skog og miljø.

NIJOS har delteke i eit europeisk samarbeidsprosjekt, kor landskogtakseringa sine registreringsmetodar, klassifikasjonssystem, prosedyrar og resultat er dokumentert. Føremålet er å leggje eit grunnlag for forbetring av skogstatistikken i Europa, samtidig som dette er kvalitetsfremmande. Skogovervakinga ga grunnlag for ein rapport med landsrepresentative data om helsetilstanden i skogen, som er distribuert nasjonalt og internasjonalt. Datafangst er utført på 1/5 av dei landsdekkjande permanente prøveflatene i landsskogtakseringa, og på alle flater i overvåkingsprogrammet for skogskader.

Areal- og landskapsdata

1996 blei eit merkeår med omsyn til produksjon av digitalt markslagskart (DMK). Etter eit første år med nokre startproblemer i 1995, blei produksjonslina forbetra og det har blitt ein auke på 150 pst i produktiviteten samanlikna med året før. Dette gjer at ein har god tru om å oppnå hovudmålsetjinga om digital DMK innan år 2002. Produksjonsaukinga har skapt nye utfordringar i form av større press på andre område, som tilgang på data, dataflyt, informasjonsflyt m.v. Det blei produsert 12.300 km² DMK, som er landbrukets hovudbidrag i Geovekst. Det blei produsert DMK i 56 kommunar, og 72 kommunar har nå heildekkande DMK. Bruksområde er ma planlegging, saksbehandling, landskapsforvaltning og jordregister.

Jordsmonnkartlegginga skaffar informasjon om det erosjonsforebyggjande arbeidet. Saman med klimadata er jordsmonndata viktige for å utvikle eit robust landbruk, og gje oversikt over kvaliteten på produksjonsgrunnlaget. St meld 29 Om regional planlegging og arealpolitikk legg vekt på vern av dei mest produktive areala. Det blei kartlagt 327 km² i 1996. Betre produksjonsliner har også her gitt auke i produksjonen.

Metodeutvikling innan samordna kartlegging av vegetasjon og skogtakst var i 1996 den viktigaste oppgåva innan vegetasjonskartlegging.

For resultatområde landskap er det utarbeidd eit metodegrunnlag for underregion-beskrivelse og datamodell for landskapsinformasjonssystem. Dette gir grunnlag for utforming av ein heilskapleg landskapspolitikk og forvaltning på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. NIJOS har drive rådgiving og opplæring, og har utført tenester og oppdrag for kommunar, skogforeningar og andre næringsorganisasjonar i landbruket.

Register over fast eigedom og bruksrettar (Kataster)

Resultatområdet omfattar Landbruksregisteret og Jordregisteret. Drifta av landbruksregisteret blei gjennomført som planlagt, m.a. med utviding med grunneiegedomar og stadfesting av landbrukseigedomar med koordinatar er fullført. Dataforvaltningsverktøyet INFOSYS har blitt oppdatert og distribuert til kommunar og fylke. Utviklinga av eit informasjonssystem for eigedoms- og bedriftsdata i landbruket er påbegynt. Det er produsert 18 jordregister mot planlagt 15. NIJOS har medverka i delingslovprosjektet (nytt lovgrunnlag for nasjonale kataster).

Tenester til jordskifteverket

Samarbeidet med jordskifteverket har hatt eit større spekter enn tidlegare, og det er sett i gang fleire utviklingsprosjekt. NIJOS yter hjelp til innføring av geografiske informasjonssystem (GIS), medan hovudproduktet fortsatt er produksjon av kart og skifteplanar som nyttast i dei enkelte saker som skal løysast. Endringa er retta mot overgang frå analoge til digitale metodar, samstundes som verdsettingsproblem er på veg inn knytta til digitale løysingar.

Forskins- og utviklingsprosjekt

Landsskogtakseringa skaffar skogressursdata for landet og enkeltfylke. NIJOS har i 1996 utvikla ein modell for lokalnivået etter finsk mønster, som skal utprøvast i 1997. For helseovervakinga i skogen er det lagt ut felt i ti utvalde områder. Arbeidet med standardisering innan skogbruksplanlegging held fram, med vekt på evaluering av takstmetodar, feltopplegg og planleggingsrutinar. Det er utarbeidd metodar for å samordne vegetasjonskartlegging og takst i skog. For å kunne beskrive konsekvensen av ulike avvirningsprogram utarbeides metodar for visualisering av skogstilstanden basert på prognosemodellar. Det er utvikla prosedyrar for å berekne skogarealet i kantsoner mot myr, vatn, bekk, dyrka mark og liknande element som er viktige i samanheng med biologisk mangfald og kulturlandskap.

NIJOS utførte ei utgreiing om landskapet som ressurs for reiselivet, i tilknytning til miljøbasert næringsutvikling i distrikta.

Innan jordsmonnkartlegging, kor jordas eigenskapar for jordbruksproduksjon er viktig, er det utvikla ein modell for dyrkingsklassifisering for korn, gras og potet.

Ressursinnsats fordelt på hovudområde

Verksemdområde	1995			1996		
	Årsverk	Kr	Pst av totalsum	Årsverk	Kr	Pst av totalsum
Nasjonale ressurs- og miljødata						
– landsskogtaksering og skogovervaking	32	17 239	29	30	16 892	27
– areal- og landskapskartlegging	54	31 490	53	58	33 967	55
Forvaltningstenester	45	10 846	18	42	10 987	18
Samla ressursinnsats	131	59 215	100	130	61 846	100

I 1996 blei 65 pst av drifta dekt over kap 1146, det same som i 1995. Resterande del blei finansiert gjennom oppdragsinntekter og fullmakter til å trekke på andre kapittel i statsbudsjettet, fordelt med henholdsvis 25 og 10 pst.

Administrasjon

NIJOS er ein kunnskapsbedrift med stor vekt på utvikling og nyskaping. I 1996 er det lagt auka vekt på marknadsorientering, slik at NIJOS sine produkt kan takast i bruk av fleire. Dersom NIJOS skal lukkast i arbeidet sitt, er det ein føresetnad at ein framleis satsar på eit høgt kunnskapsnivå hos den enkelte medarbeidar. Stadig ny datateknologi, set høge krav til rask oppdatering og evne til endring innan det produktspekter NIJOS er aktør.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Satsingsområde

Lett tilgang på kunnskap av høg kvalitet om naturressursane er viktige verkemiddel for å sette landbruksforvaltninga i stand til å nå dei måla som er trekte opp i St prp nr 8 (1992-93). For å ta vare på det biologiske mangfaldet og styrkje ressursgrunnlaget med sikte på kvalitetsproduksjon av mat, trevirke og utmarksgode, må ein halde høg aktivitet med omsyn til ressurskartlegging, -registrering og overvaking av miljøtilhøva. Berre med grunnlag i god ressurskunnskap er det mogeleg å tilpasse aktiviteten til naturtilhøva og kunne reagere raskt på endra miljøtilhøve til dømes i samband med forureining og naturkatastrofar.

Markslagsinnhaldet i Økonomisk Kartverk er det einaste systematiske og landsomfattande arealressurskart i stor målestokk. Å føre denne informasjonen over i digital form har høg prioritet. Saman med etablering av infrastruktur for geodata er dette føresetnaden for at samfunnet skal kunne hente ut den nytteeffekten som ligg i bruken av GIS, og dermed gi grunnlag for betre forvaltning av landbruksareal og betre grunnlag for ny næringsutvikling. NIJOS skal derfor prioritere tverretatlege samordningstiltak og standardisering innanfor Geovekst og samordning av miljødata. Departementet har peika ut NIJOS til å vere eit kompetansesenter innanfor skogbruksplanlegging. Dette er eit fagfelt i sterk utvikling, og det er viktig at NIJOS prioriterer området sterkare for å fylle rolla si som kompetansesenter på ein god måte. NIJOS skal òg vere kompetansesenter for GIS når det gjeld statleg landbruksforvaltning. Det er viktig at kompetansesenteret for GIS tas i bruk, for å styrkje kunnskapsnivået i forvaltninga og sikre betre utnytting av dei data som allereie er produsert.

Får å få til satsing på nye område innan ei uendra budsjettamme, krevst det både ei nedprioritering av enkeltområde og ein effektiviseringsgevinst. NIJOS er ein kompetansbedrift, og det er derfor forventningar spesielt om å kunne få til effektivisering, særleg innan dei produksjonslinene som er etablert. Størst gevinst vil ein kunne få innan dei større produksjonslinene, DMK og jordsmonn. For øvrige område, enten med faste omdrev eller konkrete prosjektmål, ser ein liten moglegheit for reduksjon. Det er også god von om auka inntekter gjennom satsinga på eigne markedsmedarbeidarar.

Nasjonale ressurs- og miljødata

Landsskogtaksering og skogovervaking

NIJOS skal skaffe landsomfattande representative data om skogressursar, arealbruk og miljø samt endringar over tid som grunnlag for ei berekraftig forvaltning av skogressursane. Informasjonen blir etablert ved takst på 1/5 av dei landsdekkande permanente flatene i

landsskogtakseringa og i overvakingsprogram for skogskadar. Datamaterialet gir informasjon som grunnlag for verdiskaping basert på skogressursane, forvaltning av biologisk mangfald og andre miljøgode, og skogressursforvaltning i klimasammenheng. Sikre data er avhengig av opplysningar om tilstand og utvikling over tid. Nasjonale ressurs- og miljødata skal rapporterast internasjonalt og vere ein del av departementets system for resultatkontroll innanfor skogbruk og miljø.

Areal- og landskapskartlegging

NIJOS skal gjere informasjonen som ligg i markslagsinnhaldet i Økonomisk Kartverk lettare tilgjengeleg ved å tilretteleggje for bruk av DMK i forvaltning og arealplanlegging, og etablere og ajourføre DMK ved å følge opp Geovekstavtaler. NIJOS skal sørge for tilstrekkeleg tilgang til grunnlagsdata og effektiv dataforvaltning. Tiltak for ajourføring av allereie etablert digital DMK må planleggjast og finansierast.

Informasjon om jordsmonn er grunnlaget for ei rekke produkt som er viktige i forvaltninga av jordressursane, til dømes avrenningskart. Av omsyn til langsiktig og varig bruk av jord og vegetasjon må NIJOS halde fram med å samle inn og leggje til rette data for brukarane. Arbeidet med å bruke jorddata for å betre matkvalitet og auke verdiskaping skal halde fram, og det skal utarbeidast ressurskart basert på klimasoner og jordkvalitet.

Landskapskartlegging er ei inndeling i landskapstypar på grunnlag av natur- og kulturskapte faktorar. I 1998 skal det lagast underregionskildringar for 125 regionar, og datamodell for systemet skal vidareutviklast.

Vegetasjonskartlegging gjev allsidig informasjon om naturgrunnlaget både med omsyn til botaniske og økologiske kvalitetar og eigenskapar for ulike bruk og ressursutnytting. Det vil bli arbeidd vidare med bruk av vegetasjonsdata for beitevurdering og viltforvaltning. Arbeidet med heilskapleg informasjon for auka lønsemd, sjukdomsførebyggjande tiltak og rovdyrforvaltning held fram.

Eigedoms- og bedriftsdata

NIJOS er ansvarleg for utvikling og drift av landbruksregisteret som grunnlag for landbruksforvaltninga sine informasjonssystem for eigedoms- og bedriftsdata. Arbeidet med utvikling av modell for verktøy og data i samband med innføring av GIS i landbruksforvaltninga skal førast vidare, og sakshandsamarverktøyet for lov- og tilskuddsforvaltning skal ferdigstillast og tas i bruk av fylka. NIJOS er vedlikehaldsansvarleg for INFOSYS. Det skal produserast jordregister for 15 kommunar i 1998.

GIS

Samankoplinga av digitale kart og fagdata gjer at NIJOS vil ha ein sentral rolle i den vidare utvikling innan GIS i landbruksforvaltninga. Både for FMLA, Jordskifteverket, og andre regionale einingar vil den kompetansefunksjonen NIJOS skal ha, gi gode bidrag til å ta i bruk GIS i arbeidet. Ved ein organisering av felles GIS-einingar innan fylkesmannsembetet, vil NIJOS vere ein god støttespelar.

Forvaltningstenester

NIJOS er ansvarleg for standardisering av geodata i landbruket, og har ansvaret for den faglege koordineringa av geodatasamarbeidet innanfor landbruket og mellom landbruket og andre (Geovekst). NIJOS er temasenter innanfor miljødatasamordning og kompetansesenter innanfor skogbruksplanlegging. I tillegg er NIJOS ansvarleg for drifta av Landbruksregisteret. NIJOS skal på overordna nivå medverke til at informasjon frå dette datagrunnlaget blir lettare tilgjengeleg for landbruksforvaltninga gjennom nye verktøy og standardisert organisering av datagrunnlaget.

NIJOS skal yte særskilde tenester til Jordskifteverket på område som krev høg kartteknisk kompetanse og spesialisert utstyr. NIJOS skal føre vidare arbeidet med meir langsiktige oppgåver som medverkar til effektivisering, til dømes utvikling av verdsettingsmodellar og metodar for bruk av standardiserte data. Samordning av kartlegging for fleire føremål gjennom Geovekst gjer at NIJOS må kunne utføre heile kartleggingsoppdrag.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter.

Ein gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 15 mill kr som følge av at oppdragsverksemda ved NIJOS fom 1998 er budsjettert på denne posten, jf òg omtale under kap 4146 nedanfor. Det er på denne posten òg sett av 2 mill kr til auka Geovekst-innsats og tilgrensande tiltak innanfor landbruksforvaltninga og NIJOS.

KAP 4146 NORSK INSTITUTT FOR JORD- OG SKOGKARTLEGGING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
02	Driftsinntekter	13 968	8 855	15 000
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	75		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar			
Sum kap 4146		14 043	8 855	15 000

Under kap 4146 post 02 er det budsjettet med inntekter frå oppdrag som blir ført til utgift under kap 1146 post 01. Det er venta auka omfang av oppdragsverksemda i høve til S III 1997.

KAP 1147 REINDRIFTSFORVALTNINGA

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	16 993	14 754	15 061
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 822	2 900	2 950
70	Tilskott til fjellstover	599	600	600
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	19 319	19 000	18 000
	Sum kap 1147	39 733	37 254	36 611

MÅL OG STRATEGIAR

Reindriftsforvaltninga utgjør eit fagleg forvaltningsapparat som òg fungerer som sekretariat og utøvande organ for Reindriftsstyret og områdestyra. I tillegg har forvaltninga ein rådgivande funksjon i høve til næringa. Det overordna målet for verksemda er å medverke til å utvikle ei reindrift som er økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig, må gjennom betre ressursbalanse og økonomi, organisering og arealvern.

Det er ut frå det overordna målet utarbeidd følgjande delmål for Reindriftsforvaltninga:

- ei økologisk balansert ressursutnytting,
 - sikkert økonomisk, sosialt og arbeidsmiljømessig livsgrunnlag for reindriftsutøvarane og
 - reindrift som ein faktor som sikrar grunnlaget for samisk kultur.
- For å nå måla, blir desse strategiane lagt til grunn:
- samarbeid med næringa, anna forvaltning, Sametinget og undervisnings- og forskingsinstitusjonar som arbeider med reindriftsrelatert verksemd,
 - miljø- og ressursvern for å ta vare på artsmangfaldet og beitegrunnlaget i reindriftsområda,
 - kvalitetssikring av reinkjøtt gjennom tidlegslakting, minst mogeleg transport av levande dyr, utvida bruk av beitehagar og feltslakting,
 - marknadstilpassing gjennom aktiv haldning og deltaking i prosjekt og organ som fremmer marknadstilgang,
 - kompetanseheving i forvaltninga og hjå reindriftsutøvarane når det gjeld det biologiske grunnlaget for reindrifta og økonomiske, sosiale og arbeidsmiljømessige tilhøve hjå utøvarane,
 - styrking av kvinnene sin posisjon ved prioritering gjennom ordningar og tiltak,
 - bruk av samisk språk i offentleg forvaltning blir freista gjort til ei sams oppgåve for offentlege institusjonar,
 - omstillingsprogrammet for Indre Finnmark og samhandling med landbruksavdelingane for alternativ næringsutvikling når ressursgrunnlaget ikkje er stort nok,
 - informasjonsverksemd retta mot omgivingane og
 - internasjonalt samarbeid.

RESULTATRAPPORT 1996

Arbeidet i tilknytning til reindriftslova og reindriftsavtalen har stått sentralt. Rettleiing og bruken av verkemidla i reindriftsavtalen har vore retta inn mot målsetjinga om ei økologisk berekraftig reindrift.

Reintalet har gått ytterlegare ned og er no redusert med 70 000 dyr sidan toppåret 1989 til 130 000 i 1997. Det igangsette prøveprosjekt for reduksjon av reintalet i Indre Finnmark gjennom utslakting basert på vektstrukturering har og verka til ein nedgang i reintalet. Redusert reintal og forskyving av slaktetidspunkt frå vinterslakting til haustslakting har til saman redusert belastninga på vinterbeita i Finnmark monaleg.

Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark har òg medverka til ei positiv utvikling gjennom å leggje eit grunnlag for alternativ sysselsetting for dei som vel å gå ut av næringa.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Den pågåande omstillingsprosessen i næringa vil kreve stor innsats òg i 1998. Vidare vil revisjon av distriktsinndelinga i dei fire nordlegaste reinbeiteområda kreve mykje merksemd. Det same gjeld tilhøva til nabolanda Sverige, Finland og Russland.

Satsingsområde

Det er eit siktemål å gjere reindrifta økologisk og økonomisk berekraftig. Det må stimulerast til meir arbeidsintensive driftsformer med eit produktspekter som òg omfattar andre produkt enn kjøtt. Dette målet vil skape grunnlag for å styrke kvinnene sin posisjon i næringa, samstundes som det kan medverke til å gi reindrifta eit sterkare kulturelt feste.

Reduksjon av reintalet i Finnmark gjennom vektstrukturering i flokkane vil vere eit særskilt viktig satsingsområde. Informasjonsverksemd vil og vere viktig. Det same gjeld satsinga på samisk språk.

Endringane i reindriftslova er vedtekne og sette i kraft 1.7.1996. Dette vil kreve oppfølgingsarbeid gjennom forskriftsarbeid, informasjon og rettleiing. Endringane i reindriftslova gjer det i større grad mogleg å knyte økonomiske og lovbaserte verkemiddel saman i eit meir heilskapleg verkemiddelsystem for å tilpasse beitetrykket og styrke inntektsgrunnlaget.

Merknader til dei einskilde postane**Post 01 Driftsutgifter**

Det er oppnemnt nytt reindriftsstyre og nye områdestyre etter den reviderte reindriftslova. På grunn av ein forutsett auka aktivitet for desse styra vil kostnadene auke. Det er avsett 0,5 mill kr til meklingsråd i reinbeiteområda.

Ein ber om fullmakt til å overskride driftsbudsjettet med inntil 500 000 kr ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf forslag til vedtak nr IV.

Kostnadene i samband med oppfølginga av Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark blir dekte over post 71, jf omtale nedanfor.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

Ein gjer framlegg om ei løyving på 2,95 mill kr til vedlikehald av konvensjonsgjerda.

Post 70 Tilskott til fjellstover

Ein har i dag fire statseigde fjellstover og i tillegg kontrakt med tre private om fjellstovehald. Fjellstovene satsar på ein enkel standard og god kvalitet. Saman med auka marknadsføring kan dette på sikt auke innteningsevna. Ein føreslår ei løyving på 0,6 mill kr, det same som tidlegare.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark

Fristen for søknad om omstillingslønn var 1.9.1995 og inntaksstans var 31.12.1995. Ved inntaksstans var om lag 100 driftseiningar gått inn på omstillingslønsordninga, og det var slakta ut vel 20 000 rein.

Mange melde seg på like før fristen gjekk ut. Dei første omstillarane er no i ferd med å gå ut av ordninga. For å dekke behovet for omstillingsløn i 1998 gjer ein framlegg om ei løyving på 18,0 mill kr.

KAP 4147 REINDRIFTSFORVALTNINGA

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIH 1997	Framlegg 1998
01	Driftsinntekter	1 326	53	54
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	151		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	161		
	Sum kap 4147	1 638	53	54

Ein reknar med inntekter for 1998 på 54 000 kr under post 01 frå sal av magasinet Reindriftnytt, frå sal av reinmerkeprotokollar og frå administrative tenester betalt over reindriftsavtalen.

KAP 1148 NATURSKADE - ERSTATNINGAR OG SIKRING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
70	Tilskott til sikringstiltak mm, <i>kan overførast</i>	1 825	3 500	4 500
71	Naturskade, erstatningar, <i>kan overførast</i>	19 761	42 000	42 500
72	Erstatning, flaumskader, <i>kan overførast</i>	67 317		
	Sum kap 1148	88 903	45 500	47 000

MÅL OG STRATEGIAR

Statens naturskadefond yter erstatning for naturskadar som det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning. Statens naturskadefond skal òg medverke til å fremme sikring mot naturskadar gjennom medfinansiering av sikringstiltak og samhandling med andre aktørar innanfor sikringsområdet. Fondet skal syte for at krav om erstatningar for naturskadar og søknader om tilskott til sikringstiltak får ei rask og forsvarleg behandling. Fondet skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats for handtering av naturkatastrofar når det oppstår.

Statens naturskadefond vil følgje opp arbeidet med effektivisering og auking av produktiviteten i fondet. Fondet vil arbeide vidare med tiltak for å gjere takstapparatet og sekretariatet meir robust, og auke informasjonsinnsatsen og samarbeidet med andre aktørar på naturskadefeltet.

RESULTATRAPPORT 1996**Erstatningssaker og klagesaker**

Fondsstyret har i 1996 behandla 1 126 erstatningssaker. Det blei gitt om lag 33,7 mill kr i erstatningstilsegn og betalt ut om lag 100 mill kr i erstatningar og 2,3 mill kr i takstutgifter. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var i 1996 om lag 40 dagar for saker behandla av styret. Gjennomsnittleg tid for behandling og tilvising av forskott var 7 dagar.

Ankenemnda for Statens naturskadefond behandlar klager over vedtak fatta av Styret for Statens naturskadefond og tvistar mellom forsikringstakarar og forsikringsselskap. I 1996 har ankenemnda behandla 49 klager som gjeld vedtak fatta av styret, medan talet på klagar frå forsikringstakarar har vore 58. Dette er ein auke i talet på klager på vedtak fatta av styret, medan talet på klager frå forsikringstakarar er redusert.

Etter flaumen på Austlandet er det innvillga erstatningar for 164 mill kr og utbetalt i alt 148 mill kr. Det står no igjen 16 mill kr som enno ikkje er utbetalt.

Sikring

Fondsstyret har i 1996 behandla 22 søknader om tilskott til ulike former for sikringstiltak mot naturskader. I 1996 blei det i alt utbetalt om lag 1,8 mill kr i tilskott til sikringstiltak.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Løyvinga til naturskadeerstatningar er tilpassa år med gjennomsnittleg skadeomfang. I år med ekstraordinært stort skadeomfang, må fondet basere seg på tilleggsløyvingar. Erstatningane frå Statens naturskadefond blir utbetalt etter at skaden er utbetra. Utbetningsfristen er 3 år. Dette er faktorar som har innverknad på behovet for pengar.

Merknader til dei einskilde postane**Post 70 Tilskott til sikringstiltak mm**

Statens naturskadefond skal medverke til å fremje sikring mot naturskadar gjennom økonomiske tilskott og samhandling med andre aktørar innanfor sikringsområdet. Landbruksdepartementet følgjer opp ordninga ved at fondet jevnleg rapporterer om saker det er gjeve tilskott til og pågåande samarbeidsprosjekt. Det er stor pågang etter tilskott slik at det er nødvendig med ei streng prioritering.

For 1998 gjer ein framlegg om ei løyving på 4,6 mill kr. Dette er ein auke på 1,1 mill kr. Ein stor del av løyvinga skal gå til Talvik-prosjektet i Alta for å sikre mot kvikkleireskred. Dette prosjektet vil bli gjennomført og få støtte over 2-3 år. Ein gjer vidare framlegg om tilsegnfullmakt for 1997 på 1,0 mill kr, jf forslag til vedtak nr VI. Dette vil gjere det mogleg å gje nye tilsegn på 5,6 mill kr.

Tilsegnfullmakt kap 1148 post 70 (mill kr):

Ansvar pr 1.1.97	4,9
Tilsegn 1997	3,3
Sum	8,2
-(løyving 1997+overførte midlar)	8,3
Ansvar pr 31.12.97	-0,1
Nye tilsegn 1998	5,6
Sum	5,5
Framlegg til løyving 1998	4,5
Tilsegnfullmakt 1998	1,0

Post 71 Naturskadeerstatningar

Statens naturskadefond skal gje ei rask og forsvarleg behandling av krav om erstatning for naturskader som er heimla i naturskadeloven. Kvaliteten på vedtaka og saksbehandlings-tida er indikatorar på korleis Statens naturskadefond lukkast i å oppfylle målsettinga. Landbruksdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av rapporter om økonomi og saksbehandling.

Over denne posten vert dekt lovheimla krav på erstatning frå fondet. I tillegg vert dekt utgifter til rettferdsvederlag, taksering ma av skader samt naudsynnte utgifter til evt. ekstrahjelp og utvikling av edb-system for verksemda i fondet.

Statens naturskadefond kan totalt gi tilsegn for inntil 4 mill kr til forskingsprosjekt, informasjonstiltak og andre aktivitetar som medverker til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker, eller å auke effekten av dei ressursar som nyttast på naturskadeområdet. Flaumen på Austlandet i 1995 avdekte behov for å nytte ein avgrensa del av dei tildelte midlane på post 71 til slike føremål.

Etter naturskadelova kan det settast som vilkår for utbetaling av erstatning at skaden blir utbetra på ein slik måte at faren for naturskade minkar. Har fondsstyret satt slike vilkår, kan det gis tilskott til den skadelidne til dekking av meirkostnadene. Desse meirkostnadene kan dekkast over post 71 i samband med erstatninga og kan maksimalt utgjere 25 000 kr pr sak.

Omfanget av tilleggskrav om erstatning for tidlegare konstatert skade etter flaumen på Austlandet (ma tette avløpsanlegg/grøfter) er enno vanskeleg å vurdere. Det har hittil kome få søknader om slik erstatning, men kostnadene på einskilde eigedomar er taksert til fleire hundretusen kroner.

Det vart i 1996 gjeve forskrift frå departementet om at visse følgeskadar skal dekkjast med midlar i ein periode på 3 år. Kostnadene for denne ordninga ser ikkje ut til å bli store.

Det er umogleg å forutsjå kva skadehendingar som kan koma i den nemnte perioden. Foramlegget om løyving er derfor basert på behovet i eit gjennomsnittår.

Ut frå dette gjer ein framlegg om ei løyving på 42,7 mill kr og ei tilsegnfullmakt på 8,0 mill kr, jf forslag til vedtak nr VI. Dette vil gjere det mogleg å gi nye tilsegn på 63,1 mill kr i 1998.

Tilsegnfullmakt kap 1148 post 71(mill kr):

Ansvar pr 1.1.97	29,6
Tilsegn 1997	66,8
Sum	96,4
-(løyving 1997+overførte midlar)	108,8
Ansvar pr 31.12.97	-12,4
Nye tilsegn 1998	63,1
Sum	50,7
Framlegg til løyving 1998	42,7
Tilsegnfullmakt 1998	8,0

KAP 1150 TIL GJENNOMFØRING AV JORDBRUKSAVTALEN MM

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
50	Fondsavsetningar	574 360	586 860	580 860
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	166 703	188 800	199 100
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 999 523	1 968 600	1 820 900
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	6 328 678	6 413 079	6 578 079
76	Marknadsordningar, <i>overslagsløyving</i>	885 085	892 650	828 000
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	314 602	256 000	283 450
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 480 269	1 606 110	1 613 910
	Sum kap 1150	11 749 220	11 912 099	11 904 299

MÅL OG STRATEGIAR

Kapitlet omfattar i hovudsak løyvingar til gjennomføring av jordbruksavtalen. Jordbruksavtalen og tilskottsordningane under han er dei viktigaste verkemidla ein har for å følgje opp måla og retningslinene i landbrukspolitikken.

Retningslinjer og målsetjingar for næringspolitikken i jordbruket er i all hovudsak dregne opp i St prp nr 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling - Om retningslinjer for landbrukspolitikken og opplegget for jordbruksoppgjørene m.v.*, og i stortingsproposisjonane om jordbruksoppgjera i 1993-1997. Målsetjingane for næringspolitikken innafør jordbruket kan ein oppsummere slik:

- medverke til lågare kostnadsnivå og meir konkurransedyktige råvareprisar og lågare matvareprisar
- sikre miljøvenleg produksjon der òg omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt
- medverke til ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden
- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levekår på line med befolkninga elles

For å sikre dette må norsk landbruk framleis omstille seg. Hovudretningslinene i St prp nr 8 (1992-93), Stortinget si behandling av han og oppfølginga gjennom proposisjonane om jordbruksoppgjera sidan, blir lagt til grunn for omlegginga. Hovudstrategien er å skape eit meir konkurransedyktig og robust landbruk gjennom kostnadsreduksjonar og eit lågare støttenivå. Med omgrepet robust landbruk legg ein til grunn eit landbruk som kan tåle endringar i rammevilkåra, reduserte overføringar som følgje av endringar i nasjonal økonomi og auka konkurranse i markedene.

For ei nærare omtale av mål og strategiar i jordbrukspolitikken viser ein til pkt 2 i programkategori 15.30 og til kap 7 i St prp nr 70 (1996-97). Nærare omtale av målsetjingar for tilskottsordningane på kap 1150 er gitt i budsjettframlegget for 1998 nedanfor.

RESULTATRAPPORT 1996

Utviklinga i jordbruket er i samsvar med dei retningslinene Stortinget har trekt opp. Forbrukarane sine behov blir no i større grad reflektert i norsk landbruk som følgje av mellom anna auka konkurranse. Etter at St prp nr 8 (1992-93) blei behandla er både løyvingane over statsbudsjettet til jordbruket og jordbruksavtaleprisane monaleg reduserte, i tråd med Stortinget sine føresetnader. Ved jordbruksoppgjeret i 1997 var det likevel nødvendig å auke løyvingane over statsbudsjettet og jordbruksavtaleprisane noko. Likevel vil prisutviklinga på matvarer vere klart gunstigare enn konsumprisindeksen.

Tabellen på neste side viser den nominelle utviklinga i nettoløyvingane til jordbruket over jordbruksavtalen (kap 1150 og 4150):

År ¹⁾	(i mill kr)		
	Utgiftsløyving	Inntektsløyving	Nettoløyving
1975	2 341	308	2 032
1980	5 905	883	5 022
1985	9 319	622	8 697
1990	12 201	787	11 413
1991	12 487	550	11 938
1992	12 709	980	11 729
1993	12 893	1 173	11 720
1994	12 642	903	11 739
1995	11 975	386	11 589
1996	11 943	141	11 802
1997	11 937	129	11 808
1998	11 904	112	11 792

¹⁾Tabellen er i nominelle tal basert på rekneskap for perioden 1975-96, revidert budsjett for 1997 og budsjettframlegg for 1998.

Inntektsløyvinga er frå 1995 sterkt redusert då den tidlegare kraftfôravgifta er erstatta med tollinntekt på kap 5511. Dette tyder at nettoløyvingane til jordbruket over statsbudsjettet har gått klårt ned dei siste åra.

Kostnadene i primærjordbruket er reduserte monaleg i dei siste åra, og produktiviteten er auka. Kostnadene er likevel framleis for høge. Med den sterke gjensidige tilknyttinga det er mellom primærjordbruket og omsetjing/foredling er det nødvendig med ein auke i produktiviteten og ein reduksjon i kostnadene òg i omsetningsledda og foredlingsindustrien i tida som kjem.

Marknadsreguleringa er dei siste åra gradvis redusert og gjort enklare. Dette har verka til at prisane har meir å seie i produksjonsreguleringa og at marknadstilhøva er betra. Mjølkeproduksjonen er noko redusert dei seinare åra, men det er framleis overkapasitet og produksjonspress innafor sektoren. Husdyrproduksjonen totalt sett har i same periode halde seg nokolunde stabil. Kjøttforbruket har auka. Den regionale fordelinga av produksjonen er i hovudtrekk som føresett. Distrikta held oppe sin del av den samla produksjonen. Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsetjinga i jordbruket. Bruk av ny teknologi og nye arbeidsmåtar er ein vesentleg årsak til dette. Talet på bruk i drift har òg gått jamt ned. Samstundes har det registrerte jordbruksarealet auka, slik at den gjennomsnittlege bruksstorleiken viser ein jamn auke. Elles er store delar av dei økonomiske verkemidla i jordbruksavtalen gjennomgått og forenkla.

For ein meir detaljert statusrapport pr 1996 for jordbrukspolitikken viser ein til kap 5 i St prp nr 70 (1996-97). Ein viser òg til pkt 2.2 i programkategori 15.30.

Nedanfor følgjer ei kort oppsummering av dei viktigaste elementa i jordbruksoppgjeret 1997.

Jordbruksoppgjeret 1997

Jordbruksoppgjeret 1997 la til grunn retningslinene for landbrukspolitikken som Regjeringa fremma i St prp nr 8 (1992-93) og Stortinget si behandling, jf Innst S nr 92 (1992-93). Dette innebar mellom anna at ein skulle dele forhandlingane i to fasar.

Fase I av jordbruksforhandlingane blei innleidd ved at Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag la fram eit sams krav med ramme og fordeling 28.4.97. Tilbodet frå staten blei lagt fram 5.5.97.

Sluttforhandlingane mellom partane blei teke opp 7.5.97. Statens forhandlingsutval la 9.5.97 fram eit arbeidsdokument med sine vurderingar og standpunkt når det gjeld etablering av ei tidlegpensjonsordning i jordbruket. På grunnlag av staten sitt tilbod og jordbruket sitt krav blei deretter dei viktigaste spørsmåla gjennomgått i forhandlingsmøte. På møte 12.5.97 blei partane samde om å gjennomføre sonderingar i tråd med Hovudavtalen § 2-5 med sikte på å komme fram til ei forhandlingsløyving. Under denne prosessen drøfta partane ramme, distrikts- og strukturprofilen, korn- og kraftfôrpolitikken, endringar i marknadsordningane og andre hovudspørsmål i oppgjeret. Norsk Bonde- og Småbrukarlag sin forhandlingsdelegasjon meddelte i forhandlingsmøte natt til 15.5.97 at avstanden mellom krav og tilbod i sluttfasen av sonderingane var så stor at det ikkje syntest mogleg å komme fram til ein avtale som dei kunne anbefale. Norsk Bonde- og Småbrukarlag valde på denne bakgrunnen å bryte forhandlingane, medan Norges Bondelag ønskte å forhandle vidare. I dei vidare drøftingane mellom staten og Norges Bondelag var det tilnærming mellom partane, og 15.5.97 blei det semje om ein jordbruksavtale med verknad frå 1.7.97.

Fase I av jordbruksoppgjeret og endringane i statsbudsjettet for 1997 er lagt fram for Stortinget i St prp nr 70 (1996-97). Den inngåtte avtalen har ei auka varig ramme på 500

mill kr, og inneber ein auke i løyvingane over Jordbruksavtalen på 50 mill kr frå eit nivå på 11,9 mrd kr. Avtaleprisane blir auka med 450 mill kr. Den låge budsjettandelen på den varige ramma har samanheng med behovet for å halde utgiftssida på statsbudsjettet under kontroll. Vidare vil eit eingongsbeløp på 255 mill kr som areal- og kulturlandskapstilskott og husdyrtilskott disponerast over avtalen i 1997. Eit eingongsbeløp på 100 mill kr som areal- og kulturlandskapstilskott vil bli utbetalt i 1998. Saman med omdisponeringar på 73 mill kr innafor den varige ramma vil dette gi ein inntektsverknad for totaljordbruket på 928 mill kr i avtaleperioden. Det er rekna ut at avtalen vil gi ein inntektsvekst på om lag 3,5 pst frå 1996 til 1997.

Mjølkeprisen er auka med 12 øre pr liter i gjennomsnitt. Målprisane er auka med 115 øre pr kg for storfekjøtt og med 80 øre pr kg for sauekjøtt, medan målprisane for svin- og fjørfekjøtt er auka med 15 øre pr kg. Målprisen for egg er auka med 25 øre pr kg. For potet er målprisen auka med 14 øre pr kg, medan prisane på frukt, bær og grønsaker er auka med 6 pst. Utslaget på konsumprisindeksen av oppgjeret vil avhenge av marknadstilhøva, men vil truleg bli om lag 0,1 pst.

Avtalen inneber at distriktsprofilen på tilskottsordningane blir oppretthalde på eit høgt nivå. Strukturprofilen på tilskottsordningane blir òg vidareført, ved at ma tilskottet pr dyr er auka med 175 kr pr dyr til 3 675 kr pr dyr for dei første 8 kyrne, og satsen er auka med 50 kr til 1 350 kr pr dyr for dei neste 9-25 kyrne. Det blir vidare lagt opp til framleis sterk satsing på utviklingstiltak og alternativ sysselsetjing i distrikta, samt auka satsing på investeringar i tradisjonelt jordbruk.

Kornproduksjonen er ein sentral del av vår jordbruksproduksjon. Som eit ledd i tilpassinga av landbrukspolitikken er prisen på korn redusert monaleg dei siste åra. For produsentane er reduksjonen delvis kompensert med auka arealstøtte. Ut frå omsynet til både inntektsutvikling og ønsket om å oppretthalde ein kornproduksjon om lag på noverande nivå vart prisane på kveite, rug og bygg auka med 1 øre/kg, medan arealstøtta til korn vart auka med 7 kr/daa i sone 1-3 og 9 kr/daa i sone 4-7. I tillegg kjem eingongsutbetalingar av arealtilskott i 1997 og 1998.

Frå 1.1.97 er det innført eit system for omfordeling av mjølkekvoter der den regionale fordelinga av produksjonen av mjølk blir halden oppe. Dei mjølkeprodusentane som ønskjer det, kan løyse mjølkekvoten sin inn mot godtgjersle. Dei innløyste mjølkekvotane blir tilbydd dei andre mjølkeprodusentane. Siktemålet med systemet for omfordeling av mjølkekvoter er å gi mjølkeprodusentane som held fram med mjølk moglegheit til å utnytte den eksisterande kapasiteten betre. Ordninga vil gi grunnlag for auka inntekter for mjølkeprodusentane og reduserte kostnader for samfunnet. Det blei i oppgjeret i 1996 lagt til grunn at produsentar som løyser inn mjølkekvoten sin blir prioritert ved tildeling av utviklings- og investeringsmidlar. Det gjeld satsing på spesialisert storfekjøttproduksjon med ammekyr, omlegging til økologisk produksjon, bær-, frukt- og grønsakproduksjon og alternativ næringsutvikling.

Den nye marknadsordninga for mjølk blei sett i verk frå 1.7.97. Marknadsordninga skal leggje grunnlaget for konkurranse på likeverdige og opent samanliknbare vilkår der all produksjon og alle produsentar tek del i marknadsordninga og produksjonskvotesystemet.

Avtalen inneber elles at partane er samde om å gjennomføre utgreiingar om forenklingar i ei rekke andre tilskottsordningar til jordbruksoppgjeret i 1998. Avtalen inneber òg ei ytterlegare dreining av verkemiddelbruken i retning av ein større del produksjonsnøytrale tilskott, ved at pristilskotta på post 73 blei redusert med 140 mill kr medan dei direkte tilskotta på post 74 blei auka med 165 mill kr. Auken i arealstøtta inneber ei prioritering av distriktsjordbruket som har mest areal pr produsert eining. Areal- og kulturlandskapstillegga er auka med i alt om lag 118,5 mill kr, i hovudsak gjennom ein auke i tilskottet til gras- og kornareal.

Den ordinære ramma for bruk av midlar frå Landbrukets utviklingsfond (LUF) er auka frå 780 til 790 mill kr. I tillegg kjem 40 mill kr frå Lager- og tørkefondet, slik at den totale ramma for bruk av midlar i 1998 er på 830 mill kr. Av ramma er 400 mill kr avsett til utviklingstiltak, medan 180 mill kr er avsett til investeringar i tradisjonelt jordbruk.

Tollvernet er ikkje forhandlingstema i jordbruksoppgjeret. I St prp nr 70 (1996-97) er det varsla endringar i tollsystemet for blomstrar, frukt, grønsaker og fjørfekjøtt, jfr òg omtale i pkt. 1.1.2 i innleiinga.

Spørsmålet om etablering av ei ordning med tidlegpensjon i jordbruket var òg eit sentralt tema i forhandlingane. I sluttprotokollen frå forhandlingane har partane gjennom sine einsidige protokolltilførsalar gitt uttrykk for sine vurderingar og standpunkt i dette spørsmålet (jf vdl 2 i St prp nr 70 (1996-97)).

Fase II av jordbruksforhandlingane blei avslutta 30.06.97. For nærare informasjon om resultatane frå desse forhandlingane viser ein til sluttprotokollen frå Fase II-forhandlingane som følgjer proposisjonen som trykt vedlegg.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Samanlikna med opphavleg budsjettvedtak for 1997 inneber framlegget for 1998 at bruttoløyvingane på kap 1150 vil bli redusert med 7,8 mill kr frå 11 912 til 11 904 mill kr. Inntektene på kap 4150 vil bli redusert med 16,7 mill kr frå 128,7 til 112,0 mill kr. Nettoverknaden for kap 1150 og kap 4150 blir etter dette ei svekking av statsbudsjettet med 8,9 mill kr frå 11 783 til 11 792 mill kr samanlikna med S III 1997.

Verknaden på statsbudsjettet etter endringane i jordbruksoppgjeret 1997 inneber ein varig auke i overføringane over kap 1150 og kap 4150 på 50 mill kr. Halvparten av denne auken er rekna inn i revidert budsjett for 1997 (etter jordbruksoppgjeret, jfr. St prp nr 70 (1996-97)). Samanlikna med revidert budsjett for 1997 inneber budsjettframlegget derfor ei netto styrking av statsbudsjettet med 16,1 mill kr.

Oppfølging av det nye økonomireglementet for staten

Landbruksdepartementet gir høg prioritet til arbeidet med å følgje opp krava i det nye økonomireglementet til forvaltning av tilskottsordningane under kap 1150 og 4150, jf òg omtale i pkt 1.4 i innleiinga.

I merknadene til dei einskilte postane nedanfor er det kort gjort greie for føremål og innhald i dei ulike ordningane. For meir detaljerte opplysningar viser ein til stortingsproposisjonane om jordbruksoppgjera, der jordbruksoppgjeret for 1997/98 blei lagt fram i St prp nr 70 (1996-97).

Oppfølgingskriteriar vert løpande vurdert for tilskottsordningane under kap 1150. Når det gjeld dei tiltaksretta tilskotta under post 50 og dels under post 77, er vurderingar og tildeling av midlar basert på føremål og føresetnader i kvart tilfelle. Desse ordningane er etter departementet si vurdering godt tilpassa økonomireglementet sine krav til oppfølgingskriterier. Dei løpande tilskottsordningane (postane 70, 73, 74, 76 og 78) er sterkt integrerte i verkemiddelsystemet under jordbruksavtalen. Departementet meiner at den samla tilpassinga slik den blir registrert i Budsjettnemnda for jordbruket sitt materiale gir det beste grunnlaget for Stortinget når det gjeld å vurdere resultatane på dei viktigaste innsatsområda i landbrukspolitikken, og dermed òg det beste grunnlaget for å følgje opp endringar i desse landbrukspolitiske virkemidla i dei årlege jordbruksoppgjera. Departementet kan for einskilte ordningar supplere jordbruksoppgjersproposisjonen med oppfølgingskriteriar ut over dette for dei løpande tilskottsordningane under jordbruksavtalen.

Også når det gjeld rapportering og kontroll kan ein under kap 1150 skilje mellom dei tiltaksretta og dei løpande tilskottsordningane. For dei tiltaksretta ordningane gjeld hovuddelen av løyvingane midlar til bygdeutvikling. Delar av innvilga beløp (normalt minimum 25 pst) blir halde tilbake inntil sluttrapport og godkjend attestert rekneskaps-samandrag ligg føre. Tilskott til tiltak som blir gitt på fylkesnivå blir kontrollert av kommunen eller fylkesmannen. Statens Landbruksbank lagar årleg rapportar over bruken av midlane på grunnlag av rapportane frå Fylkesmannens landbruksavdeling. For dei tiltaksretta ordningane elles er rapportering og kontroll i hovudsak basert på revisorgodkjente rekneskap over ut- og innbetalingane.

For dei løpande tilskottsordningane under kap 1150 er rapportering og kontroll òg i hovudsak basert på revisorgodkjente rekneskap over ut- og innbetalingane. Samstundes blir det gjennomført ei rekke kontrollar, ma eigenkontrollar og stikkprøvekontrollar. Det blir òg gjennomført evalueringsmøter med dei som er ansvarlege for forvaltninga av dei viktigaste ordningane. For pristilskotta kontrollerer tilskottsforvaltaren søknadene om midlar opp mot dei registrerte leveransane, og det blir gjennomført kontroll av rutiner i økonomiforvaltninga ved bedriftene som utbetaler tilskotta til produsent. Produksjonstilskotta (tilskott til husdyr og areal- og kulturlandskapstilskott) og tilskott til avløysering er basert på søknader frå brukarane. Søknadene blir kontrollerte før godkjenning i kommunane, og det blir gjennomført eit stort tal kontrollar i det edb-baserte systemet for utbetaling av tilskotta. Fem prosent av alle som har søkt om produksjonstilskott i kvar kommune blir trekt ut for kontroll på bruket. Det blir utarbeidd ei rekke rapportar for både landbruks- og skattestyresmakter. Dei løpande tilskottsordningane under kap 1150 blir òg følgd opp gjennom rutinane for oppfølging av verksemdene som forvaltar desse ordningane.

Departementet legg til grunn at evalueringar skal brukast aktivt for å forbetre tilskottsordningane framover. Evalueringar vil vere eit viktig bidrag til kunnskap om korleis ordningane funksjonerer kvar for seg og samla og korleis ordningane blir forvalta.

Merknader til dei einskilde postane

Post 50 Fondsavsetningar

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
50.01	Tilskott til LUF	516 300	515 300	515 300
50.02	Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon	20 000	30 000	30 000
50.03	Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe mm	38 060	41 560	35 560
	Sum post 50 Fondsavsetningar	574 360	586 860	580 860

Underpost 50.01 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

Etter LUF sine vedtekter kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tek sikte på å styrkje og byggje ut næringsgrunnlaget på det einskilde bruk. Vedtektene for LUF er vedteke av Stortinget.

LUF hadde pr 31.12.96 ein kapital på 2 568 mill kr. Av kapitalen var 931 mill kr inneståande beløp i statskassa og 1 637 mill kr var i form av utlån. Det blei løyvd 516,3 mill kr til LUF i 1996, og ramma for tilsegn blei sett til 780 mill kr. Forbruket av midlar blei 796 mill kr. Ansvar knytt til innvilga, ikkje utbetalte tilskott og investeringslån var pr 31.12.96 på 771 mill kr. Udisponert kapital var pr 31.12.96 på 159,8 mill kr. I 1997 er løyvinga til fondet 515,3 mill kr, medan innvilgingsramma framleis er på 780 mill kr. I jordbruksoppgjeret 1997 blei løyvinga til fondet ståande uendra med 515,3 mill kr, medan den ordinære innvilgingsramma frå fondet blei auka frå 780 til 790 mill kr for 1998. Det er i samsvar med dette gjort framlegg om ei løyving til LUF på 515,3 mill kr for 1998. I tillegg kjem 40,0 mill kr som blir overført frå Lager- og tørkefondet. Tabellen nedanfor viser framlegget til fordeling av innvilgingsramma frå fondet i 1998 slik det blei vedteke i jordbruksoppgjeret i 1997.

(i mill kr)

Nemning	Fordeling 1996	Budsjett 1997	Framlegg 1998
BU: Utviklingstiltak	390,0	400,0	400,0
BU: Investeringar i tradisjonelt jordbruk	120,0	120,0	140,0
Miljøtiltak	150,0	133,0	120,0
Skogbruk	110,0	115,0	120,0
Fruktttrefelt	2,0	4,0	4,0
Energiøkonomiserande tiltak i veksthus	8,0	8,0	5,0
Overføring til Samisk Utviklingsfond			1,0
Sum	780,0	780,0	790,0
Overført frå Lager- og tørkefondet til investeringar i tradisjonelt jordbruk			40,0
Sum innvilgingsramme for 1998			830,0

Føremålet med BU-midlane til utviklingstiltak er å etablere ny lønnsam næringsverksemd i og knytt til landbruket. Hovudmålgruppa er personar knytt til gardsbruk. Fellesprosjekt der òg personar som ikkje er knytt til landbruket deltek, kan få støtte. Vidare kan ein gi støtte til småskalaprega tiltak som fører til auka verdiskaping frå landbruket og verksemd knytt til landbruket. Ramma for utviklingstiltak skal såleis nyttast mellom anna til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, etablerartiltak, bedriftsutvikling og investeringar utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk (tilleggsnæringar). Innafor ramma skal det òg finnast dekning for sentrale bygdeutviklingsmidlar. Det blei i fase 2 av forhandlingane avsett prosjektmidlar av dei sentrale bygdeutviklingsmidlane (jf vedlegg 1).

Ordninga med tilskott for investeringar i tradisjonelt jord- og hagebruk innafor BU-ordninga er eit viktig infrastrukturtiltak med omsyn til dei nye utfordringane som landbruket møter i ein meir konkurranseutsett situasjon. Tilskott og investeringslån til bygging av driftsbygningar mm, kjøp av landbruksareal og etableringstilskott er sentrale element i ordninga. Ordninga skal òg medverke til omstilling og tilpassing i husdyrproduksjonane. Innafor jord- og hagebruk er det område med marknadsmoglegheiter og potensiale for ekspansjon, som td økologisk jordbruk, produksjon for eksport, ulike nisje-

produkt. Ein legg derfor opp til at 25 mill kr av BU-midlane til utviklingstiltak kan nyttast til slike tiltak. Totalt sett vil det ut frå dette vere 205 mill kr til disposisjon for investeringar i tradisjonelt jordbruk i 1998.

Avsetjinga på 120 mill kr for 1998 til *miljøtiltak* fordelar seg med 86,0 mill kr til kulturlandskaps- og bygningstiltak, 30,0 mill kr til tiltak i samband med miljøinvesteringar og 4,0 mill kr til miljø- og ressursvern. Fordelinga av avsetninga til miljø- og ressursvern er vist i vedlegg 1. Innsatsen retta mot kulturlandskapet var tidlegare ført gjennom dei to ordningane *tilskott til restaurering av freda og verneverdige bygningar i landbruket* og *tilskott til spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap*. Ordningane har vore viktige for å ta vare på kulturlandskaps- og bygningsressursar og for å medverke til næringsverksemd med basis i desse ressursane. Desse ordningane er no samordna og det er utarbeidd ei felles forskrift. Ordninga omfattar òg midlar til heilskaplege fellestiltak i større område, informasjonsarbeid, tilstandsovervaking og resultatkontroll og forskning innafor kulturlandskap.

Ramma for *skogbruk* under LUF er sett til 120 mill kr. Skogsvegbygging vil bli prioritert, med ei avsetjing på 57,0 mill kr. Ein legg framleis stor vekt på skogbruksplanlegging og opplæringsverksemd, med avsetjingar på høvesvis 37,0 og 23,0 mill kr. Elles legg ein opp til at det med basis i erfaringane frå 1994 og 1995, framleis skal leggjast vekt på tiltak for auka innsats i skogkultur og skogbruket sitt ansvar for ressursforvaltninga.

Føremålet med tilskott til *frukttrefelt* er å fremme ein marknadstilpassa og berekraftig produksjon av kvalitetsfrukt gjennom å gi støtte til rydding av eldre og urasjonelle frukttrefelt og gjennomføring av kvalitetstiltak. Ramma er for 1998 vidareført med 4,0 mill kr.

Føremålet med ordninga *energiøkonomiserande tiltak i veksthus* er å redusere kostnadane med tiltak for omlegging til auka bruk av miljøvennlege energiformer i veksthus. Midlane kan òg nyttast til produsentretta utviklingsprosjekt som kan stimulere til auka konkurransekraft i veksthusnæringa. Ramma for 1998 er sett til 5,0 mill kr. Dette er ein reduksjon på 3,0 mill kr i høve til ramma i 1997 og må sjåast i samanheng med redusert pågang av søknader.

Som ledd i Regjeringa sitt arbeid med å gjennomgå utvalde tilskottsordningar på statsbudsjettet, gjennomfører Landbruksdepartementet i samarbeid med Finansdepartementet ei evaluering av sentrale ordningar under Landbrukets utviklingsfond. Hovudføremålet med evalueringa er å gi ei samanstilling av dei resultata ein oppnår gjennom tilskottsordningane og å gjera framlegg til forbetringar. I tillegg skal bruken av midlane vurderast i høve til krava i det nye økonomireglementet. Ein tek sikte på å leggje fram resultata og framlegg til vidare oppfølging av evalueringa ved jordbruksoppgjeret 1998.

Underpost 50.02 Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon

Føremålet med katastrofeordninga i jord- og hagebruket sin planteproduksjon er å yte økonomisk bistand til jord- og hagebrukarar med store avlingsskadar som kjem av klimatiske eller klimatisk avleidde tilhøve som brukaren sjølv ikkje rår over. Normale avlingsvariasjonar er ikkje omfatta av katastrofeordninga i planteproduksjonen, som omfattar følgjande ordningar:

- erstatning for avlingsskade,
- tilskott til kjøp av stråfôr,
- tilskott til fornying og reparasjon av overvintringsskada eng,
- langtidserstatning for overvintrings- og frostskeidar på frukttre og bærbuskar og
- tilskott til kjøp av planter av eple- og pæretre.

Eigendelane for Nord-Noreg og Sør-Noreg er fastsette til høvesvis 22 pst og 27 pst. Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon hadde pr 1.1.97 ein kapital på 111 mill kr. Av dette var om lag 15 mill kr bunde opp for å dekke skader frå 1995 og 1996. Løyvinga til fondet blei i samband med jordbruksoppgjeret i 1997 vidareført uendra med 30 mill kr. Det blei samstundes vedteke å føre tilbake 20 mill kr av fondskapitalen til statskassa. Fondet har no ein tilfredsstillande likviditet.

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 30 mill kr til fondet i 1998.

Underpost 50.03 Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe mm

Tiltaksfondet for småfe og fjørfe blei oppretta i samsvar med tilleggsavtalen til jordbruksavtalen 1966-68. Føremålet med tiltaksfondet er å yte tilskott til fagleg verksemd for saue-, geite-, fjørfe-, kanin-, pelsdyr-, kjøttfe-, og bihaldet i landet. Midlar kan òg nyttast til å gi erstatning for tap av sau på beite og til tiltak som tek sikte på å avgrense slike tap. I einskilde høve kan det òg nyttast midlar av fondet til delvis erstatning for særleg store tap i husdyrhald når eigaren er utan skuld i skaden og det ikkje blir gitt skadebot på annan måte og det samstundes ikkje har vore mogleg for brukaren å sikre seg økonomisk mot tap ved forsikring.

Udisponert fondskapital pr 1.1.97 var om lag 7,5 mill kr. Ved jordbruksoppgjeret i 1997 blei partane samde om å auke løyvinga til fondet med 4,0 mill kr frå 41,56 til 45,56 mill kr. Ved Stortinget si behandling av jordbruksoppgjeret blei det bestemt at utgifter vedkomande førebyggjande tiltak mot rovdyrskadar skal førast over miljøbudsjettet. Partane blei derfor i fase 2 av forhandlingane samde om å overføre 10 mill kr frå Tiltaksfondet for småfe og fjørfe til Miljøverndepartementets budsjett. Dette er midlar som er øymerka til førebyggjande tiltak mot rovviltskader og som til no er samordna med dei midlar som er sett av over Miljøverndepartementet sitt budsjett. Det er og andre reint landbrukspolitiske tiltak som verkar førebyggjande på rovviltskadane slik som tildeling av mjølkekvoter, bruk av LUF-midler mm. Desse tiltaka er ein del av jordbruksavtalen.

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 35,56 mill kr til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe i 1998.

Post 70 Marknadsregulering

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
70.01	Avsetningstiltak	83 301	65 000	65 000
70.02	Tilskott til råvareprisordninga	45 602	85 800	103 100
70.03	Eksportrestitusjon	24 300	31 000	31 000
70.04	Kontraktsproduksjon av egg	13 500	7 000	
	Sum post 70 Marknadsregulering, kan overførast	166 703	188 800	199 100

Underpost 70.01 Avsetningstiltak

Føremålet med avsetningstiltaka er å medverke til at ein kan nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukt, å jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetning for produsert vare og medverke til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. Kostnadene ved marknadsregulering blir i dag dekte av løyvinga til avsetningstiltak over jordbruksavtalen og gjennom omsetjingsavgifta.

Prisnedskriving for potetsprit, kollektiv dekning av omsetjingsavgift for grønsaker, frukt og jordbær, og midlar for å fremme omsetning av økologiske produkt blir finansiert over posten. For å fremme eksporten av norske jordbruksprodukt blir det gitt tilskott til opplysning, marknadsundersøking og marknadsføring.

Som følgje av GATT/WTO-avtalen er moglegheitene for reguleringseksport no avgrensa, og eksporten må i større grad gå føre seg på kommersiell basis. Pris- og marknadsreguleringssystema under jordbruksavtalen inneber at jordbruket sitt ansvar for overproduksjon blir ført vidare, med omsetjingsavgift som viktigaste kjelde til finansiering av reguleringstiltak. I tråd med dette er midlane til marknadsregulering over jordbruksavtalen dei siste åra blitt reduserte. Kostnadene ved marknadsregulering blir derfor meir synlege for den einskilde produsent.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 65,0 mill kr til avsetningstiltak i 1998.

Underpost 70.02 Tilskott til råvareprisordninga

Føremålet med råvareprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og å gjere norske eksportprodukt under ordninga konkurransedyktige på verdsmarknaden. Råvareprisutjamninga kan skje i form av

- toll på råvaredelen av importerte ferdigvarer,
- tilskott ved eksport av ferdigvarer (eksportrestitusjon) og/eller
- prisnedskriving ved at prisane på innanlandske jordbruksråvarer til framstilling av ferdigvarer heilt eller delvis blir skrivne ned til verdsmarknaden sitt prisnivå.

Som følgje av gjennomføringa av GATT/WTO-avtalen frå 1.7.95 er importavgifter under RÅK-ordninga blitt erstatta med tollsatsar. Inntektsgrunnlaget for RÅK-fondet blei då borte. Fondskapitalen, som til no er blitt nytta til å finansiere vidareføringa av ordninga, vil bli brukt opp i løpet av 1997. Heile RÅK-ordninga vil såleis bli finansiert over statsbudsjettet frå og med 1998.

For 1998 reknar ein med at ein treng 103,1 mill kr til ordninga; 42,1 mill kr til eksportrestitusjon (jfr vår GATT/WTO-binding for 1998), 1 mill kr til leveransar i nære marknader (omfattar oljeinstallasjonar på norsk sokkel, Svalbard og Jan Mayen) og 60,0 mill kr til prisnedskriving.

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 103,1 mill kr til RÅK-ordninga i 1998.

Underpost 70.03 Eksportrestitusjon

Underposten omfattar ordninga med eksportrestitusjon til foredla kjøttprodukt (XRK-ordninga) og Catering-ordninga. Føremålet med XRK-ordninga er å gjere det mogleg for norsk næringsmiddelindustri å levere foredla kjøttvarer til eksportmarknader. Føremålet med Catering-ordninga er at norske cateringselskap som leverer menyar til fly i utanriksfart, skal kunne konkurrere med utanlandske selskap når dei brukar norske råvarer.

Ein gjer framlegg om ei uendra løyving på 31,0 mill kr på post 70.03 i 1998.

Underpost 70.04 Kontraktproduksjon av egg

Kontraktordninga blei i jordbruksoppgjæret i 1995 vedteken avvika ved at ein frå 1.7.95 ikkje skulle inngå nye kontraktar. Ordninga var fullt avvika da dei siste innsetta på kontrakt blei slakta ut i midten av april 1997. Det er derfor ikkje gjort framlegg om løyving til ordninga i 1998.

Post 73 Pristilskott

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1996	SIH 1997	Framlegg 1998
73.01	Tilskott til norsk ull	170 000	165 000	169 500
73.03	Pristilskott, mjølk	776 547	766 100	640 800
73.05	Pristilskott, kjøtt	914 900	900 100	876 900
73.07	Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær og grønsaker	55 649	55 200	51 000
73.08	Fraktilskott	82 427	82 200	82 700
	Sum post 73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 999 523	1 968 600	1 820 900

Posten er ei overslagsløyving. Budsjettframlegget er utrekna på grunnlag av kvantumsprognosar for 1998 (ull, mjølk og kjøtt) og prisar/satsar for avtaleperioden 1997/98.

Underpost 73.01 Tilskott til norsk ull

Tilskottet skal medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg medverke til ei betring av kvaliteten på norsk ull, samt sikre marknaden norsk ull av god kvalitet.

Tilskottet til norsk ull for 1997/98 er vidareført uendra med ein gjennomsnittleg sats på 30 kr pr kg, og tilskottet blir gradert mellom ulike ullkvalitetar.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 169,5 mill kr til ordninga med tilskott til norsk ull for 1998. Avsetninga skal òg dekke kostnadene ved å administrere ordninga.

Underpost 73.03 Pristilskott, mjølk

Løyvinga under posten dekkar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Føremålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare mjølk og mjølkeprodukt til forbrukaren. Grunntilskottet blei redusert i jordbruksoppgjæret i 1997, og er no 11,8 øre pr liter for både kumjølk og geitemjølk. Differensieringa mellom kumjølk og geitemjølk blir gjort i utjamningsordninga, slik at ein opprettheld prisforholdet mellom kumjølk og geitemjølk til produsentane.

Føremålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsenda i produksjonen. Distriktstilskottet blir gitt med ulike satsar for mjølk produsert i vanskelegstilte område i Sør-Noreg og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskott varierer frå 7 til 154 øre pr liter.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 640,8 mill kr til ordninga med pristilskott til mjølk for 1998. Av dette utgjer grunntilskottet 203,6 mill kr, medan 437,2 mill kr er distriktstilskott.

Underpost 73.05 Pristilskott, kjøtt

Underposten omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt.

Føremålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren. Grunntilskottet for storfekjøtt (okse, ku og kalv) blei redusert med 35 øre pr kg i jordbruksoppgjeret i 1997, og er no 2,70 kr pr kg. Tilskottet for sau/lam og geit blei auka med 30 øre pr kg, og er på hhv 4,90 og 5,15 kr pr kg. Det blir ikkje gitt grunntilskott til svinekjøtt.

Føremålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Satsane for distriktstilskottet på kjøtt varierer frå 0 til 13 kr pr kg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 876,9 mill kr til ordninga med pristilskott til kjøtt for 1998. Av dette utgjer grunntilskottet 357 mill kr, medan 519,9 mill kr er distriktstilskott.

Underpost 73.07 Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær og grønsaker

Føremålet med distrikts- og kvalitetstilskottet er å betre inntekta for produsentane innan hagebrukssektoren og sikre ein geografisk spreidd produksjon. Tilskottet skal stimulere til produksjon og omsetning av norske produkt med god kvalitet.

Tilskottet for frukt, bær og veksthusgrønsaker er basert på kvalitet og mengde og blir avgrensa ved eit maksimalkvantum for ulike produktgrupper. Det blir sett ei maksimalbeløpsgrense for den einskilde produsent og den einskilde sone.

I samsvar med St prp nr 72 (1995-96) blei partane ved jordbruksoppgjeret i 1997 samde om å legge om tilskottet til frilandsgroensaker til eit distriktsdifferensiert arealtilskott frå 1.7.97. Tilskottet blei samstundes utvida til å dekkje alle frilandsgroensaker, og satsane for veksthusprodukt blei redusert med 10 pst.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 51,0 mill kr til ordninga med distrikts- og kvalitetstilskott for frukt, bær og grønsaker for 1998.

Underpost 73.08 Frakttilskott

Underposten omfattar frakttilskott til kjøtt, egg og frukt.

Frakttilskotta skal medverke til å jamne ut prisar til produsent og forbrukar.

Når det gjeld kjøtt, har kvart einskild slakteri lik avrekningspris til alle produsentar uavhengig av om det er lang eller kort avstand til produsenten.

Ved jordbruksoppgjeret i 1997 blei løyvinga til frakttilskottsordningane auka med 0,5 mill kr for å finansiere ei tidsavgrensa ordning for støtte til frakt av konserverblomkål frå arealsone 4 og 5 til næraste konserveranlegg.

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 82,7 mill kr til frakttilskott for 1998. Løyvinga har denne fordelinga:

– frakttilskott, kjøtt:	75,5 mill kr
– frakttilskott, egg:	5,0 mill kr
– frakttilskott, frukt:	1,7 mill kr
– konserverblomkål:	0,5 mill kr

Post 74 Direkte tilskott

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1996	SIH 1997	Framlegg 1998
74.01	Driftstilskott, mjølkeproduksjon	1 482 382	1 484 600	1 449 600
74.04	Tilskott til husdyr	1 597 916	1 651 467	1 733 337
74.07	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 237 865	3 266 512	3 384 642
74.08	Tilskott til dyrking av fôr i fjellet	10 515	10 500	10 500
	Sum post 74 Direkte tilskott, kan overførast	6 328 678	6 413 079	6 578 079

Underpost 74.01 Driftstilskott, mjølkeproduksjon

Føremålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å jamne ut skilnader i lønnsmd mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg.

Tilskottet blir gitt med ein fast sats pr bruk for alle som produserer meir enn 30 000 l kumjolk og 15 000 l geitemjolk. For kumjolk er satsane 57 000 kr pr bruk i Sør-Noreg og

63 000 kr pr bruk i Nord-Noreg, medan satsen for geitemjøl er 63 000 kr pr bruk over heile landet. Tilskottet blir trappa ned for bruk som produserer mindre mjøl enn dette.

Ein gjer framlegg om ei løyving på knapt 1,45 mrd kr til ordninga med driftstilskott i mjølkeproduksjonen for 1998.

Underpost 74.04 Tilskott til husdyr

Underposten heitte før «Produksjonstillegg, husdyr».

Tilskottet skal medverke til å styrke og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og bruksstorleiker i husdyrhaldet. Dei førebels fastsette satsane for avtaleåret 1997/98 er:

Dyreslag	Intervall (dyr)		Sats (kr/dyr)
	Frå	Til	
Mjølkeku	1	8	3 675
	9	25	1 350
	26	40	600
Storfe	1	25	630
	26	140	480
	141	200	325
Mjølkegeit	1	40	950
	41	125	500
	126	200	250
Ammekyr på mjølkebruk	1	25	750
	26	100	550
	101	150	400
Ammekyr utanfor mjølkebruk ¹	1	25	1 650
	26	100	1 450
Sau/ammegeit	1	50	395
	51	100	315
	101	250	155
	251	400	40
Avlsgris Sør-Noreg	1	25	750
Avlsgris Nord-Noreg	1	25	960
Slaktegris	1	250	35
Eggproduksjon Sør-Noreg	1	1 000	24
Eggproduksjon Nord-Noreg	1	1 000	30
Hest	1	40	400
Kanin	1	200	68

¹ Maksimal utbetaling av tilskott til husdyr blei i fase 2 av jordbruksforhandlingane i 1997 auka frå 77 000 til 82 000 kr pr bruk.

Ein gjer framlegg om ei løyving på underpost 74.04 *Tilskott til husdyr* på vel 1,7 mrd kr i 1998.

Underpost 74.07 Areal- og kulturlandskapstilskott

Underposten heitte før «Areal- og kulturlandskapstillegg».

Desse ordningane inngår i areal- og kulturlandskapstilskottet:

- areal- og kulturlandskapstilskott,
- driftsvansketilskott for brattlendte bruk,
- tilskott til seterdrift og
- tilskott til endra jordarbeiding.

Føremålet med areal- og kulturlandskapstilskotta til grovfôr, korn, potet samt frukt, bær og grønsaker er tredelt. For det første skal det medverke til å styrke og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, bruksstorleiker og distrikt innafor planteproduksjon og grovfôrbasert husdyrproduksjon. For det andre skal det medverke til skjøtsel, vedlikehald og utvikling av kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og for det tredje medverke til å oppretthalde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål.

Føremålet med driftsvansketilskottet for brattlendte bruk er å kompensere for høgare kostnader ved jordbruksdrift i bratt terreng. Føremålet med tilskottet til seterdrift med mjølkeproduksjon er å medverke til å oppretthalde og ta opp att tradisjonell seterdrift med mjølkeproduksjon og å halde ved like det tradisjonelle kulturlandskapet i seterområder gjennom beiting med husdyr. Føremålet med tilskottet til endra jordarbeiding er redusert erosjon og arealavrenning. Tilskottet skal medverke til redusert jordarbeiding om hausten, dvs overvintring i åkerstubb, tilsåing med vegetasjon på erosjonsutsatte areal og tilsåing med fangvekstar.

Satsane for areal- og kulturlandskapstilskottet blei auka i jordbruksoppgjeret 1997. Førebelse satsar, rekna ut på grunnlag av arealoppgåvene for avtaleåret 1996/97, for areal- og kulturlandskapstillegga for grovfôr, korn, potet og frukt, bær og grønsaker er:

Vekst	Arealintervall	Sone						
		1	2	3	4	5	6	7
Grovfôr	0-100 dekar	361	286	403	491	544	588	
	101-250 dekar	195	172	195	218	233	246	
	251-400 dekar	130	130	130	130	130	130	
	over 400 dekar	0	0	0	0	0	0	
Korn	0-400 dekar	191	249		359			
	over 400 dekar	169	169		171			
Potet	0-60 dekar		220			1 050	1 360	
	61-120 dekar		73			73	73	
	over 120 dekar		0			0	0	
Grønsaker	0-30 dekar		700		780		1 600	
	31-60 dekar		233		260		300	
	over 60 dekar		78		135		200	
Frukt og bær	0-30 dekar		600		630		1 420	
	31-60 dekar		200		200		200	
	over 60 dekar		0		0		0	

Det blei i jordbruksoppgjeret 1997 òg gjort ein auke på 10 mill kr frå 115,0 til 125,0 mill kr i avsetjinga til ordninga med tilskott til endra jordarbeiding. Det blir nytta differensierte satsar etter erosjonsrisiko, med 50, 70, 100 og 120 kr pr daa i alle fylke.

Satsen for tilskott til seterdrift blir auka med 500 kr pr seter frå 9 500 til 10 000 kr pr seter, og driftsvansketillegget blir halde uendra med 200 kr pr dekar.

Ein gjer framlegg om ei løyving på underpost 74.07 *Areal- og kulturlandskapstilskott* på knapt 3,4 mrd kr i 1998. Framlegget er 350 000 kr lågare enn fullt utslag av jordbruksoppgjeret 1997. Dette kjem av at ramma for oppgjeret ved ein inkurie ikkje blei konsekvensjustert ved overføring av bisjukdomsarbeidet frå kap 1150 post 77.03 til kap 1107.

Underpost 74.08 Tilskott til dyrking av fôr i fjellet

Underposten heitte før «Produksjonstillegg for dyrking av fôr i fjellet».

Føremålet med tilskottet til dyrking av fôr i fjellet er å kompensere for auka arbeids- og transportkostnader i samband med dyrking av fôr i fjellet. Tilskottet blir gitt pr dekar og satsane varierer med vegavstanden frå driftsbygninga på bruket til dyrkingsjorda på fjellet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 10,5 mill kr til ordninga i 1998.

Post 76 Marknadsordningar

(i 1 000 kr)

Under-post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
76.01	Marknadsordninga for korn	826 585	831 450	795 000
76.02	Marknadsordninga for poteter	58 500	61 200	33 000
	Sum post 76 Marknadsordningar, overslagsløyving	885 085	892 650	828 000

Underpost 76.01 Marknadsordninga for korn

Marknadsordninga for korn er med på å sikre grunnlaget for kanaliseringspolitikken og ei effektiv innanlandsk kornomsetning. Gjennom marknadsordninga for korn blir produsentane sikra avsetning for alt norskprodusert korn og oljefrø til prisar fastsette i jordbruksoppgjeret. Det blir under ordninga òg gjort ei utjamning av kraftfôrprisane mellom korn-dyrkingsområde og andre område. Staten har kjøpeplikt for norskprodusert korn og oljefrø. Eit terminprissystem sikrar ei føremålstenleg fordeling av leveransane av norsk korn gjennom året. Marknadsordninga for korn omfattar elles prisnedskriving for norsk korn, matkorntilskott, fraktordningar, FoU, beredskap og administrasjon. Når det gjeld inntektene under marknadsordninga for korn viser ein til omtale under kapittel 4150 post 80.

Føremålet med tilskottet til prisnedskriving av norsk korn er å regulere kraftfôrprisen, og å sikre avsetninga av norsk korn til kraftfôr. Føremålet med tilskottet til matkorn er å sikre

rimelege og mest mogleg stabile prisar på matkorn og matmjøl. Saman med tilskottet til FoU er føremålet òg å sikre avsetninga av norsk korn til mat gjennom auka kunnskap om ernærings- og kvalitetsmessige sider ved korn og kornprodukt. Føremålet med å illeggje prisutjamningsbeløp på proteinråvarer til kraftfôr er å sikre likeverdige konkurransevilkår mellom korn og andre råvarer i tilverkinga av kraftfôr.

Innafor ramma av å utjamne transportkostnader, skal fraktordningane i sum verke til eit mest mogleg effektivt fraktsystem for omsetning av korn og kraftfôr.

Over ordninga med *tilskott til husdyr* (underpost 74.04) har pelsdymneringa tidlegare blitt tilført eit beløp som svarar til differansen i prisen mellom norsk korn og tilsvarende importert korn eksklusiv toll, for den kraftförmengda som pelsdymnering nyttar. Ordninga blei i jordbruksoppgjeret 1997 flytta til underpost 76.01 *Marknadsordninga for korn*.

Hovudtala i budsjettet for marknadsordninga for korn for 1998 er:

Marknadsordninga for korn	(1000 kr)		
	Rekneskap 1996	S III 1997	Framlegg 1998
Prisnedskrivning norsk korn	479 056	420 000	384 650
Tilskott til matkorn	108 932	108 640	113 000
Tilskott til frakt	143 659	163 610	173 610
FoU-midlar	16 900	16 900	15 580
Beredskap	36 387	70 500	47 500
Tilskott til pelsdyrfôr mm			11 000
Netto finanspostar	-1 008	2 000	1 000
Administrasjon	42 659	49 800	48 660
Sum	826 585	831 450	795 000

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 795,0 mill kr til marknadsordninga for korn i 1998. Framlegget til løyving er rekna ut på grunnlag av prognosar for normalårsavlingar i 1997 og 1998 og prisar/satsar for avtaleperioden 1997/98.

Underpost 76.02 Marknadsordninga for poteter

Marknadsordninga for poteter blei sett i kraft frå 1.7.82, og er blitt endra fleire gonger, seinast i samband med jordbruksoppgjeret i 1997, jf kap 9.4.4 og 10.6.2 i St prp nr 70 (1996-97). Ordninga inneheld i dag eit kvalitetstilskott og eit distriktstilskott. Løyvinga finansierer òg informasjon, opplysningsverksemd og administrasjon av ordninga.

Føremålet med aktivitetane under marknadsordninga for poteter er å sikre tilstrekkelege og stabile forsyningar av matpoteter av god kvalitet for den innanlandske marknaden. Føremålet med distriktstilskottet er å styrke potetproduksjonen i Nord-Noreg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 33,0 mill kr til marknadsordninga for poteter i 1998.

Post 77 Utviklingstiltak

		(i 1 000 kr)		
Under-post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
77.01	Tilskott til inseminering mm	70 173	70 300	70 300
77.02	Tilskott til frøavl mm	3 420	6 000	6 000
77.03	Tilskott til forsøksringar og forskning	53 320	53 100	52 750
77.04	Tilskott til pelsdyrförlag	24 250	27 000	27 000
77.05	Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak	61 174	66 500	69 300
77.06	Tilskott til økologisk jordbruk	24 165	25 000	50 000
77.07	Tilskott til fruktlager	8 100	8 100	8 100
77.08	Tilskott til særlege kulturlandskapstiltak	70 000		
Sum post 77 Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>		314 602	256 000	283 450

Tilskott til særlege kulturlandskap og energiøkonomiserande tiltak er overført til LUF, jf underpost 50.01.

Underpost 77.01 Tilskott til inseminering mm

Løyvinga skal medverke til at kostnadene med inseminering av ku og svin kan haldast på same nivå i heile landet. Løyvinga skal òg medverke til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 70,3 mill kr.

Underpost 77.02 Tilskott til frøavl mm

Føremålet med tilskottet er å fremme dyrking og frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. Satsane for lagringstilskott blir fastsette på grunnlag av overlagra mengde og tilgjengeleg løyving når pristilskotta og arealtilskotta er dekte.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 6,0 mill kr til ordninga.

Underpost 77.03 Tilskott til forsøksringar og forskning

Underposten skal dekkje tilskott til forsøksringane, forskings- og utgreiingsarbeid.

Tilskottsordninga skal støtte forsøksringane i arbeidet med å klarleggje praktiske spørsmål til nytte for den enskilde brukar og distriktet som ringen arbeider i. Forsøksringane skal arbeide for ei god og ressursriktig drift på bruka, og fremme det faglege miljøet i distriktet. Forsøksringane skal primært løyse desse oppgåvene gjennom forsøk, opplysning, rådgeving, prøvetaking og registreringar. Forsøksringane skal òg samarbeide med andre som driv landbruksforskning, og etter nærare avtale stille forsøksfelt til rådvelde for Planteforsk eller andre offentlege forskingsinstitusjonar som treng forsøksfelt. For forskingsmidlane er det etablert eit nært samarbeid med Noregs forskingsråd.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 52,75 mill kr med fordeling i tråd med semje i fase 2 av jordbruksforhandlingane i 1997, jf vedlegg 1.

Underpost 77.04 Tilskott til pelsdyrførlag og andre tilverkarar av pelsdyrfør

Føremålet med tilskottsordninga er å medverke til utjamning av fraktkostnadene ved innfrakt av råstoff og utfrakt av ferdigfør frå førkjøkken. Ordninga skal derfor fremme ei mest mogleg rasjonell omsetjing av pelsdyrfør. Tilskottet til innfrakt skal gå til ferdigførprodusentar og innkjøpslag som er eigde av oppdrettarar og som omset råstoff til enkeltoppdrettarar når ferdigfør blir framstilt på farmen. Tilskottet til utfrakt skal gå til pelsdyrførlag eller andre organiserte førkjøkken.

For å jamne ut dei årlege inntektsvariasjonane i pelsdyrnæringa blei det i 1982 oppretta eit marknadsutjamningsfond som blir administrert av Norges Pelsdyrslag. Fondet er i 1997 sikra ein arbeidskapital på inntil 80 mill kr ved at Norges Pelsdyrslag garanterer for dei første 40 mill kr og staten for dei neste 40 mill kr. Styret for fondet har no vedteke endringar i vedtektene for fondet slik at berre Norges Pelsdyrslag skal stille garanti for arbeidskapitalen i fondet. Statsgarantien blir difor oppheva med verknad frå 1.1.98.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 27 mill kr til ordninga i 1998.

Underpost 77.05 Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak

Underposten inneheld fleire ordningar som skal medverke til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Framlegget til løyving til kvalitets- og salsfremmande tiltak for 1998 er på 69,3 mill kr. Det er lagt opp til følgjande fordeling av løyvinga:

Utvikling av plantemateriale	8,7 mill kr
Statskontrollert settepotetavl	8,1 mill kr
Konkurransestrategiar for norsk mat	47,0 mill kr
Opplysningsarbeid om frukt og grønsaker	5,5 mill kr
Sum	69,3 mill kr

Føremålet med ordninga med tilskott til utvikling av plantemateriale er gjennom statskontrollert avl å skaffe fram sjukdomsfritt formeringsmateriale av bær, frukt, prydplanter og grøntanleggsplanter tilpassa norske tilhøve.

Føremålet med ordninga med tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet. Stor bruk av statskontrollerte settepoteter er ønskeleg for å heve potetkvaliteten.

Konkurransestrategiar for norsk mat blir dels finansiert over jordbruksavtalen og dels over kap 1140 post 78. I St prp nr 70 blei det lagt til grunn ei samla ramme på 56 mill kr for 1998. For nærare omtale av programmet viser ein til omtale under kap 1140 post 78.

Føremålet med tilskottet til opplysningsarbeidet om frukt og grønsaker er å stimulere til auka totalforbruk av frukt, bær og grønsaker på kort og lang sikt. Bruk av midlar over jordbruksavtalen og frå omsetjingsavgift skal styrke omsetning og forbruk av norske produkt.

Underpost 77.06 Tilskott til økologisk jordbruk

Underposten dekker mellom anna ordningane omleggings- og arealtilskott, tilskott til forskning, tilskott til rettleiingsprosjekt og tilskott til organisasjonar. Løyvinga blei i jordbruksoppgjeret 1997 auka frå 25 til 50 mill kr.

Føremålet med omleggingstilskottet er å stimulere til omlegging frå tradisjonell landbruksdrift til økologiske driftsformer og medverke til at etterspurnaden etter økologiske produkt blir dekt. Tilskottet skal òg oppvege verknaden av auka kostnader og avlångs- nedgang i omleggingsfasen. Etter at karenstida (tida frå omlegging startar til arealet kan godkjennast som økologisk drive; normalt 2-3 år) er over, blir det gitt eit særskild arealtilskott på 110 kr pr daa til økologisk drive areal (150 kr pr daa til økologisk korn og anna opent åkerareal (poteter, grønsaker, frukt og bær)). Dette tilskottet skal stimulere til å oppretthalde dei økologiske areala. Det er frå 1997 stilt krav til at brukarane som søker støtte skal utarbeide ein plan for omsetning av økologiske produkt. Ein viser til nærare omtale av økologisk landbruk i kap 9.6 i St prp nr 70 (1996-97).

Ein gjer framlegg om ei løyving på 50 mill kr til ordninga med tilskott til økologisk jordbruk i 1998.

Underpost 77.07 Tilskott til fruktlager

Føremålet med tilskottet til fruktlager er å fremme eit forpliktande samarbeid om felles lagring, sortering, pakking og omsetning av frukt, som medverker til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt. Ordninga inneheld òg ei fraktutjamning for ulike kostnader knytte til inntransport.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 8,1 mill kr til ordninga i 1998.

Post 78 Velferdsordningar

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1996	SIH 1997	Framlegg 1998
78.01	Tilskott til avløyning for ferie/fritid	1 079 958	1 192 310	1 192 310
78.02	Tilskott til avløyning for sjukdom mm	110 805	123 000	123 000
78.03	Medlemsavgift til folketrygda	130 800	130 800	130 800
78.04	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	70 000	70 000	77 000
78.05	Andre velferdstiltak	88 706	90 000	90 800
Sum post 78 Velferdsordningar, kan overførast		1 480 269	1 606 110	1 613 910

Ordningane under post 78 Velferdsordningar er sær omfattande og vanskeleg tilgjengelege for brukarane. Departementet har derfor satt ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal gå gjennom området med sikte på å utrede ei vesentleg forenkling av ordningane. Utreiinga vil bli lagt fram for avtalepartane før jordbruksoppgjeret 1998, og vil bli behandla som ein del av dette. Det vil også bli nødvendig å vurdere oppfølgingskriteria for tilskottsordningane i etterkant av eventuelle omleggingar.

Underpost 78.01 Tilskott til avløyning for ferie og fritid

Føremålet med ordninga er å legge til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onnetider gjennom å medverke til finansiering av leie av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar pr dyr. Satsane er differensiert etter dyreslag og antall dyr på bruket, og er avgrensa til 40 000 kr pr bruk. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter ved avløyning, opp til maksimalt utrekna tilskott for det einskilde bruk. For alle dyreslag er satsen sett til null over eit visst tal dyr. For å ha krav på refusjon må utrekna refusjonsbeløp vere minst 4 000 kr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1 192,31 mill kr til ordninga i 1998.

Underpost 78.02 Tilskott til avløyning ved sjukdom mm

Føremålet med ordninga er å medverke til å finansiere avløyning på bruk med husdyrproduksjon eller heilårs veksthusproduksjon når brukaren av «særlege grunnar» og for eit «kortare tidsrom» ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløyingsutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det utrekna dagsatsar for tilskottet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 123,0 mill kr til ordninga i 1998.

Underpost 78.03 Medlemsavgift til folketrygda

Den enskilde brukaren skal av den pensjonsgivande inntekta innafor jordbruk, husdyrhald, hagebruk, gartneri og skogbruk betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta som lønsmottakarar betaler. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for sjølvstendig næringsdrivande (10,7 pst) og den avgifta som skal betalast av den enskilde brukaren (7,8 pst) blir finansiert over jordbruksavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i pensjonsgivande inntekt i jord- og skogbruk. Midlane blir førte over til Folketrygdfondet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 130,8 mill kr til ordninga i 1998.

Underpost 78.04 Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket

Den kollektive innbetalinga over jordbruksavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir ytt med 100 pst av inntektsgrunnlaget. Ordninga er rekna som kollektiv forsikring som ikkje gir rett til frådrag ved likninga. Løyvinga blir rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei jordbrukarane som går inn under ordninga. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 77,0 mill kr til ordninga i 1998.

Underpost 78.05 Andre velferdstiltak

Underposten omfattar tilskott til landbruksvikarordninga, administrasjonstilskott til avløysarlag, tilskott til landbrukshelsa og tilskott til kursverksemd.

Landbruksvikarordninga har til føremål for ei kortare tid å yte hjelp når brukar eller ektefelle/sambuar av særlege grunnar ikkje kan utføre arbeidet på bruket.

Godkjende avløysarlag kan gjennom ordninga med administrasjonstilskott til avløysarlag få tilskott til dekning av administrasjonsutgifter i samsvar med satsar mm gitt i forskrift. Tilskottsordninga skal leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onnetider gjennom å medverke til finansiering av drifta av avløysarlag. Avløysarlag har som føremål å kartlegge, organisere og administrere all avløyning innafor eit område der det ligg til rette for eit slikt samarbeid. Avløysarlaget kan overfor medlemmane òg yte andre tenester i tilknytning til den daglege drifta av garden viss det er naturleg for laget å gjere dette.

Landbrukshelsa er ein ideell stiftelse oppretta av Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Den har som føremål å organisere eit effektivt og godt helse- og arbeidsmiljø i landbruket. Verksemda skal gi eit førebyggjande tilbod til alle gardbrukarane og tilsette i landbruket. Landbrukshelsa skal medverke til at gardbrukarane sjølve tek ansvar for å betre arbeidsmiljøet sitt, og til å skape ein sikker og triveleg arbeidsplass og eit trygt oppvekstmiljø for barna.

Føremålet med tilskott til kursverksemd er å fremme gjennomføring av kortvarige, fagorienterte kurs for avløysarar og landbruksvikarar, samt for daglege leiarar og tillitsvalde i avløysarlag.

Ein gjer framlegg om ei samla løyving til andre velferdstiltak i 1998 på 90,8 mill kr med følgjande fordeling:

Tilskott til landbruksvikarordninga	46,5 mill kr
Administrasjonstilskott til avløysarlag	34,0 mill kr
Tilskott til landbrukshelsa	7,3 mill kr
Tilskott til kursverksemd	3,0 mill kr
Sum	90,8 mill kr

KAP 4150 TIL GJENNOMFØRING AV JORDBRUKSAVTALEN MM

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
73	Tilbaketrekking av tilskott til poteter	4 564		
80	Marknadsordninga for korn	136 318	128 700	112 000
	Sum kap 4150	140 882	128 700	112 000

Post 73 Tilbaketrekking av tilskott til poteter

Ordninga med tilbaketrekkinga av tilskott til poteter blei vedteken avvikla i jordbruksoppgjeret i 1996.

Post 80 Marknadsordninga for korn

Under posten budsjetterer ein inntektene frå prisutjamningsbeløp på norskproduserte råvarer som kjem frå andre sektorar enn norsk jordbruk, samt utanlandske proteinråvarer som det ikkje er lagt toll på og som nyttast til fôr til husdyr. Føremålet med å illeggje prisutjamningsbeløp på proteinråvarer til kraftfôr er å sikre like konkurransevilkår mellom korn og andre råvarer i tilverkinga av kraftfôr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 112,0 mill kr for 1998.

KAP 1151 TIL GJENNOMFØRING AV REINDRIFTSAVTALEN MM

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	31 900	31 600	31 100
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	4 150	4 000	4 000
74	Tilskott til marknadsfremmande tiltak, <i>kan overførast</i>	1 904	900	900
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	37 513	34 500	35 000
76	Medlemsavgift til folketrygda	1 200	1 200	
77	Tilskott til transport av rein	1 954	2 200	2 200
78	Sjukepengeordninga	600	600	
79	Velferdsordninger			1 800
82	Kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i reinkjøtt	4 042		
	Sum kap 1151	83 263	75 000	75 000

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindriftsavtalen, samt løyving for dekking av kostnader i samband med radioaktivitet i reinkjøtt. Reindriftsavtalen er, ved sida av reindriftslova, den viktigaste operative reiskapen for å følgje opp måla og retningslinene i reindriftpolitikken. I tingingane om reindriftsavtalen mellom Norske Reindriftsamers Landsforbund og Staten ved Landbruksdepartementet, blir dei fleste økonomiske spørsmåla som er knytte til utviklinga i reindriften drøfta. Her avgjer ein mellom anna bruken av økonomiske verkemiddel og korleis dei på best mogleg måte skal utformast for å harmonere med reindriftslova og intensjonane med lova. Dette skal sikre at utviklinga går i retning av dei måla som Stortinget har fastsett.

Stortinget vedtok 30.1.96 endringar i reindriftslova. Som fleirtalet i Næringskomiteen peikte på i Innst S nr 233 (1995-96) gjer reindriftslova det no mogleg å knyte økonomiske og lovbaserte verkemiddel saman i eit meir heilskapleg verkemiddelsystem for å tilpasse beitetrykket, og samstundes redusere miljøproblema som knytter seg til overbeiting. Departementet arbeider no med eit opplegg for at sanksjonsheimlane i reindriftslova og stimuleringstiltaka over reindriftsavtalen i sterkare grad skal kunne brukast saman for å nå fram til større måloppnåing i reindriftpolitikken.

MÅL OG STRATEGIAR

Retningslinjer og målsetjingar for reindriftpolitikken er i all hovudsak dregne opp i St meld nr 28 (1991-92) *En bærekraftig reindrift*, og i dei påfølgjande stortingsproposisjonane om reindriftsavtalen. Hovudstrategien er å skape ei meir bærekraftig reindrift. Med dette forstås ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Økologisk berekraft er ein føresetnad for økonomisk berekraft, og økonomisk berekraft er grunnleggjande for mellom anna å utvikle kulturell berekraft. Målsettinga om ei bærekraftig reindrift er konkretisert i desse delmåla:

- etablere ei reindriftnæring i balanse med beiteressursane og som medverker til å halde oppe samisk eigenart og
- medverke til kvalitetsproduksjon av reinsdyrkjøtt som sikrar inntektsgrunnlaget for reindriftsfolk.

For ei nærare omtale av mål og strategiar i reindriftpolitikken viser ein til pkt 4.1 i programkategori 15.30 og til kap 2 i St prp nr 46 (1996-97) *Om reindriftsavtalen 1997-98, om dekning av kostnader vedrørende radioaktivitet i reinkjøtt, og om endringer i statsbudsjettet for 1997*. Nærare omtale av målsetjingar for enkeltordningar på kapitlet er gitt under budsjettframlegget for 1998 nedanfor.

RESULTATRAPPORT 1996

Ressursstyring og tilpassing av reintalet til beiteressursane har vore eit sentralt tema ved reindriftsforhandlingane dei seinare åra. Beitebelegget i Finnmark er redusert med om lag 70 000 rein frå 1989 til 1997. Sjølv om ein etterkvart ser for seg ein sterkare vektlegging av kvalitative sider ved reinflokkane (flokkstrukturering etter kjønn, vekt og alder) som

grunnlag for vurdering av ressursituasjonen i næringa, vil utviklinga i reintalet framleis vere en viktig indikator for ressurstilpassinga.

På marknadssida har det dei siste fire åra vore ei stor underdekkjing av reinkjøtt, og det har derfor vore ein del import for å dekkje etterspurnaden i den norske marknaden.

Slaktekvantumet (slaktetal) er redusert med 6,6 pst frå 1994 til 1995, medan gjennomsnittsvekta er tilnærma uendra. Vidare er gjennomsnittleg utbetalingspris for reinkjøtt på landsbasis til produsent auka med 3,2 pst frå 1994 til 1995. Dei totale inntektene frå kjøtt og biprodukt har derfor auka frå 89,7 mill kr i 1994 til 98,6 mill kr i 1995. Ein stor del av denne auken skuldast auka slakteuttak som følgje av Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark. Dei samla kostnadene i reindrifta auka med 3,1 pst frå 1994 til 1995. Samstundes syner statstilskotta ein auke frå 35 mill kr i 1994 til 40,8 mill kr i 1995. Det er ein nedgang i renter på lånt kapital. Talet på årsverk gikk ned frå 1090 i 1994 til 1042 i 1995, i hovudsak som følgje av Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark. Resultatmålet "vederlag til arbeid og eigenkapital pr årsverk" syner såleis ein auke på 10 pst frå 1994 til 1995.

I førebels rekneskap for 1996 er det rekna med ein nedgang i talet på dyr levert slakteri frå 67 271 rein i 1995 til 52 347 rein i 1996. Vidare reknar ein med ein nedgang i den private omsetjinga. Denne nedgangen kjem som forventa som følgje av den ekstraordinært høge utslaktinga og reduksjonen i talet på driftseiningar etter Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark. Slaktekvantumet reduserast derfor med 408 tonn i høve til året før. Det er vidare kalkulert med ein prisauke i 1996 på i overkant av 2 kt pr kg. Inntektene frå kjøtt og biprodukt er ut frå dette venta å ende på 84,9 mill kr i 1996. Erstatningar for rovdyrskader og statstilskott aukar monaleg i 1996, samstundes som kostnadene syner ein svak auke i høve til 1995. I sum er det derfor i førebels rekneskap for 1996 forventa ei relativt sterk betring i lønnsmda i næringa. I prognosen for 1997 er det rekna med ei noko redusert lønnsemd sett i høve til førebels rekneskap for 1996. Dette skuldast i hovudsak reduserte erstatningar og reduserte statstilskott.

Sjølv om det er store skilnader i økonomisk resultat mellom områda, som reflekterer skilnader i produksjonstilpassing og effektivitet i næringa, må det totale økonomiske resultat for reindrifta karakteriserast som svakt. Vidare er inntektsfordelinga framleis skeiv, og den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del reineigarar i Finnmark må karakteriserast som uforsvarleg låg.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulykka i 1986 skapar ekstra kostnader for reindriftsnæringa. Ei tiltakspakke blir derfor finansiert av staten for å halde næringsutøvarane i reindrifta økonomisk skadeslause.

For ein meir detaljert resultatrapport pr 1996 for reindriftspolitikken viser ein elles til kap 3 i St prp nr 46 (1996-97), der det er lagt fram materiale som syner utviklinga på ulike område. Ein viser òg til punkt 4.2 under programkategori 15.30.

Nedanfor følgjer ei oppsummering av dei viktigaste elementa i reindriftsavtalen for 1997/98.

Reindriftsavtalen 1997/98

Reindriftsforhandlingane blei innleidde ved at Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) la fram eit krav med ramme og fordeling 13.12.96. Kravet hadde ei økonomisk ramme på 83,0 mill kr. Utover dette fremma NRL krav om at kostnader som gjeld radioaktivitet blir dekte fullt ut utanom denne ramma. Staten sitt tilbod med ramme og fordeling blei lagt fram i møter 23.-24.1.97. Tilbodet hadde ei økonomisk ramme på 73,0 mill kr, og innebar i tillegg ei disposisjonsløyving på 4,5 mill kr til dekkjing av kostnader vedkommande radioaktivitet i reinkjøtt. Det blei deretter halde forhandlingsmøter mellom partane 13.-14.2.97, og i eit avsluttande forhandlingsmøte 27.2.97 blei det semje om reindriftsavtale for 1997/98.

Avtalen som er inngått har ei ordinær ramme på 75,0 mill kr. Dette er uendra i høve til avtalen for 1996/97. Avtalen legg vekt på ei oppfølging av dei føresetnadene som ligg i St meld nr 28 (1991-92). Avsetninga til kostnadssenkande og direkte tilskott er sett til 35,0 mill kr. Det er i avtalen gjort to viktige prinsipielle endringar i tilskottssystemet: Det blei innført eit øvre tak på 600 rein pr. driftseining for å kunne få produksjonstilskott, og det blei gjort endringar slik at dei progressive slaktekrava i produksjonstilskottet må oppfyllest for i det heile tatt å kunne få dei andre direkte inntektsgivande tilskotta (kalveslakte-tilskott og tidlegslakte-tilskott). Dette er viktig for å få eit reintal som er betre tilpassa beiteressursane, samstundes som ein oppnår ein større grad av inntektsutjamning i næringa. Satsen for produksjonstilskott blei auka frå 35 000 til 45 000 kr pr driftseining, samstundes som det blei innført eit tak på 30 000 kr pr driftseining for kalveslakte-tilskottet og tidlegslakte-tilskottet. For distrikt der reinen ikkje oppnår normal og forsvarleg vekst og vektutvikling gjennom grønbeiteperioden, blei det innført tilleggskrav om vektbasert utslakting. For i størst mogeleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle tilhøva for reindrifta i Troms blei det

innført ei ordning med eit generelt driftstilskott på 75 000 kr for driftseiningane, til erstatning for eksisterande ordningar i Troms. Avsetninga til Reindriftens Utviklingsfond er i avtalen sett til 31,1 mill kr. I tillegg til sjølve avtalen er det i sluttprotokollen frå forhandlingane ma avtalt at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe for å vurdere tiltak som kan lette generasjonsoverganger i reindrifta.

Reindrifftsavtalen for 1997/98 og endringane i statsbudsjettet for 1997 er lagt fram for Stortinget i St prp nr 46 (1996-97). Stortinget gjorde vedtak for 1997 i samsvar med proposisjonen, og løyvde samstundes midlar til dekking av kostnader vedkommande tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt.

Stortinget vil få til behandling reindrifftsavtalen for 1998/99 på vanleg måte i eigen proposisjon i vårsesjonen.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Departementet gjer framlegg om at Stortinget vedtek løyvingar under kap 1151 for 1998 i samsvar med reindrifftsavtalen for 1997/98, slik at reindrifftsavtalen og tiltak mot radioaktivitet kan først vidare som vedteke.

I omtalen av dei einskilde postane er det gjort kort greie for føremål og innhald i dei ulike ordningane. For nærare omtale viser ein til stortingsproposisjonane om reindrifftsavtalane, der reindrifftsavtalen 1997/98 blei lagt fram i St prp nr 46 (1996-97).

Post 51 Tilskott til Reindriftens utviklingsfond

Midlane frå Reindriftens utviklingsfond kan nyttast til praktiske tiltak i næringa som til dømes investeringar i anlegg til bruk i utøvinga av reindrift og investeringar knytte til binæringar. Fondet kan òg gi støtte til faglege tiltak til fremme av reindrifta, samt støtte til tiltak av generell interesse for samisk kultur. Fondet kan yte lån eller tilskott knytt til etablering i næringa.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 31,1 mill kr for 1998.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Det blir gitt tilskott til organisasjonsarbeid knytt til fagleg utvikling. Ein gjer framlegg om ei løyving på 4,0 mill kr for 1998.

Post 74 Tilskott til marknadsfremmande tiltak

Føremålet med ordninga er å tilpasse produksjonen til marknaden for reinkjøtt. Ordninga skal òg medverke til å sikre reinkjøttet sin posisjon i marknaden. Det blir over ordninga difor gitt tilskott til reguleringstiltak og marknadsfremmande tiltak.

Dei siste åra har marknadssituasjonen for reinkjøtt vore sær god, og det har til tross for ein stor import til tider vore vanskeleg å dekke etterspurnaden i marknaden.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 0,9 mill kr for 1998.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott

Ein gjer framlegg om ei samla løyving på 35,0 mill kr for 1998. Fordelinga av løyvinga er vist i tabellen nedanfor.

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
75.01	Frakttilskott	2 300	1 700	1 700
75.02	Tilskott til driftseiningar og tamreinlag	18 172	16 700	17 800
75.03	Distriktstilskott	10 010	8 400	9 000
75.04	Driftstilskott i Troms			2 500
75.08	Tidlegslaktetilskott i Finnmark	5 612	7 700	4 000
75.09	Slaktetilskott ved avvikling	1 419		
	Sum post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	37 513	34 500	35 000

Ordninga Slaktetilskott ved avvikling blei avvikla etter at inntaket til Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark tok slutt.

Underpost 75.01 Frakttilskott

Føremålet med frakttilskottet er å medverke til utjamning av pris på reinkjøtt til reingigarane i ulike distrikt.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,7 mill kr for 1998.

Underpost 75.02 Tilskott til driftseiningar og tamreinlag

Denne tilskottsordninga blei oppretta frå 1. juli 1993. Føremålet med ordninga er å medverke til å tilpasse reintalet i høve til beiteressursane og å auke produktiviteten pr arealeining. Tilskottet skal òg ha ein kvalitetsfremmande effekt og verke utjamnande mellom regionar og einingar i næringa.

Innanfor ordninga blir det gitt tilskott til driftseiningar og tamreinlag i form av produksjonstilskott og kalveslaktetilskott. Det blir ikkje gitt kalveslaktetilskott for Finnmark og Troms. Det er innført eit øvre tak på 600 rein pr driftseining for å få produksjonstilskott og kalveslaktetilskott. Satsen for produksjonstilskott er 45 000 kr pr driftseining. Tamreinlaga får satsen på 45 000 kr for kvar 600 rein. Tilskottet skal delast likt mellom ektefellar/sambuarar som driv felles reindrift. Ordninga med progressive slaktekrav blir ført vidare, slik at dei som har dei største flokkane må slakte ut relativt meir enn dei som har mindre flokkar. Vektgrensa på 16 kg for å oppnå kalveslaktetilskott blir ført vidare, og satsen er som tidlegare 200 kr pr kalv, samstundes som det er innført eit tak på 30 000 kr pr driftseining for kalveslaktetilskottet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 17,8 mill kr for 1998.

Underpost 75.03 Distriktstilskott

Føremålet med distriktstilskottet er å medverke til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ein berekraftig retning. Tilskottet skal vidare gi grunnlag for at distrikta skal ha ansvar for finansiering av kostnader ved avløyising under sjukdom og svangerskap utover dei generelle ordningane i Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 9,0 mill kr for 1998.

Underpost 75.04 Driftstilskott i Troms

Ved reindriftsforhandlingane i 1997 blei det innført ei ordning med eit generelt driftstilskott på 75 000 kr for driftseiningane i Troms. Driftstilskottet blei innført for i størst mogleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle tilhøva for reindrifta i Troms, og kjem til erstatning for eksisterande ordningar (produksjonstilskott og tidlegslaktetilskott).

Ein gjer framlegg om ei løyving på 2,5 mill kr for 1998.

Underpost 75.08 Tidlegslaktetilskott i Finnmark

Ordninga med tidlegslaktetilskott blei innført i slaktesesongen 1993/94 grunna dei særlege problema knytt til vinterbeita i Finnmark og Troms. Føremålet med tilskottet er å medverke til at rein blir slakta tidleg på hausten for med det å oppnå best mogleg kvalitet på kjøtt og biprodukt, samt å redusere belastninga på marginale vinterbeite.

Ordninga har hatt gunstig effekt på slaktinga, særleg i Vest-Finnmark. Det er innført eit tak på 30 000 kr pr driftseining for tidlegslaktetilskottet, samstundes som tilskottet er gjort avhengig av oppnådd produksjonstilskott. Tidlegslaktetilskottet har utgått i Troms (jf omtale på underpost 75.04). Satsane er oppretthalde med 10 kr pr kg slakt i tida 01.08 til 09.10 og 5 kr pr kg slakt i tida 10.10 til 31.12. Vektgrensa på 16 kg for å oppnå tidlegslaktetilskottet blir vidareført.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 4,0 mill kr for 1998.

Post 77 Tilskott til transport av rein

Føremålet med tilskottet til transport eller pramming av rein til sommarbeiteområda er å utnytte reindriften sitt ressursgrunnlag og å lette presset på beiteressursane. Pramminga blir utført av Forsvaret og blir finansiert dels med løyvingar over reindriftsavtalen og dels av reineigarane som nyttar denne tenesta.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 2,2 mill kr for 1998.

Post 79 Velferdsordningar

Posten omfattar ordninga med Medlemsavgift til folketrygda (som tidlegare blei løyvd over post 76) og Sjukepengeordninga (som tidlegare blei løyvd over post 78).

Den einskilde reineigar skal betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta lønsmottakarane betaler. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for private næringsdrivande (10,7 pst), og den avgifta som skal betalast av den einskilde reineigar (7,8 pst) blir finansiert over reindriftsavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i utviklinga i pensjonsgivande inntekt i reindriften. Midlane blir førte over til Folketrygdfondet.

Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen til sjukepengeordninga dekkar tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir òg ytt med 100 pst av inntektsgrunnlaget.

Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei reindriftsutøvarar som går inn under ordninga. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,8 mill kr for 1998.

Post 82 Kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i reinkjøtt

Staten si dekking av kostnader som følgje av radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka har som prinsipielt utgangspunkt vedtaket som Regjeringa fatta 31.7.86 om økonomisk skadeslause. Føremålet med ordninga er å skape eit godt grunnlag for høgast mogleg produksjon av reinkjøtt, til omsetning og eige forbruk, i område med høg radioaktiv forureining som følgje av reaktorulukka i Tsjernobyl.

Løyving til ordninga vil bli fastsett i samband med forhandlingane om ny reindriftsavtale for 1998/99, jf St prp nr 46 (1996-97).

KAP 1161 STATSKOG SF - FORVALTNINGSDRIFT

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
70	Tilskott	17 237	17 409	17 231
73	Avviklingskostnader	638	909	500
75	Oppsyn i statsallmenningar	4 500	5 545	5 517
	Sum kap 1161	22 375	23 863	23 248

MÅL OG STRATEGIAR

Målet for Statskog SF sitt arbeid med forvaltningsoppgåvene er å sikre at dei rettar bruksrettshavarar og andre har på eigedomane, blir ivaretekne i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. I samarbeid med bruksrettshavarar, brukarorganisasjonar, kommunar og miljøvernstyresmakter skal føretaket arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er mest mogleg tenleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedomane ligg og for staten som eigar.

Forvaltningsoppgåvene omfattar både lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver. Dei lovpålagde oppgåvene har grunnlag i særlover som gjeld for eigedomane - fjellova, lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark, lov om skogsdrift mv i statsallmenningane og lov om utmarkskommissjon for Nordland og Troms. Dei oppgåvene som ikkje er lovpålagde har grunnlag i særlege pålegg og retningslinjer gitt i stortingsmeldingar ol

RESULTATRAPPORT 1996 OG BUDSJETTFRAMLEGG 1998**Post 70 Tilskott**

Verksemda er knytt til lovpålagde og ikkje lovpålagde forvaltningsoppgåver som Statskog SF utfører for Landbruksdepartementet. Ved omorganiseringa av Direktoratet for statens skogar til statsføretaket Statskog SF fall kryssubsidieringa mellom forvaltningsdrifta og forretningsdrifta bort, og oppdragsgivarane skal dekke alle utgifter i samband med forvaltningsdrifta.

På posten er det i 1996 rekneskapsført 17,2 mill kr som er i samsvar med løyvinga. Om lag 60 pst av utgiftene skriv seg frå dei lovpålagde oppgåvene. Landbruksdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 17,2 mill kr for 1998.

*Lovpålagde oppgåver**Skogbruk.*

Oppgåvene er knytte til vedutvising i Finnmark og til virkesutvising i statsallmenningar til dekking av bruksrettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningsfonda. I 1996 er det utvist om lag 24 000 m³ bruksrettsvirke. I tillegg er det selt 8 000 m³ virke til inntekt for allmenningsfonda. Ein reknar med at avvirkinga av bruksrettsvirke vil liggje på om lag same nivå i 1998.

Arbeidet med nye bruksreglar er slutført i 16 allmenningar i samsvar med § 2-17 i allmenningslova. Ved utgangen av 1997 føreset ein at det skal liggje føre godkjende bruksreglar eller i form av utkast for alle allmenningar, slik at berre godkjeningsarbeid står att i 1998.

I samband med utarbeiding av skogbruksplanar med fleirbruksomsyn har registreringsarbeidet halde fram, og ein reknar med at alle allmenningar innan utgangen av 1998 vil ha godkjende planar i samsvar med § 4.3 i allmenningslova.

Den store etterspurnaden etter utvisingsved i Finnmark har gjort det nødvendig å skaffe oversikt over vedressursane i fylket. Arbeidet vil halde fram i 1998 og er venta avslutta i 1999.

Grunneigaroppgåver som ikkje gir inntekt.

Verksemda følgjer av fjellova og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark og dekker oppgåver knytte til bruksrettar til anna enn virke, mellom anna dyrking, beite, setrar og torv. Arbeid med næringshytter og anlegg for reindrift kjem òg inn her.

For seterregistret som skal opprettast, skal kravspesifikasjonar utarbeidast innan 1998 i samarbeid med Fjellstyresambandet.

Gjennomgangen av seterforskriftene og reglane for utvising av tilleggsjord er planlagt avslutta innan utgangen av 1997 og blir då sendt Landbruksdepartementet for godkjenning.

Oppfølging av innstillinga frå Samerettsutvalget (NOU 1997:4) og utgreiing av konsekvensar av eventuell ny forvaltningsordning vil etter kvart kreve monalege ressursar. Departementet vil kome tilbake til dette når ein får betre oversikt.

Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms.

Verksemda omfattar Statskogs arbeid for kommisjonen med trykking av Riksarkivets utgreiingar, framskaffing av kartmateriale, arkivgransking, synfaringar og saksførebuing. I 1996 har arbeidet vore knytt til kommunane Bardu, Gratangen, Narvik og Rana. Aktiviteten i utmarkskommisjonen avgjer i stor grad ressursbruken i Statskog SF.

Offentlegrettslege oppgåver.

Verksemda dekker oppgåver der Statskog SF handlar som offentlig styresmakt, behandlar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova, lov om skogsdrift mv i statsallmenningane og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark. Statskog SF sitt arbeid som tilskottsforvaltar for post 75 Oppsyn i statsallmenningar fell også inn her. Arbeidet omfattar godkjenning av oppsynsordningar, regelverk for budsjett, rekneskap, rapportering og søknadsbehandling. I 1996 er det laga eit saksbehandlarsystem for behandling av saker som fell inn under fjellova. Ein tek sikte på å lage eit tilsvarende system for saker som fell inn under lov om skogsdrift i statsallmenningar.

*Ikkje lovpålagde oppgåver**Administrasjon av fiske i Finnmark*

Med verknad frå 1.1.93 fastsette Direktoratet for naturforvaltning felles forskrifter for fiske på alle Statskog sine areal. Før hadde Finnmark forskrifter som førte med seg meirarbeid og -kostnader samanlikna med landet elles. I St meld nr 52 (1992-93) *Om norsk samepolitikk* er det sagt at forvaltningsordningane i Finnmark skal vurderast i samband med oppfølginga av arbeidet til Samerettsutvalet. På bakgrunn av dette skal Statskog SF inntil vidare følge den gamle forvaltningsordninga. Meirkostnadene blir dekte over kap 1161.

Friluftsliv, tilrettelegging.

I St meld nr 40 (1986-87) *Om friluftsliv* er det sagt at ein bør auke den offentlege innsatsen for å styrke friluftslivet som helse- og trivselsskapande faktor, og at det er ei sentral målsetting for Statskog SF å engasjere seg sterkare i å leggje til rette for jakt, fiske og anna friluftsliv.

I samsvar med dette held Statskog mellom anna opne husvære i fjellet, merkar stiar og løyper og byggjer bruer, klopper, rasteplassar og fiskebrygger for uføre og barnefamiljar. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern i samband med restaurering av gamle bygningar, fløytingsdammar og -renner. På dei store areala som Statskog SF forvaltar er det mange restar etter verksemd i tidlegare tider. Det er derfor nødvendig med oversikt og streng prioritering mellom tiltaka. Tiltak som Statskog SF blir pålagt med heimel i kulturminnelova, blir finansiert med midlar frå forretningsdrifta i Statskog og dei offentlege tilskottsordningar som er oppretta for dette formålet.

Tiltak for friluftslivet blei evaluert i 1996, jf omtale i St prp nr 1 (1996-97).

Oppsyn i Nord-Norge - fjellteneste.

Ordninga med fjellteneste i Nord-Norge blei etablert i 1987, jf St prp nr 1 (1986-87). Tenesta, som er samfinansiert med mellom anna miljøvernstyresmaktene, skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging medverke til sikring av naturverdiar og bevaring av biologisk mangfald. For Landbruksdepartementet sin del kan

oppsynet samanliknast med fjelloppsynet i statsallmenningane. Tenesta omfattar eit areal på knapt 70 mill dekar. I Ot prp nr 30 (1995-96) Om lov om statleg naturoppsyn er det føresett at Fjelltenesta i Nord-Norge framleis skal ha ei viktig oppgåve innanfor det framtidige naturoppsynet. Når det er avklart korleis det statlege naturoppsynet blir organisert, og kva oppgåver Statskog SF skal ha innan oppsynet, vil Landbruksdepartementet vurdere om det er behov for å tilføre større ressursar til Fjelltenesta og eventuelt kome tilbake til Stortinget med saka. Den samla Fjelltenesta og tenestene som blir utført både for Landbruks- og Miljøverndepartementet vil bli evaluert i 1998.

Fond knytte til forvaltningsoppgåvene

Bruken av grunneigarfondet er regulert ved § 12 i fjellova. Fondet skal mellom anna brukast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar. Tiltak blir iverksette etter samråd med Fjellstyresambandet. Fondsmidlane skriv seg frå bortfesting og sal av grunn i statsallmenningane. Desse inntektene har hittil vore skattefrie. Ordninga med skattefritak er no til vurdering i Skattedirektoratet.

Saldo i fonda pr 31.12.96 går fram av tabellen nedanfor.

	(i 1 000 kr)
Grunneigarfondet	34 040
Allmenningsfonda	18 888
Skogavgiftsfonda i underskottsallmenningane ¹	3 289

¹ Underskottsalmenning er statsallmenning der heile avvirkinga går med til å dekke virkesrettane

Allmenningsfonda har auka med 4,8 mill kr frå 1995 vesentleg på grunn av oppgjær for barskogvern.

Midlane i allmenningsfonda og skogavgiftsfonda skal brukast til investeringar i skogbruket i underskottsallmenningane. Ein gjennomgang av bruken av midlane vil bli starta opp i 1998.

Post 73 Avviklingskostnader

Løyvinga på 0,5 mill kr dekkjer ventelønn til dei som fekk rett til dette i samband med flyttinga av Statskog SFs hovudkontor frå Oslo til Namsos. Løyvinga vil gradvis minke etter kvart som dei som er på ventelønn når pensjonsalder eller får seg anna arbeid.

Post 75 Oppsyn i statsallmenningane

Ein gjer framlegg om ei løyving for 1998 på vel 5,5 mill kr. Løyvinga dekkjer tilskott til fjellstyra for godkjende oppsynsordningar i statsallmenningane i samsvar med § 36 i fjellova. Statsallmenningane omfattar 27 mill daa. Oppsynet skal gjennom informasjon, overvaking, kontroll, skjøtsel og tilrettelegging ta vare på bruksrettsinteressene og medverke til at bereevna i naturen og det biologiske mangfaldet blir ivareteke. Statskog SF godkjenner nivået på oppsynsordningane for eitt år om gongen innanfor løyvingsramma. I høve til dei oppgåvene fjellstyra skal løyse, ligg oppsynsnivået no på eit tilfredsstillande nivå.

KAP 2411 STATENS LANDBRUKSBANK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Driftsutgifter	46 533	47 569	47 417
70	Kompetanseutvikling om internasjonale forhold, <i>kan overføres</i>	4 670		
71	Rentestøtte	102 640	500	500
72	Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>			100
73	Tilskudd til Landbruksbankens tapsfond			7 000
90	Lån, <i>overslagsløyving</i>		280 500	308 000
	Sum kap 2411	153 843	328 569	363 017

MÅL OG STRATEGIAR

Statens Landbruksbank er departementet sitt sentrale organ for iverksetjing av arbeidet med næringsutvikling innanfor tradisjonell landbruksproduksjon og alternativ verksemd i tillegg til landbruk. Landbruksbanken skal særleg retta verksemda si mot Fylkesmannen sin landbruksavdeling. I tillegg vil særleg kommunane og næringsutøvarane vere banken sine målgrupper.

Banken sine verksemdområde er:

- nærings- og bygdeutvikling,
- kulturlandskaps- og miljøtiltak,
- tilskottsforvaltning og
- utlånsverksemd.

Målsettinga med verksemda til Landbruksbanken er å sikre sysselsettinga og betre økonomien i næringa gjennom utvikling av ein meir konkurransekraftig landbruksproduksjon og utvikling av alternativ næringsverksemd i bygdene. Det er ein føresetnad at ny næringsverksemd som blir etablert er lønnsam og at offentleg støtte er avgrensa til etableringsfasen. Næringsutviklinga skal ha basis i ressursane i landbruket, samstundes som det skal leggjast vekt på samarbeidsprosjekt med annan verksemd som fører til auka verdiskaping i bygdene.

Statens Landbruksbank skal leggje vekt på miljøomsyn og medverke til å ta vare på og vidareutvikle kulturlandskapet. Vidare må Landbruksbanken leggje vekt på arbeidet med å nytte ut miljøverdiar som basis for næringsutvikling.

Viktige element i Landbruksbanken sin strategi for næringsutvikling i bygdene er utvikling og formidling av kompetanse, samhandling og etablering av nettverk og auka effektivitet i forvaltningsverksemda.

Utvikling og formidling av kompetanse

Ein tek sikte på at Landbruksbanken skal vere eit kompetansesenter innanfor arbeidet med bygdeutvikling. Dette skal skje ved å byggje opp godt fagleg kvalifisert personell og ved formidling av kompetanse gjennom erfaringsinnsamling og kopling til ulike fagmiljø sentralt og lokalt. Oppgåva til Landbruksbanken er å leggje til rette og styrkje føresetnadene for landbruksforvaltninga sitt arbeid med næringsutvikling. Landbruksbankens kompetanseutvikling og -formidling skal primært vere knytt til behov hos Fylkesmannen sin landbruksavdeling, kommunane og andre innan bygdeutvikling og -mobilisering.

Samhandling og etablering av nettverk

Forutan rolla overfor Fylkesmannen sin landbruksavdeling, skal Landbruksbanken prioritere samarbeidet med dei andre aktørane innanfor området næringsutvikling, både sentralt og lokalt. Det skal leggjast vekt på kopling mellom forskning og næringsutvikling knytt til landbruket, ma gjennom Forum for grøn verdiskaping. Det er òg viktig å fremme samarbeidet mellom fylkeskommunane, fylkesmennene og SND sine distriktskontor når det gjeld arbeidet med næringsutvikling.

Auka effektivitet

Landbruksbankens forvaltning av finansieringsordningar, inkludert låneforvaltninga, skal gå føre seg på ein effektiv og korrekt måte. Det skal leggjast til rette for kontroll, rapportering og evaluering.

RESULTATRAPPORT 1996

Landbruksbanken har 113 tilsette som svarar til omlag 105 årsverk. 66 årsverk ved hovudkontoret i Oslo, medan det til saman er 39 årsverk ved avdelingskontora i Bergen, Trondheim og Tromsø. Dei største verksemdområda er økonomi og låneforvaltning som utgjer 36 årsverk og nærings- og bygdeutvikling som utgjer 30 årsverk.

Overføringa av ressursinnsats i Landbruksbanken frå tradisjonelle forvaltningsoppgåver til bygde- og næringsutvikling er vidareført i 1996. Ressursar er frigjorde gjennom rasjonalisering og effektivisering av dei banktekniske oppgåvene, ma gjennom meir effektiv bruk av EDB. Ressursbruken knytt til sekretariatsfunksjonen for Statens naturskadefond vil variere ein del. Statens naturskadefond er nærare omtalt under kap 1148.

Landbrukets utviklingsfond

Landbruksbanken har som ei viktig oppgåve å forvalte låne- og tilskottsordningar under Landbrukets utviklingsfond (LUF) til ulike investeringsføremål i landbruket. LUF-midlane går til ei rad ordningar innan tradisjonelt landbruk og ny næringsutvikling, ma BU-ordninga, miljøtiltak og skogbrukstiltak.

Av ordningane under LUF er BU-ordninga den største. Hovuddelen av BU-midlane blir innvilga på fylkesnivået. Landbruksbanken har ansvaret for den sentrale oppfølginga når det gjeld bruken av BU-midlane i fylka, ma praktisering av forskrifta, utvikling og drift av administrative styringssystem og resultatrapportering.

Landbruksbanken og Naturskadefondet har felles styre som ma har ansvaret for forvaltning av dei sentrale BU-midlane.

Under kap 1150 er det gitt ein samla oversikt over bruken av midlar over LUF. I St prp nr 70 (1996-97) er dei einskilte ordningane nærare omtalte saman med resultatrapport for bruken av midlane i 1996.

I tillegg til dei sentrale bygdeutviklingsmidlane har styret hatt ansvaret for forvaltning av 6 mill kr avsett over kap 1140 post 78 Konkurransestrategiar for norsk mat. Midlane er i hovudsak nytta til strategiske utviklingsprosjekt innanfor matområdet, der det er lagt særleg vekt på samfinansiering og fellesprosjekt med andre institusjonar innanfor forskning og utvikling, jf omtale under kap 1140 post 78.

Utlånsverksemda

Til investeringstiltak kan det, forutan tilskott og investeringslån (BU-midlar), òg løyvast renteberande lån slik at det er tilbod om ei samla finansieringspakke for prosjekta. I tillegg kjem krav til eigenkapital/eigeninnsats. Renteberande lån blir innvilga av landbruks-avdelingane medan Landbruksbanken står for utbetaling og bankteknisk oppfølging. Til eigedomsoverdraging, reindriftstiltak, ymse andre landbruksføremål og bustadføremål er det Landbruksbanken som står for både innvilging av lån og bankteknisk oppfølging.

Landbruksbankens utlån til dei ulike føremåla i 1995 og 1996 går fram av tabellen nedanfor.

Føremål	1995		1996	
	Talet på lån	Sum i mill kr	Talet på lån	Sum i mill kr
Driftsbygningar	104	29,3	98	32,7
Tilleggsnæringar	66	17,1	52	18,2
Kjøp av tilleggsareal og				
Eigedomsoverdragingar	104	30,9	72	20,9
Miljøtiltak	134	12,3	53	4,9
Reindrift	2	0,2	4	0,7
Div. landbruksføremål	22	6,7	27	6,8
Sum landbruksføremål	432	96,5	306	84,2
Nye bustader	199	89,0	112	57,8
Utbetring av bustader	103	23,7	79	19,4
Sum bustadføremål	302	112,7	191	77,2
Sum totalt	734	209,2	497	161,4

Tala viser at det har vore ein nedgang på 30 pst i talet på lån til landbruksføremål medan det har vore ein auke på vel 20 pst i løyving pr prosjekt. Det har også vore nedgang i finansieringa av bustadhus. Talet på finansierte prosjekt er redusert med i underkant av 30 pst medan løyving pr prosjekt er auka med omlag 8 pst. Utlåna til nye prosjekt har dei seinare åra ligge ein god del under utlånsrammene.

Ved utgangen av 1996 utgjorde samla utlån i Landbruksbanken 4 580,2 mill kr. Utbetalte lån i 1996 utgjorde 132,8 mill kr, ordinære avdrag 171 mill kr, ekstraordinære nedbetalinger 568,0 mill kr og tap 5,6 mill kr. Dette gav ein nedgang i utlånskapitalen på 613,7 mill kr. Talet på lån er i 1996 gått ned med 10 600 til 53 700 løpande lån.

Ein reknar med at overgangen til eit marknadsbasert system for rentefastsetting som er gjort gjeldande for alle lån frå 1997, vil gjere Landbruksbanken konkurransedyktig i låne marknaden slik at den sterke nedgangen vi har hatt dei seinare åra vil stoppe. Ein ventar såleis at Landbruksbanken vil nytta ut heile den tildelte utlånsramma for 1997.

Tabellen nedanfor viser tala for tvangssal, deltaking i gjeldsforhandlingar og for opna konkursar.

Nemning	1994	1995	1996
Betalingsavtaler			56
Tvangssal:			
Fremma saker:	552	297	309
Vedtekne sal	225	151	99
Stadfesta:	59	40	31
Eigedomar overtekne av banken	16	3	9
Gjeldsforhandlingar:	68	44	30
Opna konkursar:	12	7	5
Tap i pst av låneporteføljen	0,28	0,22	0,17

I høve til utlånsmassen er tapstala sær s låge, og dei har over ei årrekkje vist stor stabilitet. Landbruksbanken hadde i 1996 eit samla tap på utlån på 8,0 mill kr. Av dette utgjorde 5,6 mill kr tap på hovudstol og 2,4 mill kr rentetap.

Utviklings- og tilretteleggingsprosjekt

Verksemda i Landbruksbanken har elles omfatta ei rad aktivitetar og oppgåver som har som føremål å heve kompetansen og gjennom ulike former for utviklingsarbeid leggje til rette for arbeidet med næringsutvikling lokalt i fylke og kommunar. Landbruksbanken sine faglege satsingsområde har ma omfatta utarbeiding av handlingsplan for bygdeturisme, Norsk Gårdsmat som er eit utviklingsprosjekt for å fremme småskala produksjon og omsetning av mat, utvikling av skogbruks- og utmarksnæringar, kulturlandskapstiltak og prosjektet Oppfølging i Nord. Vidare har banken prioritert innsats innan strategiske område som prosjektet Internasjonal kompetanseheving, arbeid med lokal mobilisering gjennom prosjektet UTSYN, målretta planlegging av bygdeutvikling, kvinneretta arbeid og Forum for grøn verdiskaping. Landbruksbanken har utvikla verktøy og gjennomført kursverksemd i høve til Fylkesmannens landbruksavdeling som skal medverke til betre og meir einsarta vurderingar ved behandlinga av bygdeutviklingssakene på fylkesplanet.

Naturskade

Landbruksbanken har det administrative ansvaret og budsjettansvaret for statens naturskadeordning. Landbruksbanken har i 1996 gjennomført eit omfattande arbeid med sakshandsaming og annan oppfølging etter flaumen på Austlandet våren 1995. Med bakgrunn i røynslene etter flaumen er det lagt særleg vekt på å styrkje informasjonen om erstatningsordninga, som er nærare omtala under kap 1148.

Andre oppgåver

Frå 1. juli 1995 fekk Landbruksbanken ansvaret for klagebehandling av visse saker etter den nye jordlova. Landbruksbanken behandla i 1996 77 slike klagesaker.

Landbruksbanken har sekretariatsfunksjonen for «Fondet for etterutdanning og driftsøkonomiske tiltak i jordbruket» (EDL).

Landbruksbanken har ansvaret for forvaltninga av midlar til konfliktførebyggjande tiltak i reindriftsområda.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Utlånsverksemda

Landbruksbanken hadde ved utgangen av 1996 eit samla utlån på knapt 4,6 mrd kr til totalt 53 700 låntakarar.

Landbruksbanken må leggje vekt på ei effektiv og kunderetta låneforvaltning, noko det er lagt til rette for ma gjennom omlegginga av lånesystema som blei gjort fullt ut gjeldande frå 1997.

For Landbruksbanken gjer Regjeringa framlegg om ei samla innvilgingsramme på 250 mill kr. Dette er ein reduksjon på 100 mill kr i høve til 1997, men samtidig meir enn 50 pst over det som blei innvilga i 1996. Ei samla ramme til landbruks- og bustadsføremål gjer det mogleg å sjå dei to føremåla i samanheng og å prioritere lån til investeringstiltak som fremmer utvikling og omstilling av landbruket.

Satsingsområde

Tilrettelegging for næringsutvikling

Statens Landbruksbank skal vere med å legge til rette for og styrkje føresetnadene for arbeidet i landbruksforvaltninga i fylka og i kommunane med etablering og utvikling av ny verksemd. Viktige oppgåver for Landbruksbanken er:

- vidare arbeid med prosjektet UTSYN som skal fremme lokal aktivitet,
- målretta bruken av BU-midlar gjennom utvikling av metodar og rutinar for planlegging i fylka,
- fremme kontakt og kopling mellom ulike kunnskapsmiljø innanfor næringsutviklingsområdet, ma gjennom Forum for grøn verdiskaping,
- delta i utvikling av småskala reiseliv i og i tilknytning til landbruket, ma gjennom oppfølging av Handlingsplan for reiseliv,
- fremme nyskaping og entreprenørskap, ma gjennom pilotprosjektet Ungdom og nyskaping,
- utvikling av skogbruks- og utmarksressursar, ma bioenergi,
- etablere system for oppfølging og rapportering av oppnådde resultat av BU-satsinga,
- utvikling og drift av fagsystemet Tilskott og
- vidareutvikle samarbeidet med Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND).

Banken si rolle når det gjeld kompetanseoppbygging og -formidling er særleg viktig. Det er viktig at Landbruksbanken har god kontakt med Fylkesmannen sin landbruksavdeling og utviklar tilbodet i samsvar med deira behov og ønsker. Ma med basis i kompetanseplanen må Landbruksbanken arbeide vidare med å styrke eigen kompetanse slik at banken kan vere ei utviklingsorientert verksemd.

Departementet legg vekt på å vidareutvikle Landbruksbankens rolle som sentralt forvaltningsorgan innanfor nærings- og bygdeutvikling, gjennom vidare delegering av oppgåver knytte til forvaltning og vidareutvikling av verkemiddel og ordningar.

Kulturlandskaps- og miljøtiltak

Landbruksbanken må vidareutvikle innsatsen på kulturlandskapsområdet, ma ved å vektleggje utviklingsorienterte tiltak. Ein del av dei sentrale bygdeutviklingsmidlane skal nyttast til demonstrasjonsprosjekt, dvs særskilt utvalde kulturlandskapsprosjekt i ulike område som skal tene som eksempel for rådgivingstenesta, den lokale landbruksforvaltninga og gardbrukarane. Ei viktig oppgåve for banken vil vere å følge opp saksbehandlersystemet for kulturlandskapssakene, følgje opp landbruksavdelingane sitt arbeid med informasjon, rettleiing og kursverksemd og medverke i arbeidet med miljøretta tiltaksplanar.

Småskala matproduksjon

Eit element i satsinga på ny næringsutvikling er utvikling av småskala vidareforedling av mat for å utnytte nye marknadsmoglegheiter som kan styrke økonomien på gardsbruk. Landbruksbanken har eit særleg ansvar for prosjektretta utviklingsarbeid innan matområdet. Banken har såleis ansvaret for forvaltning av ein del av midlane sette av på budsjettet til Konkurransestrategiar for norsk mat, jf omtale under kap 1150 post 77 og 1140 post 78. Vidare har Landbruksbanken sekretariatsansvaret for utviklingsprogrammet Norsk Gårdsmat.

Bygdeturisme

Landbruksbanken har i samarbeid med departementet og SND utarbeidd ein handlingsplan for reiseliv der det er skissert strategiar og gjort framlegg om tiltak for ei vidare utvikling av bygdeturismen som ei kilde til verdiskaping og sysselsetting. Landbruksbanken vil ha hovudansvaret for å følgje opp dei tiltaka som står i handlingsplanen, ma når det gjeld produktutvikling, marknadsføring, sal og kompetanseoppbygging. I jordbruksoppgjeret

1997 blei det bestemt at Landbruksbanken skal ha ansvaret for tildeling av støtte til Senter for bygdeturisme. Dette gjeld både grunnstøtte og prosjektstøtte til senteret.

Likestilling, entreprenørskap og rekruttering

Utviklinga av norsk landbruk er avhengig av at det blir lagt til rette for rekruttering og at også kvinner finn det attraktivt å drive landbruk. Statens Landbruksbank må leggje vekt på tiltak som styrkjer rekruttering og likestilling i landbruket, ma gjennom deltaking i eit utgreiingsarbeid om likestilling og rekruttering og eit pilotprogram som skal fokusere på ungdom sine ressursar som nyskaparar i distriktssamanheng. Landbruksbanken skal og leggje vekt på spørsmål knytte til kvinner som etablerarar og nyskaparar.

Skogbruk og utmarksnæringar

Landbruksbanken skal vidareføre arbeidet med å leggje til rette for utvikling av skogbruk, skogindustri, bioenergi og utmarksnæringar. Miljøfordelen som skognæringane har, saman med det store potensialet for auka verdiskaping i desse næringane, gjer at innsatsen bør aukast. Landbruksbanken skal arbeide for dette gjennom strategisk planlegging, finansiering av prosjekt og samspel med Fylkesmannen sin landbruksavdeling og andre institusjonar som forvaltar verkemiddel innanfor sektoren.

Samhandling og samarbeid mellom kunnskapsmiljø og verkemiddelinstitusjonar

Landbruksbanken må leggje vekt på å fremme samhandling og samarbeid mellom ulike kunnskapsmiljø innanfor området næringsutvikling, andre offentlege verksemdar og næringslivet. Det blir tatt sikte på å inngå ei fast avtale med Noregs forskingsråd

Internasjonalt kompetanseprogram

Landbruksbanken har forvaltningsansvaret for eit kompetanseprogram med føremål å auke kunnskapen til Fylkesmannen sin landbruksavdeling om internasjonale tilhøve, slik at den kan medverke til at norsk landbruk blir betre til å nytte ut mogelegheitene som den auka internasjonaliseringa gir. Landbruksbanken har gjennomført ei samla rapportering av programmet som vil utgjere grunnlaget for ei evaluering av ordninga i løpet av 1998.

Andre oppgåver

Forutan oppgåvene knytte til nærings- og bygdeutvikling har Landbruksbanken fleire andre oppgåver, ma sekretariatsfunksjonen for Statens naturskadefond, som er nærare omtalt under kap 1148. Landbruksbanken har fått utvida oppgåver når det gjeld behandling av klager på fylkeslandbruksstyra sine vedtak etter §§ 2, 9 og 12 i jordlova. Landbruksbanken har òg ansvaret for forvaltning av midlar til konfliktførebyggjande tiltak i reindriftsområda.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsbudsjett

Utgifter knytte til administrasjon av naturskadeordninga og eigedommen Nedre Vollgate 11 er innarbeidde i budsjettet. I løyvingsforslaget inngår òg midlar til kompetanseutvikling i landbruksforvaltninga om internasjonale tilhøve.

Post 71 Rentestøtte

Ein gjer framlegg om ei løyving på 0,5 mill kr som skal dekke underrente på lån til bustadføremål på særskilde vilkår.

Post 72 Erstatningar

Ein gjer framlegg om ei løyving på 100 000 kr til dekning av erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen.

Posten er oppretta som følge av frådømming av rett til samisk tamreindrift i Trollheimen, og som etterpå resulterte i den såkalla Trollheimlova av 21. 12. 84.

Post 73 Tilskott til Landbruksbankens tapsfond

Ein gjer framlegg om ei løyving på 7 mill kr til dekning av Landbruksbanken sine venta tap på utlån i 1998.

Post 90 Lån

Landbruksbanken finansierer sine utlån ved lån frå staten. Ein gjer framlegg om ei løyving under denne posten på 308 mill kr. Framlegget til løyving er basert på prognosar for utbetaling av tidlegare innvilga lånesøknader og nye lån som kjem til utbetaling i 1998.

KAP 5311 STATENS LANDBRUKSBANK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
01	Gebyr	9 984	9 433	9 630
02	Driftsinntekter	5 810	5 283	8 489
03	Husleigeinntekter	3 042	4 572	
04	Reduksjon av Landbruksbankens reservefond	4 200	100 000	
05	Reduksjon av Landbruksbankens tapsfond	25 000		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	273		
90	Avdrag		445 700	322 500
	Sum kap 5311	48 309	564 988	340 619

Post 01 gjeld inntekter for gebyr på utlån. Det viktigaste gebyret, termingebyret, blir fastsett av Stortinget. Inntektene frå dette gebyret er proporsjonalt med talet på lån.

Post 02 gjeld ma vederlag frå LUF for behandling av fondssaker. I framlegget under posten er det òg rekna med refusjon for utgiftene knytte til sekretariatet for LUF og inntekter frå husleige som før blei budsjetterte på post 03.

Post 90 gjeld avdrag på Landbruksbanken sitt lån frå staten. Landbruksbanken innbetaler til staten dei avdraga banken mottek frå sine låntakarar. Framlegget under denne posten er basert på prognosar for ordinær og ekstraordinær innbetaling av avdrag samt tap på utlån.

KAP 2472 STATENS KORNFORRETNING

		(i 1000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
24	Driftsresultat:			
	Driftsinntekter	-3 634 980	-2 555 062	-2 312 505
	Driftskostnader	4 520 013	3 386 512	3 107 505
	Tilskott norsk korn	-885 033	-831 450	-795 000
	Tilskott handels- og tilskottsforvaltning	13 000	17 240	22 090
	Sum kap 2472	13 000	17 240	22 090

MÅL OG STRATEGIAR

Statens Kornforretning blei oppretta ved lov om landets kornforsyning av 22. juni 1928. Statens Kornforretning skal vere eit reiskap for styresmaktene for å nå næringspolitiske mål. Før avviklinga av kornmonopolet 1.1.95, var hovudoppgåva til Statens Kornforretning å sørge for dei samla innanlandske forsyningane av korn, mjøl og kraftfôr gjennom importmonopolet, sal av råvarer til kraftfôr og tilverking av mjøl for sal.

Forretningsverksemda er no knytt til kornordninga som blei sett i verk 1.7.95. Statens Kornforretning har ansvaret for innveging, kjøp, prisgradering, prisedskriving og vidaresal av alt norskprodusert korn. Innanfor ramma av WTO-avtalen, er målsettinga med kornordninga å skape ein mest mogleg kostnadseffektiv og rasjonell kornomsetning gjennom kjøpeplikta. Statens Kornforretning skal forvalte den statlege kjøpeplikta, og føre tilsyn med den avregulerte marknaden for vidareomsetning i verdikjeda. Resten av forretningsverksemda til Statens Kornforretning er knytt til forvaltninga av Lager- og tørkefondet og Fondet for rasjonalisering av strukturen i kornmarknaden. Frå 1.7.97 blei refusjonsordninga i pelsdyrmarknaden overført Statens Kornforretning, jf kap 1150 post 76.01.

Statens Kornforretning har eit forvaltningsansvar for beredskapslagring av naudsynte mengder av såkorn, fôrkorn, matkorn, mjøl, kraftfôr, sukker og berlinerblått. Dette medverker til den nasjonale matvaretryggleiken i høve til ein beredskapssituasjon. Dei nye beredskapsplanane til Statens Kornforretning skal forvaltast i høve til føresetnadene.

Statens Kornforretning har òg ansvaret for å forvalte det tollbaserte grensevernet for jordbruksprodukt i høve til WTO-avtalen og retningslinjer frå styresmaktene. Det tollbaserte grensevernet avløyste dei kvantitative ordningane for import av jordbruksprodukt i 1995. Statens Kornforretning skal på kornsektoren administrativt sette ned tollsatsane i tidsavgrensa periodar dersom utviklinga av prisane heime og på verdsmarknaden gjer dette nødvendig. Forvaltninga av grensevernet inneber òg gjennomføring av ordninga for aktiv foredling, eksportrestitusjon, catering og omarbeidde jordbruksprodukt. Når det gjeld ordninga for omarbeidde jordbruksprodukt skal forvaltninga ma skje i høve til den nye handelsavtalen med EU.

Statens Kornforretning gjennomfører og Noregs handelspolitikk på landbrukssektoren knytt til GSP- og MUL-land. Frå 1996 blei sekretariatet for Importutvalget for ost overført til Statens Kornforretning. Dette fører ma med seg ansvaret for fordelinga av importkvotane for ost. Administreringa av utjamningsordninga for konserverindustrien er òg lagt til Statens Kornforretning.

Frå 1.3.96 blei forvaltninga av fleire ordningar for tilskott i jordbruket overført frå Landbruksdepartementet til Statens Kornforretning. Oppgåvene inneber forvaltning av ordningar for tilskott i jordbruksproduksjonen (dyretalls- og arealtilskott), velferdsordningar og Fondet for katastrofeordning i planteproduksjonen. Kravet til kontinuitet i behandlinga av desse oppgåvene vil vere viktige utfordringar i 1998. Når det gjeld forvaltningsoppgåver er Statens Kornforretning departementet sitt sentrale organ for forvaltning av direkte tilskott innanfor landbruket. Institusjonen skal utvikle og halde ved like dei systema som er nødvendige for søknadsbehandling, og greie ut og gjere framlegg om kostnadseffektive tilpassingar til ny teknologi. Landbruksregisteret skal haldast ved like. Statens Kornforretning har òg ansvaret for fellesrutinar i fagsystema hos Fylkesmannens landbruksavdeling. Ansvaret for forvaltninga av tilskott til endra jordarbeiding vil bli overført til Statens Kornforretning fom 1998.

Statens Kornforretning administrerer òg Lager- og tørkefondet, Fondet for rasjonalisering av bygdemøllene og havremøllene og Fondet for rasjonalisering av strukturen i kornmarknaden.

Ved utgangen av 1996 var det 128 tilsette i Statens Kornforretning, der 34 framleis er fristilte etter omorganiseringa i 1995. Statens Kornforretning har for 1998-løyvinga varsla at ein treng fleire nye stillingar til spesialkompetanse som ikkje er i verksemda no. Styret i Statens Kornforretning, som blei utpeikt i 1996, vil arbeide vidare med omstillinga av verksemda. Arbeidet med samordninga av Statens Kornforretning med dei andre verksemdene som utøver landbruksforvaltning vil i komande periode bli prioritert. Departementet vil når det gjeld forvaltningsverksemda sette i verk årlege tildelingsbrev til verksemda.

RAPPORT 1996

Forretningsverksemda

Sett over fleire tiår har kornproduksjonen auka sterkt fordi mykje av husdyrproduksjonen på Austlandet er redusert og meir areal blir nytta til korndyrking. Det er teke i bruk betre kornsortar, ny dyrkingsteknikk og tilgangen på kunstig vatning er betra. I tillegg er politikken lagt om slik at det lønner seg å bruke norsk korn.

I høve til kravet til beredskapslagring skal 3 mnd normalforbruk av førkorn/kraftfôr og 6 mnd normalforbruk av matkorn/mjøl vere lagra pr 1. juli. Dette tilsvarer førehandslagring av vel 340 000 t karbohydratfôr, 34 000 t proteinfôr og 190 000 t matkorn/mjøl. Krava til lagring pr 1. juli 1996 blei oppfylt indirekte gjennom marknaden for mjøl og proteinfôr. For å dekkje inn beredskapskravet på karbohydratfôr, blei det i regi av Statens Kornforretning sett i verk import av 25 000 t karbohydratfôr pr juni 1996. Beredskapsordninga i Nord-Norge for omsetning/rullering av mjøl gjennom dei 20 beredskapslagra blei i 1996 gjennomført i høve til føresetnadene med om lag 10 500 t mjøl på lager. Kontraktane i marknaden for beredskapslagring i dei kornsvake områda i Sør- og Midt-Norge og i Nord-Norge er no under teikna. På 7 ulike anlegg vil det samla bli lagra 27 000 t matkorn, av dette 12 500 t i Nord-Norge.

Det har i 1996 ikkje vore nødvendig med marknadsregulering trass i den høge norske avlinga. I 1996 tok 139 kornanlegg imot norsk korn.

Den høge norske avlinga i 1996 førte til lågare import av korn og andre råvarer. I 1996 blei det importert om lag 730 000 t korn og fôrstoff.

Det blei i 1996 vidare importert i overkant av 50 000 t kveite til fiskefôr. Forbruket av kveite til fiskefôr blei i 1996 likevel lågare enn i 1995 ma som følgje av fôringskvotane i havbruksnæringa.

I 1996 blei 373 000 t korn nytta i tilverkinga av matmjøl/gryn ved matmjølmøllene. Kveitemjølet utgjorde òg i 1996 det viktigaste produktet. I internasjonal samanheng var årsforbruket av mjøl- og kornprodukt pr capita i Norge framleis høgt.

Forvaltningsverksemda

Forvaltningsverksemda som er lagt til Statens Kornforretning omfattar handelsforvaltning og tilskottsforvaltning. Desse oppgåvene utøver administrasjonen på direkte oppdrag frå departementet utanfor styrets kompetanse.

I 1996 blei det handsama om lag 15.000 søknader om individuelle tollreduksjonar. I tillegg blei det gjort generelle reduksjonar av tollen for ulike varer innanfor målprissystemet i jordbruksavtalen. Hovudtyngda av dei administrative generelle reduksjonar i tollen er knytt til grøntsektoren (grønnsaker, frukt og levande planter). Innanfor kjøttsektoren er det innvilga generelle reduksjonar i tollen for storfe-, svin- og reinkjøtt.

I løpet av hausten 1996 nådde ein det indikative taket for import av karbohydratkraftfôr frå dei minst utvikla landa (MUL). Ut frå marknadssituasjonen tilrådde ikkje Statens Kornforretning at taket blei heva, slik ein hadde gjort i marknadsåret 1995/96.

I 1996 blei det forhandla fram ein ny handelsavtale med EU innanfor protokoll 2 i frihandelsavtalen som har ført til endra tollsatsar ved import og eksport av foredla jordbruksprodukt. Statens Kornforretning fekk i oppdrag å gjennomføre avtalen frå 1. januar med tilbakeverkande kraft frå 1. september 1996.

Som kjent overførte departementet 1. mars 1996 forvaltninga av produksjonstilskot i jordbruket, arealtilskot til økologisk landbruk, velferdsordningane og Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjonen til Statens Kornforretning. Samtidig som hovudansvaret for tilskottsforvaltninga blei overført Statens Kornforretning, er oppgåver knytt til gjennomføringa av desse tilskottsordningane òg overført.

Gjennomføringa av tilskottsforvaltninga i 1996 har vore eit relativt omfattande arbeide. Ansvar for Landbruksregisteret og ansvaret for vedlikehald og drift av ulike IT-system nytta i forvaltninga i tråd med konsesjonar frå Datatilsynet er relativt ressurskrevande. Fagsystema har i 1996 ma blitt utvikla i samarbeid med Fylkesmannens landbruksavdeling

og Statens Landbruksbank. Det vil, som i 1996, framleis vere behov for å kjøpe IT- og data-tenester for å utbetale tilskotta.

Rekneskap 1996

Rekneskapen omfattar både forretnings- og forvaltningsverksemda til Statens Kornforretning. Løyvinga til marknadsordninga for korn på kap 1150 post 76 blir ført som inntekt i Statens Kornforretning sitt driftsrekneskap (underpost 3) og svarar til skilnaden mellom underpost 1 (driftsinntekter) og 2 (driftsutgifter) i rekneskapen. Statens Kornforretning eig det norske kornet ved innveginga. I rekneskapen fører Statens Kornforretning kjøp og sal av norsk korn brutto i høve til prissystemet. Prisnedskrivinga blir i rekneskapen ført til fråtrekk gjennom eit uttak frå løyvinga over kornordninga. Prisutjamning på råvarer til kraftfôr omfattar avgift på sildemjøl, soyamjøl og mjøl av kvitfiskavfall til husdyrfôr. Storleiken på tilskottet til matmjølet tek utgangspunkt i forventa tollinntekt. Kostnader til beredskap, tilskott til mjøl, frakt av korn og FoU blir førte brutto i rekneskapen.

Resultatrekneskapen for 1996 visar med dette følgjande hovudtal i 1 000 kr. Budsjett I og II (ny saldering) for 1996 er vist til samanlikning.

Nemning	St prp nr 1	Ny saldering	Rekneskap
Sal norsk korn og oljefrø	2 414 902	2 414 902	2 435 389
Prisnedskriving norsk korn og oljefrø	-541 574	-477 000	-478 402
Sum varesal	1 873 328	1 937 902	1 956 987
Prisutjamning proteinråvarer til kraftfôr	139 278	123 000	136 318
Tilskott norsk korn m.m.	1 027 350	871 532	826 525
Tilskott handel- og tilskottsforvaltning	9 000	13 000	13 000
Sum forvaltningsinntekter	1 175 628	1 007 532	975 843
Andre inntekter	31 685	36 885	36 219
Sum inntekter	3 080 641	2 982 319	2 969 049
Innkjøp norsk korn	2 414 902	2 414 902	2 435 389
Sum varekostnader	2 414 902	2 414 902	2 435 389
Tilskott frakt	148 610	163 610	143 659
Tilskott matmjøl	221 841	110 000	108 933
Tilskott FoU	16 900	16 900	16 900
Kostnader beredskap	53 222	53 222	36 387
Kostnader marknadsregulering	12 100	12 100	-
Overføring prisutjammingsbeløp	139 278	123 000	136 318
Sum forvaltningskostnader	591 951	478 832	442 197
Personalkostnader	39 044	39 044	39 193
Andre kostnader	34 744	49 541	52 270
Sum kostnader	3 080 641	2 982 319	2 969 049
Resultat, jf kap 2472 post 24	0	0	0

Bruttoverdien av innkjøpte og selde råvarer var i 1996 på vel 2,4 mrd kr. Dette er lågare enn i 1995 ma grunna lågare kornpriser. Kostnadene til Statens Kornforretning utgjorde i underkant av 3 mrd kr. Differansen mellom kostnader og inntekter utgjer uttaket over kornordninga, jf kap 1150 post 76.01.

For 1996 viser kornordninga eit brutto og netto totalforbruk på 826 mill kr og 639 mill kr. Samanlikna med revidert budsjett, jf St prp nr 8 (1995-96), er dette ei innsparing på 7,4 pst og ei meirinntekt i statskassa på vel 10 pst. Innsparinga skuldast i hovudsak lågare stønad til frakt og kostnader til beredskap enn rekna med i budsjettet. Det har ikkje vore behov for å skunde på importen av korn for å dekkje lagringskravet pr 1. juli 1996, òg ein har difor spart midlar når det gjeld beredskap. Garantien for prisfall for overlagra korn (gjeld ikkje beredskapslagra) blei avvikla i 1996. Dette var ikkje rekna med i løyvinga. Utbetalt mjøltilskott er om lag 1 mill kr lågare enn rekna med. Den høge innbetalinga av prisutjamning kraftfôr skuldast i hovudsak det høge forbruket av sildemjøl i kraftfôret, som følgje av dei store fangstane i 1995/96.

Avviklinga av statsmonopolet, salet av dei konkurranseutsette eigedelane til Statkorngruppa og innføring av ny kornordning, inneber at balansen til Statens Kornforretning er vesentleg forenkla. Finansieringa av avrekninga og vidaresal av den norske kornavlinga skjer ved trekk på statskassa og gjennom fordringa på Lager- og tørkefondet. Balansen til Statens Kornforretning pr 31. des 1995 og 31. des 1996 var (1 000 kr):

Aktiva:	31.12.1995	31.12.1996
Betalingsmidlar	160 562	113 342
Kundefordringar m.m.	153 103	6 279
Sum omløpsmiddel	313 665	119 620
Langsiktige fordringar	4 234	4 365
Utlån Lager- og tørkefondet	183 947	164 584
Sum anleggsmiddel	188 181	168 949
Sum eigendelar	501 846	288 569
Skuldig statskassa	435 125	262 837
Skuldig skatt/pensjon/mva. m.m.	2 956	2 784
Anna kortsiktig gjeld	63 765	22 948
Sum gjeld	501 846	288 569

Utlåna til Statens Kornforretning er redusert frå over 420 mill kr i 1995 til ei fordring på vel 164 mill kr på Lager- og tørkefondet ved utgangen av 1996. Ei 10-års avtale om fastlån mellom partane regulerer dei økonomiske tilhøva.

Lager- og tørkefondet blei oppretta gjennom Stortingsvedtak av 1949. Frå 1995 er det ikkje gitt nye lån. Kredittfinansieringa i marknaden skal skje gjennom den ordinære bankmarknaden. Forretningsverksemda innebær å utvikle utlåna i tråd med kontraktane for gjenverande utlån. Fondets frie betalingsmiddel disponerast årleg gjennom jordbruksoppgjeret. I 1996 blei uteståande lånemiddel tilsvarande 101 mill kr løyst inn i fondet. Det har ikkje vore misleghald av lån i 1996. Samla utlån utgjorde ved inngangen til 1997 vel 177 mill kr. Eigenkapitalen og dei frie betalingsmidlane i fondet utgjorde pr 31. des 1996 respektive 158 mill kr og 136 mill kr.

Rekneskap for dei einskilde tilskottsordningar Statens Kornforretning forvaltar går fram av kap 1150.

BUDSJETTFRAMLEGG 1998

Framlegget til løyving tek omsyn til at monopolet for import av korn, mjøl og kraftfôr og innanlands omsetjing av råvarer til kraftfôr og statleg sal av mjøl er avvikla. Dei avtalefesta prisane for korn og oljefrø for inneverande avtaleperiode er lagt til grunn under løyvingane for heile 1998.

Prishevinga på korn gjennom året i høve til prissystemet kjem til syne i høgare omsetjingstal i høve til dei avtalefesta prisane til produsent vil innebere. I framlegget er det rekna inn ei normalårsavling for korn i høve til Budsjettnemda sitt materiale på totalt 1 099 000 t antatt levert og avrekna vare. Andelen såkorn og antatt mengde leige- og heimemaling kjem her på vanleg måte til fråtrekk. Moglege skilnader i det fysiske mønsteret for levering av korn i høve til sjølv kalenderåret, vil gi avvik i rekneskapstala samanlikna med løyvinga. Løyvinga til nedskriving av korn på i gjennomsnitt 35 øre/kg skal dekkje nedskriving av alle kornsortane og oljefrø og evt direkte tilskott til mottaksanlegg i kornsvake område. Satsen for nedskriving av korn er difor i praksis lågare enn 35 øre/kg.

Løyvinga til matmjøl tar utgangspunkt i antatt innbetalt toll av importert matkorn i 1998. Det er rekna med eit årsforbruk av matkorn i industrien i 1998 på vel 374 000 t. Statens Kornforretning reknar på basis av matmjølløyvinga ut satsen pr. tonn deklart matkorn i tilverkinga av mjøl/gryn. Matmjølløyvinga skal òg dekkje prisnedskriving av norsk vare nytta i den innanlandske fisketilverksindustrien (grillmjøl).

FoU-midlane skal dekkje verksemd til opplysning og kornforskning. Når det gjeld FoU-midlane, skal Statens Kornforretning som oppdragsgjevar, sette særlege krav og vilkår til aktørar om utarbeiding av fagrapportar mm som vilkår for dei tildelte midla. Forskinga på floghavre er som følge av avviklinga av kornmonopolet overført til Statens landbrukstilsyn.

Kostnader til beredskap er knytt til lovpålagde oppgåver, ma i høve til Stortinget sine retningslinjer for beredskapslagring og beredskapsdirektiv frå departementet i totalforsvaret. Løyvinga til beredskap på vel 47 mill kr fordeler seg med 15 mill kr til førehandslagring av mjøl og matkorn i Nord-Noreg, 4 mill kr til førehandslagring av matkorn i Sør-Noreg og 6 mill kr til førehandslagring av såkorn på Austlandet. Løyvinga til å skunde på importen utgjør 22 mill kr.

Budsjettframlegget for 1998 er ut frå dette spesifisert i følgjande driftsbudsjett for verksemda (i 1000 kr):

Inntekter:

Sal norsk korn og oljefrø	2 171 115
Prisnedskriving norsk korn og oljefrø m.m.	-384 650
Sum varesal	1 786 465
Prisutjamning proteinråvarer til kraftfôr	112 000
Tilskott norsk korn, jf kap 1150 post 76.01	795 000
Andre inntekter	29 390
Sum inntekter	2 722 855

Kostnader:

Innkjøp norsk korn	2 171 115
Sum varekostnader	2 171 115
Tilskott frakt	173 610
Tilskott matmjøl	113 000
Tilskott FoU	15 580
Tilskott pelsdyrfôr m.m.	11 000
Kostnader beredskap	47 500
Overføring prisutjammingsbeløp, jf kap 4150 post 80	112 000
Sum forvaltningskostnader	472 690
Administrasjon kornordninga	48 660
Andre kostnader	52 480
Sum administrasjon og andre kostnader	123 230
Sum kostnader	2 744 945

Driftsresultat	-22 090
-----------------------	----------------

Finansieringa av verksemda skal framleis skje gjennom trekk på statskassa. Statens Kornforretning kan ikkje ta opp lån i den private lånemarknaden. Utbetaling av oppgjær til produsent og krav frå mottakar skal framleis skje gjennom bankmarknaden. Lager- og tørkefondet forvaltes i høve til vedtektene. Styret i Statens Kornforretning er styre for fondet. Finanskostnadene er basert på gjeldande trekkrente i statskassa, pt 3,75 pst. Netto finanspostar er ført under andre inntekter og kostnader.

Administrasjonsutgiftene knytt til forretningsverksemda blir dekt av tilskottet frå kap 1150 post 76.01 med vel 48 mill kr. Tap på driftskreditt og drifta av kornankenemda er inkludert i dette beløpet.

Administrasjonsutgiftene knytt til forvaltningsverksemda blir budsjettert på underpost 24.4. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på underposten til vel 22 mill kr, ma som følge av ei auke i oppgåvene knytt til administrasjon av importvernet. I tillegg blir administrasjon av RÅK-ordninga fom 1998 budsjettert på kap 2472. Desse utgiftene er tidlegare dekt av unytta midlar i RÅK-fondet. Det er i framlegget òg lagt opp til ei styrking av IT-arbeidet ved verksemda i høve til 1997.

Det statlege tilskottet til marknadsordninga for korn blir løyvd på kap 1150 post 76.01. Statens inntekter knytt til prisutjammingsbeløp på norskproduserte råvarer til kraftfôr som kjem frå andre sektorar enn norsk jordbruk blir løyvd på kap 4150 post 80, medan tollinntektene frå kornimport mm blir løyvd på Finansdepartementets budsjett, kap 5511.

KAP 5545 MILJØAVGIFTER I LANDBRUKET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIH 1997	Framlegg 1998
70	Miljøavgift, kunstgjødsel	171 721	165 175	165 175
71	Miljøavgift, plantevernmiddel	21 775	22 000	22 000
	Sum kap 5545	193 496	187 175	187 175

Miljøavgiftene på kunstgjødsel og plantevernmiddel blei innført på slutten av 1980-talet. Avgiftene er eit av fleire verkemiddel som landbruksstyresmaktene forvaltar for å nå nasjonale og internasjonale miljømål. Avgiftene har ein haldningsskapande effekt og har vore med å finansiere ulike miljøtiltak. Målsettinga er å redusere miljøskadane i landbruket og å medverke til høg miljøkvalitet i produksjonsprosessen. Departementet vil i 1996 starte arbeidet med ei samla gjennomgang av miljøverkemidla i landbruket, inkludert miljøavgiftene.

Landbrukstilsynet krev inn miljøavgiftene saman med dei ordinære kontrollavgiftene. Ein legg til grunn at miljøavgiftene for 1998 blir ført vidare på same nivå som i 1997. Avgiftene blir:

- avgift på nitrogen i kunstgjødsel: kr 1,21 pr kg,
- avgift på fosfor i kunstgjødsel: kr 2,30 pr kg og
- avgift på plantevernmiddel: 15,5% av grossistpris.

Tabellen nedanfor viser utviklinga av miljøavgifter på kunstgjødsel og plantevernmiddel over tid.

	1990	1993	1996	1997	1998
<i>Kunstgjødsel:</i>					
Kr pr kg nitrogen	0,37	1,21	1,21	1,21	1,21
Kr pr kg fosfor	2,23	2,30	2,30	2,30	2,30
<i>Plantevernmiddel:</i>					
Avgift i pst av grossistpris	11	13	15,5	15,5	15,5

KAP 5571 TOTALISATORAVGIFT

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
70	Avgift	64 884	62 000	62 000
	Sum kap 5571	64 884	62 000	62 000

I 1996 blei den samla omsetninga i totalisatorspel på 1 858 mill kr. Dette var ein auke i omsetninga på 298 mill kr frå året før. Hovudårsaken til auken var V-75 spelet.

For 1997 er det budsjettert med ei samla omsetning på om lag 1 800 mill kr.

For 1998 gjer ein framlegg om ei løyving under posten på 62 mill kr frå totalisatoravgift. Det er i framlegget lagt til grunn uendra sats for avgifta, dvs 3,5 pst av omsetninga, og ei omsetning på 1 780 mill kr.

Som uttalt i Ot prp nr 10 (1995-96) er hestesporten framleis i ein vanskeleg økonomisk situasjon med ei samla gjeld på vel 200 mill kr. Norsk Rikstoto har investert mykje i ny teknologi og det er ein del utsett vedlikehald av bygg og anlegg ved banane.

*Programkategori 15.40 Forretningsdrift**Utgifter*

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
1162	Drevsjø Trelast AS	13 496			-0,0
	Sum kategori 15.40	13 496			-0,0

Inntekter

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998	Pst endr 97/98
4160	Sal av skoggrunn	2 357			-0,0
4161	Statskog SF	45 833	5 833		-100,0
4162	Drevsjø Trelast AS	11 158			-0,0
4170	Statkorn Holding AS	50 000			-0,0
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet	23 052	15 116	7 800	-48,3
5614	Renter for Statens Landbruksbank			180 500	-0,0
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	234 301	350 000	49 200	-85,9
5652	Innskottskapital i Statskog SF	10 000	8 500	8 500	
	Sum kategori 15.40	376 701	379 449	246 000	-35,1

Framlegget under kategorien gjeld statsforetaket Statskog SF, i tillegg til aksjeselskapa Statkorn Holding AS, Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO), Statens skogplanteskolar AS og Drevsjø Trelast AS.

Landbruksdepartementet legg vekt på at forretningsverksemda skal drivast etter bedriftsøkonomiske prinsipp.

KAP 4160 SAL AV SKOGGRUNN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
40	Sal av eigedom	2 357		
	Sum kap 4160	2 357		

Under posten blir det rekneskapsført sal av skoggrunn som blir seld i samsvar med Stortinget sitt vedtak ved behandlinga av St meld nr 35 (1988-89), jf Innst S nr 205 (1988-89). Fylkesmannens landbruksavdeling har ansvaret for gjennomføring av sala.

KAP 4161 STATSKOG SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
91	Avdrag	45 833	5 833	
	Sum kap 4161	45 833	5 833	

Ved etablering av Statskog SF tok selskapet opp eit serielån i statskassen på 70 mill kr. Lånet var avdragsfritt dei tre første åra og skulle deretter nedbetalast over 12 år med to terminar pr år. Statskog SF er i låneavtalen gitt høve til å nedbetale lånet fortare. Etter nedbetaling med 45,8 mill kr i 1996, er restlånet på 24,2 mill kr innbetalt i 1997. Det er derfor ikkje budsjettert med avdrag i 1998.

KAP 1162 DREVSJØ TRELAST AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
80	Tilskott til nedskriving av aksjekapital	5 748		
90	Aksjekapital	7 748		
	Sum kap 1162	13 496		

Det blei i 1996 løyvd midlar til nedskriving av aksjekapitalen i Drevsjø Trelast AS, jf kap 4162 post 91. Samtidig blei det oppretta ny aksjekapital slik at den bokførte aksjekapitalen auka med 2 mill kr til 16 mill kr, jf St prp nr 8 (1996-97).

KAP 4162 DREVSJØ TRELAST AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
90	Nedskriving av lån	5 410		
91	Nedskriving av aksjekapital	5 748		
	Sum kap 4162	11 158		

Som ledd i refinansieringa av Drevsjø Trelast AS i 1996 blei driftskredittlånet som selskapet hadde til staten nedskrive til 0, jf kap 1162 post 90 og St prp nr 8 (1996-97).

KAP 4170 STATKORN HOLDING AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
90	Avdrag	50 000		
	Sum kap 4170	50 000		

Ved etableringa av Statkorn Holding AS i 1994 blei det løyvd eit ansvarleg konvertibelt fastlån på 250 mill kr med 10-års løpetid. Selskapet innbetalte i 1996 50 mill kr i ekstraordinært avdrag på lånet i tråd med Budsjett-innst S II (1995-96).

KAP 5609 RENTER AV LÅN I STATSFORETAK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
80	Statskog SF	6 582	1 700	
81	Statkorn Holding AS	16 470	13 000	7 800
82	Drevsjø Trelast AS		416	
	Sum kap 5609	23 052	15 116	7 800

Post 80 Statskog SF

Det låge rentebeløpet i 1996 kjem av at Statskog SF i tillegg til ordinært avdrag på 5,8 mill kr innbetalte eit ekstraordinært avdrag på 40 mill kroner dette året. Restlånet på 27, 2 mill kr blei innbetalt i 1997. Det er derfor ikkje budsjetttert med renter frå Statskog SF i 1998.

Post 81 Statkorn Holding AS

Ved etableringa av Statkorn Holding AS blei det løyvd eit ansvarleg konvertibelt lån på 250 mill kr for ein 10-års periode, til år 2004. Lånet er regulert gjennom ein kontrakt mellom Landbruksdepartementet og Statkorn Holding AS.

I samband med 1996-løyvinga vedtok Stortinget at 50 mill kr av det ansvarlege lånet skulle betalast tilbake til staten. I samband med St prp nr 70 (1996-97) vedtok Stortinget vidare at nær 64 mill kr skulle tilbakebetalt til staten som ledd i eigar sitt krav til avkastning frå selskapet for 1996. Hovudstol på lånet utgjer etter dette 136 mill kr.

Ut frå 12 mnndrs-renta i interbankmarknaden, risikopremien på 1,25 prosentpoeng og hovudstol reknar ein med ei renteinnbetaling til staten på 7,8 mill kr i 1998.

Post 82 Drevsjø Trelast AS

Då det statlege holdingselskapet, Stattre AS blei avvikla i 1994, blei eigarinteressene i det einaste attverande trelastbruket, Drevsjø Trelast AS, overført til staten v/Landbruksdepartementet. Hovudverksemda ved bruket er produksjon og sal av trelast. Ved overføringa overtok Landbruksdepartementet ei fordring på 5,4 mill kr. Fordringa blei omgjort til aksjekapital i 1996, jf St prp nr 8 (1996-97) og omtale under kap 1162 og 4162 ovanfor. Det er derfor ikkje budsjetttert med renter frå Drevsjø Trelast AS i 1998.

KAP 5614 RENTER FOR STATENS LANDBRUKSBANK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
80	Renter			180 500
	Sum kap 5614			180 500

Post 80 Renter

Denne posten gjeld renter på Landbruksbanken sine innlån frå staten. Framlegget på 180,5 mill kr er basert på føresetnader om Landbruksbanken sine totale innlån i 1998, der det er lagt til grunn prognosar for utbetaling av nye lån, avdragsinngang og tap på utlån.

KAP 5651 AKSJAR I SELSKAP UNDER LANDBRUKSDEPARTEMENTET
(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
80	Utbytte	234 301	350 000	49 200
	Sum kap 5651	234 301	350 000	49 200

Post 80 Utbytte**Statkorn Holding AS**

Stortinget vedtok i samband med Revidert nasjonalbudsjett 1997, jf Innst S nr 243 (1996-97), at Statkorn Holding AS skulle delprivatiserast gjennom sal av aksjar i selskapet for 200 mill kr.

I budsjetteringa av utbytte for 1998 legg departementet til grunn at delprivatiseringa av selskapet er gjennomført, og at staten ved Landbruksdepartementet på tidspunktet for generalforsamlinga i selskapet i juni 1998 er ein av fleire eigarar av selskapet.

Det er aksjonærane på tidspunktet for generalforsamlinga i selskapet som har retten til utbytte basert på årsoppgjeret for 1997. Selskapet vil derfor på dette tidspunkt ikkje vere regulert av aksjelova kap 18 om statsaksjeselskap, men av dei ordinære reglane om aksjeselskap der staten ved departementet vil vere den største aksjonæren.

Basert på den fastlagde utbyttepolitikken, jf St prp nr 61 (1995-96), kapitalen i selskapet, nåverande rente-/avkastningsnivå i samfunnet, konsernet sitt investeringsprogram og mellombels rekneskap for 1997, budsjetterer departementet med eit utbytte på 48 mill kr i 1998. Endeleg utbytte blir vedteke av generalforsamlinga i selskapet.

Statens skogplanteskoler AS

Statens skogplanteskoler AS eig 56 pst av aksjane i Lyngdal og Reiersøl Planteskoler AS og 100 pst i Sønsterud Planteskole AS. Driftsinntektene i konsernet var i 1996 18,6 mill kr og årsresultatet etter skatt 1,4 mill kr. Utbyttet blei fastsett til 0,7 mill kr. For 1997 blir utbyttet budsjettert til 1,2 mill kr. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort av generalforsamlinga våren 1998. Departementet ser det som naturleg at skognæringa og tilgrensande verksemd aukar sine eigarinteresser i skogplanteskolane.

Drevsjø Trelast AS

Rekneskapen for Drevsjø Trelast AS i 1996 viser eit underskott på 7,1 mill kr. For omtale av situasjonen ved selskapet fram til sommaren 97 viser ein til St prp nr 70 (1996-97). Utover sommaren og hausten har styret arbeidd med alternative driftsopplegg med sikte på å skape eit tryggare økonomisk fundament for selskapet. Arbeidet kan munne ut i at produkspekteret blir redusert. Dette vil i så fall føre med seg at deler av produksjonsutstyret blir selt og arbeidsstokken redusert. Samtidig med dette arbeider selskapet aktivt med å sikre avsetninga og få inn ny verksemd i dei lokala som blir ledige ved eventuelt sal av produksjonsutstyr.

Det er ikkje budsjettert med utbytte frå Drevsjø Trelast AS i 1998.

Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS

Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO) har vore eit heileigd statsaksjeselskap sidan 1.1.92. Selskapet har ein aksjekapital på 5 mill kr. Selskapet hadde ei omsetning på 147,1 mill kr i 1996 og fekk eit resultat etter skatt på 3,68 mill kr. Utbytte til statskassa blei sett til 1,5 mill kr. Resultatet i selskapet har gradvist gått ned på grunn av lågare avanse etter at monopollet på distribusjon av vaksinar innan veterinærmedisinen blei oppheva i 1995.

Styret i selskapet har gjort vedtak om ei ekstraordinær nedskriving av den bokførte kapitalen knytt til forskingsanlegget Vikan AkvaVet. Vikan-anlegget er ført opp i balansen med om lag 20 mill kr. Dette meiner administrasjonen og styret er for høgt i høve til den reelle verdien anlegget har og vil derfor nedskrive anlegget til 8 mill kr i rekneskapen for 1997. Selskapet vil etter dette få eit negativt resultat i 1997 slik at det ikkje er grunnlag for å budsjettere med utbytte i 1998.

KAP 5652 INNSKOTTSKAPITAL I STATSKOG SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1996	SIII 1997	Framlegg 1998
80	Utbytte	10 000	8 500	8 500
	Sum kap 5652	10 000	8 500	8 500

Post 80 Utbytte

Statskog SF skal forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedomar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsettinga kan Statskog SF òg drive andre eigedomar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal legge vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsinnteresser. Ressursane skal utnyttast balansert. Den økonomiske styringa skal skje etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.

Føretaket er inne i ein omstillingsprosess med satsing på ny næringsverksemd i tillegg til den tradisjonelle.

Statskog SF eig Statskog Natureventyr AS, Statskog Naturstein AS, Miljø og Anlegg AS, Terra Eiendom AS og Pasvik Tømmer AS. I tillegg har føretaket majoritetsinteresser i Laftebygg AS (80 pst).

Konsernet hadde i 1996 driftsinntekter på 242,6 mill kr og eit driftsresultatet på 9,7 mill kr. Årsresultatet etter finanspostar og skattar viser eit overskott på 8,7 mill kr. Totalkapitalen i konsernet pr 31.12.96 var 311 mill kr og eigenkapitaldelen utanom skogavgiftsfondet 47 pst. På konsernbasis er resultatet redusert med 5,9 mill kr i høve til 1995. I samsvar med den vedtekne utbyttepolitikken, jf St prp nr 1 (1996-97), er utbytte for 1996 fastsett til 6,5 mill kr, som var 2 mill kr lågare enn budsjettert.

Utbytte for 1997 er budsjettert med 8,5 mill kr. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort på ordinært føretaksmøte våren 1998.

Landbruksdepartementet

tilrår:

1. I proposisjonen om statsbudsjettet for 1998 blir dei summane førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. sum utgifter under kap 1100 - 1161, 2411 og 2472	kr	13 974 392 000
b. sum inntekter under kap 4100 - 4150, 5311, 5545, 5571, 5609, 5614, 5651 og 5652	kr	1 167 263 000

2. Stortinget blir bedt om å gjere vedtak som er nemnt i II til VII i forslaget.

FORSLAG

til vedtak om løyving for budsjetterminen 1998,
kapitla 1100-1161, 2411, 2472, 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5609, 5614, 5651 og 5652

I

Utgifter:

Kap	Post	Kr	Kr	Kr	Kr
Landbruksadministrasjon					
1100	Landbruksdepartementet (jf kap 4100):				
	01 Driftsutgifter	97 102 000			
	45 Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	12 288 000			
	70 Tilskott til drifta av Staur gard	250 000	109 640 000		
1102	Fylkesmannens landbruksavdeling (jf kap 4102):				
	01 Driftsutgifter	248 867 000			
	21 Spesielle driftsutgifter	23 983 000	272 850 000	382 490 000	
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse					
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf kap 4107):				
	01 Driftsutgifter	163 529 000			
	73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	3 185 000	166 714 000		
1110	Statens landbrukstilsyn (jf kap 4110):				
	01 Driftsutgifter	65 956 000			
	71 Tilskott til ymse plantetiltak, <i>overslagsløyving</i>	1 053 000			
	73 Tilskott til stamsædavl	1 720 000	68 729 000		
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling mm				
	50 Kjøp av forvaltningsstøtte, VI	80 940 000			
	51 Kjøp av forvaltningsstøtte, Planteforsk	11 314 000			
	52 Støtte til fagsentra	12 368 000			
	53 Utvikling og kunnskapsformidling	24 965 000	129 587 000		
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf kap 4114):				
	01 Driftsutgifter	82 047 000			
	50 Tilskott til Fondet for kjøttkontroll	19 447 000			
	51 Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane	39 252 000	140 746 000	505 776 000	
Forsking og utvikling					
1137	Forsking og utvikling				
	50 Forskingsprogram, <i>kan nyttes under kap 1137 post 51</i>	107 706 000			
	51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt	139 640 000	247 346 000	247 346 000	

Kap	Post	Kr	Kr	Kr	Kr
Næringsutvikling og arealforvaltning					
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket				
50	Driftsøkonomiske analyser mm	17 797 000			
77	Miljøretta prosjektarbeid mm, <i>kan overførast</i>	32 954 000			
78	Konkurransestrategiar for norsk mat	5 000 000	55 751 000		
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket				
50	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket	8 212 000			
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 065 000			
71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	107 730 000			
76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	26 373 000	145 380 000		
1145	Jordskifteverket (jf kap 4145):				
01	Driftsutgifter	109 618 000	109 618 000		
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf kap 4146):				
01	Driftsutgifter	56 766 000	56 766 000		
1147	Reindriftsforvaltninga (jf kap 4147):				
01	Driftsutgifter	15 061 000			
45	Store utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 950 000			
70	Tilskott til fjellstover	600 000			
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	18 000 000	36 611 000		
1148	Naturskade - erstatningar og sikring				
70	Tilskott til sikringstiltak mm, <i>kan overførast</i>	4 500 000			
71	Naturskade, erstatningar, <i>kan overførast</i>	42 500 000	47 000 000		
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm (jf kap 4150):				
50	Fondsavsetningar	580 860 000			
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	199 100 000			
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 820 900 000			
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	6 578 079 000			
76	Marknadsordningar, <i>overslagsløyving</i>	828 000 000			
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	283 450 000			
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 613 910 000	11 904 299 000		
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen				
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	31 100 000			
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	4 000 000			
74	Tilskott til marknadsfremmande tiltak, <i>kan overførast</i>	900 000			
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	35 000 000			
77	Tilskott til transport av rein	2 200 000			
79	Velferdsordningar	1 800 000	75 000 000		

Kap	Post		Kr	Kr	Kr	Kr
1161		Statskog SF - forvaltningsdrift				
	70	Tilskott	17 231 000			
	73	Avviklingskostnader	500 000			
	75	Oppsyn i statsalmenningar	5 517 000	23 248 000		
2411		Statens Landbruksbank (jf kap 5311 og 5614):				
	01	Driftsutgifter	47 417 000			
	71	Rentestøtte	500 000			
	72	Erstatninger, overslagsløyving	100 000			
	73	Tilskott til Landbruksbankens tapsfond	7 000 000			
	90	Lån, overslagsløyving	308 000 000	363 017 000		
2472		Statens Kornforretning				
	24	Driftsresultat:				
	1	Driftsinntekter	-2 312 505 000			
	2	Driftsutgifter	3 107 505 000			
	3	Tilskott til norsk korn	-795 000 000			
	4	Handels- og tilskottsforvaltning	22 090 000	22 090 000	12 839 109 000	
Sum utgifter under departementet:						13 974 392 000

Inntekter

Kap	Post		Kr	Kr	Kr
4100		Landbruksdepartementet (jf kap 1100):			
	01	Refusjon og gebyr for behandling av konsesjonssaker	268 000	268 000	
4102		Fylkesmannens landbruksavdeling (jf kap 1102):			
	04	Oppdragsinntekter og refusjonar	23 983 000	23 983 000	
4107		Statens dyrehelsetilsyn (jf kap 1107):			
	01	Refusjon mm	5 409 000		
	02	Driftsinntekter	2 118 000		
	03	Gebyr og analyseinntekter	8 000 000	15 527 000	
4110		Statens landbrukstilsyn (jf kap 1110):			
	01	Gebyr og analyseinntekter	53 318 000		
	02	Refusjon mm	110 000	53 428 000	
4114		Statens næringsmiddeltilsyn (jf kap 1114):			
	01	Gebyr og analyseinntekter	99 702 000		
	05	Driftsinntekter	3 286 000	102 988 000	
4145		Jordskifteverket (jf kap 1145):			
	01	Saks- og gebyrinntekter	7 227 000		
	05	Refusjon, utgifter til målehjelp	994 000	8 221 000	
4146		Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf kap 1146):			
	02	Driftsinntekter	15 000 000	15 000 000	
4147		Reindriftsadministrasjonen (jf kap 1147):			
	01	Driftsinntekter	54 000	54 000	
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm (jf kap 1150):			
	80	Marknadsordninga for korn	112 000 000	112 000 000	
5311		Statens Landbruksbank (jf kap 2411):			
	01	Gebyr	9 630 000		
	02	Driftsinntekter	8 489 000		
	90	Avdrag	322 500 000	340 619 000	
5545		Miljøavgifter i landbruket			
	70	Miljøavgift, kunstgjødsel	165 175 000		
	71	Miljøavgift, plantevernmiddel	22 000 000	187 175 000	
5571		Totalisatoravgift			
	70	Avgift	62 000 000	62 000 000	
5609		Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet			
	81	Statkorn Holding AS	7 800 000	7 800 000	
5614		Renter for Statens Landbruksbank (jf kap 2411):			
	80	Renter	180 500 000	180 500 000	
5651		Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet			
	80	Utbytte	49 200 000	49 200 000	
5652		Innskottskapital i Statskog SF			
	80	Utbytte	8 500 000	8 500 000	1 167 263 000
Sum inntekter under departementet:				1 167 263 000	

II

Fullmakter til å nytte inntekt frå sal

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1998 kan:

1. overskride kap 1100 post 45 Store utstyrsjøp og vedlikehald med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom.
2. rekne med unytta meirinntekter frå sal av eigedom ved utrekning av overførbart beløp under kap 1100 post 45 Store utstyrsjøp og vedlikehald.

III

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1998 kan overskride løyvingar mot tilsvarende meirinntekter under følgjande kapittel og postar:

Fullmakt til å overskride løyvingar under	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap 1102 post 21	Kap 4102 post 04
Kap 1107 post 01	Kap 4107 post 02
Kap 1110 post 01	Kap 4110 post 01
Kap 1114 post 01	Kap 4114 post 05
Kap 1145 post 01	Kap 4145 post 01
Kap 1146 post 01	Kap 4146 post 02
Kap 1147 post 01	Kap 4147 post 01
Kap 2411 post 01	Kap 5311 post 02

IV

Fullmakter til å overskride

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1998 kan:

1. overskride løyvinga under kap 1107 post 73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar dersom det skulle finne stad utbrot av alvorleg smittsam dyresjukdom.
2. overskride løyvinga under kap 1147 post 01 med inntil kr 500 000 i samanheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

V

Fullmakt som gjeld fast eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1998 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil kr 5 000 000.

VI

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1998 kan:

1. gi tilsegn om tilskott til sikringsarbeid for inntil kr 1 000 000 ut over løyvinga under kap 1148 post 70.
2. gi tilsegn om tilskott til naturskadeerstatningar for inntil kr 8 000 000 ut over løyvinga under kap 1148 post 71.

VII

Fullmakter som gjeld avgifter

Stortinget samtykkjer i eit kontrollgebyr på för til familiedyr på kr 0,20 pr kg för i samsvar med framlegg under kap 4107.

Vedlegg

Jordbruksoppgjøret 1997 - fase II**Sluttprotokoll fra møte 30. juni 1997 mellom Staten og Norges Bondelag.**

Til stede:

Fra Norges Bondelag: Værdal, Dalen, Milli, Forsell, Agerup, Bye

Fra Staten: Grue, Bakken, Holm, Gunnarson, Lauvdal, Gjølberg, Landheim, Haugen

Ved jordbruksoppgjøret i 1993 ble partene enige om framgangsmåten ved jordbruksoppgjøret, jfr. St.prp. nr. 82 (1992-93) kapittel 2.4.

Fase I skal omfatte rammespørsmål, priser bevilgninger, viktige fordelingsprinsipper, fordeling av de viktigste inntektsgivende tiltak og bruk av LUF-midler. Fordelingen av inntektsgivende tiltak skal i fase I føres så langt at de økonomiske utslag for ulike produksjoner, distrikter og bruksgrupper kan beregnes. Videre skal prinsipielle endringer i virkemiddelbruken behandles i fase I. Det gjelder spørsmål som er behandlet i arbeidsgrupper mellom partene og forslag til sammenslåing og større endringer i virkemidler som partene hver for seg fremmer.

Fase II skal omfatte videre detaljfordeling av bevilgningene, samt regelverk som Landbruksdepartementet fastsetter etter samråd med organisasjonene og andre spørsmål som ikke er avklart i fase I.

På bakgrunn av dette, og med utgangspunkt i fase I av forhandlingene, St prp nr 70 (1996-97) og Stortingets behandling av denne, er partene enige om følgende saker i fase II av forhandlingene:

Landbrukets utviklingsfond**Fordeling av avsetningen til spesielle kulturlandskaps tillegg**

Det er i St prp 70 (1996-97) lagt opp til en økning på ordningene med i alt 6 mill kr, slik at rammen for kulturlandskapstiltak settes til totalt 86 mill kroner i 1997. I tillegg kommer overførte midler. Midlene bør brukes som ledd i en helhetlig kulturlandskapspolitikk.

Det forutsettes felles kvote til fylkesmannen for kulturlandskap og freda og verneverdige bygninger. For 1998 legges det til grunn at minimum 30% og maksimum 45% av kvoten i fylket blir benyttet til tiltak knyttet til freda og verneverdige bygninger.

De 4 mill kr som i fase I ble avsatt til en landsomfattende aksjon for legging av midlertidige tak på utsatte bygninger holdes utenom denne fordelingen. Stiftelsen Norsk Kulturarv gis det operative ansvaret for tiltaket. Det forutsettes at tiltaket gjennomføres i nært samarbeid mellom Landbruksdepartementet, Jordbruksorganisasjonene og Norsk Kulturarv og de fylkesvise kulturlandskapsgruppene inkl. kulturetaten i fylkene. Det forutsettes videre at Norsk Kulturarv, næringslivet og Riksantikvaren også bidrar til aksjonen. Det opprettes en referansegruppe med representanter fra aktuelle parter. Midlene brukes til tak i forbindelse med freda og verneverdige bygninger i eller i tilknytning til landbruket. Midlene skal ikke benyttes til å dekke administrative kostnader.

Fordeling av avsetningen til miljø- og ressursvern

Rammen for ordningen er i St prp 70 (1996-97) videreført med 4 mill kr i 1998. Avsetningen fordeles slik:

FORMÅL	BUDSJETT 1997	BUDSJETT 1998
Norsk Landbruksmuseum	1,0	1,0 ¹⁾
Genbevaring, husdyr	0,6	0,8
Diverse ²⁾	2,4	2,2
SUM	4,0	4,0

1) Dokumentasjonssenter

2) Inkl. midler til tiltak og prosjekter knyttet til bevaring av villaks, herunder utprøving av nye forvaltningsmodeller.

Avsetning av de sentrale BU-midlene

Av sentrale BU-midler settes av midler til følgende prosjekter (mill kroner):

Prosjekt	Forslag 1998
Bioenergiprojekter	8,0
Markedsføringssamarbeidet landbruket-NORTA	6,5
Kompetansesenter for hjort	2,0
Likestilling og rekruttering	2,0
Forvaltning av utmarksressurser (vilt og fisk)	2,0
Sum	20,5

Bioenergiprojekter

Det foreslås 8,0 mill. kroner i bevilgning. Det er en forutsetning at midlene målrettes direkte mot produksjonen av energi med vekt på etablering av stabil og kostnadseffektiv leveranse av råstoff fra landbruket. Midlene skal anvendes innenfor den samordnede ramme og de mål Olje- og Energidepartementet, Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet i fellesskap har trukket opp.

Markedsføringssamarbeidet landbruket-NORTA

Det foreslås 6,5 mill. kroner i bevilgning til markedsføringssamarbeidet landbruket-NORTA.

NORTA har i eget møte med LD bekreftet at de stiller 2,1 mill. kroner til disposisjon til markedsføringssamarbeidet. Saken er også presentert i landbruksgruppen hvor avtalepartene er representert. Det tilrås derfor at det inngås kontrakt med NORTA i perioden 1998-2000 i henhold til dette.

Kompetansesenter for hjort

Det avsettes 2,0 mill. kroner til et treårig prosjekt for utvikling av kompetansesenter for hjort på Svanøy i Sogn og Fjordane. Det forutsettes samfinansiering med miljøvernmyndighetene.

Likestilling og rekruttering

Bevilgning på 2,0 mill. kroner og mandat ble avklart i fase I av forhandlingene.

Forvaltning av utmarksressurser (fisk og vilt)

Det avsettes 2,0 mill. kroner til et driftsplanprosjekt for forvaltning av utmarksressurser. Det etableres et styringsorgan med representanter fra LD/SLB, DN, NBL, NBS og Skogeierforbundet som, innenfor de rammer som er fastlagt av forvaltningen, trekker opp retningslinjer for prosjektet, og i denne sammenheng vurderer samordning med prosjektet «Kompetansesenter for hjort» og evt. andre prosjekter.

Ungdom og nyskaping

Det prioriteres å avsette midler til og å gjennomføre et program som på en helhetlig måte kan sette søkelys på ungdom og entreprenørskap. Programmet utformes som et pilotprosjekt avgrenset til utvalgte landbruksavhengige regioner og må bygge på tidligere erfaring fra arbeid med temaet. Pilotprosjektet gjennomføres i samarbeid med andre, herunder relevante FoU-miljøer. Den videre konkretiseringen av programmet foretas av styret for LUF/Statens Landbruksbank.

Investeringer knyttet til driftsomlegginger i kjerneområder for rovdyr

Styrene for BU-midlene i fylker med kjerneområder bør i en periode særlig prioritere investeringer knyttet til driftsomlegginger. Avgrensningen i bruk av BU-midlene til etablering eller utvidelse av sauehold basert på beite innenfor kjerneområdene opprettholdes, men det kan gis unntak for enkelte områder og bruk der dette ikke medfører fare for vesentlige rovvilttap og konflikter.

Konfliktforebyggende tiltak jordbruk og reindrift

Partene er enige om å komme tilbake til dette punktet dersom behovet for midler blir større enn det som allerede er avsatt til konfliktforebyggende tiltak mellom jordbruk og reindrift.

Tiltaksfondet for småfe og fjørfe**Forebyggende tiltak mot rovviltskader**

Avsetningen til Tiltaksfondet ble økt med 4 mill. kroner i jordbruksavtalen 1997. De 2 mill. kroner av økningen som tilføres fondet i 1997 øremerkes forebyggende tiltak mot rovviltskader. Midlene fordeles av styret for Tiltaksfondet i tråd med prioriteringene i St meld nr 35 (1996-97) og Stortingets behandling av denne.

I samsvar med St meld nr 35 (1996-97) avsettes det en kvoteramme (kumelkkvote) på 1 mill. liter til omlegging fra sau til melkeproduksjon pga tap av sau pga fredet rovvilt. Kvoten tildeles kvalifiserte søkere på samme måte som ved økologisk drift, dvs. at det ikke betales for kvoten. Kvoterammen avsettes av innkjøpte kvoter ved kjøp- og salgsrunden i 1998. Retningslinjer for tildeling av kvoterammen utarbeides av LD etter samråd med Jordbruksorganisasjonene.

Det legges til grunn at andre tiltak for å forebygge og redusere rovvilttap som er foreslått i St meld nr 35 (1996-97) og Stortingets behandling av denne følges opp omgående.

Fra og med beitesesongen 1998 legges myndighet for prioritering og bevilgning av midler til regionale forebyggende tiltak til de rådgivende kontaktutvalgene. Jordbruksorganisasjonene vil også trekkes inn i prioriteringer og framdrift vedrørende bruken av ulike tiltak og virkemidler i det sentrale rovviltutvalget.

Det forutsettes at Stortingets vedtak om at utgifter vedrørende forebyggende tiltak mot rovdryddrap blir ført over til miljøbudsjettet blir fulgt opp. 10 mill kr overføres fra Jordbruksavtalen /Tiltaksfondet for småfe og fjørfe til Miljøverndepartementets budsjett i St prp nr 1 (1997-98), Statsbudsjettet for 1998.

Alveld

Det foreslås at styret i Tiltaksfondet kan bevilge av fondets midler til tiltak som har som mål å redusere alveldproblemet.

Skrapesyke

Partene er enige om at skjønn ved fastsetting og utbetalinger av erstatning til primærbesetninger og kontaktbesetninger bør utøves mest mulig likt og rettferdig.

Fondet for katastrofeordningen i planteproduksjon m.m.**Katastrofeordningen i honningproduksjon*****Erstatning for tap av bifolk***

Erstatning for tap av bifolk tas ut av katastrofeordningen i honningproduksjon og ordningen dekker tap av redusert honningutbytte. Erstatning for bifolk forutsettes dekket opp i ordningen med erstatning for katastrofetap i husdyrhold (tiltaksfondet).

Egenandel

Egenandelen i katastrofeordningen i honningproduksjon settes til 27%.

Krav til bigårdens minstestørrelse

Krav for erstatning er at honningproduksjon skal utøves som næring. Partene er enige om at minstekravet for antall produksjonskuber for å kunne søke om erstatning settes til 30.

Tilskudd til husdyr og Areal- og kulturlandskapstilskudd**Tilskudd til husdyr - maksimalt tilskuddsberettiget beløp**

Det gjennomføres en justering av taket for tilskudd til husdyr i forhold til endringene i tilskudd til melkekyr og ungdyr som ble foreslått i fase I av forhandlingene. Maksimalbeløpet økes med 5000 kr til 82 000 kr.

Tilskudd til endret jordarbeiding

I jordbruksoppgjøret 1997 ble det avsettes inntil 20 mill. kroner til tiltaksplaner med storskalaforsøk, utarbeidelse av erosjonsrisikokart, informasjonstiltak og et utprøvningsprogram med tilskudd til lett høstharving under tilskudd til endret jordarbeiding. Bruken av midlene drøftes med jordbruksorganisasjonene.

Tilskudd til dyrking av fôr i fjellet

Partene mener det, for å sikre en tilfredsstillende kontroll med ordningen, er ønskelig å opprettholde en entydig definisjon av fjellregion, knyttet til skoggrensen. For å forhindre at store arealer som tidligere har vært tilskuddsberettiget faller ut av ordningen, foreslår partene at fylkesmannen kan gjøre unntak fra kravet om at arealene må ligge over skoggrensen for områder som tidligere har vært regnet som fjellregion.

Frukt og grønnsaker***1. Kriterier for prisnotering***

Det legges opp til at prisnotering skal finne sted når tilførsel av norsk vare utgjør et kvantum som svarer til 10 % eller mer av samlet ukesomsetning i Norge, målt som gjennomsnitt for en nærmere definert historisk referanseperiode. Landbrukets Priscentral setter på denne bakgrunn opp de ukeskvanta for de ulike produkter som utløser prisnotering.

Praksisen om at ingen prisnotering er et uttrykk for mangel på norsk vare, og derfor i sammenheng med administreringen av tollvernet betraktes som notering over øvre prisgrense, beholdes.

2. Målprisperiodenes lengde

For flere produkter er det i dag lite samsvar mellom målprisperiode og tollperiode. Dette har blant annet sammenheng med at målprisperiodene gradvis har blitt redusert for en del produkter, ut fra en konkret vurdering av tilførselsmulighetene mot slutten av produksjons-/lagringssesongen. Dette gjelder f.eks. reddiker, rosenkål og plommer. I dag praktiseres tollvernet i hovedsak som under det kvantitative importvernet, dvs. slik at tollsatsene administreres ned til 1994-nivå i perioder uten målpris. Det legges til grunn at denne praksisen blir videreført, også ved en evt. omlegging av tollvernet.

Det legges opp til følgende endringer i målprisperiodenes lengde:

- *Rosenkål* utvides med uke 7-11.
- *Reddiker* utvides med uke 40-44.
- *Plommer* utvides med uke 40-41.

Partene er videre enige om at LPCs noteringspraksis og administrering av importvernet skal samordnes slik at det gir muligheter til å oppnå målpris for norsk produksjon fra første dag av målprisperioden.

3. Vareomfang innenfor målprissystemet

For en del produkter som er omfattet av målprissystemet har grunnlaget for målpris og målprisnotering endret seg over tid, ikke minst som følge av forskyvning av tyngdepunktet for omsetningen fra konsum til industriformål. For varer der den alt overveiende del av norsk produksjon avsettes til industriformål etter kontrakter, har grunnlaget for målprissystemet etter gjeldende regelverk på mange måter falt bort.

På denne bakgrunn er partene enige om at følgende varer tas ut av målprissystemet: *rødbeter, sukkererter, sylteagurker, aspargesbønner, snittebønner og voksbønner*.

Partene legger til grunn at konserverindustrien fortsatt skal anvende norske råvarer og at importvernet således må praktiseres slik at både råvareproduksjon og industri sikres stabile og forutsigbare rammebetingelser.

Landbruksdepartementet mener dette oppnås best gjennom faste tollsatser for de aktuelle produkter og vil komme tilbake til den konkrete forskriftsreguleringen av dette innen 1. januar 1998. I perioden fra varene tas ut av målprissystemet, dvs. 1. juli 1997 og inntil ny forskriftsregulering er på plass, administreres tollvernet for disse varene etter paragraf 14 i forskriften om administrative tollnedsettelse.

4. Valg av representantvarer

Partene er enige om at isbergsalat erstatter hodesalat som representantvare for salat i ukene 23 til 43.

For å unngå uønskede skjevheter i importtrykket ved tollnedsettelse på salat, vil Landbruksdepartementet vurdere en tilpasning av utgangstollsatsene for de ulike salater innen 1.1.98.

5. Praktisering av tollvernet i forbindelse med overgang til ny sesong.

Det er enighet om at administreringen av det tollbaserte importvernet har som en målsetting å bidra til at produsentene gis muligheter for å ta ut en pris som er i samsvar med det som er forutsatt i jordbruksavtalen og som fremkommer gjennom de enkelte produkters målpriskurver. Det er videre enighet om at det er nødvendig med visse tilpasninger i regelverket for administreringen av tollvernet for i sterkere grad enn tidligere å hensynta beskyttelsesbehovet for norsk produksjon ved oppstart av ny sesong.

På denne bakgrunn vil Landbruksdepartementet foreta endringer i forskrift for administrative tollnedsettelse innen 1. januar 1998. Dette vil også gjelde problemstillingen nevnt i pkt. 2 ovenfor.

6. Målpriskurvene for de ulike produkter

Følgende hensyn er vektlagt ved årets endringer av målprisene:

- markedsmulighetene, representert ved siste års prisuttak i forhold til målpris (overproduksjon/underdekning)
- forsiktighet i forhold til ekstreme pristopper (særlig på spesielle tidligprodukter)
- målprisene i forhold til tollvernet (gjelder spesielt kepaløk)

Partene er enige om at endringer av målprisene for frukt- og grøntsektoren skal skje med utgangspunkt i de aktuelle representantvarenes kvanta og verdi i budsjettåret. Fordelingen

av midler gjennomføres slik at den prosentvise endring for representantvarene blir lik den tilsvarende endring for frukt- og grøntsektoren samlet sett.

De ukentlige målpriser for frukt og grønnsaker for det enkelte avtaleår er blitt fastsatt av Landbruksdepartementet etter innspill fra avtalepartene. På bakgrunn av målprisenes og prisnoteringenes endrede betydning ved administreringen av det tollbaserte importvernet legges det opp til at en for kommende avtaleår viderefører årets praksis med at endringer i målprisene/målprissystemet forberedes av en arbeidsgruppe med representanter fra avtaleparten og ledet av Landbruksdepartementet. De endelige målpriskurver for de ulike produkter vedtas i forbindelse med fase II-forhandlingene.

Målpriskurver og øvre prisgrenser for poteter, grønnsaker og frukt, som er basert på prinsippene ovenfor samt konklusjonene fra punkt 2, 3 og 4, for sesongen 1997/98 er som følger:

UKE	POTETER		TOMATER		SLANGE- AGURK STK		HVITKÅL		BLOMKÅL STK	
NR	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
<u>1997</u>										
27	470	526	1350	1512	460	515	380	426	660	739
28	380	426	1350	1512	460	515	333	372	550	616
29	306	343	1350	1512	460	515	285	319	465	521
30	274	307	1280	1434	460	515	285	319	420	470
31	249	279	1280	1434	460	515	285	319	382	428
32	229	256	1280	1434	460	515	-	-	382	428
33	216	242	1280	1434	460	515	-	-	382	428
34	203	227	1350	1512	460	515	-	-	382	428
35	203	227	1350	1512	460	515	-	-	382	428
36	192	215	1350	1512	500	560	-	-	410	459
37	185	207	1350	1512	500	560	-	-	410	459
38	172	193	1377	1542	520	582	-	-	445	499
39	172	193	1377	1542	535	599	-	-	445	499
40	176	197	1377	1542	535	599	160	179	445	499
41	180	202	1377	1542	535	599	160	179	445	499
42	184	206	1377	1542	535	599	160	179	445	499
43	190	213	-	-	535	599	160	179	-	-
44	196	220	-	-	535	599	160	179	-	-
45	203	227	-	-	-	-	160	179	-	-
46	211	236	-	-	-	-	170	190	-	-
47	219	245	-	-	-	-	170	190	-	-
48	224	251	-	-	-	-	170	190	-	-
49	230	258	-	-	-	-	180	202	-	-
50	232	260	-	-	-	-	180	202	-	-
51	232	260	-	-	-	-	180	202	-	-
52	232	260	-	-	-	-	180	202	-	-
<u>1998</u>										
01	232	260	-	-	-	-	200	224	-	-
02	232	260	-	-	-	-	200	224	-	-
03	232	260	-	-	-	-	200	224	-	-
04	234	262	-	-	-	-	200	224	-	-
05	234	262	-	-	-	-	200	224	-	-
06	237	265	-	-	-	-	200	224	-	-
07	238	267	-	-	-	-	200	224	-	-
08	239	268	-	-	-	-	200	224	-	-
09	240	269	-	-	-	-	200	224	-	-
10	241	270	-	-	-	-	219	245	-	-
11	242	271	-	-	500	560	219	245	-	-
12	245	274	-	-	500	560	219	245	-	-
13	246	276	-	-	500	560	228	255	-	-
14	252	282	-	-	480	538	242	271	-	-
15	255	286	-	-	472	529	252	282	-	-
16	265	297	-	-	472	529	280	314	-	-
17	265	297	-	-	472	529	280	314	-	-
18	272	305	-	-	472	529	300	336	-	-
19	272	305	1425	1596	472	529	300	336	-	-
20	280	314	1425	1596	472	529	320	358	-	-
21	280	314	1425	1596	472	529	320	358	-	-
22	280	314	1425	1596	472	529	320	358	-	-
23	280	314	1425	1596	463	519	618	692	934	1046
24	280	314	1400	1568	463	519	570	638	835	935
25	280	314	1400	1568	463	519	523	586	740	828
26	595	666	1400	1568	463	519	523	586	700	784

UKE	ROSENKÅL 0,5 KG		GULROT		KEPALØK >70 MM		PURRE		SELLERI	
NR	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
<u>1997</u>										
27	-	-	475*	532*	400	448	1244*	1393*	1400*	1568*
28	-	-	450*	504*	400	448	1244*	1393*	1400*	1568*
29	-	-	410*	460*	400	448	1244*	1393*	1400*	1568*
30	-	-	410*	460*	500	560	1244*	1393*	1400*	1568*
31	-	-	410*	460*	475	532	1244*	1393*	1400*	1568*
32	-	-	310	347	428	479	1244*	1393*	1400*	1568*
33	-	-	310	347	404	452	1244*	1393*	1400*	1568*
34	-	-	285	319	371	416	900	1008	1400*	1568*
35	-	-	285	319	342	383	800	896	1400*	1568*
36	-	-	285	319	309	346	800	896	1400*	1568*
37	-	-	285	319	295	330	800	896	1400*	1568*
38	630	705	285	319	295	330	800	896	1400*	1568*
39	630	705	285	319	295	330	800	896	1400*	1568*
40	630	705	285	319	295	330	800	896	1400*	1568*
41	630	705	285	319	295	330	800	896	760	851
42	630	705	285	319	295	330	800	896	760	851
43	630	705	285	319	295	330	880	986	760	851
44	630	705	285	319	295	330	960	1075	760	851
45	630	705	305	342	295	330	1040	1165	760	851
46	630	705	305	342	295	330	1140	1277	760	851
47	630	705	305	342	295	330	1192	1335	760	851
48	685	767	305	342	295	330	1244	1393	760	851
49	685	767	315	353	295	330	1244	1393	760	851
50	740	828	315	353	295	330	1244	1393	760	851
51	740	828	315	353	295	330	1296	1452	760	851
52	740	828	315	353	295	330	1296	1452	760	851
<u>1998</u>										
01	740	828	340	381	300	336	1296	1452	760	851
02	685	767	340	381	300	336	1296	1452	760	851
03	685	767	340	381	300	336	1296	1452	830	930
04	685	767	340	381	300	336	1296	1452	830	930
05	685	767	340	381	300	336	1296	1452	830	930
06	685	767	340	381	300	336	1296	1452	830	930
07	685	767	370	414	300	336	1296	1452	830	930
08	685	767	400	448	300	336	1296	1452	830	930
09	685	767	420	470	325	364	1296	1452	830	930
10	685	767	420	470	325	364	-	-	880	986
11	685	767	440	493	325	364	-	-	928	1039
12	-	-	440	493	325	364	-	-	928	1039
13	-	-	460	515	375	420	-	-	928	1039
14	-	-	460	515	375	420	-	-	928	1039
15	-	-	460	515	375	420	-	-	928	1039
16	-	-	460	515	375	420	-	-	928	1039
17	-	-	460	515	400	448	-	-	928	1039
18	-	-	460	515	400	448	1512	1693	928	1039
19	-	-	460	515	400	448	1512	1693	928	1039
20	-	-	460	515	400	448	1512	1693	928	1039
21	-	-	460	515	400	448	1512	1693	1400*	1568*
22	-	-	460	515	400	448	1512	1693	1400*	1568**
23	-	-	460	515	400	448	1512	1693	1400*	1568*
24	-	-	460	515	400	448	1512	1693	1400*	1568*
25	-	-	520	582	400	448	1244*	1393*	1400*	1568*
26	-	-	475	532	400	448	1244*	1393*	1400*	1568*

*Pr. bt.

UKE	REDDIKER, BUNT		KRUSPERSILLE, STORBUNT		SALAT**	
NR	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
<u>1997</u>						
27	340	381	923	1034	55	616
28	340	381	923	1034	55	616
29	340	381	923	1034	55	616
30	340	381	923	1034	55	616
31	340	381	923	1034	55	616
32	340	381	923	1034	55	616
33	340	381	923	1034	55	616
34	340	381	923	1034	55	616
35	340	381	923	1034	55	616
36	350	392	900	1008	55	616
37	350	392	900	1008	57	641
38	350	392	900	1008	60	677
39	350	392	900	1008	63	712
40	350	392	900	1008	66	748
41	350	392	900	1008	68	766
42	350	392	900	1008	70	784
43	350	392	900	1008	70	784
44	350	392	1300	1456	53	594
45	-	-	1300	1456	53	594
46	-	-	1300	1456	53	594
47	-	-	1300	1456	53	594
48	-	-	1300	1456	53	594
49	-	-	1350	1512	-	-
50	-	-	1350	1512	-	-
51	-	-	1350	1512	-	-
52	-	-	1350	1512	-	-
<u>1998</u>						
01	-	-	1400	1568	-	-
02	-	-	1400	1568	-	-
03	-	-	1400	1568	-	-
04	-	-	1400	1568	-	-
05	-	-	1400	1568	-	-
06	-	-	1400	1568	-	-
07	-	-	1400	1568	-	-
08	-	-	1400	1568	-	-
09	-	-	1400	1568	51	577
10	-	-	1800	2016	51	577
11	-	-	1900	2128	51	577
12	550	616	1950	2184	51	577
13	550	616	1950	2184	51	577
14	550	616	1950	2184	51	577
15	550	616	1900	2128	51	577
16	550	616	1800	2016	51	577
17	550	616	1750	1960	53	594
18	535	599	1700	1904	53	594
19	520	582	1650	1848	53	594
20	520	582	1600	1792	53	594
21	520	582	1550	1736	53	594
22	520	582	1500	1680	53	594
23	340	381	1450	1624	90	1008
24	340	381	1400	1568	80	896
25	340	381	1350	1512	72	812
26	340	381	1250	1400	65	728

** Salat - isbergsalat ukene 23 - 43, ellers hodsalat, spesialpk.

UKE NR.	EPLER >70mm		PÆRER		PLOMMER	
	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
<u>1997</u>						
30	-	-	-	-	-	-
31	-	-	-	-	-	-
32	-	-	-	-	-	-
33	-	-	590	661	-	-
34	692	775	590	661	1030	1154
35	692	775	590	661	1030	1154
36	692	775	590	661	1030	1154
37	692	775	590	661	1050	1176
38	692	775	590	661	1050	1176
39	692	775	590	661	1050	1176
40	682	764	590	661	1050	1176
41	656	735	590	661	1050	1176
42	656	735	590	661	-	-
43	656	735	590	661	-	-
44	656	735	590	661	-	-
45	656	735	575	644	-	-
46	656	735	575	644	-	-
47	656	735	575	644	-	-
48	656	735	575	644	-	-

1) 6-9 cm

Noteringssort for frukt: Den til enhver tid dominerende sort i markedet.

7. Fellesfaglige tiltak og opplysningsvirksomhet

I fase I av forhandlingene, jfr St prp nr 70 (1996-97) avsnitt 9.3.1, er det foreslått å nedsette en arbeidsgruppe for å utrede organiseringen av de felles faglige tiltak og opplysningsvirksomheten innen kjøtt- og egg/fjørfekjøttsektoren. Gruppen skal på fritt grunnlag vurdere spørsmålet om samordning av de bransjevise opplysningskontorene og Stiftelsen Godt Norsk for å få en mer samordnet, kostnadseffektiv og slagkraftig aktivitet.

Partene er enige om at også fellesfaglige tiltak og opplysningsvirksomhet innen frukt og grønntsektoren bør omfattes av denne utredningen.

Tilskudd til forsøksringer og forskning

Avsetningen til forsøksringer, forskningsprosjekter m.m. reduseres med 0,35 mill. kroner fra 53,1 til 52,75 mill. kroner. Det foreslås følgende fordeling (mill. kroner):

Ordning	Fordeling 1996/97	Fordeling 1997/98
Forsøksringer	37,0	37,0
Forsknings- og utredningsarbeider	15,0	15,0
Faste prosjekter uten forskningskarakter	1,1	0,75
SUM	53,1	52,75

Grunntilskudd slakt

Forhåndsfastsetting av satser for grunntilskudd for slakt

Den nåværende adgang til gjennom året å variere satsene for grunntilskudd for slakt avvikles. Det innføres isteden en forhåndsfastsetting av satsene for grunntilskuddet med et

begrenset antall endringer gjennom året. Fastsettingen gjøres primært én gang pr. år. Det bør imidlertid også gis hjemmel for at avtalepartene, om nødvendig, før hvert årsskifte kan fastsette satsene for 2. avtalehalvår, dvs. perioden 01.01-30.06. Fastsettingen skjer etter forslag fra Norsk Kjøtt og Kjøttbransjens Landsforbund.

Adgangen til ulik tilskuddssats pr. dyreslag og kategori innen hvert dyreslag opprettholdes. Det forutsettes at antall endringer i tilskuddssatsene pr. dyrekategori pr. avtaleår reduseres betydelig i forhold til tidligere praksis. Grunnlaget for fastsetting av endringer i tilskuddssatsene skal være forhold som innvirker på markedssituasjonen på omlag samme tidspunkt hvert år. Dette gjelder eksempelvis faste sesongmessige variasjoner og telledatoene for produksjonstillegg i jordbruket.

Oppgaven med å gjennomføre satsendringene legges til Fraktkontoret for slakt. De fastsatte endringene kunngjøres slik at produsentene er klar over hvilke tilskudd de har krav på. I spesielle tilfeller kan det være behov for å tillate avvik fra de fastsatte "tilskuddsløypene", f.eks. ved store endringer i markedet grunnet utbrudd av alvorlige dyresykdom m. m. Eventuelle søknader om dispensasjon behandles av Omsetningsrådets sekretariat.

Det innføres et tilsvarende system med variabel omsetningsavgift som det som gjelder for svinekjøtt også for de øvrige kjøttslagene. For svinekjøtt fastsettes det etter forslag fra Omsetningsrådet en maksimal avgiftssats som avgrenser adgangen til å variere avgiften. Det bør ikke legges opp til et stort antall endringer av avgiftssatsene gjennom året.

Det legges også til grunn at en i noe større grad enn i dag kan nytte prisendringer som et virkemiddel i markedsregulering og leveransestyring. Justering av sats for grunntilskudd, sats for omsetningsavgift og avregningspris vil ha relativt lik virkemåte mhp. tilbudt kvantum i markedet. Samlet vil forslaget utgjøre et system som gir en mer samordnet forvaltning av markedsreguleringen på kjøtt, og som tilfredsstiller de nye krav til statlig økonomiforvaltning.

En tar utgangspunkt i at endringen i tilskuddsforvaltningen iverksettes fra 01.01.98. Grunnet endringene av tilskuddsordningen midt i avtaleåret, kan det være vanskelig å oppnå fastsatt gjennomsnittssats pr. dyregruppe for avtaleåret 1997-98.

Økologisk landbruk - tilskudd til organisasjonene

For 1998 er det i fase I avsatt 7,2 mill kr i tilskudd til organisasjonene.

Det foreslås at bevilgningen til Produsentlaget, Norsk Økologisk Landbrukslag og Biodynamisk forening totalt opprettholdes på 1,5 mill kr. Bevilgningen til Debio foreslås økt med 1,3 mill kr til 5,7 mill kr.

Kostnadsreduksjoner

Et økende antall produsenter bør føre til at gjennomsnittlig kontrollkostnad pr bruk reduseres. Muligheten for kostnadsreduksjoner må ses i forhold til regelverket. Dagens regelverk krever en fysisk kontroll pr år. Dette innebærer at det er en begrenset mulighet til kostnadsreduksjoner. Det er imidlertid åpnet for helårskontroller. Dette medfører at tidspresset minsker, noe som burde føre til reduserte kostnader, ved at reiserute, antall kontrollører m.v. bedre kan tilpasses antallet bruk som skal kontrolleres.

Teknisk tilpassing av målprisen for egg

Representantvaren for egg er nå løsvekt egg klasse A over 50 g og målpris er 15,30 kr/kg etter årets avtale. Den nye vektinndelingen har ingen grense ved 50 g, men ved 53 g. Den nye representantvaren blir derfor løsvekt egg klasse A over 53 g. Grunnet endringen av vekt for representantvaren bør det fastsettes ny målpris for å gjenspeile verdiøkningen. Det foreslås at den nye målpris settes til 15,48 kr/kg, som er en økning på 0,18 kr/kg egg. Den

nye målprisen er fastsatt ut fra at det totale prisuttaket i markedet skal være like stort som tidligere.

Midlertidig frakttilskudd for konserverblomkål

I St prp nr 70 (1996-97) ble det vedtatt å innføre en fraktordning for blomkål til konserver i sone 4 og sone 5 til nærmeste konserveranlegg. Det ble vedtatt at fraktordningen skal være midlertidig.

Forvaltning

Det foreslås at Omsetningsrådets sekretariat gis ansvaret med å administrere tilskuddsordningen og utarbeide nødvendige søknads- og registreringsskjemaer for dette.

Tilskuddet

For å forhindre uønsket stimulering til produksjon av konserverblomkål i nye områder kompenserer en kun noe av transportkostnadene mellom innfrysingsanlegget og konserverfabrikken som produsenten belastes i sone 4 og 5. Produsentene vil etter denne ordningen selv dekke innfraktkostnadene.

I praksis medfører dette fraktstøtte for produsenter som leverer til innfrysingsanlegget i Steinkjer for videre levering til Tønsberg. Innfrysingsanlegget i Sandane er nedlagt. Det finnes ingen øvrige innfrysingsanlegg i sone 4 og 5 som fungerer som «mellomstasjoner».

Tilskuddet gis som et tillegg til produsentens avregningspris for råvare av blomkål levert til det aktuelle innfrysingsanlegget. Tilskuddet beregnes på grunnlag av de reelle transportkostnadene for kvantumet av den frosne blomkålen til nærmeste konserveranlegg.

Satser

Det er tatt utgangspunkt i å dekke 75% av de reelle transportkostnadene til nærmeste konserveranlegg fordi en her stimulerer til transport fra et underskuddsområde til et overskuddsområde. Ut fra dette foreslås det følgende satser:

<i>Sone</i>	<i>kr pr. kg råvare til innfrysing</i>
sone 4	0,30 kr
sone 5	0,30 kr

Ordningens varighet

Fraktordningen opprettholdes for 3 år.

Melk

Teknisk justering av målpris

Representantvaren i prisgruppen søte smakstilsatte flytende melkeprodukter i dagligvaremarkedet, Litago Sjokolademelk, er et produkt som Norske Meierier nylig har trukket fra markedet. Et nytt produkt med samme navn lanseres. På grunnlag av produktkalkyle for det nye produktet foreslås en teknisk justering av målprisen for søte smakstilsatte flytende melkeprodukter i dagligvaremarkedet fra kr 5,16 til kr 5,50. Dette gir en råvareverdi for prisgruppen på kr. 4,76 pr liter innsatt melk. Tidligere kalkylen viste en råvareverdi på kr 4,99 pr liter innsatt melk.

Regelverk for kvoteordningen for melk

Regelverk for kjøp og salg av melkekvoter for salgsrunden 1998

1 Krav om leveranse

Ved salg av melkekvoter i 1998 kreves at bruket har hatt sammenhengende leveranse fram til 15. april 1997 og de siste 24 månedene før salg eller opphør av melkeproduksjonen.

Selgere kan fortsette produksjonen fram til 31.12.98, og evt. produksjon ut over dette tidspunktet vil utløse overproduksjonsavgift.

2 Kompensasjon ved salg av melkekvote

Partene legger til grunn at de gis kompensasjon med basis i faktisk leveranse de siste 5 hele leveranseår før opphør. Med andre ord får selger av melkekvote som avviker i 1997 kompensasjon med basis i faktisk leveranse innenfor kvote i perioden 1992-1996, mens de som avviker i 1998 får kompensasjon med basis i faktisk leveranse innenfor kvote i perioden 1993-1997.

Forskriften for kvoteordningen for melk endres i tråd med dette.

Presiseringer i regelverk for kvoteordningen

Partene er enige om at følgende endringer, som er av rent teknisk/juridiske presiseringer av gjeldende bestemmelser, og medfører således ingen realitetsendring av bestemmelsenes innhold, innarbeides ved endringen av forskriften for kvoteordningen for melk:

Forskriften § 7 første ledd, første pkt. lyder:

«Så fremt ikke annet følger av §§ 4 og 5 skal brukets kvote utgjøre kvote foregående år multiplisert med forholdstallet 1.00, og deretter tillagt tildelt eller kjøpt kvote i det året kvotefastsettelsen gjelder for.»

Denne formuleringen gir et lite presist bilde av de reelle forhold. §§ 4 og 5 er i virkeligheten bare tekniske beregningsregler for et bruks melkeproduksjonsareal og totale kvotegrunnlag. For de fleste melkeprodusenter kommer disse faktorene bare inn som en mulighet for en 2% nedjustering av kvoten etter § 8. Slik bestemmelsen er formulert, kan den dessuten misforstås. Det kan se ut som om man kan få fastsatt kvote på bakgrunn av brukets totale areal - dersom dette f.eks. tilsier større kvote enn det bruket hadde foregående år.

Selv om de aller fleste melkeprodusenter årlig vil få fastsatt ny kvote som er lik den kvoten de hadde foregående år, finnes det en rekke unntaksbestemmelser i forskriften som leder frem til en annen kvotefastsettelse. Eksempler er som nevnt § 8 (avkorting), men også § 11 (konvertering), §§ 13 og 14 (samdrift) og § 17(sammenslåing). Dette tilsier at § 7 første ledd, første pkt. bør gis en generell form. Forskriften endres for å klargjøre dette.

§ 14 første ledd om beregning av samdriftskvote lyder:

«Der partene i samdriften har drevet melkeproduksjon med egne kyr i eget fjøs i mer enn to år og har en kvote som overstiger...»

Dette er en upresis angivelse av det aktivitetsvilkåret som jordbruksavtalepartene har lagt til grunn, jfr. § 12 nr 2. Vilkåret for å få fastsatt samdriftskvote er naturligvis at alle vilkårene i § 12 første ledd er oppfylt. Dette følger imidlertid av bestemmelsen selv, og må derfor neppe gjentas i § 14. Resterende del av § 14 har dessuten fått en upresis formulering slik at den beregning av samdriftskvote som faktisk foregår kommer noe dårlig frem. I forskriften innarbeides det en presisering i henhold til dagens praksis.

Oslo 30. juni 1997

Per Harald Grue

Kirsten Indgjerd Værdal

